HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato:	06.12.2018
Tid:	**NB! 14:00**

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Møtestart kl 14.00
Juletallerken på Thorn Hotel Fosnavåg kl 16.00
Minikonsert Herøy kulturskule kl 17.00

Fosnavåg, 30.11.18

Arnulf Goksøyr
ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 132/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 133/18	Protokoll frå førre møte.
PS 134/18	Delegerte saker
PS 135/18	Referatsaker
PS 136/18	FV 654 Skarabakken – finansiering og oppstart av vidareføring av gangveg
PS 137/18	Forskotering av spelemidlar og MVA-kompensasjon til "Frifotanlegg", Moltustranda idrettslag
PS 138/18	Vågsholmen Utvikling AS - søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva
PS 139/18	Utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS - Overtaking av kommunaltekniske anlegg for framtidig drift og vedlikehald
PS 140/18	Interkommunalt samarbeid om felles brannsjef med Vanylven kommune
PS 141/18	Oppstart utgreiing av felles brannvern - Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta
PS 142/18	Barnevern. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven.
PS 143/18	Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune - Endringar av forskriftstekst og avgiftssatsar for 2019
PS 144/18	Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Endringar i prisar og vilkår for 2019
PS 145/18	Revidering av forskrift og satsar etter lov om eigarseksjonar
PS 146/18	Revidering av forskrift og satsar for handsaming av private plansaker - gebyrregulativ
PS 147/18	Feie og tilsynsgebyr 2019
PS 148/18	Gebyr for unødige brannutrykkingar

PS 149/18	Avfallsgebyr 2019.
PS 150/18	Gebyrregulativ for Slamtøming 2019.
PS 151/18	Gebyrregulativ 2019 - Avlaupsgebyr.
PS 152/18	Innføring av avgift for sal av tobakksvarer i Herøy kommune
PS 153/18	Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2019
PS 154/18	Lokale innkjøp av skulemateriell.
PS 155/18	Herøy kulturskule - rammeplan
PS 156/18	Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT.
PS 157/18	Rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp 2018
PS 158/18	Vidareføring av nettbrett til politikarane
PS 159/18	Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT)-låneopptak.
PS 160/18	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Fastsetjing av valdag.
PS 161/18	Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Tredje handsaming
PS 162/18	Høyring om endring i drosjereguleringa - oppheving av behovsprøvinga m.v.
PS 163/18	Avgrensa revidering av "Prioritert handlingsprogram" i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022
PS 164/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern. Tilsyn og oppfylgjing
PS 165/18	Fritak frå politiske verv - Frode Hammerseth

Delegerte saker frå avdelingane

DS 264/18	Alfhild Sande 16/35 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
DS 265/18	Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - løyve til tiltak
DS 266/18	Nils Ottar Reite 28/34 Tiltak hagestove - ferdigattest
DS 267/18	Ferdigattest tilbygg - 34/75
DS 268/18	Svanhild Helde 40/13 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning - løyve til tiltak
DS 269/18	Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - igangsettingsløyve tekniske fag
DS 270/18	Svein Hugås - 45/188 - 2 mannsbustad
DS 271/18	Skjenkeløyve for Oktoberfestivalen - løyve til enkeltarrangement
DS 272/18	Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
DS 273/18	Ragnvald Vågsholm 33/97 og 33/98 Tiltak skredvoll og grunnarbeid tomt - løyve til tiltak
DS 274/18	Lasse Myrhol 37/227 tiltak ombygging bustad - løyve til tiltak
DS 275/18	Ann Helen Karlsen og Sigvald Frøystad 29/18,19 tiltak sjøkollektor - løyve til tiltak
DS 276/18	Etablering av bru til Vågsholmen - Dispensasjon frå reguleringsplanar
DS 277/18	Knut Voldnes og Lars Voldnes 87/5 og 87/9 - Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
DS 278/18	Tony Mikkelsen - 40/61 - Sjøkollektor
DS 279/18	Ferdigattest - tilbygg 46/27
DS 280/18	S. Storøy AS 4/343 Tiltak bustad - løyve til tiltak
DS 281/18	Norhus Ørsta as - 4/288 -Løyve til endra plassering carport
DS 282/18	Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - Igangsettingsløyve
DS 283/18	Konstantinas Balsevikius - 8/29 - Einebustad
DS 284/18	Ronny Djupvik - 44/20 - Frådeliing

DS 285/18	Ole Zahl 12/39 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
DS 286/18	Arne Driveklepp 17/11 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
	Referatsaker
RS 44/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 287/18	Ferdigattest - 37/492 seksjon 1
DS 288/18	Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset 4/330 Fasadeendring - løyve til tiltak
	Referatsaker
RS 45/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
RS 46/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 289/18	Løyve til tiltak - Seksjonering av gnr. 5 bnr. 81
DS 290/18	Asbjørn Myklebust - 37/384 - Løyve til endring - frådeling
DS 291/18	Ferdigattest - 34/1 - gapahuk
DS 292/18	Per Mulvik AS 86/52 - riving brannskadd hus - igangsettingsløyve
DS 293/18	Marine Harvest AS 38/8 - utfylling og planering av industriområde - rammeløyve
DS 294/18	Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - Igangsettingsløyve
DS 295/18	Oluf Teige 5/16 Tiltak fritidsbustader (5/81) - førebels bruksløyve
	Referatsaker
RS 47/18	Ny vidaregåande skole i Herøy
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 296/18	Endring av styrar og stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg
	Referatsaker
RS 48/18	Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 297/18	Sunnmøre jordskifterett - 5/3 og 5/55 - Frådeling

DS 298/18	Stian Jøsok 86/11 tiltak garasje/reiskapshus med liten bueining i 2. etasje - løyve til tiltak
	Referatsaker
RS 49/18	Nærøykrysset - status pr. november 2018
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 299/18	Ferdigattest - 31/34 - støyskjerm
DS 300/18	Andreas Klungsør 54/1 Tiltak naust - løyve til tiltak
	Referatsaker
RS 50/18	Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 301/18	Mellombels bruksløyve - 34/166 - seksjon nr 1 og 2
DS 302/18	Borgar Nærø 24/5 Oppmålingsforretning - løyve til frådeling
DS 303/18	Ferdigattest - 4/328
DS 304/18	Ågot Remøy, Svein Voldsund og Kitty Håheim 12/43, 59 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
DS 305/18	Olav Arntsen - 9/115 - Fasadeendring
DS 306/18	Knut Ove Aspevik 50/4 Naustrekke - bruksløyve for 3 naust
DS 307/18	Johannes Eggesbø - 38/2 - Frådeling
DS 308/18	Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - endring av gitt rammeløyve
DS 309/18	Ferdigattest 42/12 seksjon 11
DS 310/18	Serveringsløyve - melding om endring.
DS 311/18	Ferdigattest - terrasse - 12/309
DS 312/18	Sjøkanten as - 24/18 og 44 - Riving av bygg
DS 313/18	Tømrer Service as - 46/87 - endring av løyve - ny fasade og takutforming
DS 314/18	Konstantinas Balsevikius - 8/29 - endra koteplassering av bygg
DS 315/18	Lars Petter Lillebø - 16/128 - Veg til Fritidsbustad
DS 316/18	Åse-Lill Bjørneset 27/29 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak

Referatsaker

RS 51/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018
RS 52/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 21.03.2018.
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 317/18	Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
DS 318/18	Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom midlertidig bruksløyve kjølerom
	Referatsaker
RS 53/18	SSR - Innkalling til møte i representantskapet torsdag 15. november 2018 kl. 10.00
RS 54/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018.
RS 55/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 18.06.2018.
RS 56/18	Herøy - Møteprotokoll kontrollutvalet 21.11.2018
RS 57/18	Avslag
RS 58/18	Særutskrift AMU-sak 20/18: Sjukefråvær 1. tertial 2018
RS 59/18	Styringsgruppemøte 3K - referat frå møte 29.okt 2018

PS 132/18 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 133/18 Protokoll frå førre møte.

PS 134/18 Delegerte saker

PS 135/18 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1245
		Arkiv:	Q21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
212/18	Formannskapet	20.11.2018
136/18	Kommunestyret	06.12.2018

FV 654 SKARABAKKEN – FINANSIERING OG OPPSTART AV VIDAREFØRING AV GANGVEG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 20.11.2018

Herøy formannskap godkjenner avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune og finansierer opp prosjektet slik:

Frå

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging) kr 3 089 905,00,-

Konto 04290 (Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging) kr 772 476,25.-

(Kjøpet vert belasta prosjekt «trafikktrygging» som tidlegare er lånefinansiert)

Tilråding:

Herøy formannskap godkjenner avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune og finansierer opp prosjektet slik:

Frå

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging) kr 3 089 905,00,-

Konto 04290 (Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging kr 772 476,25.-

(Kjøpet vert belasta prosjekt «trafikktrygging» som tidlegare er lånefinansiert)

Særutskrift:
MR fylke
Økonomi, her

Vedlegg:

Samandrag av saka:
I dialog med Statens vegvesen ser ein på muligheita til å utvide prosjektet i Skarabakken frå eksisterande prosjekt som er under bygging og fram til første bustadhus på venstre side i retning mot Fosnavåg. Kostnadskalkyle og plan er no utarbeidd av entreprenør og statens vegvesen og formannskapet kan ta stilling til finansiering og oppstart av prosjektet.

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre har tidlegare handsama saka i møte den 20.9.2018 med følgjande vedtak:

Herøy kommunestyre er positiv til å utvide prosjektet i Skarabakken og ber administrasjonen om å gå i dialog med Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og entreprenør for å finne gode og rimelege løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane.

Ein avtale med Møre og Romsdal fylke skal leggast fram for formannskapet for godkjenning og ordførar får fullmakt til å signere etter slik politisk godkjenning ligg føre.

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

Prosjektet gjeld utviding av eksisterande gangveg til fast bredde 3m (ca 117m lengde) med inntil 1 m grøft mot fjell.

Avtalen
Avtalen med fylkeskommunen ligg som vedlegg til saka. Grunnlaget for avtalen er at Møre og Romsdal fylkeskommune ved Statens vegvesen vil vere byggherreansvarleg og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet. Kommunen tek på seg risikoen for alle kostnader ut over det som er avsett i hovudprosjektet. Det skal utarbeidast overslag over prosjektet som skal ligge ved avtalen. Viser elles til vedlagt avtale.

Anbud

Etter samtalar mellom kommune, fylkeskommune og statens vegvesen er det henta inn anbud på ei tilleggsbestilling for utviding av fortau som skissert.

Anbudet er gjennomgått av kommune og statens vegvesen med omsyn til kvalitetsikring av omfang, prisar mm.

Etter gjennomgangen er det gjennomført eitt forhandlingsmøte med utførande der ein har sett på postar i anbudet og justert nokon av desse. Anbudet er justert noko ned.

Ein forventar oppstart før jul på forberedande arbeid og full oppstart etter nytt-år. Byggjetid ca 12 veker. I byggjetida vert trafikken til Fosnavåg styrt mot Gerhard Voldnes veg. Overskotsmasse er tenkt plassert på parkeringsplass som er planlagt

etablert i parken frå 2019. Byggjeledelse er tenkt med innleige frå Statens vegvesen og prosjektoppfølgjing med lokal prosjektleiar.

Sum totalt netto	:	2 889 905,00
+ Mva	:	722 476,25
Sum inkl. mva	:	3 612 381,25

Mva grunnlag: 2 889 905,00

Prosjektleiing

Innleige av statens vegvesen kr 100 000.- + mva
Intern oppfølgjing kr 100 000.- + mva

Finansiering

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

Kommunerevisjon
Saka er lagt fram for kommunerevisor for vurdering der det er vist til at Herøy kommune vil nytte trafikktryggingsmidlar (lånemidlar) til å gjennomføre dette prosjektet no når fylkeskommunen utbetrar Skarabakken. Rådmannen si vurdering har vore at dersom ein skal nytte lånemidlar må ein «eige» grunnen. Revisor har i si tilbakemelding peikt på at dersom det er fylkeskommunen som er eigar av arealet så vil ein langsiktig avtale vere tilfredstillande. Iflg KRS så kan kommunen foreta investeringar i/på andre sin eigedom viss det ligg føre langsiktig leigeavtale slik investeringa er "oppbrukt" når leigetida er ute. Der er ikkje noko om krav om tinglysing. Kommunerevisoren gjer kommunen merksam på innkjøpsreglementet.

Innkjøp si vurdering til regelverket for off.anskaffelse.

Dette er eit prosjekt der M&R fylke er byggherre. Prosjektet har vore ute på anbod og reglane for off. anskaffelser er derfor fulgt. Utvidinga av prosjektet som er det aktuelle her, vert utført som ei tilleggsbestilling frå byggherren innafor same kontrakt. Herøy kommune betalar kostnadene for dette direkte til M&R fylke og dette er regulert av inngått avtale mellom partane. **Herøy kommune si rolle i dette kjem ikkje i konflikt med regelverkert for off. anskaffelse.**

Kvalitetsikring frå konserninnkjøp i Ålesund kommune:

«Klarer ikke å se at det her foreligger noen risiko for Herøy kommune.
Det er uansett opp til M&R fylke å foreta en vurdering av om det er mulig å foreta en slik endring av opprinnelig kontrakt. Men denne er uansett ok tenker jeg, da 3 mill. er 10 % av 30 mill. Og det faktum at det her er snakk om en gangveg i tilknytning til prosjektet så oppleves det som naturlig å innlemme dette arbeidet i samme kontrakt. Det er ikke her snakk om å gå en «omvei» via eksisterende avtale for å velge en spesifikk leverandør, men vi kan heller se til at det er fornuftig bruk av samfunnets ressurser. Dette er en samfunnstjenlig og effektiv måte å få denne jobben gjort. Regner også med at M&R fylke har kompetanse ved sin innkjøpsavdeling til at de hadde satt en stopper for at dere kunne gjort dette dersom endringen i eksisterende kontrakt ble altfor stor.»

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen har vore opptatt av å finne ei løysing slik at siste rest av fortauet vert utbetra i Skarabakken. Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som føremålsteneleg at fylkeskommunen eig arealet og at det vert inngått ein langsiktig avtale med Herøy kommune.

I forhold til grunnkjøp kan dette gjerast av fylkeskommunen (dvs STV) sjølv om Herøy kommune finansierer. Korleis ein praktisk gjennomfører grunnerverv mv. må ein verte einige om i neste steg, etter at ein er einige i forhold til prinsippet om at Møre og Romsdal fylkeskommune eig og Herøy har avtale.

Det er utarbeidd ein eigen avtale mellom kommune og fylkeskommune som ligg som vedlegg til saka. Avtalen vert justert med visning til revisor sin merknad på eigarskap og fylkeskommune si vurdering.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer prosjektet som viktig med omsyn til å sikre mjuke trafikantar til og frå Fosnavåg. Ei utviding av prosjektet som vist i saksutgreiinga vil slik rådmannen ser det vere udelt positivt.

Rådmannen rår Herøy formannskap til å finansiere opp prosjektet slik det går fram av saka.

Fosnavåg, 17.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

AVTALE

Mellom

Møre og Romsdal fylkeskommune

og

Herøy kommune

FV 654 SKARBAKKEN – VIDAREFØRING AV GANGVEGPROSJEKT

1. Grunnlag for avtalen

Herøy kommune har vedtatt følgjande i sak 2018/1245

Herøy kommunestyre vil vidareføre gangvegprosjektet på fylkesveg 654 Skarabakken.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Statens vegvesen vil vere byggherreansvarleg og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet.

Kommunen tek på seg risikoen for alle kostnader ut over det som er avsett i hovudprosjektet.

2. Tiltaket

Prosjektet vert vurdert som viktig med omsyn til å sikre mjuke trafikantar til og frå Fosnavåg. Prosjektet er å utvide eksisterande gangveg til fast bredde 3 meter (om lag 117 meter lengde) med inntil 1 meter grøft mot fjell. I traseen skal det framførast trekkerør for lys (2-3 nye veglys) og eitt ekstra 110 mm rør (vidareføring av rør som Statens vegvesen legg ned i eksisterande prosjekt).

Tiltaket er nærare skildra i vedlegg 1 saksframlegget til kommunen.

3. Ansvarsforhold

Møre og Romsdal fylkeskommune er vegeigar, og står som byggherre for tiltaket.
Statens vegvesen Region midt er byggherren sin representant, og er ansvarleg for detaljprosjektering, anbodsrunde og gjennomføring av prosjektet.

4. Finansieringsplan

Herøy kommune må sjølv finansiere tiltaket og skal godkjennast av formannskapet før avtale vert signert og arbeid startar opp. Det skal utarbeidast overslag over prosjektet som skal ligge ved avtalen.

5. Vilkår

- Statens vegvesen (SVV) bestiller dette formelt med entreprenør gjennom endringsordre/ tillegg
- Arbeidsomfanget kan ikkje gå utanfor 15% av kontraktssum
- Kommunen sitt tiltak må ikkje gå utover framdrift i hovudprosjektet.
- Kommunen står for all risiko for evt. kostnadsauke
- SVV har byggherreansvaret, dvs. HMS-koordinator, stå for byggemøter, teknisk kvalitet m.m.
- Kommunen tek kostnadane med at SVV har byggherreansvaret (betale timane ein bruker).
- Kommunen gjennomfører naudsynt grunnerverv .

6. Framdriftsplan

Anleggsarbeida vart starta xxxxxx. Ferdigstilling er venta i xxxxxxx

7. Vedlegg

Vedlegg1: Saksframlegg frå Herøy kommune.

* * *

Avtalen er utferdiga i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

……., den ……/…… 2018 ……., den ……/…… 2018

……..… ……..……

Møre og Romsdal fylkeskommune Herøy kommune

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2018/1261
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/18	Komite for næring, kultur og idrett	19.11.2018
213/18	Formannskapet	20.11.2018
137/18	Kommunestyret	06.12.2018

FORSKOTERING AV SPELEMIDLAR OG MVA-KOMPENSASJON TIL "FRIFOTANLEGG", MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og MVA-kompensasjon til «Frifot»-anlegget med inntil kr. 3 000 000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Dette tilsvarer inntil 85% av budsjettbeløpet for spelemidlar og mva-kompensasjon.
Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent av Kulturdepartementet.

Møtebehandling:

Komiteen drøfta saka og gjer merksam på at det må gjerast nytt vedtak i Herøy næringsforum og komite for næring, kultur og idrett knytt til omdisponering av RDA-midlar.

Moltustranda bes sende søknad til Herøy næringsforum og be om bekrefting på at tildelte RDA-Midlar for kunsgrasbane, KN-sak 20/17, kan omdisponerast til Frifotanlegg.
Ole Magne Rotevatn tek kontakt med Herøy næringsforum for avklaring om handsaming og ser til at saka vert lagt fram for komite for næring, kultur og idrett til endeleg handsaming.

Ein bør søkje å handsame saka før 15. januar 2019, knytt til fristen for søknad om spelemidlar.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 19.11.2018

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og MVA-kompensasjon til «Frifot»-anlegget med inntil kr. 3 000 000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Dette tilsvarer inntil 85% av budsjettbeløpet for spelemidlar og mva-kompensasjon. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent av Kulturdepartementet.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og MVA-kompensasjon til «Frifot»-anlegget med inntil kr. 3 000 000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Dette tilsvarer inntil 85% av budsjettbeløpet for spelemidlar og mva-kompensasjon.
Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent av Kulturdepartementet.

Særutskrift:
Moltustranda Idrettslag
Økonomileiar

Vedlegg:
Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og forskotering av spelemidlar og MVA-kompensasjon

Samandrag av saka:
Moltustranda Idrettslag (MIL) planlegg å byggje eit «Frifotanlegg» på Munkvoll stadion, grusbana, og ber kommunen om forskotering av spelemiddeltilskot og mva-kompensasjon. MIL planlegg å starte bygginga i 2019

Frifot er eit kombinasjonsanlegg for FRIidrett og FOTball. MIL planlegg sitt anlegg med ei kunstgrasbane på 40x60 m i midten, sprintbaner rundt, hekkbaner på sida samt at det er lagt til rette for lengde, høgdehopp og kulestøt i halvsirklane. Anlegg for tuftepark, terrengsykkel, tennis, tribuneanlegg og parkering er planlagt gjennomført ved seinare høve.

Grunna at deler av anlegget er noko større enn standardmåla, krev føresegnene at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert sendt Kulturdepartementet for godkjenning.
Vedtak om tildeling av spelemidlar hos Fylkeskommunen er forventa å skje i juni 2019.
I kommunens vedtak vert det rådd til at «Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.»

Drifta av anlegget er MIL sitt ansvar og vil ikkje belaste Herøy kommune sitt budsjett.

Saksopplysningar:
Moltustranda IL har i mange år hatt fotball som einaste aktivitet i nærmiljøet. Fasilitetane har vore ei gamal grasbane som krev mykje vedlikehald, er blaut og lite populær i kampsamanheng. Idrettslaget ynskjer difor å oppgradere med ei kunstgrasbane, slik andre idrettslag har gjort med hell, slik at det er mogleg å fortsetje å ha eigne fotballgrupper på Moltu der det ikkje er mogleg med samarbeid med Tjørvåg IL grunna kapasitet.
Det er også starta opp friidrettstilbod på Moltu med stor interesse både frå eiga, og andre bygder. Å etablere eit anlegg tilrettelagt også for friidrett er ein viktig del av satsinga.
MIL presiserer at anlegget også er tilrettelagt for mosjonistar og turgåarar, og dei ynskjer tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast.

Spelemidlar:
Bygging av eit Frifot-anlegg er å rekne som eit ordinært anlegg i spelemiddel-ordninga. Pr. d.d. har Herøy kommune forskottert ca. kr. 10 millionar til ulike anlegg i høve spelemiddelordninga. Den største andelen av forskoteringane gjeld Sunnmørsbadet, der det står att ca. kr. 8 mill. i forskotterte midlar.

MVA-kompensasjon:
Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

Vurdering og konklusjon:
Ifm. bygging av større idrettsanlegg tidligare år, har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket er det ikkje å anbefale at komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell.
Rådmannen anbefaler difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon med inntil 85% av budsjettert beløp for spelemidlar og MVA-kompensasjon.

Konsekvensar for folkehelse:
MIL ynskjer å kunne tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Område der ein kan møtast til positive aktivitetar vil vere ei styrke i barn og unge sin oppvekst og MIL er særs opptekne av at flest mogleg skal vere i fysisk aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:
Konsekvens for drifta er dårlegare likviditet og reduserte renteinntekter for kommunen.

Fosnavåg, 02.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Fra: Stig Marvin Moltu[marked@moltustrandail.no]
Sendt: 02.10.2018 13:02:17
Til: Eileen Gjerde
Tittel: Søknad om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning Moltustranda Idrettslag

---

Hei

Vedlagt ligger søknad, med vedlegg ,om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning for frifotanlegg på Munkvoll Stadion på Moltustranda.

Håper at dette imøtekommer kravene, og at det ikke er feil og mangler i denne.

Ta kontakt om noe er uklart.

Med Vennleg Helsing

Moltustranda IL

Stig Moltu

Markedsleder

+47 46414974

marked@moltustrandail.no

Moltustranda idrettslag MIL
V/Stig Moltu
6076 MOLTUSTRANDA

Dato: 10.09.18.

Herøy kommune
V/ Eileen Gjerde
6090 FOSNAVÅG

SØKNAD OM IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING OG FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON

Moltustranda idrettslag ynskjer å søke om Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til bygging av frifotanlegg ved Munkvoll stadion.

Vi søker også med dette kommunen om forskottering av spelemidlar og momskompensasjon, da vi er kjent med at utbetaling av spelemidlar kan ta fleire år og MIL ikkje har midlar til betale dette fortløpande.

Prosjektet frifot ble vedtatt på ekstraordinært årsmøte i MIL 04.09.2018. Frifot er friidrett og fotball kombinert i et anlegg.

Viser til vedlegg for meir informasjon om prosjektet.

Med Vennleg Helsing
Moltustranda IL

Stig Moltu
Leiar
+47 46414974
leiar@moltustrandail.no

Vedlegg 1

FriFot - MOLTUSTRANDA IL

OMRÅDEPLAN


UTARBEIDA AV PROSJEKTBYGG AS

28.09.2018 KBV

M=1:1000 A3

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER

REVISJONER:
.



FriFot - MOLTUSTRANDA IL

SITUASJONSPLAN (SKISSE)

UTARBEIDA AV PROSJEKTBYGG AS


29.08.2018 KBV/TP

M=1:500 A3

PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER

REVISJONER:

A 30.08.2018 Løpebane justert mot aust for å gi plass til kulekast vest for løpebane. Bod.
B 31.08.2018 Påført areal og lagt til ballfangernett.
C 31.08.2018 Farger. Justert mur/gjerde rundt tartandekke og flyttet kulekast utenfor tartan.
D 14.09.2018 Flytta kulestøt. Fjerna bod. Lagt til 2 portar.



Vedlegg 2

UNIVERSIELL UTFORMING

Vi har lagt vekt på universell utforming i vår planlegging av anlegget

Brukar medverking:
Vi har rådført oss med representantar frå kommunen og gått fleire rundar i et forsøk på å sikre oss om at alle forholdsreglar er tekne. Nemnda for anlegg har rådført seg med entreprenørar, elektrikarar, leverandørar og andre klubbar i planlegginga.

For alle:
Det er viktig for oss at dette skal vere eit anlegg for alle aldersgrupper, kjønn og funksjonsevne. Dette skal vere ein stad der alle kan vere med. Både tilkomst, deltaking og oppfølging skal vere tilrettelagt og likt for alle.

Tilkomst:
Ein har enkel tilgong til stadion med bil. Ein vil vere bevist på å unngå kantar, hindringar for dei som har nedsett funksjon. Det vil ikkje vere behov for bygging av rampe for rullestol slik anlegget er planlagt i dag.

Tilrettelegging:
Der vil verte merking av parkering for handikappa nærast inngong til anlegget. Løpebane vil ha fast dekke , fotballbane vil ha kunstgras. Belysning som lyser opp anlegget vil ha universell utforming med tanke på avstand og lysstyrke. Det vil verte teke omsyn til omgivnadane i forhold til opningstid av anlegget. Grendehuset ligg tett ved anlegget og har tilgang til handikaptoalett og garderobar.

Utsjånad:
Det er viktig for oss at anlegget ser innbydande og ordentlig ut. At det skal vere eit «bilde» av bygda, slik vi ønskjer den skal vere. Det skal vere ein stad der mange ønskjer å kome til, eit samlingspunkt.

Heilheit:
I planlegginga ligg det føringar for at vi i åra som kjem skal kunne vidareutvikle anlegget rundt frifot. Vi ønskjer at anlegget i framtida skal framstå som praktisk, estetisk og inbydende.

Moltustranda idrettslag

Vedlegg 3

MILJØFORHOLD

Moltustranda idrettslag er miljøbevisste og har i denne prosessen teke høgde for at miljøet skal vernast i størst mogleg grad. Vi har drøfta dette med granulat med leverandører, entreprenørar og andre idrettslag som har vore i liknande prosess.

Granulat som kjem utover kunstgrasdekket og inn på løpedekket kan enkelt samlast opp og leggast tilbake på banen. Ved alle portar og inngongar til anlegg vert det sandfangar-kummar og sluser som skal fange opp granulat som kjem utanfor. Då det er ringmur rundt heile anlegget vil det ikkje vere mogleg at granulat eller andre stoffer havnar i naturen, men held seg innafor det reine området, og kan førast tilbake til kunstgrasdekket. Dette gjeld også ved snø moking vinterstid.

Det er også tatt høgde for at det anlegget ikkje skal kunne brukast på tider som er til sjenanse for naboar og ferdande langs vegen. Lysanlegget er planlagt sett opp i forhold til regelverk og krav som er fastsette.

Moltustranda idrettslag

Vedlegg 5

BEHOVSVURDERING

Moltustranda er ei bygd med eigen barneskule for trinn 1-7 kl. Bygda har også eigen barnehage. Her bur mange småbarnsfamilier og bygda er ei aktiv bygd, det ynskjer vi også å framstå som.

Vi har flotte fjell som fleire tusen ferdast i gjennom eit år. Vi har i fem år arrangert Moltustranda mosjonsfestival som går over tre dagar med Moltumila, Motbakkeløp og tour the Moltu pluss mange andre aktivitetar for store og små. Vi er ei dugnadsbygd og er stolte av det.

Vi har i mange år hatt fotball som einaste aktivitet i nærmiljøet.Fasilitetane har vore ei gammal grusbane (som no vert kunstgrasbane). Vi har også ei gamal grasbane som krev mykje vedlikehald, er blaut og lite populær i kampsamanheng (motspelande lag). Denne bana er forøvrig den einaste grasbane som er att i kommuna vår, og har dei siste åra fått godt stell. Vi merkar veldig godt at vi ikkje lenger har fasilitetar som svarar til dagens krav, og har derfor hatt planer om å betre fasilitetane for fotball slik andre bygder har gjort med hell. Vi ser at det absolutt er mulig å ha en egen fotballgruppe på Moltu på dei fleste trinn, der dette ikkje er mogleg samarbeidar vi fint med våre naboer i Tjørvåg. Det kan og være verdt å nemne at kapasiteten på anlegget i Tjørvåg er bortimot sprengt når det kjem til trening- og kamptider.

Det har i år vorte starta opp friidrett. Der viste interessa seg å vere så stor, også frå andre bygder, at ein måtte seie stopp til ein får utdanne fleire frivillige som trenarar og betra fasilitetane våre. Å få bygge ut anlegget tilrettelagt for friidrett vil vere kjærkome. Vi ønsker å auke størelsen på anlegget i forhold til det som er skissert i bestemmelsane. Viser da til 6 sprintbaner, 100 m og 110 m hekk med 1,22 m bredde som er kravet for hekkeøvelsar. I tillegg til lengde- og høgde hopp har vi også tatt med kulestøt. Moltustranda IL er ein av få klubbar i distriktet som er registrert i friidrettsforbundet, og dette ser vi en klar fordel av når vi no kan tilby eit alternativ til fotball.

Bygda vår er i vekst. Her er opparbeidd to heilt nye byggefelt klare for sal av tomter. Vi ligg sentralt til med tanke på avstand på 30 min eller midre til alle bygder i Herøy, Sande og Ulstein kommune. Vi ser at i dag er det meir vanleg å køyre borna sine til fritidstilbod andre stadar ein der en bur, vi trur at friidrett vil vere ein kjærkomen aktivitet for barn og unge langt utanfor bygda vår. Pr dags dato så er det berre Dimna Il som har eit friidrettstilbud i vårt nærmiljø og vi ønskjer å sjå mot Dimna IL, der vi har eit tett og godt samarbeid. Tilbakemeldingane frå nabobygdene er berre positive til dette tiltaket, da dette åpnar opp eit tilbod til dei som ikkje ynskjer å spele fotball.

Det er også viktig for oss å presisere at anlegget er tilrettelagt for at ikkje berre aktive utøvarar skal kunne nytte det, men også mosjonistar og turgåarar. Vi ynskjer å kunne tilby eit anlegg, park og samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Dette viser seg viktigare og viktigare i dagens samfunn. Område der ein kan møtast til posistive aktivitar vil være ei styrke i barn og unge sin oppvekst og vi er særs opptatt av at flest mogleg skal være i fysisk aktivitet.

Dette vil gjære bygda og kommunen til ein meir atraktiv stad å bu.

Moltustranda IL

From : john-magne.lovberg@heroy.kommune.no
To : "'marked@moltustrandail.no'"< marked@moltustrandail.no>
Date : Mon, 24 Sep 2018 08:43:55 +0200
Subject : Idrettsanlegg

Til Moltustranda IL!

Moltu skule vurderer planane om idrettsanlegg FriFot som svært positivt.
Moltu skule ønsker at elevar skal kunne nytte anlegget til avtale høver til gymnastikkundervisning/samarbeid med Moltustranda IL/rekruttering til Idrettslaget/skulen sine idrettsdagar, noko som er positivt for elevane og skulen.

Helsing

John Magne Løvberg
Rektor Moltu
Moltu skule

Tlf. 70081300 Dir. 70084680



www.heroy.kommune.no

Vedlegg 6 & 7

Enkel kostnadsoversikt og foreløpig finansieringsplan- Frifot

Kostnad	Pris eks Mva	25 % mva	Pris inkl mva	Kommentar
Grunnarbeid	3 024 999	756 249	3 781 248	Overslag
Leverandør (dekke)	1 610 485	402 621	2 013 106	PST
Lysanlegg	832 233	208 060	1 040 293	Elek
Mur/gjerde	550 000	137 500	687 500	Entr/leverandør
Konsulenttjenester	100 000	25 000	125 000	PB
Sum	**6 117 717**	**1 529 430**	**7 647 147**	
Foreløpig finansieringsplan Frifot				**Kommentar**
RDA	650 000			Øremerket KG
Sparebanken Møre	100 000			Gjennom sponsravtale
Spillemidler frifot	2 000 000			Forutsett godkjent søknad
Egenkapital	150 000			Vassverket
Prosjektmidler	850 000			Prosjektmidler/andel
Moms komp	1 529 430			Forskot. Kommunen
Dugnad	500 000			Utregnast av PB
Sum	**5 779 430**			
Differanse	337 733			

Moltustranda IL

Vedlegg 8

Anleggets navn	Frifot Munkvoll Stadion

1. Bruksplan for anlegget

Bruksplanen skall gi opplysninger om brukergrupper og brukstid

	Ukedager		**Helger**		
Bruksgrupper	**Antall dager i uken**	**Antall timer pr ukedag**	**Antall timer lørdager**	**Antall timer søndag**	**Helger pr år**
Idrettslag -Trening -Konkurranser	7	5	6	5	45
Andre brukere (idrettslig aktivitet)	7	5	6	5	45
Skoler	5	2	0	0	0
Andre brukere (ikke idrettslig aktivitet)	7	4	4	5	45

2. Driftsplan

Driftsansvar:

☐ Kommune

☑ Idrettslag ☐ Andre

Lønnet arbeidskraft	**Stilling/arbeidsoppgaver**	**Lønnskostnader**
Egne ansatte (hel/deltid)	Frivillig	0
Eksterne driftstjenester	Ingen	0
Ekstrahjelp	Vask	0
Dugnad	Alle	0

3. Driftsbudsjett for anlegget

Driftskostnader		**Driftsinntekter**	
Lønn til ansatte	0	Leieinntekter idrett/aktivitet	10000
Sos. utgifter, arbeidsgiveravgift	0	Leieinntekter idrett/arrangement	30000
Vikarutgifter, ekstrahjelp	0	Leieinntekter skoler	0
Driftsmaterialet	25000	Messer, utstillinger	0
Inventar, utstyr	25000	Konserter	0
Vedlikeholdsutgifter	25000	Arenareklame	60000
Energiutgifter (strøm/olje)	30000	Kafeteria, annet salg	50000
Avgifter, forsikring	8000	Andre inntekter	60000
Andre utgifter	5000		
Uforutsette utgifter	5000		
Sum kostnader	**123000**	**Sum inntekter**	**210000**

Driften av anlegget gir et overskudd/underskudd på kroner 87000

4. Kapitalkostnader

Lånegjeld pr 10.09.2019 Kr 337 733
som skal betjenes når anlegget er ferdig

Oversikt over renter og avdrag de kommende 5 år

	1.år	**2.år**	**3.år**	**4.år**	**5.år**
Avdrag	67547	67547	67547	67547	67547
Renter	3040	3040	3040	3040	3040
Provisjon/andre kostnader					
Sum	70587	70587	70587	70587	70587

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
214/18	Formannskapet	20.11.2018
138/18	Kommunestyret	06.12.2018

VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SØKNAD OM AVTALE OM OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT FOR INNGÅANDE MVA

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då sonen er styremedlem i Vågsholmen Utvikling AS.
Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav b.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Marin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg vert vedteken.

2. Ordførar får fullmakt til å underteikne avtalen.

3. Det vert teke atterhald om at utbyggar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.

4. Vedtaket føreset at eigedomsretten til trafikkareala m.m. slik det framgår av reguleringsplan for området vert overført til kommunen.

Tilråding:

5. «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg vert vedteken.

6. Ordførar får fullmakt til å underteikne avtalen.

7. Det vert teke atterhald om at utbyggar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.

8. Vedtaket føreset at eigedomsretten til trafikkareala m.m. slik det framgår av reguleringsplan for området vert overført til kommunen.

Særutskrift:

- Vågsholmen Utvikling AS, c/o Arthur Almestad, Vågsholmvegen 25, 6090 Fosnavåg
- Økonomiavdelinga, her
- Anlegg og driftsavdelinga, her

Uprenta vedlegg

- Komplett rekneskap for utbygging av veg og tekniske anlegg på Vågsholmen

Vedlegg

1. Søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva datert 21.09.2018.
2. Kopi av K-sak 12/16 av 28.01.2016 – Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging – prinsippvedtak.
3. Utkast til «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg.

Samandrag av saka:
Vågsholmen Utvikling AS har i følgje utbyggingsavtale med kommunen bygd ut vegar og andre tekniske anlegg på Vågsholmen. Kommunal overtaking av tekniske anlegg for framtidig drift og vedlikehald samt eigedomsrett til trafikkareal m.m. vert handsama i eiga sak i formannskapet.

Vågsholmen Utvikling AS søkjer no om overføring av justeringsrett for inngåande mva vedkomande utbygging av kloakk og veg. Denne saka gjeld såleis overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift frå Vågsholmen Utvikling AS til Herøy kommune. Sjå vedlagt kopi av søknad. Sjå også vedlagt kopi av K-sak 12/16, vedlegg 2, der det er gjort nærare greie for regelverk m.m. vedkomande justeringsrett.

Utbygd vassleidningsanlegg skal overtakast av Herøy Vasslag SA for framtidig drift og vedlikehald og er såleis ikkje del av denne avtalen.

Saksopplysningar:
Vågsholmen Utvikling AS søkjer om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva i brev datert 21.09.2018 i det det vert vist til prinsippvedtak om avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging i K-sak 12/16.

Før kommunal overtaking av eigedomsrett til trafikkareala frå Vågsholmen Utvikling AS til Herøy kommune **må** «Avtale om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift» vedkomande utbygginga vedtakast.

Bakgrunnen for ein slik avtale er at ein bustadutbyggar ikkje får frådragsrett for meirverdiavgift på etablering av infrastruktur som veg, vatn og avlaup m.m. Ved overføring av anlegga til kommunen vil derimot kommunen kunne krevje refundert meirverdiavgifta(frå staten) som utbyggar har betalt til entreprenør(ar). Reglane er slik at meirverdiavgifta då vert tilbakebetalt til kommunen med 1/10 kvart år i ein 10-års periode. Tilbakebetalt meirverdiavgift kan deretter heilt eller delvis bli utbetalt til utbyggar over same 10-årsperiode.

I K-sak 12/16 av 28.01.2016, sjå vedlegg 2, vart det i punkt 2 gjort slikt vedtak. Sitat: *«Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar* ***inngått før 01.01.2016*** *ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.»* Sitat slutt.

Utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS vart vedteken av Herøy kommunestyre i K-sak 18/14 den 26.02.2015.

Avtalen vil medføre at kommunen får ei inntekt på om lag 465.000 kroner over ein 10-års periode.

Vurdering/konklusjon:

Med bakgrunn i saksutgreiinga, prinsippvedtak i K-sak 12/16, vedlagt utkast til «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift» og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at avtalen vert vedteken/godkjent.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Vågsholmen Utvikling AS
Vågsholmvegen 25
6090 Fosnavåg

Fosnavåg, 21.09.18

Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 Fosnavåg

Vågsholmen Utvikling AS - søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva

Vågsholmen Utvikling AS har opparbeidd tekniske anlegg på Vågsholmen i Herøy kommune i følgje utbyggingsavtale med kommunen vedteken i K-sak 18/15.

Det vert vist til kommunen sitt prinsippvedtak om avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging i K-sak 12/16. Det vert med dette søkt om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift vedkomande dei anlegga kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald iflg. utbyggingsavtalen. Det vert elles vist til tidlegare innsendt rekneskap med kostnadsfordeling.

For at avtalen om overføring av justeringsrett for inngåande meirverdiavgift skal vere gyldig, er det viktig at denne avtalen vert godkjend før dei tekniske anlegga vert overført til kommunen.

Med venleg helsing
for Vågsholmen Utvikling AS

Per Magne Eggesbø
Styreleiar

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1574
		Arkiv:	221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/15	Maritim og teknisk komite	08.12.2015
18/16	Formannskapet	19.01.2016
12/16	Kommunestyret	28.01.2016

VAL AV AVGIFTSMODELL FOR UTBYGGINGSAVTALAR VED BUSTADBYGGING - PRINSIPPVEDTAK

Tilråding:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Særutskrift:

- Anlegg og drift
- Økonomiavdelinga

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiser spørsmål om habilitet då saka har sitt utspring frå ei konkret utbyggingsavtale på Vågsholmen der sonen er part.
Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Svein Gjelseth vart samrøystes kjend habil.

Ap v/Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 2, siste setning:

«Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 20/80»

Ordførar Arnulf Goksøyr kom med framlegg om å revurdere habiliteten til Svein Gjelseth. Det nye framlegget frå Ap endra dette frå ei prinsippsak til ei konkret utbyggingssak og Svein Gjelseth er i slekt med part i saka.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. § 40, FVL. § 6, 1. ledd, bokstav b.

Det vart røysta over framlegget frå Ap:
Framlegget frå Ap fekk 3 røyster og fall mot 30 røyster, som røysta for maritim og teknisk komite si tilråding.

Maritim og teknisk komite si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Møtebehandling:

Saka vert sendt vidare for handsaming i kommunestyret

Møtebehandling:
Ap, Runar Stave kom med slikt nytt framlegg:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Ap, Runar Stave sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 08.12.2015

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 30/70.

Vedlegg: Ingen

Bakgrunn
Kommunestyret har tidlegare vedteke at utbyggingsavtalar kan inngåast i heile Herøy kommune, til gjennomføring av rekkjefølgjekrav i eit planvedtak som f.eks. etablering av veg, vatn og avlaup. Kommunen kan ha frådragsrett eller momskompensasjonsrett dersom den bygg ut offentleg infrastruktur. Ein bustadutbyggar har ikkje frådragsrett for meirverdiavgift ved utbygging av slike anlegg. Då kommunen skal nytte anlegget i si meiverdiavgiftspliktige og/eller momskompensasjonberettiga verksemd kan kommunen imidlertid medverke til å avhjelpe denne avgiftsbelastninga. Dette kan enten gjerast ved å inngå avtale med utbyggar om at kommunen står som byggherre for den infrastruktur som skal utbyggast eller at ein nyttar «justeringsreglane» om korreksjon av opprinneleg avgiftshandsaming.

Vatn ligg utanfor kommunen sitt avgiftsområde og er følgjeleg ikkje frådragsberettiga så lenge vassverka er private.

Saksopplysningar
I kommuneplanen sin arealdel, områdeplanar eller detaljplanar, er det vanleg at kommunen stiller rekkjefølgjekrav om at nærare definert infrastruktur skal etablerast før eit område kan byggast ut. Etter plan- og bygningslova § 17-3, kan ei kommune inngå utbyggingsavtale med utbyggar av eit område for gjennomføring av eit planvedtak. Utbyggingsavtalane kan mellom anna gå ut på at utbyggar skal etablere kommunal infrastruktur som veg, vatn og avlaup i samband med utbygging av eit område.

I «Føresegner til kommuneplanen sin arealdel 2013 – 2025» punkt. 2.8 Utbyggingsavtalar står det. Sitat: *«Det kan i alle større plan- og byggjesaker utarbeidast utbyggingsavtaler mellom kommunen og utbyggjar for utbygging av teknisk infrastruktur (veg, parkering, vatn og avløp, energi) og grøn infrastruktur (uteareal, gang- og turveg).»* I punkt 2.10 i same føresegna står det m.a. at. Sitat: *«I område som er sett av til byggjeføremål kan utbygging ikkje skje før godkjente tekniske infrastruktur (køyreveg, gang- og sykkelveg, avløp, kraft- og vassforsyning) er etablert og samfunnstenester (barnehage og skule) er dekt.»*

Ein kommune vil ha rett til frådrag for inng.meirverdiavgift og/eller kompensasjon for meirverdiavgift på utbyggingskostnadane ved etablering av kommunal infrastruktur, medan ein bustadutbyggar ikkje vil ha nokon frådragsrett for inngåande meirverdiavgift (moms) etter meirverdiavgiftslova (§ 8-3 g). Ein bustadutbyggar vil i utgangspunktet følgjeleg ha 25 % høgare totalkostnadar på den kommunale infrastrukturen, enn kommunen ville hatt om kommunen skulle etablert tiltaka sjølv. Kommunen kan imidlertid medverke til at avgiftsbelastninga på den kommunale infrastrukturen.

Kommunen har i prinsippet 3 handlingsalternativ ved privat utbygging av kommunal infrastruktur. Kommunen kan inngå avtale om bruk av den såkalla anleggsbidragsmodellen (alternativ 1), bruk av justeringsreglane for fast eigedom (alternativ 2) eller heilt la vere å inngå avtale med utbyggarar (alternativ 3).

Forholdet til avgiftsreglane bør avklarast på eit tidlig stadium under forhandlingar om utbyggingsavtalar. Rådmannen meiner det er hensiktsmessig at kommunen gjer eit generelt prinsippvedtak om kommunen skal medverke til at avgiftsbelastninga kan unngåast for utbyggarar ved privat utbygging av offentleg infrastruktur. Det må vidare takast stilling til om rådmannen kan tilby anleggsbidragsmodellen under forhandlingar om utbyggingsavtalar, samt kor stort administrasjonsgebyr kommunen eventuelt skal krevje for å dekke eigne utgifter med ordninga.

I dette saksframlegget tek ein berre føre seg avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadutbygging. Dette skuldast at det er andre avgiftsmessige omsyn og vurderingar for utbygging av næringseigedomar.

<u>Alternativ:</u>

1. Som rådmannens innstilling.
2. Kommunestyret vedtek at justeringsreglane kan nyttast i utbyggingsavtalar ved bustadutbygging der ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Ved avtale om bruk av justeringsreglane, skal kommunen krevje eit administrasjonsgebyr frå utbyggar på 40 % av tilbakebetalt meirverdiavgift frå staten.

3. Kommunestyret vedtek at bustadutbyggarar ikkje skal tilbydast nokon avgiftsmessig avtale i utbyggingsavtalane med Herøy kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Alternativ 1 - Anleggsbidragsmodellen
Anleggsbidragsmodellen går i korte trekk ut på at kommunen sjølv er byggherre ved etablering av dei kommunale anlegga, og at utbyggar betaler anleggsbidrag til kommunen til dekning av kostnadane. Kommunen må være kontraktspart med entreprenørane, og kan krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift i sitt avgiftsregnskap. Meirverdiavgifta vert frådragsført (refundert frå staten) fortløpande etter kvart som infrastrukturen vert ferdigstilt/fakturert. Dersom totalkostnadane ved privat utbygging av infrastrukturen eksempelvis er 20 mill. kroner inkl. mva, vil totalkostnadane bli 16 mill. kroner ved kommunal byggherreavtale.

Avtalen må vere knytt til kva kommunen kan krevje frådrag for. For m.a. utbygging av vassleidningar som skal driftast og vedlikehaldast av privat vassverk kan ikkje kommunen krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift. Dvs. at dersom kostnader i tilknyting til dette vert fakturert må kommunen betale full meirverdiavgift. Dette må i såfall dekkast av utbyggar.

Kor stor del av kostnadane utbyggar skal betale, og kor arbeidskrevjande ordninga vil vere for kommunen, vil vere avhengig av kva ein kjem til semje om med utbyggar ved forhandlingane om utbyggingsavtale. Etter PBL. § 17-3 må slike tiltak stå i rimeleg forhold til utbygginga sin art og omfang, samt kommunen sitt bidrag til gjennomføring av planen. Kor stor andel utbyggar kan betale før avtalen er uforholdsmessig, er ikke særskilt behandla i rettsapparatet og det er uklart kvar grensa går.

Gjennom rettspraksis og bindande førehandsuttalar fra Skattedirektoratet (Gulating Lagmannsrett sin dom av 01.07.2013 og bl.a BFU 33/05), er det godteke at partane brukar den såkalla «Valdresmodellen» ved bruk av anleggsbidragsmodellen.

«Valdresmodellen» går ut på at kommunen overlet det meste av det praktiske arbeidet til utbyggar, sjølv om kommunen er byggherre. Det må føreligge ein avtale med klar arbeidsdeling i forkant av oppstart av utbygginga. I praksis inneber dette at utbyggar står for alt frå prosjektering til ferdig utbygd anlegg, men at entreprenørane fakturerer kommunen som byggherre. Utbyggar betaler inn det fakturerte beløpet eks mva til kommunen sin konto inkludert administrasjonsgebyr (sjå nedanfor). Det vert presisert at kommunen må vere kontraktspart med alle leverandørar.

For administrering av ordninga, kan kommunen krevje eit administrasjonsgebyr frå utbyggar for meirarbeidet som avtalen medfører for kommunen. Storleiken på administrasjonsgebyret må vurderast konkret i det enkelte tilfelle, og vil vere avhengig av omfanget og kompleksiteten av den planlagde offentlege infrastrukturen. Som eit eksempel kan det nemnast at Trondheim kommune på sine heimesider opplyser at deira administrasjonsgebyr er 2-10% av fakturabeløpet, men i praksis brukar dei 1,2 – 5 % av fakturert nettobeløp i sine avtalar. Trondheim kommunen har forholdsvis brei erfaring med anleggsbidragsmodellen og kva det kostar kommunen å administrere ordninga. Rådmannen antek difor det vil være hensiktsmessig at Herøy kommune nyttar tilsvarande prosentsatsar som administrasjonsgebyr sidan kommunen førebels ikkje har slik erfaring sjølv.

Anleggsbidragsmodellen vil medføre bruk av tid for kommunen til administrering av ordninga, samt kostnadar i noko varierande grad avhengig av forhandlingsresultat med utbyggar. Rådmannen meiner difor at det bør være ein viss storleik på utbygginga før anleggsbidragsmodellen skal tilbydast utbyggarar. Ved mindre utbyggingsprosjekt vil kostnadene ved administreringa fort bli høgare enn gevinsten ved bruk av ordninga. Rådmannen føreslår difor at anleggsbidragsmodellen for tida berre skal tilbydast utbyggarar av minimum 50 bustadar.

Sidan kommunen er byggherre ved denne modellen, må kommunen stille krav om at utbyggarane gjennomfører innkjøp av den offentlige infrastrukturen etter regelverket om offentlige innkjøp. Denne prosessen kan etter avtale setjast bort til utbyggar for gjennomføring på vegne av kommunen. Dagens rettstilstand er noko uavklart i forhold til om ordninga fell innanfor eller utanfor regelverket. Kommunen bør ikkje ta sjansen på å pådra seg store gebyr dersom det skulle bli endeleg fastslege at regelverket skal nyttast ved bruk av denne modellen.

Kommunar kan krevje garanti for utbyggar si betaling av entreprisekontrakten for infrastrukturen, og vil normalt krevje ein bankgaranti for verdien av kontrakten. Enkelte kommunar krev i staden pant i den faste eigedomen som vert bygd ut. I tillegg kan det vurderast å krevje at utbyggar tek momsrisikoen i ein 10-års periode etter fullføring av prosjektet, med tanke på f.eks. lovendringar eller feil handtering av meirverdiavgifta. Dette er element som må være gjenstand for forhandlingar med utbyggar.

Sjølv om utbyggar stiller garanti for entreprenørkontraktar, vil den økonomiske risikoen for kommunen likevel ikkje vere eliminert. Dette skuldast at kommunen må være byggherre ved bruk av denne modellen. Som byggherre kan kommunen risikere mangelfullt utførte entreprisekontraktar og påfølgjande tvistar i kjølvatnet av dette. Korleis denne økonomiske risikoen skal fordelast mellom utbyggar og kommunen, kan imidlertid også være gjenstand for forhandling med utbygger om utbyggingsavtalen.

Ein vil her tilføye at dersom kommunen tek på seg rolla som byggherre tek ein også på seg ansvaret som følgjer av «Byggherreforskrifta» som m.a. omfattar ansvar for helse, miljø og tryggleik ved gjennomføring av utbygginga.

Alternativ 2 - Justeringsreglane
Justeringsreglane er reglar om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming, som følgje av hendingar («justeringshendingar») som inntreff før 10 år er gått frå fullføring av eit byggetiltak. Formålet er at avgiftsbelastninga skal samsvare med avgiftsmessig bruk. Justeringsreglane kan nyttast på anlegg som er gitt bruksløyve/ferdigattest etter 01.01.2008.

Ved bruk av justeringsreglane er utbyggar byggherre for den offentlege infrastrukturen. Kommunen er ikkje involvert i byggeprosessen, og utbyggars innkjøp fell såleis utanfor regelverket om offentlege innkjøp. Etter ferdigstilling kan eigedomsretten til anlegga overdragast vederlagsfritt til kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

Kor vidt ein privat utbyggar har frådragsrett for meirverdiavgift ved utbygging av kommunal infrastruktur, vil være avhengig av kva som er «den første bruken» av innkjøpet. Sidan det ikkje er meirverdiavgift på sal av bustadar, vil ikkje bustadutbyggaren få frådragsrett for meirverdiavgift på etablering av infrastrukturen i tilknyting til bustadutbygging, fordi «den første bruken» vil vere bustadføremål. Når anlegga vert overdregne til kommunen, vil derimot kommunen kunne krevje refundert meirverdiavgifta som ein bustadutbyggar har betalt til entreprenørane, tilbake frå staten med 1/10 kvart år i ein 10-årsperiode. Tilbakebetalt meirverdiavgift kan deretter heilt eller delvis bli utbetalt til utbyggar over same 10-årsperiode.

Kommunen og utbyggar kan inngå ein justeringsavtale, der føremålet er å avklare om utbyggars innbetalte meirverdiavgift skal krevjast refundert frå staten og om evt. tilbakebetalt meirverdiavgift frå staten til kommunen skal tilfelle utbyggar heilt eller delvis. Det kan

avtalast at ein bestemt prosentsats av tilbakebetalt meirverdiavgift kan haldast attende av kommunen som eit gebyr for administrering av ordninga. Det er eit stort spenn på kva prosentsats som blir nytta i andre kommunar på dette gebyret. Dersom kommunestyret meiner at kommunen berre skal bruke justeringsreglane, føreslår rådmannen at dette gebyret vert fastsett til 40 % av tilbakebetalt meirverdiavgift. Årsaka til dette er at ordninga vil krevje ein del arbeidsinnsats frå kommunen si side.

Alternativ 3 - Ingen avgiftsmessig avtale med utbyggar
Kommunen kan la vere å inngå avtale om meirverdiavgift med private utbyggerar av offentleg infrastruktur. Dette vil i tilfelle innebere at utbyggarane må betale 25 % mva på kjøp av varer og tenester til etablering av dei offentlege anlegga, som utbyggar er forplikta til heilt eller delvis å koste gjennom ein utbyggingsavtale. Meirverdiavgifta vil då bli ein endelig kostnad i bustadprosjektet for utbyggar.

For kommunen kan dette få den konsekvens at bustadutbyggar ikkje ser seg i stand til å gjennomføre utbygginga. Det kan dessutan føre til unødvendig dyre tomter for huskjøparane og bli lågare kvalitet på tiltaka, som seinare skal overtakast av kommunen.

Vurdering:
Etter rådmannen si vurdering bør valet mellom dei ovanfor nemnde alternativa stå mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane. Gjennom utbyggingsavtalane vil utbyggarane ta på seg å bygge ut offentleg infrastruktur som kommunen elles måtte gjennomført sjølv. Det framstår derfor som rimeleg at kommunen inngår avtalar med utbyggarar, for å bidra til reduksjon av kostnader på bustadprosjekta. Dette vil kunne bidra til billegare tomter for huskjøparane, bustadutbyggarane bygg ut meir og kan auke kvaliteten på utbygginga.

Når det gjeld kommunen sitt val mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane, framstår anleggsbidragsmodellen totalt sett som det beste avgiftsmessige alternativet ved bustadutbygging (vurderinga kan bli ei anna for næringsprosjekt). Fordelane med denne modellen er at den klart gir best likviditet i prosjekta for utbyggar. Dette bidreg til å gjere Herøy kommune til ein meir attraktiv stad for bustadutbygging, enn om den ikkje skal tilbydast i samband med utbyggingsavtalane. Kostnadene ved etablering av offentleg infrastruktur kan utgjere betydelige beløp. Ein reduksjon på inntil 25 % av totalkostnadene kan ha betyding for kva utbyggar ser seg i stand til å ta på seg av offentleg utbygging.

Dersom kommunen brukar den såkalla «Valdresmodellen», som er skildra ovanfor, vert meirverdiavgifta gjort opp løpande og avslutta ved ferdigstilling av anlegga, og kommunen treng ikkje å ha eit kontraktforhold med utbyggar etter ferdigstilling (evt. med unntak for avtale om momsrisikoen i ein 10-årsperiode). Ulempa med anleggsbidragsmodellen er at kommunen må være byggherre for utbygging av infrastrukturen og at dette medfører risiko for evt. etterfølgjande problem og tvistar med entreprenørane. Denne risikoen kan imidlertid reduserast gjennom utbyggingsavtalen med utbyggar. Ved bruk av justeringsreglane vil det derimot vere utbyggar som er byggherre og har risikoen for dette åleine – noko som er fordelen med justeringsreglane.

Ulempene ved justeringsreglane vil være at kommunen må oppretthalde eit kontraktforhold med utbyggar i ein 10-årsperiode etter ferdigstilling for refusjon av meirverdiavgifta. Dette vurderer ein å være tyngre og meir tidkrevjande for kommunen å administrere m.a. fordi momsoppgåvene må sendast skattemyndigheitene **på termin 6 kvart år** gjennom heile 10-årsperioden. Ved anleggsbidragsmodellen vert avgiftsforpliktingane som nemnt gjort opp ved ferdigstilling av anlegga. Ved bruk av denne modellen får utbyggar dessutan dårlegare likviditet i prosjektet sidan meirverdiavgifta vert tilbakebetalt over ein 10-årsperiode.

Uavhengig av val av modell vil kommunen få auka administrativt arbeid og kostnad. Spesielt ved bruk av anleggsbidragsmodellen der kommunen har byggherreansvar som vil medføre at ein vil måtte følgje opp byggeprosessen og delta på byggemøte og synfaringar m.m. Dette kan sjølvsagt medføre at andre oppgåver vil måtte vente/utsettast.

For god ordens skuld vurderer rådmannen at det ved bruk av anleggsbidragsmodellen bør vedtakast at utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

Konklusjon:
Etter ei totalvurdering tilrår rådmannen at:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Administrasjonen ved Anlegg og drift/Utvikling og Økonomi vil få meir administrative arbeidsoppgåver ved innføring av avgiftsmodell som tilrådd. Dette skal ikkje medføre auka kostnader for kommunen då dei to tilrådde ordningane skal kostast gjennom anten administrasjonsbidrag eller del av refundert meirverdiavgift.

Fosnavåg, 09.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

AVTALE VEDKOMANDE OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT

Mellom

Vågsholmen Utvikling AS
(Org. nr. 998 191 351)
("**Avhendar**")

og

Herøy kommune
(Org. nr. 964 978 840)
("**Mottakar**")

(Avhendar og Mottakar er i fellesskap kalla "**Partane**")

1 BAKRUNN

Det følgjer av lov av 19. juni 2009 nr. 58 om meirverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 9-3, jf. forskrift av 15. desember 2009 nr. 1540 til meirverdiavgiftslova (meirverdiavgiftsforskrifta) § 9-3-4 og § 9-3-5 at det ved overdraging av byggetiltak/kapitalvare så kan mottakar overta avhendar sin rett til å justere inngåande meirverdiavgift.

Denne avtale ("**Avtalen**") gjeld overføring av justeringsrett i samband med overdraging av infrastrukturtiltak opparbeida av Avhendar i samband med utbygging av fast eigedom innafor det regulerte området for Vågsholmen.

Avtalen regulerer dei rettslege forhold om overføring av tilbakeført justeringsbeløp frå Mottakar til Avhendar.

2 FORHOLDET TIL STATSSTØTTEREGELVERKET

Ved signering av Avtalen anser ein at Avhendar er orientert om at element av statsstøtte som måtte ligge i denne avtale jf. EØS-avtalen artikkel 61 nr. 1, anser ein gitt under tilvising til unntaket for bagatellmessig støtte jf. § 2 i forskrift av 14. november 2008 nr. 1213 om unntak frå notifikasjonsplikt for offentleg støtte.

Avhendar erklærer at selskapet på tidspunktet for signering av Avtalen verken har motteke eller er kjent med at selskapet i framtida vil få økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune. Avhendar er heller ikkje del av eit konsern som på tidspunktet for signering av Avtalen har motteke eller er kjent med at dei vil få økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune.

Dersom Avhendar eller selskap som inngår i same konsern som Avhendar i løpet av resterande del av justeringsperioden får økonomisk støtte av nokon art frå stat eller kommune, så skal Mottakar gjevast skriftlig orientering om dette.

3 OPPLYSNINGAR VEDKOMANDE PÅLØPTE KOSTNADAR OG MEIRVERDIAVGIFT FOR KAPITALVARE/BYGGETILTAK

Avtalen omfattar spesifikasjonar om dei infrastrukturtiltak som er opparbeidde av Avhendar i samband med utbygging av fast eigedom innafor det regulerte området på Vågsholmen. På

tidspunktet for signering av Avtalen er følgjande spesifikasjonar utarbeidde og vedlagt Avtalen:

1. Kartutsnitt Vågsholmen – opparbeidd veg og fortau med tilhøyrande tekniske anlegg
2. «Spesifikasjon ved overføring av justeringsrett» vedkomande opparbeiding av infrastruktur innafor det regulerte området på Vågsholmen, jf. oppstilling datert 25.09.2018.
3. Kostnadsfordeling og grunnlag for mva-kompensasjon datert 02. november 2018.
4. «Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av prosjektregnskap Vågsholmen Utvikling AS» frå BDO AS datert 5. november 2018.

Spesifikasjonen som vert vedlagt Avtalen skal oppfylle dei dokumentasjonskrav som følgjer av meirverdiavgiftsforskriftas § 9-3-5 første ledd jf. § 9-3-3 første ledd.

4 OMFANG AV JUSTERINGSRETTEN

Mottakar skal i følgje spesifikasjonar som skildra i Avtalens punkt 3 for den resterande del av justeringsperioden årleg krevje justert 1/10 av inngåande meirverdiavgift som Avhendar har betalt ved opparbeidinga av infrastrukturtiltaket ("**justeringsbeløpet**").

Mottakar skal ta med det årlege Justeringsbeløpet i **kompensasjonsoppgåva og den ordinære momsoppgåva** for 6. termin for vedkomande år.

5 DELVIS TILBAKEFØRING AV JUSTERINGSBELØP

Mottakar bereknar eit administrasjonsfrådrag med 30% til dekning av Mottakars administrasjonskostnader.

Avhendar skal kvart år i justeringsperioden fremme eit krav om del av justeringsbeløpet jf. denne Avtalen, med tilvising til denne Avtalen. Kravet skal sendast Mottakar (ved Økonomiavdelinga) i desember månad i vedkomande justeringsår.

Avhendar sitt krav om tilbakeføring av 70% av det årlege Justeringsbeløpet er avhengig av at Mottakar har fått utbetalt Justeringsbeløpet frå staten, og utbetalast til Avhendar seinast innan 15. mars komande år etter justeringsårets utløp.

6 DIVERSE

Opplysningane som nemnt i Avtalens punkt 3 skal vere stadfesta av Avhendar sin regnskapsfører.

Avhendar er ansvarleg for alle kostnadar knytt til inngåing av Avtalen.

Mottakar tek atterhald om at utbyggar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.

Mottakar er ikkje ansvarlig for økonomisk tap som Avhendar måtte lide som følgje av at avtalen vert hindra gjennomført som følgje av eventuelle lovendringar.

Med mindre kravet skuldast forhold på Mottakars side, pliktar Avhendar å halde Mottakar skadeslaus, dersom Mottakar må tilbakebetale kompensert eller frådragsført inngåande meirverdiavgift med renter og eventuell tilleggsavgift. Avhendaren sitt ansvar avgrensar seg

til del av Justeringsbeløpet som er overført til Avhendar jf. Avtalens punkt 5, her under renter og eventuell tilleggsavgift knytt til overført del av Justeringsbeløpet.

7 TVISTER

Ein kvar tvist eller usemje i samband med Avtalen skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom minneleg løysing ikkje er oppnåeleg, kan kvar av partane legge tvisten fram for dei allmenne domstolane med Søre Sunnmøre tingrett som avtalt verneting.


****

Avtalen er utferda i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Fosnavåg __/___ 2018

Vågsholmen Utvikling AS	Herøy kommune
_____	_____
Namn	Namn
Tittel	Tittel

VEDLEGG 1



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 NR.1)

- Bustader - fritliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
- Uthus/naust/badehus
- Leikeplass
- Bustad/kontor

Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 NR.2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg

Grøntstruktur (§12-5 NR.3)

- Friområde

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 NR.6)

- Småbåthamn

Linjer og symbolar

- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Eierform:
o_ = Offentleg formål
f_ = Felles privat formål

Bas:skartet er tegnet med svak grafarge

Kartopplysninger

Kilde for basiskart	Geovekst AS
Dato for basiskart	Okt 2013
Koordinatsystem	UTM sone 32 / Eureф89
Høydegrunnlag	NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000 (A3)
0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3
Reguleringsendring for Vågsholmen
MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201262**
Forslagstiller: **Vågsholmen Utvikling AS**
Kartprodusent: **AG Plan og Arkitektur AS**

Revisjon av plankart

	DATO	SIGN.
A		
B		
C		

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:	**97/13**	**29.8.2013**	**AZT**
2. gongs behandling i Formannskapet	133/13	20.8.2013.	AZT
Offentlig ettersyn fra 26.5.2013 til 7.6.2013			
1. gongs behandling i Formannskapet	6/13	22.1.2013.	AZT
Kunngjering av oppstart planarbeidet	188/12	5.6.2012.	AZT

PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
AG Plan og Arkitektur AS	-	-	AZT

VEDLEGG 2

SPESIFIKASJON VED OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT

Avhendar:
Vågsholmen Utvikling AS, org. nr. 998 191 351

Mottakar:
Herøy kommune , org.nr. 964 978 840

TILTAK 1/KAPITALVARE 1 :
Infrastrukturanlegg (vei og kloakk) innafor det regulerte området Vågsholmen.

Type kapitalvare:
Infrastrukturanlegg, (vei og kloakk)

Fullføringstidspunkt: 25.09.2018

Anskaffingskostnad utan meirverdiavgift:
Kr. 6.207.628,04

Total meirverdiavgift:
Kr. 1.551.905,87

Frådragsført meirverdiavgift ved anskaffinga:
Kr. 0,-

Frådragsrett ved anskaffinga oppgitt i prosent:
0 %.

Avhendar sin frådragsrett ved overdraginga angitt i prosent:
0 %.

Mottakaren sin frådragsrett/kompensasjonsrett ved overdraginga angitt i prosent:
100 %

Resterande justeringsbeløp for Avhendaren ved overdraginga:
Kr. 0

Justeringsretten som vert overført:
Kr. 1.551.905,87, av dette eit årleg justeringsbeløp på Kr 155.190,59

25/9 2018

Vågsholmen Utvikling AS

Sign. PER MAGNE EGGESBØ

VEDLEGG 3

Vågsholmen Utvikling AS

OPPFØRING AV TEKNISK ANLEGG PÅ VÅGSHOLMEN - KOSTNADSFORDELING OG GRUNNALG MVA-KOPMENSASJON

	Sum	Vann	Vei/kloakk	Kloakk	Vei	Mva vann	Mva kloakk	Mva vei	Sum mva
Avdragsnota nr. 1	851 196,38	326 715,75	524 480,63	272 032,37	252 448,26	81 678,94	68 008,09	63 112,07	212 799,10
Avdragsnota nr. 2	565 080,35	142 999,75	422 080,60	218 920,54	203 160,06	35 749,94	54 730,14	50 790,01	141 270,09
Avdragsnota nr. 3	1 441 013,28	28 900,00	1 412 113,28	732 420,79	679 692,49	7 225,00	183 105,20	169 923,12	360 253,32
Avdragsnota nr. 4	888 408,50	226 695,30	661 713,20	343 210,79	318 502,41	56 673,83	85 802,70	79 625,60	222 102,13
Avdragsnota nr. 5	770 546,50	18 939,20	751 607,30	389 836,16	361 771,14	4 734,80	97 459,04	90 442,79	192 636,63
Avdragsnota nr. 6	355 935,00	-	355 935,00	184 612,81	171 322,19	-	46 153,20	42 830,55	88 983,75
Avdragsnota nr. 7	200 400,00	-	200 400,00	103 941,47	96 458,53	-	25 985,37	24 114,63	50 100,00
Avdragsnota nr. 8	617 915,47	-	617 915,47	320 494,22	297 421,25	-	80 123,55	74 355,31	154 478,87
Tilbakeholdt beløp	299 500,00	-	299 500,00	155 341,67	144 158,34	-	38 835,42	36 039,58	74 875,00
Tilleggsnota 1 (stikk)	22 254,00		22 254,00	11 542,48	10 711,52		2 885,62	2 677,88	5 563,50
Tilleggsnota 2 (sandfangk.)	16 440,00		16 440,00	8 526,93	7 913,07		2 131,73	1 978,27	4 110,00
Tilleggsnota 3 (kloakk)	5 000,00		5000	2 593,35	2 406,65		648,34	601,66	1 250,00
Fundament mur kant	5 800,00		5 800,00	3 008,29	2 791,71		752,07	697,93	1 450,00
Betongkant rekkverk	23 012,00		23 012,00	11 935,63	11 076,37		2 983,91	2 769,09	5 753,00
Kumlokk	4 000,00		4 000,00	2 074,68	1 925,32		518,67	481,33	1 000,00
	6 066 501,48	**744 250,00**	**5 322 251,48**	**2 760 492,18**	**2 561 759,30**	**186 062,50**	**690 123,04**	**640 439,83**	**1 516 625,37**

TOTAL MVA FORDELT PÅ KLOAKK VEI OG VANN

Bjarne Tarberg AS	6 066 501,48	744 250,00	5 322 251,48	2 760 492,18	2 561 759,30	186 062,50	690 123,04	640 439,83	1 516 625,37
AG Plan og Arkitektur AS	925 488,00	116 611,49	808 876,51	419 539,98	389 336,53	29 152,87	104 884,99	97 334,13	231 372,00
Prosjektbygg AS	90 000,00	13 500,00	76 500,00	39 678,26	36 821,75	3 375,00	9 919,56	9 205,44	22 500,00
SUM	**7 081 989,48**	**874 361,49**	**6 207 627,99**	**3 219 710,41**	**2 987 917,58**	**218 590,37**	**804 927,60**	**746 979,40**	**1 770 497,37**

Fosnavåg, 02. november2018

Vågsholmen Utvikling AS
Per Magne Eggesbø
Styrets leder

VEDLEGG 4

BDO

Tlf : 70 01 81 81
www.bdo.no

Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Til Herøy Kommune

Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av prosjektregnskap Vågsholmen Utvikling AS

Innledning

Det er utarbeidet et prosjektregnskap for Vågsholmen Utvikling AS datert 02.november 2018. Prosjektregnskapet på totalt NOK 7.081.989,48 viser kostnader for oppføring av tekniske anlegg ved utbygging av vann, vei og kloakk på Vågsholmen i Herøy Kommune som grunnlag for refusjon av merverdiavgift i samsvar med inngått avtale om overføring av justeringsrett med totalt NOK 804.927 knyttet til kloakk og NOK 746 979 knyttet til vei. Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av prosjektregnskapet. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av sammenstillingen og at det gir et rettvisende bilde. Vår oppgave er å avgi en uttalelse om regnskapet basert på vår forenklede revisorkontroll.

Omfanget av den forenklede revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklede revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et regnskap, utført av foretakets valgte revisor*. En forenklet revisorkontroll av regnskapet består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklede revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at prosjektregnskapet ikke gir et rettvisende bilde av kostnadene og fordelingen.

Ulsteinvik, 5. november 2018

BDO AS

Eldar Zahl
Registrert revisor

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale BDO-nettverket, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
215/18	Formannskapet	20.11.2018
139/18	Kommunestyret	06.12.2018

UTBYGGINGSAVTALE MED VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - OVERTAKING AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG FOR FRAMTIDIG DRIFT OG VEDLIKEHALD

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då sonen er styremedlem i Vågsholmen Utvikling AS.
Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav b.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

I siste setning vert «formannskapet» endra til «kommunestyret»

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

Protokoll frå overtakingsforretning vedkomande Vågsholmen vert godkjent og kommunen overtek dei kommunaltekniske anlegga for framtidig drift og vedlikehald i følgje tidlegare godkjend utbyggingsavtale. **Overtakinga er gjeldande frå dato for godkjenning av overtakingsforretninga i kommunestyret.**

Tilråding:

Protokoll frå overtakingsforretning vedkomande Vågsholmen vert godkjent og kommunen overtek dei kommunaltekniske anlegga for framtidig drift og vedlikehald i følgje tidlegare godkjend utbyggingsavtale. **Overtakinga er gjeldande frå dato for godkjenning av overtakingsforretninga i formannskapet.**

Særutskrift:

- Vågsholmen Utvikling AS, c/o Arthur Almestad, Vågsholmvegen 25, 6090 Fosnavåg
- Anlegg og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Kopi av vedtak i K-sak 18/15 av 26.02.2015 – Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS
2. Protokoll frå overtakingsforretning datert 18.09.2018 **(NB! Ikkje gyldig før den er godteken av Herøy Formannskap)**

Uprenta vedlegg:

- Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS med vedlegg

Samandrag av saka:
Herøy kommunestyre godkjende i K-sak 18/15 av 26.02.2015 utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS. Utbygginga er no gjennomført. Denne saka gjeld godkjenning av overtaking av kommunaltekniske anlegg, med eitt unntak, for kommunal drift og vedlikehald. Unntaket gjeld vassleidningar som vert overtekne av Herøy Vasslag BA.

Saksopplysningar:
Det er gjennomført formell overtakingsforretning og ført protokoll, sjå vedlegg 2, som er underteikna av partane. For kommunen sin del er det teke atterhald om at overtakingsforretninga må endeleg godkjennast av Herøy formannskap.

Konsekvensar for folkehelse, beredskap, drift og økonomi er det gjort greie for i saksutgreiinga til K-sak 18/15, sjå vedlegg 1.

Vurdering/konklusjon:
Ein vurderer at utbygginga er gjennomført i samsvar med godkjend utbyggingsavtale og tekniske planar.

Med bakgrunn i saksutgreiinga, utbyggingsavtalen og protokoll frå overtakingsforretninga vil rådmannen tilrå at vedlagt protokoll frå overtakingsforretninga vert godkjent. **Kommunen overtek anlegga for framtidig drift og vedlikehald frå den dato kommunen har godkjent protokollen frå overtakingsforretninga.**

Fosnavåg, 18.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Vågsholmen Utvikling AS

Vågsholmvegen
6091 FOSNAVÅG

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/866	L81		FEL / BRB	02.03.2015

K-SAK 18/15. UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SLUTTHANDSAMING

Vedlagt fylgjer K-sak 18/15.
Kommunestyret gjorde 26.02.2015 slikt vedtak i saka:

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
Utviklingsavdelinga, her
Anlegg- og driftsavdelinga, her

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
201/14	Formannskapet	18.11.2014
9/15	Formannskapet	20.01.2015
18/15	Kommunestyret	26.02.2015

UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.02.2015

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.01.2015

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Møtebehandling:
Saka vert utsett.

<u>Tilråding frå rådmannen:</u>

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS vert godkjent.

2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Særutskrift:

- Vågsholmen Utvikling AS, v/Arthur Almestad, Vågsholmvegen, 6091 Fosnavåg
- Anlegg- og driftsavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:
1 F-sak 98/14
2 Utkast til utbyggingsavtale for Vågsholmen m/vedlegg

Bakgrunn:
Det har vore gjennomført ein prosess etter gjeldande regelverk med sikte på ein utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og utbyggar, Vågsholmen Utvikling AS, vedkomande utbygging av Vågsholmen. Framforhandla utkast til utbyggingsavtale har vore utlagt til offentlig ettersyn. Denne saka gjeld godkjenning av utbyggingsavtalen.

Saksopplysningar:
Generelt om utbyggingsavtalar
Utgangspunktet for ein utbyggingsavtale er at det i reguleringsplanen for eit privat areal er innregulert offentlege område og/eller infrastruktur. Privat utbyggar av desse areala/infrastrukturen kan i slike høve be/søkje kommunen om at det vert skrive ein utbyggingsavtale. Ein slik avtale vil normalt innebere at

- Privat utbyggar står for og kostar utbygginga/opparbeidinga fullt ut
- Kommunen overtek, vederlagsfritt, ferdig opparbeidde anlegg for framtidig drift og vedlikehald. Dette inneber også vederlagsfri overtaking av eigedomsretten, eller varig rett til bruk, av areala.

Sakshandsaming
Tidlegare vedtak i saka:
Vedtak i Formannskapet i F-sak 98/14 den 10.06.2014. Sitat:

«1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS lagt ut til offentleg ettersyn.

2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.» Sitat slutt.

Utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentleg ettersyn i perioden frå 4. juli 2014 til 4. august 2014. Det har ikkje kome inn merknadar.

Vurdering og konklusjon:
Avtaleutkastet slik det no ligg føre legg til rette for at kommunen tek over tekniske anlegg til framtidig drift og vedlikehald etter at dei er ferdig utbygde. Utbygginga er planlagt i tråd med gjeldande reguleringsplan for området og legg m.a. til rette for etablering av bustadar, kontor, naust og småbåtanlegg.

Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing tilrår rådmannen at avtalen vert godkjent slik den framkjem av vedlagt utkast til utbyggingsavtale.

Konsekvensar for folkehelse:
Rådmannen ser positivt på utbygginga i eit folkehelseperspektiv. Utbygginga gir bustadtomter i eit attraktivt område nær Fosnavåg sentrum. Det er regulert inn friområde langs strandlinje mot nordvest og nordaust, samt eit areal til leikeplass med universelt utforma tilkomst.

Konsekvensar for beredskap:
Infrastruktur er dimensjonert for beredskap.

Konsekvensar for drift og økonomi:
Veg og fortau: Utbygginga gir om lag 190m veg med fortau og om lag 100m veg utan fortau. Dette medfører om lag 27.000 kroner i auka årlege driftsutgifter for kommunen.

Avlaup: Utbygginga omfattar nye avlaupsleidningar og pumpestasjon som vil føre til auka driftsutgifter for avlaup. Det ligg pr. i dag ikkje føre gode tal for å talfeste dette. Dei auka driftsutgiftene vert imidlertid dekt inn av innkravd avlaupsgebyr frå abonnentane og vil soleis ikkje påverke kommunen sitt netto driftsbudsjett.

Fosnavåg, 16.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

OVERTAKINGSFORRETNING
Protokoll for overtaking

Utbyggar Vågsholmen Utvikling AS

Stad og dato: Fosnavåg, 18.09.2018

Overtakingsprotokollen gjeld overtaking av ferdig opparbeidde tekniske anlegg avtalt i utbyggingsavtale mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune vedteken i K-sak 18/15 den 26.02.2015.

Manglar ved overtaking:

- Sikringstiltak på/langs murkant langs veg om lag frå pel 200 til pel 220 vert utført i samband med oppføring av bygning som er under arbeid på tilstøytande eigedom. Detaljar rundt endeleg løysing skal skje i dialog med kommunen.

Sikkerheit for utbetring av eventuelle manglar i reklamasjonstida vert dekt iflg. pkt. 11.2 i NS 8406/utbyggingsavtale. Garanti vert trappa ned til 3% ved overtaking. Vidare garantiforløp iflg. NS 8406.

Signaturar:

For Vågsholmen Utvikling AS

For Herøy kommune

For kommunen sin del må protokollen godkjennast av Formannskapet før den er gyldig.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/552
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/18	Arbeidsmiljøutvalet	19.11.2018
229/18	Formannskapet	20.11.2018
140/18	Kommunestyret	06.12.2018

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM FELLES BRANNSJEF MED VANYLVEN KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Avtalen gjeld frå 01.01.2019.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Avtalen gjeld frå 01.01.2019.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Avtalen gjeld frå 01.01.2019.

Særutskrift:
Vanylven kommune

Vedlegg:
Vedlegg
1 Felles brannsjef utkast_avtale

Samandrag av saka:

Det vert vist til kommunestyresak 124/17 samt vedlagde utkast til avtale mellom Herøy og Vanylven om felles brannsjef. Avtalen inneber ein vertskommuneavtale der Herøy er vertskommune og Vanylven er samarbeidande kommune.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok 26.10.2017 at :

«Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019.
Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.
Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering»

Vanylven og Herøy kommunestyre vedtok hausten 2017 å starte utgreiingsarbeid innanfor dei fleste tenesteområda med unnatak for IKT og PPT – i tillegg var det teke med NAV og brannvern og dokumentsenter, arkiv og sentralbord.
Utgreiingsarbeidet starta med eit fellesmøte den 6. og 7. desember 2017 på Thon hotell i Fosnavåg, der også Sande kommune var invitert. På dette møtet deltok representantar frå fylkesmannen og NAV. Det var sett ned seks faggrupper med prosjektleiarar innanfor følgjande område:

- dokumentsenter, arkiv og servicetorg
- økonomi, skatt, løn og personal
- plan, bygg og geodata
- brannvern
- NAV
-barnevern

Arbeidsgruppene har hatt mellom fire og sju møte før prosjektrapport var utarbeidd og presentert i avsluttande møte i Fosnavåg på Thon hotell den 25. og 26. april 2018. Der deltok også representantar frå fylkesmannen og NAV.

Faggruppene har hatt ulik tilnærming, men det framstår som klart at fagpersonane i kommunane ønskjer eit tettare samarbeid og ser utfordringane med små fagmiljø. Arbeidsgruppene har lagt fram ulike modellar til samarbeid, men det er innafor mange område eit fagleg ønskje om ei lokalisering etter vertskommunemodellen. Innan brann er ein kome fram til at ein vil gå for interkommunalt samarbeid med vertkommunemodell for brannsjefstillinga.

Det blir viste til avtaleutkast, når det gjeld forslag til kostnadsdeling og ytterlegare ansvarsfordeling mellom vertskommune og deltakarkommune.

Vurdering og konklusjon:

Fagmiljø vert ofte små i kommunane og eit fellesskap opnar for auka og spissa kompetanse i ein krevjande kvardag.

Vertskommuneavtalen mellom Herøy og Vanylven medfører ikkje flytting av personar frå Vanylven til Herøy.

Rådmannen rår til at formannskap/kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy og Vanylven kommune frå 01.01.2019.

Fosnavåg, 19.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

A V T A L E
OM VERTSKOMMUNESAMARBEID OM FELLES BRANNSJEF

mellom

Herøy kommune - vertskommune
(ORG.NR. 964 978 840)

og

Vanylven kommune - samarbeidskommune
(ORG.NR. 964 978 662)

1. Verkeområde, føremål, samarbeidsform og namn
   a. Verkeområde:
      Avtalen gjeld etablering av eit vertskommunesamarbeid for felles brannsjef for kommunane Herøy og Vanylven. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova).

   b. Føremål
      Føremålet med eit felles brannsjef er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte effektive tenester til innbyggjarane.

   c. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova kapittel 5A, jf. § 28-1 b Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. også kommunelova § 28-1 a-k. Herøy er vertskommune, og Vanylven er samarbeidskommune.

2. Delegering av mynde
   a. Kommunestyret i Vanylven(samarbeidskommunen) delegerer mynde til Herøy kommune(vertskommunen) for brannsjefen sine oppgåver, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og § 28-1 a. Saker av ikkje prinsipiell karakter kan avgjerast administrativt.

   b. Saker i Vanylven kommune som er prinsipielle, vert handsama politisk av Vanylven kommune, jf. kommunelova § 28-1 b. nr. 1. Saksutgreiing vert utført av aktuell sakshandsamar i vertskommunen for rådmannen i samarbeidskommunen.

c. Brannsjefen avgjer om ei sak er prinsipiell eller ikkje. Ved tvil legg brannsjefen spørsmålet fram for rådmann og ordførar i Vanylven til avgjerd.

3. Organisering og lokalisering
    a. Oppgåver og mynde
        i. Brannsjefen får mynde til å forvalte og gjennomføre oppgåvene som kommunane har i følgje brann- og eksplosjonsvernlova § 9 – 14.
        ii. Vertskommunen får mynde til å handsame og handheve reglane om bålbrenning etter Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1981-03-13, nr. 6 (forureiningslova) § 9 og akutt forureining, jf. § 43.
        iii. Klage på vedtak følgjer reglane i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 1967-02-10 (forvaltningslova) kap. VI. Dvs. at vedtak knytt til saker eller objekt i Vanylven kommune følgjer klagesaksgangen etter reglementet for delegering av mynde i Vanylven. Tilsvarande gjeld for saker i Herøy.

    b. Organisering
        i. Brannsjefen vert ved etablering organisatorisk underlagt samfunnsutvikling i Herøy kommune. Brannsjefen sin næraste overordna vert kommunalsjef samfunnsutvikling. Vesentlege endringar i organisering skal drøftast mellom kommunane. Brannvesenet si organisering skal samsvare med relevante lover, forskrifter, retningslinjer og vedtekne brannordningar i begge kommunar. Etter at forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen eventuelt vert revidert, skal det utarbeidast felles ROS-analyse og brannordning for kommunane som vert lagt fram for begge kommunestyra til godkjenning.

    c. Lokalisering
        i. Vanylven og Herøy brannvesen skal ha hovudkontor i Fosnavåg. Tilgjenge til tenesta for aktuelle brukarar må sikrast som for alle andre kommunale einingar.

ii. Det skal framleis vere brannstasjonar for beredskapsstyrken både på Fiskå, branngarasje i Syvde og i Fosnavåg/Myrvåg i samsvar med gjeldande brannordningar og regelverk elles.

4. Tilsette
    a. Arbeidsgjevaransvar
    Herøy kommune har som vertskommune arbeidsgjevaransvar for brannsjefen i brannvesenet.

    b. Tilsette sine rettar

Ved eventuell nedbemanning eller opphøyr av ordninga med felles brannsjef, har den tilsette rettar i samsvar med gjeldande avtaleverk arbeidsmiljølova kapittel 16

c. Kompetanse
Det er brannsjefen sitt ansvar å syte for at dei tilsette i brannvesenet har den kompetanse som til ei kvar tid vert kravd i brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter.

5. Materiell, utstyr og køyrety
Køyrety eigd av dei einskilde brannvesen vert som tidlegare.

6. Investeringar
Investeringar i materiell og køyrety for Vanylven og Herøy brannvesen vert som tidlegare.

7. Sløkkjevatn
Den einskilde kommune er ansvarleg for sikker leveranse av sløkkjevatn. Ansvarleg eining for kommunal vassforsyning pliktar å ha eit a jour leidningskart som til ei kvar tid skal vere tilgjengeleg for brannvesenet. Kommunane har på same måte ansvar for funksjonstesting og vedlikehald av sine eigne hydrantar og brannkummar.

8. Økonomi
a. Fordeling av utgifter
Vertskommunen sine årlege driftsutgifter for felles brannsjef og andre brannrelaterte oppgåver (eks. forebyggande arbeid, øvingar osv) vert fordelt ved at Vanylven kommune betalar etter medgått tid.

b. Budsjett
Årleg budsjettframlegg vert utarbeidd av brannsjefen og lagt fram for rådmannen i Vanylven for vidare handsaming.

c. Oppgjer
Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 3 gonger i året. Faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart påbegynt tertial, og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

d. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg i kommunane vert finansiert etter prinsippa om sjølvkost og fakturert av respektive kommune til objekteigarar i kommunane. Brannsjefen og rådmannen i Herøy utarbeider budsjett for dette sjølvkostområdet og sender

dette til rådmannen i Vanylven innan den 1.10. kvart år. Framlegget vert basert på tal på objekt i Vanylven.

e. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg skal følgje prinsippa for sjølvkost i kommunen.

9. Rapportering
   a. Økonomisk rapportering
      Brannsjef rapporterer til rådmann i vertskommunen. Ved vesentlege økonomiske avvik, skal rådmann i Herøy orientere rådmann i Vanylven om forholdet, årsaker og tiltak. Økonomirapporteringa følgjer elles rutinane for rapportering i vertskommunen.

   b. Årsrapport og rekneskap
      Årsrapport og rekneskap vert sendt frå vertskommunen til samarbeidskommunen straks dette er klart.

   c. Vedtak
      Brannsjef i Herøy og Vanylven er ansvarleg for å rapportere alle enkeltvedtak for saker i Vanylven kommune til rådmannen i Vanylven.

   d. Rapportering til sentrale mynde
      Brannsjef i Herøy og Vanylven er ansvarleg for rapportering til sentrale mynde p.t. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

10. Samarbeidsorgan og evaluering
    Det vert etablert eit samarbeidsorgan for Vanylven og Herøy brannvesen der rådmennene i verts- og samarbeidskommunen, og brannsjef tek del. Organet skal drøfte alle tilhøve kring samarbeidet og drifta, derunder økonomiske tilhøve og budsjett. Årsmelding frå føregåande år og årsplan bør drøftast i organet. Det skal vere minst eitt årleg møte i samarbeidsorganet, som skal haldast innan den 15.6. kvart år. Brannsjefen i vertskommunen skal kalle inn til møtet.

11. Iverksetting, endring av avtalen, evaluering og oppløysing
    a. Iverksetting.
       Oppgåver og mynde i medhald av denne avtalen vert overført frå og med 01.01.2019.

    b. Endring av avtalen
       Rådmennene i begge kommunar kan foreslå endringar i avtalen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunestyra både i Vanylven og Herøy.

c. Evaluering
   For å sikre at begge kommunane bidreg økonomisk i samarbeidet mest mogeleg korrekt i høve dei plikter kommunane har etter brann- og eksplosjonsvernlova, skal dei økonomiske sidene av avtalen evaluerast etter at rekneskapen for det andre heile driftsåret er lagt fram.

d. Oppløysing
   Avtalen er ikkje tidsavgrensa og kan oppløysast ved at ein av partane etter kommunestyrevedtak seier opp avtalen. Oppseiingstida er eitt år gjeldande frå første årsskiftet etter oppseiingsdato.

12. Erstatning
    Kommunane beheld ansvar for økonomisk erstatning som vert søkt frå eigne innbyggjarar eller føretak.

13. Tvistemål
    Om kommunane etter forhandlingar ikkje vert samde om tvistar som måtte kome mellom samarbeidskommunane, vil tvistemål om verksemda måtte avgjerast etter reglane i «Lov om mekling og rettargang i sivile tvistar».

Avtalen er vedteken i kommunestyra i Vanylven den xxxx2018 i K-sak nr. xx/18, og i Herøy den xxxx2018 i K-sak nr xx/18

Vanylven/Fosnavåg, ……

……	……
Lena Landsverk Sande	Arnulf Goksøyr
ordførar i Vanylven	ordførar i Herøy

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1472
		Arkiv:	M70

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/18	Arbeidsmiljøutvalet	19.11.2018
216/18	Formannskapet	20.11.2018
141/18	Kommunestyret	06.12.2018

OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

Tilråding:

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

Særutskrift:
Hareid Kommune
Ulstein Kommune
Vanylven Kommune
Sande Kommune
Volda Kommune

Vedlegg:
Vedlegg
1 Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent
2 Referat faggruppe brann 07112018

Samandrag av saka:

Etter initiativ frå rådmenn i kommunane ber ein om at det vert starta opp ei fagleg utgreiing om brannvernsamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Volda kommune er forespurt, men har kome til å ville avvente med ein eventuell deltakelse til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda. Målsetjing for samarbeidet er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og forebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane. Kommunestyra vert i denne omgang inviterte til å vurdere om dette er eit aktuelt tema, og eventuelt leggje føringar for vidare utgreiingsarbeid.

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre vedtok den 19.6.2018 å delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune der m.a samarbeid innan brannvern vart vedtatt. Avtale om felles brannsjef mellom kommune vert signert innan kort tid og avtalen gjeld frå 01.01.2019. Ordførar signerer avtalen.

Det har over lang tid vore vurdert ulike former for formelt brannvernsamarbeid. I 1993/95 var det etter initiativ frå Herøy kommune gjort ei utgreiing av innleigd konsulent siv.ing. Magne Eikanger om brannvernsamarbeid for dei fem kommunane på Vestre Sunnmøre (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven). Der var fleire modellar for samarbeid, men prosessen stoppa av ulike grunnar opp.

I perioden frå 2003 til 2009 vart det med varierande intensitet jobba med utgreiingar om brannvernsamarbeid for dei same fem kommunane pluss Ørsta og Volda. Dette med utgangspunkt i initiativ frå regionrådet for Søre Sunnmøre. Arbeidet var organisert som eit prosjekt med brannsjefane som prosjektgruppe og rådmennene som styringsgruppe. Etter kvart vart pensjonert brannsjef i Ålesund Kåre Steinsvik leigd inn som konsulent (Steinsvik brannconsulting). I nært samarbeid med brannsjefane laga han to rapportar der den første omhandla full samanslåing av dei 7 brannverna før det vart laga ei utgreiing om brannvernsamarbeid berre for førebyggjande del.

Det har vore ulike former for samarbeid, men det har ikkje vore arbeidd med samanslåing av brannverna i dei 7 kommunane samla etter 2009. Men det er kjent at Volda og Ørsta har jobba med samanslåing av brannverna i dei to kommunane utan at det har resultert i eit formalisert samarbeid etter det ein kjenner til.
Herøy og Vanylven kommunar vil frå 01.01.2019 inngå eit forpliktande samarbeid der kommunane vil ha felles brannsjef. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova). Føremålet med eit felles brannsjef er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte

effektive tenester til innbyggjarane. Hareid og Ulstein kommunar har felles brannvern der Ulstein er vertskommune.

LOVGRUNNLAG:

I brann- og eksplosjonsvernlova frå 2002 er det i § 15 slått fast at kommunane skal samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mogeleg utnytting av samla ressursar, sjå elles lenkje over. I lova står der elles ein del om kommunane sitt ansvar knytt til etablering og drift, dokumentasjon, rapportering, organisering, oppgåver osv. av brannvesenet.

Det går også fram av § 15 at eit brannvesen er pliktig til å yte hjelp ved brann eller ulukke i annan kommune. I forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen går der meir spesifikt fram korleis brannvesena skal organiserast.

I samband med drøfting av organisering av brannvesen og samarbeidsordningar, vert det frå ulike hald ofte stilt spørsmål ved om det burde ha vore heiltids beredskapsstyrke. Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen slår fast at vaktberedskapen i tettstad med mellom 3.000 og 8.000 innbyggjarar som minimum skal vere i form av eit vaktlag med deltidspersonell i dreiande vakt. Dersom tettstaden er mellom 8.000 - 20.000 innbyggjarar, skal vaktberedskapen organiserast i form av heiltidspersonell innanfor ordinær arbeidstid. Utanfor ordinær arbeidstid skal beredskapen vere organisert med deltidspersonell i dreiande vakt med utrykkingsleiar som har brannvern som hovudyrke. Dvs. at eks. Fosnavåg og Ulsteinvik tettstad må auke innbyggjartalet monaleg før kravet om dagkasernering slår inn.
Eksempelvis er grovt rekna kostnadane med å ha to vaktlag i deltidsstillingar (eit i Ulstein og eit i Hareid) vere 2/5 av kostnaden med å ha eit vaktlag med kasernert styrke på heiltid. Dessutan kjem investerings- og driftskostnadene for bu-fasilitetar på ein brannstasjon.

EKSISTERANDE SAMARBEID:

Der ligg føre avtalar om gjensidig bistand mellom kommunane i dag. Det er og ved fleire høve halde samøving/kursing mellom brannvesena og det vert gjennomført felles tilsyn i enkelte særskilde brannobjekt mellom kommunar (Ha+Ul). Kommunane er representerte i fagmiljøa for brannsjefar og brannførebyggande personell på Søre Sunnmøre som har fleire årlege møte. Hareid og Herøy har tankbilar som blir alarmert dersom aksjonar krev større vassressursar enn det som er tilgjengeleg i vassleidningsnettet eller frå opa vasskjelde. Innføringa av nytt digitalt nødnett våren 2015 har resultert i fleire felles aksjonar pga. endra rutinar for utkalling av ressursar ved stadfesta brann.

MODELLAR FOR ORGANISERING AV BRANNVERNSAMARBEID:

Eit brannvernsamarbeid kan organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS- https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6) eller etter vertskommunemodellen(https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6).
Begge modellane må utgreiast og leggast fram for kommunestyra.

ØKONOMI:

Dersom det vert etablert eit brannvernsamarbeid må det reknast ut ein kostnadsnøkkel som avklarar det økonomiske forholdet mellom kommunane. Det skal ligge føre budsjett for første driftsår når ein avtale skal signerast og budsjettet må vere realistisk og konkret.

LOKALISERING:

Det er føresett at der skal vere brannstasjonar i dei respektive kommunane med beredskapsstyrke også i framtida. Vaktberedskapen må i utgangspunktet basere seg på forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen sine minstekra. Om eit felles brannvesen vert etablert, må det lagast ny risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) og brannordning for kommunane basert på ROS'en. Om vaktberedskapen kan organiserast på annan måte enn nemnde minstekrav, må i så fall avklarast i den samanheng.
Administrativt personell og feiepersonell bør ha kontor og oppmøteplass primært lokalisert til ein brannstasjon.
Yrkesbrannvesen med heildøgns beredskapsvakt på brannstasjon vil med noverande regelverk og oppgåver for brannvesenet ikkje vere aktuelt. Det vil heller ikkje verte aktuelt på fleire ti-år etter det ein veit i dag.

Saka er lagt fram for faggruppe i brannvernsamarbeid mellom Herøy og Vanylven i møte den 07112018.

Vurdering og konklusjon:

I dag er det eit etablert vertskommunesamarbeid mellom Hareid og Ulstein. Det vert og formalisert eit samarbeid mellom Vanylven og Herøy kommune på administrative tenester i brannvernet frå 01.01.2019. Sande var invitert med i dette samarbeidet , men har valgt å stå utanfor.

I samråd med rådmenn i involverte kommunar inviterte Herøy kommune til eit møte den 11.10.2018 i Myrvåg der brannvern var tema. Målsetjing for eit slikt samarbeid er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og forebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Kommunalsjefar i 5K med brann som ansvarsområde møtte og drøfta eit mogleg samarbeid innanfor brannfeltet. Herøy, Vanylven, Ulstein og Hareid er udelt positive til at ein arbeidar seg fram mot eit større samarbeid .

Sande er i utgangspunktet positiv til prosessen, men tar forbehold om økonomien i prosjektet. Ein er er skeptisk til dei økonomiske modellane som har vore nytta m.a med referanse til SSIKT. Ein ser klart utfordringar (liten organisasjon der brann er integrert mot andre funksjonar).

Ulstein peikar på ein burde vunne meir erfaring med samarbeidet med Hareid og understrekar behovet for at økonomiske forhold/konsekvensar vert tilstrekkeleg utgreidd i prosessen.

Etter møte den 11.10.2018 er det sendt førespurnad til Ørsta og Volda om mogleg samarbeid innanfor brannvern.

Ørsta kommune takkar for invitasjonen og er etter interne drøftingar positive til å delta vidare i utgreiinga. Ørsta har slik det er i dag eit godt samarbeid mellom kommunene på søre både gjennom samarbeidsavtalar, bistandsavtalar og gjennom 7 stjerna i form av brannsjefmøter og forebyggande forum, samt bredskapsforum som no er i oppstartsfasen.

Ørsta meiner å kunne oppnå fordelar for regionen med tanke på brannvern og beredskap dersom dette vert eit godt prosjekt.

I Ørsta kommune si tilbakemelding er det peikt på :

- Kommunane (og grendene) vil stort sett måtte behalde ein stasjonsstruktur som no, av omsyn til responstid. Det kan tenkast felles brannstasjon for ØK / VK og UK / HK. Men for Ø/V sin del vil det truleg utløyse krav om ein stasjon i Hovden eller Furene, med heiltidstilsette og kaserneberedskap. Det har ei kostnadsside som må utgreiiast.
- Brannsjef, brannmeister og fellesressursar vil verte samla i eit fagmiljø. Ei slik spissing/samling vil styrke kompetansen for brannvernet. – Vi vil måtte ha lokale stasjonssjefar
- Kvaliteten på treningane vil auke med auka fagkompetanse og tid/ressursar til planlegging og gjennomføring.
- Erfaring frå andre tilseier at vi kan klare å presse prisar på materiellkjøp som større aktør.
- Det vil vere mogleg å skaffe / drifte meir spesialutstyr. Eit samla brannvern vil kunne samordne innkjøp og lokalisering av spesialutstyr som stigebil og anna. Dette vert tunge løft for enkeltståande brannvern i dag.

Volda kommune viser til at spørsmålet om brannsamarbeid må vurderast i samanheng med bygging av nye Volda. Dette er ein prosess som er på gang gjennom prosjektorganisasjonen for nye Volda. Volda vil gi attendemelding når vi har kome lenger i prosessen og har fått avklart sentrale forhold knytt framtidig brannordning for den nye kommunen.

Rådmenn legg til grunn ein inkluderande prosess der mannskap og tilsette i brannvernet får tilstrekkeleg informasjon og at alle kommunar er representert i arbeidsgruppe med nøkkelpersonell. Ambisjon er at avtaleutkast skal vere klart mai/juni 2019 og eit samarbeid først kan ta til 01.01.2020.

Rådmannen er positiv til ei utgreiing om samanslåing av brannvesena til ei eining. Det er naturleg å få temaet nærare utgreidd gjennom eit prosjekt som leier fram til ei ny politisk handsaming og avgjerd. Det bør vere ei målsetjing å få avklaring på om brannvesena skal slåast i hop før sommarferien 2019 slik at iverksetjinga kan vere 1. januar 2020.

I prosjektgruppa som skal jobbe vidare med saka bør samansetjinga vere slik utifrå funksjonar og representasjon frå begge kommunar og involverte partar:

- Brannsjefane i kommunane

- To representantar for dei tillitsvalde (aktuelle organisasjonar er Delta, Fagforbundet og NITO)
- Ein representant for førebyggjande eller beredskapsavdeling i ei av kommunane.
- Eit verneombod
- Ein kommunalsjef som leiar for prosjektgruppa (utpeika av rådmennene i deltakarkommunane)

Det er naturleg at der er med minst ein representant frå kvar kommune, til saman 6 - 8 personar i gruppa. Prosjektgruppa organiserer seg sjølv og rapporterer kommunevis til næraste leiar.

.

Det vil vere gunstig om prosjektgruppa kunne lagt fram sin rapport med framdrift som sikrar handsaming av sak på nytt i kommunestyra før sommarferien slik at iverksetjingsdato kan bli 1.1.2020. Det er nok behov for minst eit halvt års planleggingstid for ei slik gjennomføring.

Fosnavåg, 30.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 12.10.2018 13:57:52
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 12. oktober 2018 13:50
Til: Kjell Martin Vikene <kjell.martin.vikene@sande-mr.kommune.no>; Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>; Kai-Rune Bjørke <kai-rune.bjorke@hareid.kommune.no>; Terje Kolstad <terje.kolstad@vanylven.kommune.no>; Arkiv Herøy <arkiv@ssikt.no>
Kopi: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>; Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no>; Einar Vik Arset <einar.arset@ulstein.kommune.no>; Ragnhild Velsvik Berge <ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no>; Oddbjørn Indregård <oddbjorn.indregard@sande-mr.kommune.no>; Tore Langvatn <tore.langvatn@heroy.kommune.no>
Emne: Samarbeid på brann (5K) - Referat godkjent

Referat
Møtt: Terje Kolstad, Kai-Rune Bjørke, Kjell Martin Vikene, Arne Runar Vik, Jarl Martin Møller
Stad: Myrvåg, landbrukskontoret
Kl 1430-1600
Tema : Samarbeid på brann (5K)

JMM orienterte om bakgrunn for møte og dialogen som ein har hatt med rådmenn i 5K.
Ein tok så ei runde rundt bordet på kven som ynskjer å gå vidare i prosessen med intensjon om å få til eit større og forpliktande samarbeid innanfor brannfeltet.
Herøy, Vanylven og Hareid er positive.
Sande er i utgangspunktet positiv til prosessen, men tar forbehold om økonomien i prosjektet. Ein er er skeptisk til dei økonomiske modellane som har vore nytta m.a med referanse til SSIKT. Ein ser klart utfordringar (liten organisasjon der brann er integrert mot andre funksjonar) og er opptatt av «tung» forankring i eige kommune.
Ulstein stiller seg positiv og peikar på at prosessen fram mot eit mogleg samarbeid vil vere viktig. Ein burde vunne meir erfaring med samarbeidet med Hareid og ein peikte på ulike forhold som det har vore utfordringar rundt utan å gå i detalj. Forhold til økonomi var ikkje godt nok avklart når samarbeidet med Hareid vart etablert. Det er svært viktig at dette har fokus og vert tilstrekkeleg utgreidd. Det bør ligge føre budsjett for første driftsår når ein avtale skal signerast og budsjettet må vere realistiske og konkrete. Vidare vart det informert om ledige personellressursar, feietenesta, moglege ledelseutfordringar med store avstandar, økonomiske gevinstar, ny forskrift, dagkasernert vakt, utredning frå 2003 utan å gå i detalj. Med omsyn til modell bør både IKS og vertskommune utgreiast og Ørsta/Volda bør kontaktast.
Hareid følgte opp med at det var naturleg å høyre med Ørsta og Volda om mogleg samarbeid.

Konklusjon og vidare arbeid:
- JMM avklarar med Ørsta og Volda.
- JMM utarbeidar forslag til politisk sak (ein bygger på saka frå Ulstein)
- Politisk sak om oppstart vert fremja i kommunane før årskiftet
- Ein lager til info om prosessen til mannskap og tilsette i brannvernet (før saka kjem til politisk handsaming)
- Alle kommunar må vere representert i arbeidsgruppe med nøkkelpersonell
- Ambisjon på framdrift er at avtaleutkast skal vere klart juni 2019
- Eit samarbeid kan først ta til 01.01.2020.

Helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 97506761

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Referat

Vanylven: Terje Kolstad,,Magne Lundehaug, Trond Barstad ,Mona Stenersen

Herøy: Eli Karin Kvalsund, Philipp Kessler-Myking, Tore Langvatn, Jarl Martin Møller

Stad: Videomøte

Dato: 07112018

OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Kommunalsjefen i Herøy har invitert faggruppe brann i samarbeidet Herøy/Vanylven til møte om oppstart av utgreiing av brannvern 6K. Saka vil gå vidare til AMU før politiske utval får saka.

Bakgrunn for arbeidet er at tidleg i september diskuterte Herøy og Ulstein om det var mogleg med eit samarbeid innan brannvern. I møte som fann stad 06092018 deltok og Vanylven kommune der ein såg på ulike tenestesamarbeid som ein kunne vurdere framover. Brannvern var eit slikt mogleg område der ein fokuserte på ein 5K modell.

Basert på dette møte vart det innkalla til eit møte den 11102018 der kommunalsjefane i respektive 5K kommuner deltok.

Etter dette møte vart det konkludert med at ein ønskjer å gå vidare å utrede eit mogleg framtidig samarbeid.

Den 29.10.2018 vart det halde - STYRINGSGRUPPEMØTE MELLOM HERØY, SANDE, VANYLVEN OG ULSTEIN KOMMUNAR OM TENESTESAMARBEID. Sande kommune hadde meld forfall til møte.

Der vart brannvern diskutert og ein kan lese følgjande frå referatet:

Saksframlegg er utarbeidd og saka skal handsamast i Herøy kommunestyre 6. desember og i Vanylven kommunestyre 11. desember. Styringsgruppa har erfart at å starte i småskala med færre enn sju kommunar for seinare å utvide, er lettare. Her har vi erfaring både frå utgreiingar både på økonomisamarbeid og tidlegare innanfor brann. Rådmennene i Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019, Ulstein kjem til 1. jan 2020. Rådmennene i Vanylven, Herøy og Ulstein samordnar sine tilrådingar, etter drøfting i faggruppa.

Avtale om tenestesamarbeid Herøy og Vanylven på brann vert signert innan kort tid.

Det er utarbeidd eiga sak om oppstart på 6K. Saka ligg som vedlegg til referatet.

I Herøy er det laga til informasjon om prosessen som er sendt ut til til mannskap og tilsette i brannvernet. 15102018. Same informasjon vart sendt til kommunalsjefar i samarbeidande kommunar.

I saka om 6K er det gitt slik tilråding:

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

I saka er det lagt til grunn prosjektgruppa som skal jobbe vidare med saka bør vere samansett utifrå funksjonar og representasjon frå begge kommunar og involverte partar:

- Brannsjefane i kommunane
- To representantar for dei tillitsvalde (aktuelle organisasjonar er Delta, Fagforbundet og NITO)
- Ein representant for førebyggjande eller beredskapsavdeling i ei av kommunane.
- Eit verneombod
- Ein kommunalsjef som leiar for prosjektgruppa (utpeika av rådmennene i deltakarkommunane)

Det er naturleg at der er med minst ein representant frå kvar kommune, til saman 6 - 8 personar i gruppa. Prosjektgruppa organiserer seg sjølv og rapporterer kommunevis til næraste leiar.

Tilbakemeldingar frå faggruppa:

Eli – kun positive tilbakemeldingar frå tilsette. Ein har fått svar på dei spørsmål som er stilt og ein er positive til at det har vore rom for medverknad i prosessen.

Mona – Positive til å vore med prosessen. Peikte på prosessen mellom Herøy/Vanylven og stilte spørsmål knytt til kostnadar, sikkerheit for innbyggarar og bekymring frå mannskap som ein har motteke. Hadde eit ønskjer om å med informasjon til mannskap/innbyggarane før jul. Sentrale spørsmål ein må informere om er kva ligg i avtalen, kva kan ein forvente...

Trond – Grei prosess, men hadde og spørsmål knytt kostnadar. Peikte på at det er positivt til at fleire går saman, men kva med Sande i dette biletet? Jarl gav ei kort orientering om møteverksemd knytt til prosessen med Sande utan å gå i detalj. Vidare er det viktig å vere konkret kor ein kan utnytte samarbeidet framover.

Magne- Positivt til medverknad, dess fleire dess betre. Stiller spørsmål om beredskap i samarbeidet mellom Herøy og Vanylven. Ein veit lite om kva som skjer den 1 januar. For lite praktisk planlegging.

Terje- Er positiv til saka

Phillip – Samarbeid positivt. Ei rett retning og ein ser positivt på dette.

Jarl- Er positiv til saka

Konklusjon:
Faggruppa sluttar seg til konklusjonane med *at Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019 og Ulstein kjem til 1. jan 2020. Vidare ser ein det som tenleg at ein greiar ut eit mogleg større samarbeid mot Ørsta og Volda.*

Med omsyn til prosessen Herøy/Vanylven vert det gjennomført møte med det første slik at ein sikrar ein god overgang og at alle uavklarte spørsmål er besvart og utkvittert 1 desember 2018.

Jarl Martin Møller,ref

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/1534
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/18	Arbeidsmiljøutvalet	19.11.2018
204/18	Formannskapet	13.11.2018
142/18	Kommunestyret	06.12.2018

BARNEVERN. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 13.11.2018

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Tilråding:

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Særutskrift:

- Vanylven kommune
- Kommunalsjef helse og omsorg

Vedlegg:

- Vertskommuneavtale om felles barnevern.

Samandrag av saka:
Det blir vist til kommunestyresak 77/2018 samt vedlagde utkast til avtale mellom Herøy og Vanylven kommunar om felles barnevernskontor. Avtalen er ein vertskommuneavtale der Herøy er vertskommune og Vanylven er samarbeidande kommune.

Saksopplysningar:
I K-sak 77/2018 vart det gjort slikt vedtak:

«Herøy kommune vil delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt saman med Sande og Vanylven kommunar med innsparing tilsvarande 0,1 årsverk per 1000 innbyggjarar:

Saksområde Vertskommune	***Innsparing i Herøy***
Barnevern Herøy kommune	*0,9 årsverk*

Fylkesmannen gir støtte til ei stilling for etablering av eit tiltaksteam under barnevernet, der dei samarbeidande kommunane må finansiere ei stilling til tiltaksteam. Vilkår for støtte frå fylkesmannen er at det bli etablert eit vertskommunesamarbeid mellom dei samarbeidande kommunane.

Rådmannen i vertskommunen har ansvaret for å utarbeide ei teneste med eit godt fagmiljø; robust tenestestruktur og god tenestekvalitet.

Rådmennene i samarbeidskommunane skal drøfte og godkjenne vesentlege endringar i tenesta…

Gevinstrealiseringa må byggje på ei samla vurdering av begge tenesteområda, der kommunane fordeler den totale effektiviseringsgevinsten etter folketal. Rådmannen er delegert fullmakt til å godkjenne ei slik fordeling, og ved ueinigheit så vil «kommuneadvokaten» til vertskommunen mekle…

Herøy kommune som vertskommune. vil vedta samarbeid med Vanylven kommune frå 1. januar 2019, sjølv om Sande kommune eventuelt skulle seie nei, eller utsette, handsaminga av saka.

Dersom Sande kommune ynskjer samlokalisering i Herøy som føresetnad for samarbeidet, vil Herøy kommune legge til rette for det.

Organisering av tenestene etter vertskommune-modellen skal fylgje arbeidsmiljølova sine reglar om overdraging av verksemd, og elles dei ålmenne spelereglane i arbeidslivet, slik som Hovudavtale og Hovudtariffavtale. Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.»

Det har vore spørsmål om Sande kommune vil delta i samarbeidet. Sande kommune har undervegs signalisert at dei ynskjer å knyte seg til samarbeidet i Volda.

Dei to kommunane, Vanylven og Herøy, samarbeider i dag om felles sentralbord plassert i Vanylven, og felles NAV og skatteoppkrevjar i Herøy er vedteke frå 1. januar 2019. No er spørsmålet om samarbeid om barnevernskontor, det er elles andre samarbeid «i kjømda». Avtalen som er utarbeidd opnar opp for fleire kommunar, dersom andre av kommunane i «sjustjerna» skulle ynskje å koble seg på.

Føremålet med samarbeid om felles barnevernkontor er å sikre at tenesteområdet har god fagleg kompetanse, sikre kvalitet og gi gode tenester i dei deltakande kommunane.

Herøy kommune får ansvar for å sikre at barnevernstenesta er i samsvar med føremål og verkeområde i lova, og barnevernsleiar skal sikre tilstrekkeleg med ressursar og sikre forsvarleg, føremålstenleg og rasjonell organisering.

Vurdering og konklusjon:
Å både bu og arbeide i same kommune kan opplevast krevjande for dei tilsette i små kommunar. Det å skulle vere ein del av eit større barnevernskontor vil medføre større moglegheit til å balansere arbeidsområdet til dei tilsette.

Fagmiljøet i den enkelte kommune vert ofte lite. Fagleg støtte kan vere vanskeleg å finne på små kontor, og eit slikt fellesskap opnar for auka og spissa kompetanse i krevjande saker.

Vertskommuneavtalen med Herøy medfører ikkje flytting av personar frå Vanylven til Herøy. Kommunane sin del av driftskostnadane til felles barnevernskontor, blir fordelt mellom kommunane etter tal innbyggjarar i kommunen pr. 01.07, året før kvart einskilt budsjettår, men blir justert slik at fordelinga skal vere kostnadsnøytral samanlikna mot noverande driftsutgifter for eige barnevernskontor.

Fosnavåg 31.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

VERTSKOMMUNEAVTALE OM FELLES BARNEVERNSKONTOR

FOR

HERØY KOMMUNE – VERTSKOMMUNE

OG

VANYLVEN KOMMUNE – SAMARBEIDSKOMMUNE

Redigert av arb.gr 11.10.18

Sist redigert 30. november 2018

Innhald

1. Grunnlaget for avtalen, administrasjon av tenesta og lokalisering 4
2. Føremål og oppgåver 4
3. Oppgåver og mynde som vert delegert til vertskommunen 4
4. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde 4
5. Driftsplan 4
6. Arkiv 5
7. Deltakarkommunane si opplysningsplikt 5
8. Sakshandsaming, underretning og klage 5
9. Rapportering 5
10. Samarbeid og informasjon 5
11. Lovlegkontroll og kontrollutval 6
12. Personalet 6
13. Økonomi og rekneskap 6
14. Samarbeidsorgan m.m. 7
15. Særskilte høve vedkomande overordna samarbeidsprosjekt 7
16. Iverksetting, utmelding og oppseiing 7
17. Utviding av samarbeidskommunar 8
18. Tvistemål 8
19. Vedtak og signatur 8

1. Grunnlaget for avtalen, administrasjon av tenesta og lokalisering

Avtalen gjeld felles barneverntenesteste for kommunane Herøy og Vanylven. Samarbeidet vert gjennomført etter kommunelova § 28-1b, administrativt vertskommunesamarbeid, jf. § 28-1a.

Vertskommune er: Herøy
Samarbeidskommune er: Vanylven

Felles barnevernsteneste blir ei eiga felles eining for å sikre brukarane gode tenester. Lokalisering med eigna kontor vert både i Herøy kommune og i Vanylven kommune.

Barnevernstenesta vert leia av barnevernsleiar i tråd med intern leiarstruktur i vertskommunen. Leiar av tenesta skal ha budsjettansvar, ansvar for personale og fagansvar. Begge kontora skal ha innhald og meining som stettar begge kommunane sine behov.

Nærverande vertskommuneavtale inngår som ein del av eit vedteke og større samarbeidsprosjekt mellom Herøy kommune og Vanylven kommune. Det er også vedteke i begge kommunestyra at andre kommunar kan ta del i samarbeidet.

2. Føremål og oppgåver

Føremålet med samarbeidet om felles barneverntenesteste er å sikre at tenesteområdet har god fagleg kompetanse, sikrar kvalitet og gjev gode tenester internt i kommuneorganisasjonane, til brukarane og ålmenta i alle kommunane som deltek i samarbeidet.

Føremålet med avtalen er å oppfylle kommunane sine plikter i tråd med Lov om barneverntjenester. Avtalen er oppretta med heimel i kommunelova § 28-1 e.

Vertskommunen skal utføre tenestene i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og andre regelverk som gjeld for kommunen.

3. Oppgåver og mynde som vert delegert til vertskommunen

Herøy kommune tek på seg å sikre barnevernstenester i både Herøy kommune og Vanylven kommune i samsvar med Lov om barneverntjenester sitt føremål og virkeområde.

Vertskommune skal sjå til at tenesta har tilstrekkelege ressursar og er organisert slik at lova kan utførast på ein forsvarleg, føremålstenleg og rasjonell måte. Barnevernsleiar skal syte for at alle pålagde oppgåver i tråd med Lov om barneverntjenester blir utført. Barnevernsleiaren skal ta eventuelt manglande ressursar opp med vertskommunen.

4. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert gitt barnevernsleiar i vertskommunen frå og med 1. januar 2019.

5. Driftsplan

Barnevernsleiar skal utarbeide rutine for tenesta i sin heilskap og for det enkelte kommunale kontor. Rutinen skal omhandle handsaming av dei oppgåvene som er lagt til tenesta.

Barnevernsleiar skal syte for tilfredsstillande internkontroll. Internkontrollen skal omfatte fortløpande kontroll av rutinar og prosedyrar ved kontoret, for å sikre at interne og eksterne krav til bl.a. kvalitet og naudsynt kompetanse vert fylgt opp.

Barnevernsleiar skal ha ein internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov/i medhald av lov. Vertskommunen må kunne gjere greie for korleis kravet til internkontroll blir fylgt opp.

6. Arkiv

Vertskommunen opprettar felles arkiv for saker der vertskommunen er behandlingsansvarleg. Vertskommunen er i slike tilfelle ansvarleg for at personopplysningslova sine krav blir imøtekomne. Dersom samarbeidet blir oppløyst, eller ein kommune går ut, vil vertskommunen framleis vere ansvarleg for arkivet som er oppretta i samarbeidsperioden.

Fagprogrammet opp graderast til felles elektronisk arkiv.

7. Deltakarkommunane si opplysningsplikt

Den enkelte deltakarkommune pliktar å informere sine innbyggjarar, til dømes på sine nettsider, om vertskommunesamarbeidet og kvar innbyggjarane skal vende seg for å kome i kontakt med vertskommunen. Vertskommunen skal leggje til rette for offentleg innsyn i arbeidet sitt på same måten som om dette var ei eiga verksemd.

8. Sakshandsaming, underretning og klage

Det er barnevernsleiar i vertskommunen, eller den det er delegert mynde til, som utfører oppgåver og mynde på vegne av samarbeidskommunane.

All sakshandsaming skal fylgje sakshandsamingsreglane i Lov om barneverntjenester, forvaltingslova, personopplysningslova, arkivlova og andre lover som gjeld for tenesteområdet.

9. Rapportering

Barnevernsleiar vil gjennomføre rapportering til Fylkesmannen, SSB og kommunane som er med i samarbeidet. Rapportering vert gjort enkeltvis for kvar kommune.

Vertskommunen skal rapportere månadleg på forbruk mot periodisert budsjett til samarbeidskommunane. Det skal vidare rapporterast tertialvis på organisering, effektiviseringspotensiale; tidsplan for arbeidsoppgåver og avvik. Ved større avvik, som direkte gjeld samarbeidskommunane, skal rådmannen i vertskommunen orientere rådmannen i samarbeidskommunen snarast råd.

Statlege tilsynsrapportar og forvaltningsrevisjonsrapporter skal sendast til samarbeidskommunen.

10.Samarbeid og informasjon

Barnevernsleiar har ansvaret for at det tverrfaglege samarbeidet mellom vertskommunen og samarbeidskommunane vert utvikla og halde oppe. Vertskommunen har ansvaret for å informere samarbeidskommunen om oppgåver som vert utførte av vertskommunen.

Barnevernsleiar har ansvaret for å ha naudsynt kompetanse på filialkontoret i samarbeidskommunane. Innbyggarane skal kunne avtale møte samt kommunisere med barnevernstenesta i samarbeidskommunen.

Kommunane og dei tverrfaglege instansane, skal kunne kontakte barnevernstenesta i samarbeidskommunen om faglege og samhandlingsmessige spørsmål.

11.Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28-1 h, jamfør § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 punkt 1 overfor verksemda, jamfør kommunelova § 28 j.

12. Personalet

Herøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for alle kommunalt tilsette i barnevernstenesta. Vertskommunen har tilsettingsmynde og ansvar for personaloppfylging.

Ved overgang til felles barnevernsteneste skal fagorganisasjonane kunne vere med å lage tilpassa avtaler til den enkelte tilsette.

Oppmøtestad bør vere kontoret der ein er primært tilknytt. Dei som er tilsett i dag skal ha oppmøtestad der dei er tilsett.

13. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar og ansvar for tilfredsstillande lokale og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen, seinast den 1. oktober før budsjettåret. Vertskommunen orienterer samarbeidskommunen om årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Eventuelle spesifikke budsjettpostar for samarbeidskommunen vert handsama og godkjent av kommunestyret i denne kommunen.

Budsjettet skal periodiserast innan februar månad i budsjettåret.

Driftskostnader er løn, sosiale kostnadar, pensjon, kontorutgifter, kurs, datautstyr, kopimaskin og liknande. Elles vert det ikkje å betale for husleigekostnader, reinhald, tenester frå servicekontoret, fakturering, porto og liknande fellesutgifter.

Utgifter knytt til barnevernstiltak vert ført og fakturert til den enkelte heimkommune der barnet/ungdommen bur/kommer i frå. Med barnevernstiltak meinast hjelpetiltak, tilsyn/kontrolltiltak, kjøp av eksterne og statlege tenester, arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekking til fosterbarn/familiar og økonomisk støtte til ettervernsbarn.

Advokatutgifter blir knytt til den enkelte klient. Ved generell bistand frå advokatar vert det lagt inn i driftsutgifter. Samarbeidskommunen sin uttale skal vektleggast dersom det er behov for anbodsrunde på bruk av advokattenester.

Reiseutgifter som gjelder den enkelte klient blir dekt av heimkommunen. Reiseutgifter til kurs, avdelingsmøte med meir skal delast utifrå fordelingsnøkkel.

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 4 gonger i året. Faktura vert utsendt den 15. i månaden for kvart påbegynt kvartal og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

Kontrollrutinar og revisjon følgjer vertskommunen sine rutinar.

14.Samarbeidsorgan m.m.

Rådmennene i vertskommunen og samarbeidskommunen utgjer samarbeidsorganet. Organet skal evaluere samarbeidet regelmessig, og ved behov ta initiativ til framlegg til endring av vertskommuneavtalen. Møte i samarbeidsorganet skal vere etter behov, men minimum 2 gonger per år. Rådmennene kan ta med seg naudsynt kompetanse inn i samarbeidsorganet. Rådmennene kan også ta initiativ til slikt møte.

15.Særskilte høve vedkomande overordna samarbeidsprosjekt

Rådmennene i samarbeidskommunane har møte- og talerett i alle møte som rådmannen i vertskommunen har med den interkommunale eininga.

Vesentlege endringar i det interkommunale samarbeidet skal godkjennast av alle rådmennene før endringa blir sett i verk – dette gjeld til dømes ved ny organisering, flytting av kontor eller stillingsauke.

Styringsgruppa som er oppretta for det overordna samarbeidsprosjektet vil ved behov be om rapportering og/eller anna tilbakemelding frå prosjektleiarane i prosjektperioden – rapporteringa skal vere knytt til organisering, økonomi, effektiviseringspotensiale og tidsplan. Rådmannen vil at dei respektive arbeidsgruppene som er sett ned skal bestå som fagressurs for styringsgruppa i prosjektperioden.

Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

16.Iverksetting, utmelding og oppseiing

Nærverande avtale gjeld frå overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert gitt barnevernsleiar i vertskommunen frå og med 1. januar 2019.

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Rådmannen i ein av samarbeidskommunane kan likevel trekkje attende det delegerte mynde og avslutte det interkommunale samarbeidet med omgåande verknad. Kostnader som dette fører til for vertskommunen i oppseiingstida og elles etter dette punktet, må då dekkjast av samarbeidskommunen åleine.

17.Utviding av samarbeidskommunar

Deltakarkommunane stiller seg positive til eit utvida samarbeid med andre samarbeidskommunar. Ved utviding av tal på samarbeidskommunar, skal nærverande vertskommuneavtale reviderast

18.Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemmer oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.

Dette gjeld likevel ikkje tvist omkring gevinstrealiseringa, der kommuneadvokaten vil mekle ved usemje.

19.Vedtak og signatur

Avtalen er vedteken i kommunestyra i Herøy sak_____, og i Vanylven sak_____ .

Dato_____

Herøy kommune Vertskommune	Vanylven kommune Samarbeidskommune
_____	_____

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
217/18	Formannskapet	20.11.2018
143/18	Kommunestyret	06.12.2018

FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR AV FORSKRIFTSTEKST OG AVGIFTSSATSAR FOR 2019

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 19.11.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Tilråding:

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1 Avtale om anløpsavgift Herøy kommune_Hurtigruten_28092018_signert
2 Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018

Samandrag av saka:

Saka gjeld retting og korrigering av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune», samt fastsetjing av avgiftssatsar.

Forskrift med endringar ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

Avgiftssatsar
I «Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» §§ 3 og 4 vert det vist til kva kostnadar som kan dekkast av anløpsavgifta og korleis avgifta skal bereknast. I § 7 vert det sett krav til etterkalkulasjon.

I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5, og vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18, er det inngått fastprisavtale Hurtigruten AS. Avtala gjeld for perioden 2018-2019 (2020), og er på kr 200 000,- pr. år. Beløpet vert årlig indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks pr. november føregåande år.

Sjølvkostbudsjett for perioden 01.04.2017-31.03.2018:

Sjølvkostbudsjett anløpsavgift for perioden 01.04.2017-31.03.2018					
Post	Tekst	Estimert	Faktisk		Merknad
1	Navigasjonsinnretningar, investeringar og vedli	kr -	kr	-16 552	Fjerning av framandobjekter i farleia
2	Finans- og avskrivingskostnader knytt til investe	kr -	kr	-	
3	Kostnader forbunde med utøving av offentleg r	kr -57 500	kr	-40 489	Vaktordning/berdskap m.m.
4	Relativ del av felleskostnader	kr -268 205	kr	-167 011	Løn og utstyr/matriell
5	Kjøp av tenester	kr -150 000	kr	-196 920	Anløpsregistrering og fakturering (inkl. oppst
	Sum kostnader	kr -475 705	kr	-420 972	
	Inntekter	kr 497 000	kr	256 480	Anløpsavgift
	Resultat	kr 21 295	kr	-164 492	
	Anløp	3550		1832	

Inntekter, utgifter og prognose for 2017, 2018 og 2019:

2017							
Inntekter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	182 980					
Utgifter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	-327 954					
Resultat 2017	**kr**	**-144 974**	kr -144 974				
2018							
Inntekter Hurtigruten 2018	kr	200 000					
Estimerte inntekter andre anløp	kr	179 900					
Kreditnota til Hurtigruten for 2017-2018	kr	-121 100					
Estimerte utgifter 2018	kr	-420 000					
Estimert resultat 2018	**kr**	**-161 200**	kr -161 200				
Estimert resultat 2017 - 2018			**kr -306 174**				
2019							
Overført del av resultat 2017 - 2018 (Sjølvkost over 5 år)	kr	-102 058			kr -306 174	skal fordelast på 2019 - 2021 (3 år)	
Forventa utgifter 2019	kr	-420 000					
Estimerte inntekter Hurtigruten 2019	kr	206 800			Anløp	Sats pr. anløp	
Estimert anløpsavgift under 50 BT	kr	-			40	0	
Estimert anløpsavgift 50 BT - 300 BT	kr	30 600			180	kr 170,00	
Estimert anløpsavgift 300 BT - 1200 BT	kr	58 300			265	kr 220,00	
Estimert anløpsavgift over 1200 BT	kr	226 800			810	kr 280,00	
Forventa resultat 2019	**kr**	**442**					

<u>Straffeansvar</u>
Hurtigruten AS har påpeika at «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» inneheld feil når det gjeld påstand om straffeansvar ved unndraging av avgiftsbetaling.

Heimel til inndriving av skyldig avgift som er fastsatt i samsvar med § 25 (anløpsavgift) i hamne og farvasslova vert regulert av § 55 i same lov. Det vert her ikkje pålagt straffeansvar ved å unnlate å betale anløpsavgift, men vist til at krav som kommunane har mot reiar, har panterett i skipet.

Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av anløpsavgifta, jf. hamne og farvassloven § 25 fjerde ledd.

<u>Anna</u>
Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

Vurdering og konklusjon:

<u>Forskriftstekst</u>
Punkt 3.2 Ansvarsforhold og straffeansvar i «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» seier at unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar. Dette er ikkje korrekt etter hamne og farvasslova.

Dette punktet viser og til at reiar er ansvarleg for betaling av anløpsavgifta. Det korrekte etter lova er at reiar og agent er solidarisk ansvarlege.

Punkt 3.2 vert difor korrigert til å være i samsvar med lova.

Avgiftssatsar

Anløpsavgifta vart innført 01.04.2017, og vi har dermed lite erfaring med kva kostnadar vi kan få på dette avgiftsområdet. Avgifta er derfor utrekna etter kostnader og tal på anløp vi har hatt dei fyrste 12 månadane etter at avgifta vart innført.

På grunnlag av dårleg bakgrunnsdata vart det ikkje gjort endringar på denne avgifta i 2018. Det viser seg at det estimerte talet på anløp som vart brukt ved utrekninga av gjeldande sats er lang høgare enn aktuelle tal på anløp, og at ein derfor vil få eit underskot i perioden 2017 og 2018.

Anløpsavgifta er eit sjølvkostområde som skal gå i null over ei periode på 3 til 5 år. Underskotet kommunen får for 2017 og 2018 må derfor dekkast inn over dei neste 3 åra.

Kommunen har anløp av fartøy med lengde over 15 meter men med bruttotonnasje som er mindre enn på fartøy som slepp anløpsavgift. Desse anløpa utgjer ein liten del av inntektene på anløpsavgifta.

Med bakgrunn i det dette vert forslag til nye satsar sett slik:

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp
Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

** I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i avgiftssatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen tilrå at endringar til «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Fosnavåg, 14.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

Avtale om kjøp av havnetjenester

mellom

Herøy kommune,

og

Hurtigruten AS

vedrørende

Hurtigrutens anløp Torvik, Herøy kommune

Datert 28. september 2018

Avtale om betaling av anløpsavgift

Denne Avtale om kjøp av havnetjenester (heretter kalt "**Avtalen**") er inngått den 28. september 2018 mellom:

(1) Herøy kommune, org.nr. 964 978 840 ("**HK**"); og

(2) Hurtigruten AS, org.nr. 914 904 633 ("**Hurtigruten**" / "**Kunde**"),

(i det følgende enkeltvis omtalt som "**Part**", og i fellesskap "**Partene**").

1 Bakgrunn

Avtalens formål er å regulere eksisterende forhold mellom Partene fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen er kommet til gjennom forhandlinger mellom Partene.

Avtalen legger til rette for at Hurtigrutens skip kan anløpe Herøy kommune fram til utløpet av Avtalen. Avtalen vil automatisk forlenges ut til og med 31. desember 2020 dersom Samferdselsdepartementet benytter seg av opsjonsåret i anbudet *Kystruten Bergen-Kirkenes* ("**Kystruteavtalen**").

Dette er en særavtale om betaling av anløpsavgift, hjemlet i Havne- og farvannsloven og anløpsavgiftsforskriften §5. Avtalen er forhandlet frem på bakgrunn av objektive forhold rundt Hurtigrutens operasjoner i kommunens farvann, herunder:

1. Hurtigrutens hyppige, forutsigbare anløpsfrekvens
2. Skipene bruker lavsvovel marint destillat (MSD 500), som reduserer luftforurensningen fra skipene sammenlignet med vanlig tungolje

Basert på disse forholdene, som er særegne for Hurtigruten, vurderer Partene at betingelsene i Avtalen er i tråd med Havne- og farvannslovens regler om anløpsavgift.

Partene har en intensjon om å forhandle frem en ny avtale for Hurtigrutens anløp etter den nye kystruteavtalen, da justert i forhold til antall skip i operasjon under det nye avtaleregimet.

2 Årlig anløpsavgift

Hurtigruten skal betale en årlig anløpsavgift til HK for anløp i kommunens farvann pålydende NOK 200 000 (tohundretusenkroner). Fastprisen gjelder uavhengig av antallet anløp, men skulle forhold utenfor Hurtigrutens kontroll forhindre anløp i kommunens farvann i perioder over tre påfølgende døgn skal anløpsavgiften reduseres forholdsmessig, ut fra en forutsetning om 710 årlige anløp i farvannet.

Prisregulering skjer årlig, første gang den 1. januar 2019, i henhold til tolvmånedersendringen i SSBs konsumprisindeks offentliggjort den 10. november foregående år.

2.1 Forutsetning

Hurtigruten betaler anløpsavgift til HK jf. Havne- og farvannsloven § 25, som skal beregnes i henhold til det til enhver tid gjeldende regelverk.

Det skal føres et selvkostregnskap for anløpsavgiften i henhold til anløpsavgiftsforskriften. Det er en forutsetning at kostnadene som henføres anløpsavgiften er kostnader som ifølge Kystverket lovlig kan henføres anløpsavgiften.

2.2 Fakturering og betaling

HK fakturerer forskuddsvis i henhold til Avtalen, én gang pr. måned, med betalingsfrist 30 dager etter fakturadato.

3 Ikrafttredelse og varighet

Avtalen gjelder fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen forlenges automatisk med 1 år, til og med 31. desember 2020, dersom opsjon på forlengelse av Kystruteavtalen utøves av Samferdselsdepartementet.

Partene har en gjensidig rett til å si opp avtalen med 6 måneders skriftlig varsel.

4 Opphør av avtalen ved lovendring

Kommunenes rett til innkreving av anløpsavgift er hjemlet i Havne- og farvannsloven av 2009, § 25 med videre henvisninger. Skulle en lovendring inntre i avtaleperioden som helt fjerner kommunenes rett til innkreving, faller retten til å kreve inn anløpsavgift, også under Avtalen, automatisk bort. Tilsvarende dersom en lovendring vesentlig innskrenker kommunens frihet i innkreving av anløpsavgift.

5 Ansvar og sikkerhet

5.1 Kommunens forpliktelser – sikkerhet og fremkommelighet

HK forplikter seg gjennom innkreving av anløpsavgift å tilrettelegge for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde i samsvar med havne- og farvannsloven og i henhold til myndighet gitt i lovens § 9.
Skulle kommunen unnlate å utøve disse forpliktelser bortfaller retten til innkreving av anløpsavgift regulert i denne avtale.

HK skal ha en tilfredsstillende beredskapsplan for håndtering av ulykker. Alle ulykker og nestenulykker som angår eller kan påvirke Hurtigruten eller deres skip skal rapporteres umiddelbart til kapteinen på det Hurtigruteskip som påvirkes. Kapteinen vil foreta videre rapportering til Hurtigruten.

5.2 Offentlighet

Denne Avtalen er en avtale mellom HK og Hurtigruten. Avtalen kan etter partenes skjønn gjøres offentlig kjent.

6 Lovvalg og tvisteløsning

6.1 Lovvalg

Denne Avtale reguleres av norsk rett.

6.2 Tvisteløsning

Enhver tvist mellom Partene skal søkes løst ved forhandlinger. Om forhandlinger ikke fører frem, skal tvisten avgjøres ved de alminnelige domstoler.

* * * * *

Denne Avtale er utferdiget 2 – to – likelydende eksemplarer, hvorav hver av Partene beholder ett hver.

Tromsø, 28. september 2018

Herøy kommune

for

Arnulf Goksøyr
Ordførar

Hurtigruten AS

Tor Geir Engebretsen
Konserndirektør Maritime Operasjoner

FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak XX/XX den XX.XX.XXXX

---

1. Innleiing

1.1 Heimel

Anløpsavgift er fastsett i henhald til lov 2009-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (Havne- og farvannslova 2009) § 25 med tilhøyrande forskrifter.

1.2 Sjøområdet og avgiftdekning

Herøy kommune sitt sjøområdet omfattar sjøområdet innanfor kommunen sin grenser.

Anløpsavgift vert ilagt fartøy og er fartøyet si betaling for bruk av farvatn, sjøareal, innretningar og tiltak som vil kunne medverke til å lette fartøyet sin ferdsel i kommunen sitt sjøområde.

1.2 Iverksetting

Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune gjeldande frå ~~01.04.2017~~ 01.01.2019. Frå same tid vert forskrift av 09. mars 2017 nr. 579 om anløpsavgift, Herøy kommune, Møre og Romsdal oppheva.

2. Anløpsavgift

2.1 Beregningsgrunnlag

Anløpsavgift vert berekna etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT) i henhald til Den internasjonale konvensjon om måling av fartøy av 23. juni 1969. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Anløpsavgift skal betalast ein gong pr. anløp. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn skal ikkje avgifta betalast meir enn ein gong pr. døgn.

Alle oppgjevne satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

2.2 Regulativ for anløpsavgift

Alle fartøy, med unntak som nemde i pkt. 2.3., betalar anløpsavgift etter følgjande satsar:

~~**Minsteavgift: kr 140,- pr. anløp.**~~

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp

Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

** I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

Utan om fritak frå anløpsavgift under pkt. 2.3 vert det ikkje gitt rabatt uansett ruteområde, fartøytype eller heimehamn.

2.3 Fritak for anløpsavgift

Følgjande fartøy er fritekne for anløpsavgift:

- Fartøy som passerer sjøområdet utan å anløpe kommunal eller privateigd kai
- Fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller nødstilstand og fartøyet ikkje lastar eller lossar
- Bergingsfartøy og isbrytar under utføring av berging og isbryting
- Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske
- Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- Fartøy tilhøyrande Redningsselskapet (redningsskøytene)
- Fartøy med største lengde under 15 meter

3. Opplysningsplikt, ansvarstilhøve m.m.

3.1 Opplysingsplikt

Herøy kommune kan krevje dokumentasjon for å kunne oppfylle offentlege krav til statistikk eller for å kunne kontrollere berekning av kommunen sine krav i medhald av denne forskrifta. Hamnebrukarar og private kaieigarar pliktar å gi Herøy kommune dei opplysingane som er naudsynt for å berekne og innkrevje anløpsavgifta.

3.2 Ansvarsforhold ~~og straffeansvar~~

Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av anløpsavgifta.

Skuldig anløpsavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved for sein betaling av anløpsavgift tilkjem renter etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved for sein betaling m.m.

Krav som Herøy kommune har mot reiar, har panterett i skipet etter reglane om sjøpantrett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova).

~~Unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar.~~

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
218/18	Formannskapet	20.11.2018
144/18	Kommunestyret	06.12.2018

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR I PRISAR OG VILKÅR FOR 2019

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 19.11.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Tilråding:

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
1 Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018
2 Vilkår for hamnetenester i Herøy Kommune

Samandrag av saka:

Saka gjeld endringar i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Dokumentet «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» med endringar, ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande dokument «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

<u>Renter, avdrag og avskriving for kaiene</u>
Utgifter til renter, avdrag og avskriving for kaiene utgjer årleg omlag kr 885 000,-. Det vert små endringar i desse utgiftene i restavskrivingsperioden på kaiene som er 19 år.
Desse utgiftene vart før innføring av hamneavgifter belasta drifta på ansvar 9014 (Avskriving) og 9011 (Renter/Avdrag).
I K-saka vart det satt som føresetnad at desse kostnadane skal førast på tenesteområdet Hamn og skal dekkast inn av inntekter frå kaivederlag.

<u>Sjølvkostrekneskap</u>
Det vart i K-saka satt som føresetnad at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Det er ikkje sett krav til at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlag i hamne og farvasslova.

I FOR 2003-10-12 nr 1243: Forskrift om levering og mottak av
avfall og lasterester fra skip er det bestemt at finansiering av mottaksordning for skipsavfall skal dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr.

<u>Brukaravgift</u>
Før innføring av hamneavgifter hadde kommunen ei inntekt på kr 330 996,- på brukaravgift for Mjølstadneset. Desse avtalene var sagt opp ved innføring av hamneavgifter.

<u>Vaktordning</u>
Anlegg og driftsavdelinga har teknisk vakt som er tilgjengeleg 24/7.

Utgifter, inntekter og statestikk

Utgifter, inntekter og statestikk er basert på dei fyrste 12 månadane etter at regulativet vart innført, det vil seie for perioden 01.04.2017-31.03.2018.

ISPS

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 11.114,-**
- Tal på anløp som har generert ISPS-gebyr: **36 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 7.200,- • Fryse- og kjøleskip: Kr 3.000,- • Fiskefartøy: Kr 1.600,- • Andre fartøy: Kr 2 600,-	**Kr 18.314,-** • Revisjon og kursutgifter (kvart 5. år): Kr 66.570,- • Årleg e-læringsavgift: Kr 5.000,- • Utgifter til løn er ikkje teke med her.

Renovasjon

- Driftsresultat fyrste driftsår: **Kr 20.363,-**
- Tal på anløp som har generert avfallsgebyr: **524 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 157.200,- • Fiskefartøy: Kr 115.800,- • Brønnfartøy: Kr 24.300,- • Andre fartøy: Kr 17 100,-	**Kr 136.837,-** • Kontainerleige og tøyming: Kr 136 837,- • Utgifter til løn er ikkje teke med her.

Kaivederlag

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 1.007.000,-**
- Tal på anløp som har generert kaivederlag: **800 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 560.000,- • Fiskefartøy: Kr 388.834,- • Brønnfartøy: Kr 75.959,- • Andre fartøy: Kr 95 207,-	**Kr 1.567.000,-** • Renter/avskriving kaier: Kr 884.861,- • Løns-, personal- og administrasjonskostnader: Kr 323.200,- • Ålesundregionens Havnevesen (inkludert oppstartskostnadar på kr 48.000,-): Kr 196.920,- • Vedlikehald: Kr 161.600,-

Sal av straum og vatn

- Driftsresultat for 2017: **- Kr 45.245,-**
  - Straumlevering: - Kr 44639,-
  - Vasslevering: - Kr 606,-

INNTEKTER	UTGIFTER
Kr 154.261,- • Straum: Kr 130.777,- • Vatn: Kr 23.484,-	**Kr 199.506,-** • Straum: Kr 175.416,- • Vatn: Kr 24.090,- • Utgifter til løn og vedlikehald er ikkje teke med her.

Anna
Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

Vurdering og konklusjon:

Sikkerheitsgebyr (ISPS)
Det er få anløp som genererer sikkerheitsgebyr. For å gå i null over fem år (2017-2022) med dagens kostnader og tal på anløp må gebyret aukast relativt mykje, frå kr 200,- pr. anløp til eit snitt på kr 715,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelesen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Fartøy med sikringssertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

Avfallsgebyr

Det vert frå sentralt hold stilt krav til at alle fartøy som anløper kommunale hamneanlegg skal betale avfallsgebyr, også om dei ikkje leverer avfall i hamna. Det er og bestemt at fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, skal få bortfall av avfallgebyret.
Ordninga skal vere sjølvfinansiert.

I «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» under punkt 1.1 er det bestemt at det skal betalast avfallsvederlag for skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai).

Sidan ytre almenningskai ikkje er ei kommunal kai men er ei statleg eigd kai, vert det føreslege å ta denne kaia ut av denne føresegna.

Setninga «Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.» vert lagt til under punkt 2.

Dei fyrste 12 månadane gjekk vi med eit lite overskot på renovasjonsgebyret.
Sidan vi får auka kostnader til utviding av renovasjonsordninga, og til utarbeiding av avfallsplan, vert det foreslått å auke dette gebyret frå kr 300,- pr. anløp til eit snitt på ca. kr 350,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelesen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Kaivederlag

Skal utgifter til renter, avdrag og avskriving for kaiene dekkast inn av inntekter frå kaivederlag, må desse vederlaga aukast med ca. 280% for å gå i null over eit driftsår. Skal ein samstundes dekke inn tapet for perioden 01.04.2017-31.12.2018 over ei sjølvkostperiode på 5 år må vederlaget aukast med ca. 400% frå 2019.

Med slik auke vil kostnadane med å bruke dei kommunale kaiene verte langt over det andre hamner i nærområdet tek. Konsekvensen av dette er at bruken av hamnene og dermed inntektsgrunnlaget truleg vert sterkt redusert.

Til samanlikning ligg Ålesund havn ca. 30 % over våre satsar, men dei fakturere maks 7 kaivederlag pr. kalendermånad for fiskefartøy.

Nordfjord Havn ligg ca. 150 % over våre satsar, men dei fakturerer maks 3 kaivederlag for fiskebåtar heimehøyrande i Nordfjord Havn.

Fiskebåtar utgjer omlag 70 % av vårt inntektsgrunnlag.

Ved å trekke ut utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene frå tenesteområdet Hamn, og auke vederlaga til nivå med Ålesund hamn, vil ein kunne få eit overskot på området hamn som kan nyttast til nødvendig vedlikehald og utvikling av kaiene.

Etter innføringa av hamneavgifter er bruken av dei kommunale kaien for båtar under 15 meter nesten fråverande. Det har og kome inn mange klagar på desse avgiftene frå sjarkeigarar. Då vi ser nytten av ei sterk sjarknæring i kommunen vert det føreslege at båtar under 15 meter vert fritatt frå å betale kaivederlag. For å unngå at fartøy under 15 meter bruker kaiene som fast liggeplass vert det lagt inn forslag om betaling ved bruk av kaiene i meir enn 14 dagar i løpet av ein kalendermånad.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

BRUTTOTONNASJE	**INTERVALL**	**SATS PR. TONN**	~~**TOTALT**~~ **MAKS BELØP PR. DØGN**
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	~~kr. 0,56~~ Kr 0,72	~~kr. 168~~ Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	~~kr. 0,45~~ Kr 0,58	~~kr. 303~~ Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	~~kr. 0,33~~ Kr 0,43	~~kr. 501~~ Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	~~kr. 0,31~~ Kr 0,41	~~kr. 749~~ Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	~~kr. 0,23~~ Kr 0,29	~~kr. 979~~ Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	~~kr. 0,22~~ Kr 0,28	~~kr. 1 419~~ Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	~~kr. 0,18~~ Kr 0,25	~~kr. 2 319~~ Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	~~kr. 0,15~~ Kr 0,22	~~kr. 3 819~~ Kr 5 276,-
For dei neste 10 000	20 001 – 30	~~kr. 0,49~~ Kr	~~kr. 8 719~~ Kr

BT	000	0,66	11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	~~kr. 0,45~~ Kr 0,61	~~kr. 17 719~~ Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	~~kr. 0,36~~ Kr 0,49	----------

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

Sal av ferskvatn
For å dekke inn utgifter til sal av ferskvatn, for eksempel til slangar og koplingar, vert det føreslege å auke prisen frå kr 12,- pr. m3 til kr 16,- pr. m3.

Sal av straum
Underskotet på sal av straum kom hovudsakleg frå effektavgifta som slå inn på nokre fartøy.

Ein forventar og auka kostnader til oppgradering av straumskapa, og vedlikehald av transformator.

For å dekke inn utgifter til sal av straum vert forslag til nye satsar sett slik:

- Pris kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Punkt 6.3 i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» omhandlar fristar for bestilling av ferskvatn og straum. Dette punktet vert føreslege fjerna sidan vi har innført teknisk vakt.

Anna
I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i prissatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen gje følgjande tilråding:

«Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant ann å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Det skal ikkje stillast krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskriving for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskriving) og 9011 (renter/avdrag).

Fosnavåg, 15.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak xx/xx den xx.xx.2018

1. Orientering om prissystemet

1.1 Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Når skip med sikringssertifikat (SSC) nyttar Mjølstadneset Hamneterminal skal det betalast sikkerheitsgebyr (ISPS-gebyr).
Skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og ~~almenningskaiene~~ indre allmenningskai (Fiskerikaia) i Fosnavåg ~~(indre og ytre almenningskai)~~ skal betale avfallsvederlag (skipsrenovasjon). Sjå pkt. 2 for oversikt over satsar.

1.2 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal og anna som tilhøyrer Herøy kommune. Følgjande priskategoriar inngår i denne gruppa.

- Kaivederlag – Betaling for bruk av kaier (sjå pkt. 3.1.)
- Varevederlag – Betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etterlossing (sjå pkt. 3.2.)

1.3 Sal av vare og tenester

Herøy kommune tilbyr diverse varer og tenester til skipsfarta og andre hamnebrukarar. Sjå pkt. 4.

1.4 Sakhandsamingsgebyr

I samsvar med Lov om havner og farvann nr. 19 §§ 6 og 54. med tilhøyrande forskrifter er det gitt tilgang til å innkrevje sakshandsamingsgebyr. Til dekning av Herøy kommune sine nødvendige kostnadar i samband med handsaming av søknader om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gitt i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra skal betalast før sakshandsaminga startar. Sakhandsaminga vil ta til når innbetaling av gebyr er registrert.
Innbetalt sakshandsamingsgebyr vert ikkje refundert ved avslag på søknad.
Gebyrsatsar sjå pkt. 5.

2. Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Gjeldande ISPS- og avfallsgebyr (skipsrenovasjon) i Herøy kommune, eks. mva.

ISPS-gebyr

~~ISPS-gebyr: kr. 200,- pr. anløp~~

Fartøy med sikringssertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

Avfallsgebyr

- ~~Avfallsgebyr kr. 300,- pr. anløp.~~

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Farleg avfall, kloakk og lasterestar må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.

3. Bruk av Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg

Alle prisar er ekskl. mva.

3.1 Kaivederlag, kommersielle anløp

Alle fartøy eller flytande innretningar som fortøyer ved Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg, skal betale kaivederlag. Fartøy som fortøyer utanfor anna fartøy, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia. Kaivederlag skal betalast sjølv om fartøyet ligg ved kaia utan at det gjeng føre seg lossing eller lasting.

Kaivederlag vert berekna etter fartøyets bruttotonnasje (BT) og tal på døgn det ligg ved kai. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

BRUTTOTONNASJE	**INTERVALL**	**SATS PR. TONN**	~~**TOTALT**~~ **MAKS BELØP PR. DØGN**
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	~~kr. 0,56~~ Kr 0,72	~~kr. 168~~ Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	~~kr. 0,45~~ Kr 0,58	~~kr. 303~~ Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	~~kr. 0,33~~ Kr 0,43	~~kr. 501~~ Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	~~kr. 0,31~~ Kr 0,41	~~kr. 749~~ Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	~~kr. 0,23~~ Kr 0,29	~~kr. 979~~ Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	~~kr. 0,22~~ Kr 0,28	~~kr. 1 419~~ Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	~~kr. 0,18~~ Kr 0,25	~~kr. 2 319~~ Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	~~kr. 0,15~~ Kr 0,22	~~kr. 3 819~~ Kr 5 276,-
For dei neste 10 000 BT	20 001 – 30 000	~~kr. 0,49~~ Kr 0,66	~~kr. 8 719~~ Kr 11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	~~kr. 0,45~~ Kr 0,61	~~kr. 17 719~~ Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	~~kr. 0,36~~ Kr 0,49	----------

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

3.2 Varevederlag

Varevederlag vert rekna etter vekt (i tonn) eller pr. lasteeining. Dette gjeld for alle varer som vert frakta med skip over Mjølstadneset hamneterminal og indre allmenningskai i Fosnavåg.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: kr 6,- pr. tonn
- Blokkstein og små betongkonstruksjonar: kr 6,- pr. tonn
- Varer i container: kr 100,- pr. container
- Båtar: kr 100,- pr. stk.
- Motorkøyretøy: kr 100,- pr. stk.
- Andre varer: kr 10,- pr. tonn

Vederlaget skal bereknast utifrå vara si **bruttovekt**, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og utifrå vara sin **bruttokubikk**, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½. Dersom dei ovannemnde priskategoriane ikkje er relevante, kan det avklarast prisar spesielt.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing.

Dersom varer vert liggande på kaiområdet utover dette, kjem følgjande tillegg.

- Containerar: kr 150,- pr. container pr. døgn
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: kr 150,- pr. stk. pr. døgn
- Andre varer (stykkgods): kr 15,00 pr. tonn pr. døgn

Minsteavgift kr 150,- pr. døgn.

4. Sal av varer og tenester

Alle prisar er ekskl. mva.

For levering av tenester utanom ordinær arbeidstid kjem følgjande gebyr i tillegg til leveransen.

- I tidsrommet kl. 16:00 – 21:00 måndag – fredag kr 1.000,- pr. gong.
- I tidsrommet kl. 21:00 – 08:00 måndag – fredag
  samt på laurdagar, søndagar og andre heilagdagar: kr 1.850,- pr. gong

4.1 Sal av ferskvatn

Ferskvatn vert levert til skip etter målt kvantum.

- Pris ~~kr 12,00~~ Kr 16,- pr. m3.

4.2 Sal av straum

- Pris ~~kr 1,50~~ Kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Merknad:
Ingen kan kople seg til straumnettet utan løyve frå Herøy kommune. Målar vert avlesen av hamneoperatør ved tilkopling og fråkopling.

5. Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann:

Gebyrtype

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak kr. 1.500,- pr. søknad

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak m/synfaring kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring kr. 4.000,- pr. søknad

6. Diverse informasjon

6.1 Informasjon om ordning for skipsrenovasjon (avfallsordning)

Levering av avfall ved anløp skal avtalast på førehand ved å kontakte hamneoperatør, sjå pkt. 6.5.

Oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip skal leverast til avfallsfirma. Kontakt hamneoperatør for nærmare informasjon om avfallsordninga og/eller formidling av avfallsfirma for mottak av oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip.

6.2 Krantenester

Herøy kommune har ikkje eigne kraner.

~~6.3 Bestilling av ferskvatn og straum~~

- ~~Bestilling av vatn for levering på laurdagar, søn- og helligdagar må skje seinast kl. 13:00 på fredagar eller siste ordinære virkedag før helligdag.~~
- ~~Avbestilling av vasslevering utanom ordinær arbeidstid må skje innan kl. 14:00 siste arbeidsdag.~~
- ~~Same vilkår gjeld for tilkalling av hamneoperatør ved bestilling av straum.~~

6.4 Forretningsvilkår

For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte «Vilkår for hamnetenester i Herøy kommune».

VILKÅR FOR HAMNETENESTER I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017

---

1. VERKEOMRÅDE

1. Desse alminnelege vilkåra er bindande for alle hamnetenester som Herøy kommune utfører. Vilkåra er også bindande for hamneoperatørar ved Mjølstadneset Hamneterminal.
2. For å fråvike vilkåra må det inngåast eigen særskilt avtale mellom Herøy kommune og hamneoperatøren om dette.

2. NÆRMARE OM HAMNEVERKSEMDA I HERØY KOMMUNE

1. Hamneverksemda er underlagt Anlegg- og driftsavdelinga i kommunen.
2. Herøy kommune driv hamneverksemd, tenesteyting, utøving av mynde og anna offentleg forvaltning.
3. Hamneverksemda er regulert ved Lov av 17.april 2009 nr. 19 om havner og farvann med tilhøyrande forskrifter, forutan internasjonale bestemmelsar om handtering av avfall og sikring (ISPS).
4. Forskrift om bruk og orden i hamner i Herøy kommune.

3. PRIS- OG TILBODSBESTEMMELSAR

1. Hamneoperatørar og andre brukarar av kommunen sine hamneanlegg skal betale gebyr og avgifter i samsvar med gjeldande prisliste. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter.

4. BETALINGSVILKÅR

1. Med mindre anna er avtalt er alle prisar i norske kroner.
2. Om ikkje anna er avtalt skal betaling skje innan tretti (30) dagar frå fakturadato.
3. Herøy kommune kan kreve fakturagebyr. Fakturagebyret skal i såfall framgå av fakturaen.
4. Kunden pliktar å oppgi rett fakturaadresse og organisasjonsnummer samt informere Herøy kommune ved evt. endring av fakturaadresse.
5. Omfakturering som følgje av at kunden har misleghalde informasjonsplikta, gjev ikkje fritak frå betaling til rett tid i samsvar med opphaveleg faktura.
6. Dersom kunden ikkje betaler fakturaen til rett tid, har Herøy kommune rett til å kreve renter og purregebyr etter bestemmelsane i inkassolova.

7. For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå kommunen skal kunne gjerast gjeldande mot kommunen, må det reklamerast utan ugrunna opphald.

5. STILLING AV SIKKERHEIT

1. Uansett bestemmelsane i punkt 4, kan Herøy kommune, når kommunen finn grunn til dette, kreve betaling på forskott, bankgaranti eller anna relevant sikkerheit.
2. Inntil det er stilt sikkerheit eller betaling har funne stad, har kommunen rett til, utan forvarsel, å innstille igangsette hamnetenester eller nekte segligstillatelse.

6. ANLØP

1. Alle bestemmelsar om anløp, bruk av farlei, anløpsavgift med vidare framgår av gjeldande Forskrift om anløpsavgift.

7. OPPLYSNINGAR OM ANKOMSTMELDING OG FARTØYOPPGÅVE

1. Ankomstmelding skal sendast hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, innan 24 timar før tidspunkt for anløp til kai.
2. Rederi eller agenten skal levere fartøysoppgåve til hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, før ankomst.

8. KAIVEDERLAG

1. Alle skip som nyttar Herøy kommune sine kaier betaler kaivederlag i samsvar med gjeldande prisliste.
2. Rederiet er ansvarleg for betaling av kaivederlag.
3. Kaivederlaget vert berekna etter skipet sin storleik og tal på døgn det ligg ved kai.

9. OPPLYSNINGAR OM SKIPSLAST

1. Hamneoperatøren skal uoppfordra, og i tide, gi Herøy kommune dei opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne utføre hamnetenester. Hamneoperatøren skal i samsvar med dette gje opplysningar om:
   a. Særlege forholdsreglar som er nødvendige i samband med utføring av hamnetenester.
   b. Andre relevante tilhøve for å verne personar, miljø, kommunen eller tredjemanns eigedom mot eventuelle skadeverknader relatert til last/ gods.
2. Dersom hamneoperatøren ikkje oppfyller informasjonsplikta, har kommunen rett til, for hamneoperatøren sin rekning og risiko, å ta dei forholdsreglar ein anser nødvendige for å avverge skade på personar, ting, eigedom eller miljø.
3. Dersom hamnetenesta omfattar farleg gods, er hamneoperatøren ansvarleg overfor kommunen for at kommunen i god tid mottek alle relevante opplysningar i samsvar med gjeldande konvensjonar og lover, reglar og

forskrifter som til ei kvar tid gjeld farleg gods. Dette inneber at hamneoperatøren står ansvarleg overfor kommunen for at alt farleg gods er pakka, merka, emballert og klassifisert i samsvar med gjeldande konvensjonar og reglar, og at det frå myndigheit ligg føre dei løyve som er nødvendige.

10. HANDTERING AV SKIPSLAST

1. Hamneoperatøren har sjølv plikt til å utføre kontrollfunksjonar i samband med lasting og lossing og ved inn- og utlevering frå lager.
2. Det er hamneoperatøren sitt ansvar å sikre at godset er pakka og merka i samsvar med gjeldande reglar og praksis slik at det kan motstå normal handtering vind og vertilhøve.
3. Herøy kommune er ikkje ansvarleg for å forsikre gods, korkje for sin eigen eller hamneoperatøren sin rekning. Hamneoperatøren er forplikta til å teikne forsikring for skader som gods kan påføre personar eller ting.
4. Varer og gods som vert plasserte på kaier skal snarast muleg fraktast bort med mindre Herøy kommune tillet at dei vert liggande.
5. Hamneoperatøren er ansvarleg for at emballasje, avfall, restar av last og liknande, er fjerna frå kaiområdet umiddelbart etter at skipet har forlate hamna.

11. VAREVEDERLAG FOR GODS- OG VARETRAFIKK

1. For alle varer som vert frakta med skip over Herøy kommune sine kaier vert det betalt varevederlag i samsvar med gjeldande prisliste. Dette gjeld med følgjande unntak:
   a. Proviant, bunkers, olje og andre forsyningar til fartøy i hamn.
   b. Pallar og liknande som ikkje er handelsvare.
2. Varevederlag for inngåande varer ligg på varemottakar. For utgåande varer ligg vederlaget på vareavsendar.
3. Varevederlaget dekker lagring på kaiområdet inntil 48 timar for lasting/ lossing. Etter dette tilkjem tillegg i samsvar med gjeldande prisliste.
4. Grunnlaget for utrekning av varevederlaget er vara si vekt i tonn. Kubikklaster vert omrekna til vekteining der 1m3 ikkje er mindre enn 0,5 tonn prisberekna. Enkelte godstypar betaler varevederlag pr. eining, jfr. gjeldande prisliste.
5. For varer som kjem til hamna i transitt og som vert sendt vidare med fartøy, betaler ein vederlag berre ved inngåande. For varer i transitt til utlandet vert varevederlaget betalt ved utgåande.
6. Melding til Herøy kommune om lasting og lossing av varer skal sendast hamneoperatøren, med kopi til hamnekontoret, før skipet sin ankomst.
7. Herøy kommune kan foreta kontroll av oppgåver ved stikkprøver og forlange oversendt manifest og/ eller andre relevante dokumenter.

12. ANSVARSTILHØVE / SIKKERHEIT

1. Hamneoperatøren skal på oppmoding framvise bevis på vekt av godset.
2. Hamneoperatøren er sjølv ansvarleg for handsaminga av godset.

13. REKLAMASON

1. Dersom hamneoperatøren vil halde Herøy kommune erstatningsansvarleg for skader, forseinking eller anna knytt til utføring av hamnetenester, skal dette fremjast for kommunen skriftleg utan ugrunna opphald. Motsegn og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre (3) månader etter den dagen hamneoperatøren fekk, eller burde ha skaffa seg kjennskap til tilhøvet som kravet er grunna på.

14. TVISTAR, LOVVALG OG VERNETING

1. Partane sine rettar og plikter i samsvar med gjeldande vilkår vert i si heilheit regulert av norsk rett.
2. Tingretten er verneting for alle rettstvistar knytt til bruk av Herøy kommune sine hamneanlegg og forståing av gjeldande vilkår.

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Kommunestyret

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2018/1447	231	20.11.2018

HAMNEAVGIFTER PÅ YTRE ALMENNINGSKAI

MTK-sak 77/18 «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy kommune - Endringar i prisar og vilkår for 2019» vart behandla av Maritim og teknisk komite den 19.11.2018.

Under behandlinga av saka vart administrasjonen oppmoda av Maritim og teknisk komite til å sjå på moglegheitene for også kunne ta hamneavgifter for ytre almenningskai i Fosnavåg. Denne kaia ligg under Kystverket.

Administrasjonen tok opp dette med Kystverket den 20.11.2018. Det vart da avklara med Kystverket at kommunen kan ta relevante hamneavgifter for ytre almenningskai. Dette fordi det er kommunen som driftar denne kaia og har etablert avfallsløysing der. Kommunen har også ansvaret for lettare vedlikehald av denne kaia.

På bakgrunn av dette er der gjort mindre endringar på forslag til «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune». Den siste revisjonen ligg som vedlegg, og dei nye endringane er markert med oransje farge.

Med helsing

Torger Kvalsund

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak xx/xx den xx.xx.2018

1. Orientering om prissystemet

1.1 Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Når skip med sikringssertifikat (SSC) nyttar Mjølstadneset Hamneterminal skal det betalast sikkerheitsgebyr (ISPS-gebyr).
Skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai) skal betale avfallsvederlag (skipsrenovasjon). Sjå pkt. 2 for oversikt over satsar.

1.2 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal og anna som vert drifta av, eller tilhøyrer Herøy kommune. Følgjande priskategoriar inngår i denne gruppa.

- Kaivederlag – Betaling for bruk av kaier (sjå pkt. 3.1.)
- Varevederlag – Betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etterlossing (sjå pkt. 3.2.)

1.3 Sal av vare og tenester

Herøy kommune tilbyr diverse varer og tenester til skipsfarta og andre hamnebrukarar. Sjå pkt. 4.

1.4 Sakhandsamingsgebyr

I samsvar med Lov om havner og farvann nr. 19 §§ 6 og 54. med tilhøyrande forskrifter er det gitt tilgang til å innkrevje sakshandsamingsgebyr. Til dekning av Herøy kommune sine nødvendige kostnadar i samband med handsaming av søknader om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gitt i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra skal betalast før sakshandsaminga startar. Sakhandsaminga vil ta til når innbetaling av gebyr er registrert.
Innbetalt sakshandsamingsgebyr vert ikkje refundert ved avslag på søknad.
Gebyrsatsar sjå pkt. 5.

2. Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Gjeldande ISPS- og avfallsgebyr (skipsrenovasjon) i Herøy kommune, eks. mva.

ISPS-gebyr

~~ISPS-gebyr: kr. 200,- pr. anløp~~

Fartøy med sikringssertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

Avfallsgebyr

- ~~Avfallsgebyr kr. 300,- pr. anløp.~~

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Farleg avfall, kloakk og lasterestar må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallsgebyret.

3. Bruk av Mjølstadneset Hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai) ~~Indre allmenningskai i Fosnavåg~~

Alle prisar er ekskl. mva.

3.1 Kaivederlag, kommersielle anløp

Alle fartøy eller flytande innretningar som fortøyer ved Mjølstadneset Hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai) ~~Indre allmenningskai i Fosnavåg~~, skal betale kaivederlag. Fartøy som fortøyer utanfor anna fartøy, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia.
Kaivederlag skal betalast sjølv om fartøyet ligg ved kaia utan at det gjeng føre seg lossing eller lasting.

Kaivederlag vert berekna etter fartøyets bruttotonnasje (BT) og tal på døgn det ligg ved kai. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

BRUTTOTONNASJE	**INTERVALL**	**SATS PR. TONN**	**~~TOTALT~~ MAKS BELØP PR. DØGN**
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	~~kr. 0,56~~ Kr 0,72	~~kr. 168~~ Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	~~kr. 0,45~~ Kr 0,58	~~kr. 303~~ Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	~~kr. 0,33~~ Kr 0,43	~~kr. 501~~ Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	~~kr. 0,31~~ Kr 0,41	~~kr. 749~~ Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	~~kr. 0,23~~ Kr 0,29	~~kr. 979~~ Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	~~kr. 0,22~~ Kr 0,28	~~kr. 1 419~~ Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	~~kr. 0,18~~ Kr 0,25	~~kr. 2 319~~ Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	~~kr. 0,15~~ Kr 0,22	~~kr. 3 819~~ Kr 5 276,-
For dei neste 10 000 BT	20 001 – 30 000	~~kr. 0,49~~ Kr 0,66	~~kr. 8 719~~ Kr 11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	~~kr. 0,45~~ Kr 0,61	~~kr. 17 719~~ Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	~~kr. 0,36~~ Kr 0,49	----------

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

3.2 Varevederlag

Varevederlag vert rekna etter vekt (i tonn) eller pr. lasteeining. Dette gjeld for alle varer som vert frakta med skip over Mjølstadneset hamneterminal og almenningskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningskai) ~~indre allmenningskai i Fosnavåg~~.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: kr 6,- pr. tonn
- Blokkstein og små betongkonstruksjonar: kr 6,- pr. tonn
- Varer i container: kr 100,- pr. container
- Båtar: kr 100,- pr. stk.
- Motorkøyretøy: kr 100,- pr. stk.
- Andre varer: kr 10,- pr. tonn

Vederlaget skal bereknast utifrå vara si **bruttovekt**, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og utifrå vara sin **bruttokubikk**, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½. Dersom dei ovannemnde priskategoriane ikkje er relevante, kan det avklarast prisar spesielt.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing.

Dersom varer vert liggande på kaiområdet utover dette, kjem følgjande tillegg.

- Containerar: kr 150,- pr. container pr. døgn
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: kr 150,- pr. stk. pr. døgn
- Andre varer (stykkgods): kr 15,00 pr. tonn pr. døgn

Minsteavgift kr 150,- pr. døgn.

4. Sal av varer og tenester

Alle prisar er ekskl. mva.

For levering av tenester utanom ordinær arbeidstid kjem følgjande gebyr i tillegg til leveransen.

- I tidsrommet kl. 16:00 – 21:00 måndag – fredag kr 1.000,- pr. gong.
- I tidsrommet kl. 21:00 – 08:00 måndag – fredag samt på laurdagar, søndagar og andre heilagdagar: kr 1.850,- pr. gong

4.1 Sal av ferskvatn

Ferskvatn vert levert til skip etter målt kvantum.

- Pris ~~kr 12,00~~ Kr 16,- pr. m3.

4.2 Sal av straum

- Pris ~~kr 1,50~~ Kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Merknad:
Ingen kan kople seg til straumnettet utan løyve frå Herøy kommune. Målar vert avlesen av hamneoperatør ved tilkopling og fråkopling.

5. Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann:

Gebyrtype

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak kr. 1.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak m/synfaring kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring kr. 4.000,- pr. søknad

6. Diverse informasjon

6.1 Informasjon om ordning for skipsrenovasjon (avfallsordning)

Levering av avfall ved anløp skal avtalast på førehand ved å kontakte hamneoperatør~~, sjå pkt. 6.5~~.

Oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip skal leverast til avfallsfirma. Kontakt hamneoperatør for nærmare informasjon om avfallsordninga og/eller formidling av avfallsfirma for mottak av oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip.

6.2 Krantenester

Herøy kommune har ikkje eigne kraner.

~~6.3 Bestilling av ferskvatn og straum~~

- ~~Bestilling av vatn for levering på laurdagar, søn- og helligdagar må skje seinast kl. 13:00 på fredagar eller siste ordinære virkedag før helligdag.~~
- ~~Avbestilling av vasslevering utanom ordinær arbeidstid må skje innan kl. 14:00 siste arbeidsdag.~~
- ~~Same vilkår gjeld for tilkalling av hamneoperatør ved bestilling av straum.~~

6.3 Forretningsvilkår

For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte «Vilkår for hamnetenester i Herøy kommune».

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/1620

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
219/18	Formannskapet	20.11.2018
145/18	Kommunestyret	06.12.2018

REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

I medhald av § 15 i Eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2019

Tilråding:

I medhald av § 15 i Eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2019

Særutskrift:

Vedlegg:
1 Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter lov om eigarseksjonar

Samandrag av saka:

Rådmannen ser behov for å revidere forskrifta knytt til eigarseksjonar og fremjar derfor eit revidert forslag til Kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar:

Arbeid etter Eigarseksjonslova
Eigarseksjonslova vart endra frå og med 01.01.2018. Det er no m.a innført 12 vekers frist for handsaming av seksjoneringssaker. Det er også gjeve kommunane høve til å ta gebyr etter faktiske kostnadar:

> *§ 15.Gebyrer for kommunens behandling av søknaden om seksjonering*
> *Kommunen kan fastsette et seksjoneringsgebyr for å behandle seksjoneringssøknaden. Gebyret kan ikke være høyere enn de nødvendige kostnadene kommunen har med slike saker. Gebyret skal innbetales innen en frist som kommunen setter. I tillegg kan kommunen kreve gebyr etter reglene i matrikkellova for oppmålingsforretning og for matrikkelbrev som må utstedes etter § 18 i denne loven.*
>
> *Søkeren skal betale gebyr for tinglysing av seksjoneringsvedtaket i samsvar med tinglysingsloven § 12 b. Tinglysingsgebyret skal innbetales til kommunen. Blir seksjoneringssøknaden avslått, skal kommunen tilbakebetale tinglysingsgebyret.*

Tidlegare var det sett eit tak på inntil 3 x rettsgebyret for saker utan synfaring og inntil 5 x rettsgebyr for saker med synfaring.

Dette gebyrnivået har klart vore for lavt i forhold til det arbeidet ein god del av desse sakene generer. Spesielt på saker som gjeld seksjonering i eksisterande bygningar og reseksjonering vert det brukt mykje ressursar både fordi sakene er kompliserte, og fordi der diverre ofte er manglar ved det materiell som kjem til kommunen for handsaming.

Det er gjort eit grundig arbeid med å studere korleis andre kommunar har bygd opp sine gebyrregulativ, og administrasjonen meiner å ha kome fram til ei god løysing. Det er meininga å evaluere den nye forskrifta etter eit års bruk for å sikre at gebyrnivået står i forhold til det arbeid som vert lagt ned.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek ny justert forskrift og slik dei går fram av vedlegg til saka.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Jarl Martin Møller Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Lov om eigarseksjonar

Vedteke i Herøy kommunestyre den xx.12.2018, sak 18/xxx.
Gjeldande frå 01.01.2019

LOVHEIMEL Forskrifta er heimla i lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15.

1. GENERELT:

1.1 Gebyrregulativet gjeld sakshandsaming etter reglane i eigarseksjonslova og omfattar ikkje løyve etter anna regelverk.

1.2 Gebyrsatsane inkludere ikkje tinglysingsgebyr eller ev. dokumentavgift.

1.3 Gebyra er unnateke meirverdiavgift.

1.4 I saker som utløyse dokumentavgift, må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing.

1.5 Dersom andre enn søkar skal betale gebyret, må det føreligge skriftleg avtale mellom søkar og den som skal ha faktura. Søkar er solidarisk ansvarleg.

1.6 Det er ikkje høve til å klage på fastsettinga av gebyr i den enkelte sak, der gebyret er heimla i eigarseksjonslova § 15. Men søkar har høve til å søke om nedsetting av gebyr, der gebyret framstår som openbert urimeleg. Søknad om nedsetting av gebyr må innsendast innan 3 veker etter at faktura er motteke. Det er kommunalsjef teknisk som har avgjerdsmynde.

1.7 Dersom eigar under saksgangen gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

1.8 I ei sak der kommunen må innhente informasjon fra grunnboka ved bestilling av slik informasjon, vil slike kostnader bli lagt til dei andre gebyrkostnadane (ref. MDs rundskriv T-5/09).

1.9 Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunngjeringsdato.
Alle satsar skal rundast av til næraste heile 100 kroner.

2. Gebyrsatsar

2.1 Oppretting av eigarseksjonar, nybygg

a) Til og med 4 seksjonar	kr	8 000,-
b) 5 – 8 seksjonar	kr	12 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon*	kr	650,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.2 Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg

a) Til og med 4 seksjonar	kr	12 000,-
b) 5 – 8 seksjonar	kr	16 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon*	kr	900,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.3 Reseksjonering

a) 1- 4 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	12 000,-
b) 5 – 8 seksjonar eller fellesareal endrast	kr	16 000,-
c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny endra seksjon*	kr	900,-

* Maksimalgebyr: 3 x satsen under pkt b)

2.4 Befaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn dette nødvendig for handsaming av saka.

Gebyret kjem i tillegg til handsamingsgebyr under B1-B3	kr	3 500,-

2.5 Sletting (oppheving) av seksjonert sameige

Sakshandsaming for å slette seksjonar på ein eigedom	kr	5 000,-

2.6 Saker som ikkje vert fullført

Når saka av ulike grunnar ikkje kan sluttførast, kommunen avslår søknad eller søkar trekk søknad:

a) Avsluttast ei sak før sakshandsaming er starta, skal det ikkje betalast gebyr.
b) Avsluttast ei sak etter at sakshandsaming er starta vert det rekan gebyr for 60 % av sats etter B1-B3 avhengig av sakstype.

2.7 Oppretting av eksklusive uteareal

Krev eigen søknad og er omfatta av «Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter matrikkellova» § 5.1.3

2.8 Utskrift av matrikkelbrev

Gebyret regulerast av til ei kvar tid gjeldande satsar fastsatt av Statens kartverk

a) Inntil 10 sider	kr	177,-
b) Over 10 sider	kr	355,-

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/1606

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
220/18	Formannskapet	20.11.2018
146/18	Kommunestyret	06.12.2018

REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANSAKER - GEBYRREGULATIV

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Plan- og bygningslova.

Tilråding:

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Plan- og bygningslova.

Særutskrift:

Vedlegg:
1 Forskrift og satsar for handsaming av private plansaker

Samandrag av saka:

Rådmannen ser behov for å revidere forskrifta knytt til handsaming av private plansaker og fremjar derfor eit revidert forslag til Kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i endringar i Plan- og bygningslova ser rådmannen behov for å revidere forskrift for handsaming av private plansaker.

Gebyrsatsane for handsaming av private reguleringsplanar(jf. punkt 1.1.a) er vert ikkje foreslått endra vesentleg. Her vert det lagt opp til ei auke i pris på 2,5 % og runda av.

Rådmannen foreslår endringar ift. kommunen si moglegheit for å få dekt sine utgifter til å hente inn ekstern konsulent for å kvalitetssikre konsekvensutredningar(KU) i plansaker. Dette er kun krav i store plansaker der ein må gjere ytterlegare utgreiingar av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette gjeld eit fåtal saker.

Den vesentlege endringa går på det som heiter «endring av gjeldande reguleringsplan» (jf. punkt 1.1.b) og «mindre endringar og små endringar» utan behov for høyring(jf. punkt 1.1.c). Den førre forskrifta var ikkje tydeleg nok på kva som reknast som ei «reguleringsendring» og rådmannen ser at fleire konsulentar ynskjer å få definert sitt prosjekt som ei reguleringsendring for å sleppe å betale eit høgare gebyr. Resultatet er at kommunen ikkje får dekt sine kostnadar knytt til handsaming av søknadar om «reguleringsendringar».

Det er derfor lagt inn eit nytt punkt(3.3.) som presiserer kva type endringar som kan gjerast i plan og kva satsar som gjeld.

Det vert også presisert plankonsulent si rolle i arbeidet med endringar i plan.

Vidare er det gjort endringar slik at private ikkje skal måtte betale for å utvide planområdet til å omfatte eksisterande bebyggelse etter krav frå kommunen eller utvide område for å ta omsyn til grønstruktur(LNF) eller ferdselsområder/friområder på sjø.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek ny justert forskrift og gebyrsats for plan slik dei går fram av vedlegg til saka.

Fosnavåg, 08.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Private reguleringsplanar gebyr

Gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og reguleringsendringar - 2019

LOVHEIMEL Plan- og bygningslova § 33-1

Gebyrregulativet for private reguleringsplanar vart sist endra i kommunestyresak xx/18 den 06.12.2018.

1. GENERELT:

For at eit planframlegg skal verte teke opp til handsaming, skal det betalast gebyr. Betaling av gebyr påverkar ikkje utfallet av saka, og kan ikkje krevjast tilbake om det vert gjeve avslag på søknaden. Alle typar planar og planendringar skal leverast i digital form i samsvar med dei krav til format som til ei kvar tid er gjort gjeldande. For private planarbeid(jf. punkt 1.1 a og b) er plankonsulent ansvarleg for å varsle oppstart av planarbeidet.

1.1 Regulativet omfattar slike saker:

a. Private framlegg til reguleringsplanar - detaljplanar (jfr. pbl §12-3)

b. Søknad om endring av gjeldande reguleringsplan (jfr. pbl. §12-14)

c. Søknad om mindre endringar og små endringar i gjeldande reguleringsplan utan behov for høyring (jfr. pbl §12-14)

1.2 Fritak frå gebyr:

Dersom det ligg føre særlege grunnar kan det gjevast heilt eller delvis fritak frå gebyr dersom alle dei følgjande vilkåra er oppfylt:

1. Saka må vere av mindre omfang.

2.Søkjaren må vere lokal foreining eller lag med ideelt føremål. Unntaksvis kan også enkeltperson(ar) vere søkjar når tiltaket heilt og fullt har ideelle føremål eller har til føremål å tene allmenne interesser.

3.Tiltaket skal ikkje tene berre ei mindre gruppe personar eller særinteresser.

4.Tiltaket skal ikkje tene næringsføremål.

Storleiken på gebyret kan reduserast dersom det openbert må vurderast som urimeleg og i strid med prinsippet om sjølvkost.

Dersom det er tvil om eit tiltak og ein søkjar fell inn under kriteria, kan spørsmålet om fritak leggast fram for politisk organ samstundes med handsaming av søknaden.

1.3 Betalingsvedtekter

Gebyret vert berekna etter satsane som gjeld på det tidspunkt saka vert registrert inn første gong i kommunen. Mindre reguleringsendringar vert fakturert etter endeleg vedtak er gjort.

2. HANDSAMINGSGEBYR

Før saka vert teken opp til administrativ handsaming skal det betalast eit handsamingsgebyr på **kr. 21.700,-**

3. AREALGEBYR FOR REGULERINGSPLANAR.

I tillegg til handsamingsgebyr skal det betalast eit arealgebyr for handsaming av framlegg til reguleringsplan (detaljreguleringsplan) etter det samla arealet planen omfattar. Dette gjeld byggeområde og fellesområde, vegar og annan privat arealbruk, åleine eller i kombinasjon med andre føremål. Arealbruksføremål knytt til allmenne interesser, offentlege byggjeområde, landbruksområde, spesialområde bevaring/vern og andre føremål som ikkje vert rekna som privat arealbruk er unntatt frå arealgebyr. Der kommunen gjev pålegg om utviding av planområdet for areal som alt er utbygd i samsvar med aktuelt reguleringsføremål, skal dette ikkje inngå i grunnlaget for arealgebyret.

Arealgebyret vert sendt ut samstundes med at reguleringssaka vert lagt ut til offentleg ettersyn. Kravet skal betalast innan 30 dagar etter utsending. Dersom planutvalet avviser planen, skal det betalast 50 % av arealgebyret. Dersom forslagstillar krev planen lagt fram for kommunestyret, skal det betalast fullt gebyr uavhengig av utfallet av saka.

3.1 Arealgebyr:

a) Fast gebyr inntil 5000 m² **kr. 9.560.-**

b) For kvar påbyrja 1000 m² frå 5 001 m² og oppover **kr. 870.-**

3.2 Konsekvensutgreiing:

I dei tilfelle reguleringsplanen skal utarbeidast med konsekvensutgreiing (KU), jf. forskrift om konsekvensutgreiingar, skal det for kommunen sitt arbeid med vurdering av KU betalast eit gebyr tilsvarande **50% av pkt. 2(handsamingsgebyr).** Utgifter som kommunen måtte ha til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg.

3.3 Reguleringsendring

a)Endra arealbruk: Ved planframlegg som gjeld endra arealbruk skal det i tillegg til handsamingsgebyret betalast arealgebyr lik satsane i punkt 3.1.

b)Endring av reguleringsføresegner: Dersom framlegget berre gjeld endring av reguleringsføresegnene, skal det ikkje betalast arealgebyr i tillegg til handsamingsgebyret.

c)Mindre reguleringsendring: Dersom endringa må sendast på full høyringsrunde skal som hovudregel punkt 3.1 nyttast. Ved handsaming utan full høyringsrunde med politisk vedtak skal det betalast eit gebyr tilsvarande 50% av pkt. 2(handsamingsgebyr).

d)Små reguleringsendringar utan høyringsrunde og adm. vedtak: kr. 4.350,-

4. SÆRSKILDE UTGREIINGAR/UNDERSØKINGAR

Tiltakshavar må koste granskingar som følgje av kulturminnelova (t.d. arkeologiske undersøkingar), plan- og bygningslova (t.d. flaum- og skredfarevurderingar), naturmangfoldloven(t.d. terrestriske- og marine naturtypar) og evt. andre særskilde utgreiingar som må gjennomførast som følgje av tiltaket sitt omfang, karakter eller lokalisering.

5. URIMELEGE GEBYR

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnadar kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan avdelingsleiar for Utvikling fastsette gebyr i høve til dette etter skriftleg grunngjeven søknad.

6. KLAGERETT

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Avdelingsleiar for Utvikling si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

7. REGULERING AV GEBYRET

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge fram forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

18.09.2018

Ole Magne Rotevatn

Avdelingsleiar utvikling

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/1624

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
221/18	Formannskapet	20.11.2018
147/18	Kommunestyret	06.12.2018

FEIE OG TILSYNSGEBYR 2019.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2019 vert sett til kr 490,- inkl. mva pr. abonnent. Tillegg for ekstra pipeløp kr. 160,- inkl. mva.

   For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 285,- inkl. mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Tilråding:

4. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2019 vert sett til kr 490,- inkl. mva pr. abonnent. Tillegg for ekstra pipeløp kr. 160,- inkl. mva.

For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 285,- inkl. mva pr. abonnent.

5. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

6. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:
Brannsjef
Økonomiavdeling

Vedlegg:

Samandrag av saka:
Fastsetjing av feie og tilsynsgebyr for 2019. Dei siste åra har Herøy kommune brukt av bunde fond for å balansere feie og tilsynstenesta. I 2018 er bunde fond for feiing og tilsyn oppbrukt. Gebyret for 2019 vert auka.

Saksopplysningar:

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester av 6.2.2006. Avtalen går ut på at Herøy kommune leiger feie- og tilsynstenester frå Ulstein kommune på timebasis.

Status:
I samsvar med samarbeidsavtalen med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester har det vorte gjennomført feiing på om lag ½-parten av abonnentane. Tilsyn er utført i om lag ¼ av kommunen.

Av 2940 (2017) abonnentar manglar pr. i dag vel 620 abonnentar framleis tilkomst slik at feiing kan utførast. Talet på abonnentar utan godkjent tilkomst har siste åra gått ned med om lag 50 pr. år. Sjølv om dette er ein gledeleg nedgang er det enno langt opp og fram før alle abonnentar har godkjent tilkomst for feiing. Trass i at mange ikkje har fått feiing på fleire år har det ikkje vorte registrert noko særleg auke i talet på pipebrannar. Det er berre dei som har lagt forholda til rette som får tilbod om feiing. Det er no svært liten misnøye med ordninga og feiar har gitt tilbakemelding om at abonnentane tek i mot han/ho på ein svært god måte. Dette vil ein tilskrive både den generelle forståinga for viktigheita av feiing og tilsyn, godt utført arbeid av noverande feiar samt at ein har prioritert større eigne (Herøy brann og redning) ressursar for å gjere tenestene betre.

Feiing skal etter vedteken ordning gjennomførast kvart 2. år, medan tilsyn skal gjennomførast kvart 4. år. Pr. i dag er ein nokolunde ajour med feie og tilsynstenesta.

Det er, etter dei rutinane ein arbeider etter i dag, lagt til rette for at nye eigedomar som vert tilrettelagde for feiing får tilbod om feiing når dei melder frå, uavhengig av om dei inngår i dei årlege og planlagde rundane. Utover dette er det lagt til rette for ei teneste som er tilgjengeleg gjennom heile året i samband med generell rettleiing vedkomande piper og eldstadar samt bistand i samband med pipebrannar m.m.

Avgiftssystemet/økonomi:
Med utgangspunkt i vedtak i K-sak 126/06 vil det vere naturleg og sjå avgiftssystemet over ei 4 års periode der ein ved ovanståande tenesteintervall vil få utført 1 tilsyn og 2 feiingar. Kostnadane for desse tenestene inkl. løns- og prisstigning vert då å fordele på 4 år. I 2018 har ein ikkje midlar i bunde driftsfond for feiing og tilsyn så gebyret for 2019 må aukast.

Gebyret vert også kravd inn frå dei som ikkje har tilrettelagt for feiing og dermed heller ikkje får tilbod om feiing. Tilsyn vert imidlertid gjennomført hos alle som har eldstad. Kommunen må ha ein økonomisk buffer på tenesta i og med at fleire og fleire abonnentar får tilrettelagt for feiing. Dei siste 3 åra har Herøy kommune tappa

ned driftsfondet for feiing. Kostnaden med tenesta er høgare enn inntekta. For å unngå å tappe ned driftsfondet må gebyret for feiing og tilsyn aukast.

Vurdering og konklusjon:

Manglande feiing kan medføre auka brannfare. Ein har til no køyrt ei rimeleg mjuk linje med omsyn til fyringsforbod for dei som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiing. Talet på abonnentar, utan tilkomst for feiar, har gått kvart år med om lag 50. Herøy brann og redning har ikkje registrert noko auke i tal på pipebrannar.

Konsekvensar for folkehelse:
Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som er råka i bustadbrann og deira nærmaste. Feiing og tilsyn med piper, eldstadar og sløkkemiddel er godt førebyggjande arbeid for å unngå bustadbrannar.

Konsekvensar for beredskap:
Gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggande tiltak.

Konsekvensar for drift:
At fleire av 2940 abonnentar manglar tilkomst til pipa og dermed ikkje får feiing gjer at kommunen ikkje får yte denne lovpålagde tenesta til alle abonnentar. Alle abonnentar får tilsyn med piper, eldstadar og slokke utstyr.

Det finnast fyringsanlegg i Herøy kommune som ikkje er innmeldt til kommunen/brannvernet.

Herøy kommune kjøper feiing og tilsyns-tenester frå Ulstein kommune. Gebyret til Ulstein kommune var kr. 594,- + kr. 161 for pipe nummer 2. For gassfyrte fyringsanlegg er gebyret til Ulstein kommune kr. 285,- (inkl. mva.) i 2018.

For at ein skal vere sikker på å ha nok midlar til gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar i 2019, vil rådmannen tilrå at gebyret for feiing og tilsyn vert auka og at ein over ein 2 års periode harmoniserer gebyret i Herøy med gebyret i Ulstein kommune. Gebyret for feiing og tilsyn vert auka til kr. 490,- pr. abonnent inkl. mva + kr. 161,- (inkl. mva.) for pi

Fosnavåg, 09.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/1623

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
222/18	Formannskapet	20.11.2018
148/18	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYR FOR UNØDIGE BRANNUTRYKKINGAR

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Herøy kommunestyre innfører gebyrlegging av unødige brannalarmar knytt til automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg der Herøy brann og redning vert utalarmert.

   Brannsjefen må kunne dokumentere den unødige brannutrykkinga som grunnlag for fakturering.

2. Gebyrsatsane for unødige brannutrykkingar vert slik:
   Kr. 5.000,- pr. unødig brannutrykking på dagtid.
   Kr. 10.000,- pr. unødig brannutrykking på kveld/helg.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Tilråding:

3. Herøy kommunestyre innfører gebyrlegging av unødige brannalarmar knytt til automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg der Herøy brann og redning vert utalarmert.

Brannsjefen må kunne dokumentere den unødige brannutrykkinga som grunnlag for fakturering.

4. Gebyrsatsane for unødige brannutrykkingar vert slik:
   Kr. 5.000,- pr. unødig brannutrykking på dagtid.
   Kr. 10.000,- pr. unødig brannutrykking på kveld/helg.

5. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:
Brannsjef
Økonomikontoret

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Gebyrlegge unødige brannutrykkingar vart vedteke som innsparingstiltak av Herøy kommunestyre i mai 2018. Innkrevjing av gebyr for unødige brannutrykkingar vil føre til auka inntekter/reduserte kostnadar for Herøy brann og redning. Gebyr kan krevast for automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg som er tilknytt Møre og Romsdal 110-sentral KF med direkte varsling.

Saksopplysningar:

Herøy brann og redning ynskjer å kunne krevje betaling frå byggeigarar dersom det går ut unødige brannalarmar med tilhøyrande utrykking frå brannvesenet si side. Det er lagt inn ei innsparing på kr. 90.000,- i brannbudsjettet for 2019. Dette innsparingstiltaket vart godkjent av Herøy kommunestyre i mai 2018.

Herøy brann og redning har store utgifter med unødige alarmar. Dei siste åra har ein hatt veldig mange unødige alarmar. Ein rask oversikt i statestikken viser:
2016 – om lag 80 unødige alarmar.
2017 – om lag 80 unødige alarmar.
2018 pr. 1. november – om lag 65 unødige alarmar.

Dei aller fleste av desse unødige brannutrykkingane kunne vore gebyrbelagt om ein hadde eit kommunalt vedtak på det. I dag har dei fleste brannvesen i Møre og Romsdal eit gebyr for unødige brannutrykkingar.

Poenget med å innføre gebyr er tosidig. Herøy brann og redning må redusere sine kostnadar og det er difor heilt naudsynt å få ned talet på unødige alarmar for å få dekt inn kostnaden med slike utrykkingar. Den andre effekten ved å gebyrbelegge unødige alarmer er at når bygningseigar får rekning på kostnaden med brannutrykking til unødig brannalarm så vil dei auke vedlikehaldet på sine brannalarmanlegg for å sleppe unødige alarmar/gebyr. Begge desse effektane vil føre til at Herøy brann og redning får redusert sine utgifter/kostnader.

Etter undersøkelsar med nabokommunar så vil ein normal gebyrsats på dagtid ligg mellom 5-10' kroner. Ein normal gebyrsats på kveld/helg vil vere 10-15' kroner.

I punkt 7 i *AVTALEVILKÅR, alarmoverføring mot Møre og Romsdal 110-sentral KF* står det følgjande (heile avtalen ligg vedlagt):

Ved unødig alarm på grunn av uforsiktighet eller lignende kan det lokale brannvesen kreve at utgiftene i forbindelse med utrykningen blir refundert. For enkelte kommuner gjelder egne retningslinjer. Disse retningslinjene er beskrevet på vår nettside. Ved gjentatte feilmeldinger har Møre og Romsdal 110-sentral KF rett til å koble fra anlegget til feilen er rettet og anlegget er brakt i forsvarlig stand.

Vurdering og konklusjon:

Økonomiske konsekvensar av tiltaket vil vere at brannvesenet kan få realisert budsjettert inntekt/redusert kostnad på kr 90.000,- pr. år. Dette er realistisk med ein betalingssats på kr. 5.000 pr. unødig alarm på dagtid og kr. 10.000 pr. unødig alarm på kveldstid, men inntekta vil variere frå år til år, og vonleg minke over tid då byggeigarane truleg vil gjere det dei kan for å unngå unødige alarmar. Samstundes aukar talet på bygg som er tilknytte.

Inntektene er ikkje det primære, men at bygningseigarane skjerpar sin eigenkontroll og syter for mest mogleg eigna varslingsutstyr.

Ein negativ beredskapsmessige konsekvens vil kunne vere at byggeigarar vegrar seg for å knyte seg til 110-sentralen med direkte varsling pga. auka kostnader.

Bygningseigar kan legge inn forseinkingar i brannalarmsentralen slik at personell/bebuarar skal få tid til å stille av før alarmen går ut. Det kan/vil redusere talet på unødige alarmar.

Konsekvensar for folkehelse:
Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som vert råka av bustadbrann. Om bygningseigar får meir fokus på årlig vedlikehald av brannalarmanlegg vil risikoen for unødig alarm gå ned og tryggleiken til bebuarane gå opp.

Konsekvensar for beredskap:
Gebyrlegge unødige brannalarmar vil betre beredskapen då desse pengane kan nyttast til anna beredskapsarbeid.

Konsekvensar for drift:
Herøy brann og redning vil få frigitt tid/resursar dersom talet på unødige brannalarmar går ned. Brannutrykking er farlig både for brannmannskap og innbyggarane i kommunen. Det er alltid ein viss fare forbundet med blålyskøyring. Færre brannutrykkingar er positivt for miljøet

Fosnavåg, 09.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

MØRE OG ROMSDAL110-SENTRAL KF

AVTALEVILKÅR, alarmoverføring mot Møre og Romsdal 110-sentral KF

1. Automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg kan tilknyttes Møre og Romsdal 110-sentral KF med direkte varsling. Avtalen gjelder for ett anlegg med én sentral.

2. Før tilknytning kan finne sted, skal det interne anlegget være i forsvarlig teknisk stand og godkjent av brannsjefen eller hans stedfortreder. Abonnenten skal også skriftlig gi beskjed om ansvarshavende for anlegget med minst 2 stedfortredere. Eventuelle endringer må til enhver tid skriftlig meldes til 110-sentralen.

3. For å være sikret døgnkontinuerlig overvåkning av brannalarmanlegget plikter abonnenten å anskaffe seg overvåket alarmoverføring.

4. Abonnenten plikter å inngå serviceavtale med godkjent firma for kontroll av brannalarmanlegget minst én gang årlig. Servicen må også omfatte kontroll av selve alarmoverføringen. Ved vedlikehold av alarmanlegget skal overføringen til 110-sentralen kobles ut inntil anlegget idriftsettes igjen.

5. Møre og Romsdal 110-sentral KF forplikter seg ved mottak av denne alarmen å alarmere den lokale brannberedskapen i henhold til gjeldende regelverk, og samtidig varsle ansvarlig representant for bedriften etter nærmere oppsatt aksjonsplan.

6. For ytelser i henhold til denne avtalen betaler abonnenten en årlig avgift til Møre og Romsdal 110-sentral KF, etter gjeldende ”Betalingsreglement for Alarmtilknytning”. Årsavgiften kan prisjusteres uten forvarsel i samsvar med den generelle prisutviklingen. Ved tilknytning betaler man for resterende hele kvartaler i inneværende år. Årsavgiften forfaller til betaling pr. 30.06 i driftsåret. Ved overgang til annen alarmoverføring vil det bli krevd endringsgebyr.

7. Ved unødig alarm på grunn av uforsiktighet eller lignende kan det lokale brannvesen kreve at utgiftene i forbindelse med utrykningen blir refundert. For enkelte kommuner gjelder egne retningslinjer. Disse retningslinjene er beskrevet på vår nettside. Ved gjentatte feilmeldinger har Møre og Romsdal 110-sentral KF rett til å koble fra anlegget til feilen er rettet og anlegget er brakt i forsvarlig stand.

8. Denne avtalen kan sies opp skriftlig av en av partene uten forvarsel. Innbetalt årsavgift kan ikke kreves tilbakebetalt.

Møre og Romsdal 110-sentral KF
Adresse: Sjømannsvn 1B 6008 Ålesund kommune
Telefon: 70 10 38 20
E-mail: 110-sentralen@alesund.kommune .no

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1582
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
223/18	Formannskapet	20.11.2018
149/18	Kommunestyret	06.12.2018

AVFALLSGEBYR 2019.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. I medhald av forureiningslova § 34 og med atterhald om at saka vert vedtatt i Representantskapet til SSR den 15.11.2018, fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2019:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2019	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140/240 l blå, papiravfall	 Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva.	4% prisstigning

12 sekker restavfall	Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	

2. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2019 – forslag til gebyrregulativ med unntak av slamtømingsgebyret som vert vedteke i eiga sak.

3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

Tilråding:

4. I medhald av forureiningslova § 34 og med atterhald om at saka vert vedtatt i Representantskapet til SSR den 15.11.2018, fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2019:

Type abonnement	**Gebyr pr. abonnement 2019**	**Merknad**
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140/240 l blå, papiravfall	 Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall 12 sekker restavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva. Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning

5. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2019 – forslag til gebyrregulativ med unntak av slamtømingsgebyret som vert vedteke i eiga sak.

6. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg: SSR 2019 Forslag til gebyrregulativ som skal godkjennast av kommunestyra.

Bakgrunn
Saka gjeld fastsetting av avfallsgebyr for 2019.

Saksopplysningar:
SSR har overteke alle oppgåver/ansvar knytt til avfallsordninga for hushaldningar. Det same gjeld m.o.t. greinplassane rundt om i kommunane. Styret og representantskapet i SSR er såleis tillagt samla ansvar for desse avfallsordningane på vegne av Herøy kommune.

I høve representantskapsmøte 27.10.2017 så har representantskapet vedtatt framlegget til sak R13/17 og godkjent endring av hentefrekvens ved innføring av nye fraksjonar.
Innføringa / endringane starta hausten 2018 og skal vere ferdig utført før sommaren 2019. Representantskapet har gjort følgjande vedtak:

- Glas / metall blir ikkje innført som eigen hentefraksjon. Ordninga med nedgravde løysingar og glasigloar blir vidareført og forsterka.
- Våtorganisk avfall blir henta annankvar veke (kvar 14. dag).
- Papir, Papp og plast blir henta kvar fjerde veke (kvar 28. dag).
- Restavfall blir henta kvar fjerde veke (kvar 28. dag).
- Innføringa / endringane startar hausten 2018 og skal vere ferdig utført før sommaren 2019.
- Evaluering av endringane / ordningane blir gjort i løpet av 2020.

Representantskapsmøte den 15.11.2018 skal ta stilling til sak R10/18 budsjett 2019 og gebyrregulativ for 2019. Dette regulativet skal kommunane handsame og godkjenne. Ordninga skal vere sjølvfinansierande og gebyra er heimla i forureiningslova §34.

Framlegget til satsar er føreslått auka frå 2018, med bakgrunn i at sjølvkostfondet er redusert – Satsane på standardabonnement for 2019 vil då verte slik:

Type abonnement	**Gebyr pr. abonnement 2019**	**Merknad**
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall	 Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva.	4% prisstigning

140/240 l blå, papiravfall	Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall 12 sekker restavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva. Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse: Positivt for folkehelsa med systematisk innhenting av avfall.

Konsekvensar for beredskap: Ingen konsekvensar.

Konsekvensar for drift: Ingen konsekvensar for kommunal drift då tenesta vert administrert og utført av SSR etter sjølvkostprinsippet.

SSR legg opp til å auke gebyra frå 2018, dette med bakgrunn i at sjølvkostfondet er redusert.

Rådmannen vil tilrå at gebyra for standardabonnement og gebyrregulativ for 2019 vert vedteke som tilrådd, då med atterhald om at saka vert vedtatt slik den ligg føre i Representantskapet til SSR den 15.11.2018.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olas-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

SSR 2019 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Standardabonnement, dunk: 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Standard sekkeabonnement: 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	 kr 3.268,80 / kr 4.086,- m/mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning

ANDRE TYPER ABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Storhushald, dunk: 140 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.592,80 kr 4.491,- inkl. mva. kr 1.497,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XL, dunk: 240 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.919,20 kr 4.899,- inkl. mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XXL, dunk: 240 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 4.243,20 kr 5.304,- inkl. mva. kr 1.768,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Redusert abonnement, dunk: 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 kr 3.055,20 kr 3.819,- inkl. mva. kr 1.273,- inkl. mva. pr. termin	 Oppgradert abonnement
Storhushald, sekkar: 36 sekkar matavfall 18 sekkar restavfall Redusert sekkeabonnement: 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 3.919,20 / kr 4.899,- m/mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin kr 2.841,60 / kr 3.552,- m/mva. kr 1.184,- inkl. mva pr. termin	4 % prisstigning 4 % prisstigning

Forts.

Forts.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2018

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 811,20 kr 1.014,- inkl. mva. kr 338,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 240 l	kr 326,40 - pr. år pr. dunk kr 408,- inkl. mva. kr 136,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

ABONNEMENTSDELING OG TILLEGG VED STØRRE DUNKAR:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l / 240 l matavfall, 140 l / 240 l restavfall, 240 l papiravfall 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 370 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 535,20 pr. år pr. dunk kr 669,- inkl. mva. kr 223, inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 660 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 878,40 pr. år pr. dunk kr 1.098,- inkl. mva. kr 366,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evnt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2018.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 211,20,- pr. gong når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Gebyr for ekstrahenting	kr 211,20 pr. gong kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 848,- pr. gong kr 1.060,- inkl. mva.	4 % prisstigning

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.120,- pr. tonn kr 2.650,- pr. tonn inkl. mva.	4 % prisstigning
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 444,80 pr m3 kr 556,- pr m3 inkl. mva.	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Dekk på felg:	kr 120,80 kr 151,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,65 pr. kg. inkl. mva.	 4 % prisstigning

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 936,- pr. tonn kr 1.170,- inkl. mva. kr 0,94 pr. kg kr 1,17 inkl. mva.	4 % prisstigning

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1583
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/18	Formannskapet	20.11.2018
150/18	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2019.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2018 til 2019. Dvs. at gebyret i 2019 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.

2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

Tilråding:

3. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2018 til 2019. Dvs. at gebyret i 2019 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.

4. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisvaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
SSR 2019 – Forslag til Gebyrregulativ som skal godkjennast av kommunestyra.

Bakgrunn for saka:
Saka gjeld fastsetjing av årsgebyr for slamtøming av private slamavskiljarar for 2019. Årsgebyret for slamtøming er foreslått med bakgrunn i prisane frå SSR. Samt med tillegg av kommunen sine administrasjonskostnader og vurdert behov for å ha midlar i fond.

Saksopplysningar:
Etter forureiningslova §26 har kommunen plikt til å syte for tøming av private slamavskiljarar. Det er krav om full kostnadsdekning for ordninga med slamtøming jfr. forureiningslova §34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, d.v.s. at kommunen ikkje kan subsidiere ordninga med slamtøming, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om har kontrakt med slamentreprenør Stokkland bilruter og administrerer ordninga for m.a. Herøy kommune. Utifrå prisane som ligg i kontrakta, så vil ikkje denne avtala utgjere noko vesentleg prisauke i forhold til inneverande periode.

I forslaget til gebyrregulativ frå SSR som skal handsamast i Representantskapet den 15.11.2018, så har dei lagt opp til at gebyret for slamtøming skal vere pris inn + 25 % for tøming av tankar inntil 6m3. altso uendra frå 2018.

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i Herøy kommune vart i 2018 sett til kr 925,- + mva. for tankvolum inntil 6m3.

Neste tømerunde for slamtankar i Herøy kommune vert utført i slutten av 2018. Normal tømefrekvens er 2. kvart år på bustadar og 4. kvart år på fritidsbustadar hytter.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande tilrå at slamtømingsgebyret i Herøy kommune vert halde uendra frå 2018 til 2019.

Konsekvensar for folkehelsa:
Etablering av gode tømerutinar fremmar god folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Kort utrykkingstid for slamentreprenøren gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Konsekvensar for drifta:
Alle utgifter i tilknyting til slamtøming skal kostast av abonnentane og belastar soleis ikkje den kommunale drifta elles.

Vurdering og konklusjon:
Tømerunda som vert utført i 2018 vert oppfinansiert ved å bruke bunde fond for slamtøming (Avsette i fond for 2017) samt ved bruk av årleg gebyr slamtøming for 2018.

Neste tømerunde skal utførast i slutten av 2018 og dermed gjennomførast/betalast over budsjettåra 2017 og 2018. Slamgebyret for 2017 vart lagt i fond, som vil gå med til å betale for tømerunda i 2018. Ein vil soleis ha nok til å betale for tømerunda og dermed vil ein ha ei dekningsgrad som gjer at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar drifta elles.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande og etter ei samla vurdering tilrå at gebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2019 vert det same som i 2018. Dvs. at årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2019 vert sett til kr. 925,- + mva for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

SSR 2019 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Standardabonnement, dunk: 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.268,80 kr 4.086,- inkl. mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Standard sekkeabonnement: 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	 kr 3.268,80 / kr 4.086,- m/mva. kr 1.362,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning

ANDRE TYPER ABONNEMENT:

Type abonnement:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Storhushald, dunk: 140 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.592,80 kr 4.491,- inkl. mva. kr 1.497,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XL, dunk: 240 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 3.919,20 kr 4.899,- inkl. mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Storhushald XXL, dunk: 240 l brun, matavfall 240 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	 kr 4.243,20 kr 5.304,- inkl. mva. kr 1.768,- inkl. mva. pr. termin	 4 % prisstigning
Redusert abonnement, dunk: 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	 kr 3.055,20 kr 3.819,- inkl. mva. kr 1.273,- inkl. mva. pr. termin	 Oppgradert abonnement
Storhushald, sekkar: 36 sekkar matavfall 18 sekkar restavfall Redusert sekkeabonnement: 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 3.919,20 / kr 4.899,- m/mva. kr 1.633,- inkl. mva. pr. termin kr 2.841,60 / kr 3.552,- m/mva. kr 1.184,- inkl. mva pr. termin	4 % prisstigning 4 % prisstigning

Forts.

Forts.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2018

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 811,20 kr 1.014,- inkl. mva. kr 338,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 240 l	kr 326,40 - pr. år pr. dunk kr 408,- inkl. mva. kr 136,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

ABONNEMENTSDELING OG TILLEGG VED STØRRE DUNKAR:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l / 240 l matavfall, 140 l / 240 l restavfall, 240 l papiravfall 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.841,60 kr 3.552,- inkl. mva. kr 1.184,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 370 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 535,20 pr. år pr. dunk kr 669,- inkl. mva. kr 223, inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning
Tillegg for større dunk 660 l (tillegg på prisen for XXL)	kr 878,40 pr. år pr. dunk kr 1.098,- inkl. mva. kr 366,- inkl. mva. pr. termin	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evnt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2018.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 211,20,- pr. gong når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Gebyr for ekstrahenting	kr 211,20 pr. gong kr 264,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 848,- pr. gong kr 1.060,- inkl. mva.	4 % prisstigning

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2019:	Gebyr 2018 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.120,- pr. tonn kr 2.650,- pr. tonn inkl. mva.	4 % prisstigning
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2018 – m.a.o. ein realprisnedgang
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 444,80 pr m3 kr 556,- pr m3 inkl. mva.	4 % prisstigning

Forts.

Forts.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Dekk på felg:	kr 120,80 kr 151,- inkl. mva.	4 % prisstigning
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,65 pr. kg. inkl. mva.	 4 % prisstigning

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	**Gebyr 2019:**	**Gebyr 2018 (samanlikning):**
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 936,- pr. tonn kr 1.170,- inkl. mva. kr 0,94 pr. kg kr 1,17 inkl. mva.	4 % prisstigning

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2018/1584
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/18	Formannskapet	20.11.2018
151/18	Kommunestyret	06.12.2018

GEBYRREGULATIV 2019 - AVLAUPSGEBYR.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2019,jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2019.

2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

Tilråding:

3. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2019,jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2019.

4. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

VEDLEGG:

1. Gebyrregulativ 2019 - Avlaupsgebyr

BAKGRUNN FOR SAKA:

Saka gjeld årleg fastsetjing av tilknytings- og årsgebyr for avlaup etter forskrift vedteke i kommunestyret 27.10.2005 saksnr: 088/05.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Gjeldande prisjustering vart vedteken med verknad frå 01.01.18. Ein vil i forslag til avlaupsgebyr for 2019 halde gebyret uendra frå 2018. Ein vil i inneverande år bruke om lag 2 mill. kroner av eit totalbudsjett på 14.2 mill. kroner avsett til utbygging etter Kloakkrammeplanen i 2018.
Låna til leidningsanlegg vert avskrivne over 40 år, medan tekniske anlegg som pumpestasjonar og silanlegg vert avskrivne over 20 år. Pr. 31.12.2017 stod det 1.134.373,- kroner på bunde driftsfond kloakk. Totalt aktivert i balansen vedkomande avlaupsanlegg er i dag om lag 98 mill. kroner. Avskrivingar og renter vert berekna av denne summen og er i budsjettet for 2018 berekna til om lag 6,4 mill. kroner samla.

Etter gjeldande sentrale lover og forskrifter vedkommande vass- og kloakkgebyr er det lagt opp til at meir av det samla gebyret skal leggjast på årsgebyret medan tilknytingsgebyret bør reduserast. I gebyrforskrifta for Herøy kommune som vart gjort gjeldande frå og med 01.01.2006 er det lagt opp til dette. For 2019 vert det i forslaget til gebyrregulativ lagt opp til at årsgebyret og tilknytingsgebyret vert halde på same nivå som i 2018, altså ingen auke i avlaupsgebyra for 2019. Forslag til nytt gebyrregulativ for avlaup for 2019 følgjer saka som vedlegg.

Ved den årlege rekneskapsavslutninga vert alle funksjonane som ligg under ansvar 5131 Avlaup sett under eitt.

VURDERING OG KONKLUSJON:

Konsekvensar for folkehelsa:

Etablering av gode avlaupsanlegg fremmar god folkehelse.

Konsekvensar for drifta:
Alle utgifter i tilknyting til avlaupsanlegg for kloakk vert kosta av abonnentane og belastar såleis ikkje den kommunale drifta elles.

Konsekvensar for beredskap:
Gode avlaupsanlegg og god drift / driftsovervaking gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Avlaupsgebyra i Herøy kommunen er noko høge i forhold til nabokommunane. Dette kjem m.a. av topografien og busetnaden i kommunen med mange bygdelag der det må byggast ut kommunalt avlaupsnett. Fleire stadar vert det p.g.a dette lang transport av avlaupsvatn ved hjelp av ein rekke pumpestasjonar som både er dyre å bygge og som gir auka driftsutgifter.

Utbyggingstakta og kostnadane med utbygging av avlaupsanlegg i kommunen har vore mindre enn ein hadde rekna med i 2018 og ein vurderer det slik at ein kan halde avlaupsgebyret for 2019 uendra. Rådmannen vurderer det såleis slik at sjølv om ein ikkje aukar tilknytingsgebyret og årsgebyret for 2019 så vil ein ha ei dekningsgrad på 100%. D.v.s. at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar den kommunale drifta elles.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Fred Arnesen

Gebyrregulativ for avlaup

Vedteke i Herøy kommunestyre .2018 med verknad frå 01.01.2019

Rammer for gebyrberegning

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

1. Eingongsgebyr for tilknyting

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

2. Årsgebyr

2.1 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr:	Avlaup
• Næring	2836 kr/abonnent
• Bustad	2836 kr/abonnent

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert** eller **målt forbruk,** begge basert på einingspris for avlaup.

Enhetspris

Målt forbruk

Enhetspris for avlaup :
Kr 14,50 pr/ m^3

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. m^3. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m^3] x Målt forbruk [m^3]

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. m^3.

Stipulert forbruk [m^3] vert utrekna slik:
Bruksareal BRA [m^2] x spesifikt forbruk [m^3/m^2]
der:

- Arealet utreknast som bruksareal BRA [m^2] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 m^3/m^2

Forbruksgebyr; *bustader*:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m^3] x Stipulert forbruk [m^3]

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 m^2, 212m^2 og 360m^2.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 m^2, 892m^2, 2260m^2 og 4561m^2

AVLAUPSGEBYR (Alle prisar er eks. mva)

Tilknytingsgebyr	
Eingongsgebyr for tilknyting	**KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.**
Eingongsgebyr for tilknyting	**KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.**

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR

Abonnementsgebyr		Pr. abonnent
Næring		**Kr 2836,-**
Bustad		**Kr 2836,-**
Forbruksgebyr – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar.		
Einingspris for avlaup		**14,50 kr/m^3**
Ved bruk av vassmålar: Einingspris * forbruk		
Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna.		
Bustadar:		
Gruppe 1	150 m²	**Kr 1.474,-**
Gruppe 2	151 – 299 m²	**Kr 2.739,-**
Gruppe 3	Over 300 m²	**Kr 4.654,-**
GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 * stipulert forbruksgebyr		
Næringsbygg:		
Gruppe 1	500 m²	**Kr 4.509,-**
Gruppe 2	501 – 2000 m²	**Kr 12.810,-**
Gruppe 3	2001 – 4000 m²	**Kr 32.457,-**
Gruppe 4	4001 – 5500 m²	**Kr 65.504,-**
Gruppe 5	Over 5501 m²	**Kr 14,50 pr m²**

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medreknast i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medreknast i gebyrgrunnlaget.

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2017/1560
		Arkiv:	U62

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/18	Komite for helse og omsorg	29.11.2018
226/18	Formannskapet	20.11.2018
152/18	Kommunestyret	06.12.2018

INNFØRING AV AVGIFT FOR SAL AV TOBAKKSVARER I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018
Herøy kommune innfører avgift for sal av tobakksvarer i kommunen gjeldande frå 01.01.2019.

Avgifta sin storleik vert til ein kvar tid sett i samsvar med satsar i forskrift til tobakkskadelova.

Vedtaket er gjort med heimel i tobakkskadelova § 10 og forskrift om registrering av og tilsyn av tobakksvarer m.m § 24.

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for helse og omsorg - 29.11.2018

Tilråding:

Herøy kommune innfører avgift for sal av tobakksvarer i kommunen gjeldande frå 01.01.2019.

Avgifta sin storleik vert til ein kvar tid sett i samsvar med satsar i forskrift til tobakkskadelova.

Vedtaket er gjort med heimel i tobakkskadelova § 10 og forskrift om registrering av og tilsyn av tobakksvarer m.m § 24.

Særutskrift: Dei som i 2018 var registrert som utsalsstadar

Samandrag av saka:
Kommunen skal føre tilsyn med dei som sel tobakksvarer. For dette arbeidet kan kommunen krevje ei avgift på inntil kr. 4500,- etter satsar for 2018. Fleire kommunar har innført avgift. Skal Herøy kommunen krevje inn avgift på tobakksvarer?

Saksopplysningar:

Helsedirektoratet sine nettsider har nytting informasjon om konsekvensar av røyking og korleis ein kan førebygge i kommunane.
Førebygging av røykestart og arbeid med røykeslutt kan gi en gevinst for både kommunen og innbyggarane gjennom å førebygge sjukdom og sjukefråvær, få fleire gode leveår og ein friskare gruppe heimebuande eldre .

Tobakkskadelova har som føremål å redusere forbruk og for på sikt å oppnå eit tobakksfritt samfunn. I tillegg regulerer lova tiltak for å førebygge at barn og unge starter å bruke tobakksvarer og fremje at dei som allereie bruker tobakksvarer sluttar og hindre at innbyggjarane vert eksponert for tobakksrøyk, jf. tobakkskadelova §1.

Registrering:
Sal av tobakksvarer og tobakksurrogat er forbode utan at ein er registrert hjå helsedirektoratet. Det er kvar enkelt verksemd som må registrere seg i dette registeret. Registrering gjeld både for permanente utsalsstadar og for utsalsstad som sel deler av året eller ved enkelt anledning, jf. tobakkskadelova § 4.

Kommunen sitt tilsynsansvar:
Kommunen skal føre tilsyn med dei som sel tobakksvarer. Dette omfattar:

- Sal av tobakksvarer (aldersgrense, sjølvbetening, gratisutdeling og rabattar), §§17-21
- Reklameforbodet (inkluderer sponsing og oppstillingsforbod), §§22-24
- Krav til merking og utforming av tobakksvarer (standardiserte pakningar, helseadvarsel, minstestorleik), §§30-33
- Forbod mot sal av tobakksvarer/surrogat som ikkje er loveleg impotert eller kjøpt frå registrert grossist, §4
- Sal i strid med forbod om sal, §5
- Forbod mot enkelte produktkategoriar, §42

Dersom det vert avdekt brot på lovverket kan kommunen pålegge retting av forholdet.Det kan settast frist for rettinga og kommunen kan krevje at det vert gitt skriftleg melding om at retting har skjedd.

Kommunen kan fastsette tvangsmulkt dersom krav om retting ikkje vert overhalde. Denne mulkta betalast inn til staten, jf. § 8.
Kommunen kan også treffe vedtak om forbod mot sal dersom visse brot skjer , jf. §9.

Avgift:
Etter tobakkskadelova § 10 kan kommunen krevje avgift til dekning av kostnadar med tilsynsoppgåver.

Forskrifta § 24 setter rammer for storleiken på avgifta slik:
«Tilsynsmyndigheten kan kreve en årlig tilsynsavgift fra salgssteder for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbruker på 4500 kroner. Fra midlertidige salgssteder kan tilsynsmyndigheten kreve en årlig tilsynsavgift på 1200 kroner.»

Fleire kommer har innført denne avgifta.

Status for Herøy kommune:
I Herøy kommune er det 15 utsalsstadar som sel tobakksvarar gjennom året. I tillegg er det ein utsalsstad som er knytt til sommarsesongen. Salsperiode men periode er over det som kan reknast som midlertidig.

Kontroll av utsalsstadane vert gjort av Securitas i samband med sal- og skjenkekontrollane. For stadar utan sal- eller skjenkeløyve, seks stadar i Herøy, betalar kommunen kr. 368,- pr. kontroll.
Kontrollrapportane vert sendt Servicetorget som har oppfølging av rapportane. Til no er det ikkje kome avvik for sal av tobakk.

Vurdering og konklusjon:
Konsekvensar for folkehelse:
Bruk av tobakksvarer er eit samfunnsproblem og det er viktig å førebygge for å hindre at personar tek til å bruke produkta. Samtidig er det viktig å arbeide for at folk sluttar.
Innføring av avgift er i utgangspunktet ikkje direkte eit førebyggande tiltak, men vil kunne påverke talet på utsalsstadar og tilgjengelegheit.

Konsekvensar for drift:

Kommunen har utgifter i samband med kontrollane og administrativ oppfølging av kontrollrapportane.
Dersom dei som sel tobakksvarer i dag held fram i 2019 vil innføring av avgift etter satsar for 2018 gi inntekter på om lag kr. 72 000,-. Administrasjonen finn det rimeleg at utgifter knytt til sal av tobakksvarer vert dekt gjennom innføring av avgift i kommunen etter satsane som til ein kvar tid vert sett i forskrift til lova.

Fosnavåg, 23.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Wenche Moltu

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1588
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/18	Formannskapet	20.11.2018
153/18	Kommunestyret	06.12.2018

AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2019

Møtebehandling:
Bjarne Kvalsvik reiste habilitet då han har avtale om brøyting for Herøy kommune.
Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Bjarne Kvalsvik er inhabil etter KL. § 40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Brøyteabonnentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:
   - Fyrste halvår: 151 kroner.
   - Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Tilråding:

3. Brøyteabonnentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:
    - Fyrste halvår: 151 kroner.
    - Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.
4. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

Samandrag av saka:

Saka gjeld fastsetting av årleg gebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2019.

Saksopplysningar:

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Brøyting av kommunale og private vegar er delt inn i 9 roder. I samband med forslag til innsparingar for anlegg og driftsavdelinga, behandla i K-sak 57/18, vart det lagt fram forslag om å ta vekk brøyting av private vegar i regi av kommunen. Dette ville redusere talet på roder med 2, slik at ein sat att med 7 roder. Kommunestyret gjorde slikt vedtak: Vedtak 6. «Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert opprettholde. Tenesta skal vere sjølvfinansierande og basert på sjølvkostprinsippet.»

Frå og med brøytesesongen 2015/2016 vart det inngått nye brøyteavtalar med private brøytarar. Avtalane gjeld for 2 år med høve til forlenging med 2 + 1 år.

I 2017 vart avtala forlenga med 2 år, og gjort gjeldande for sesongen 2017/2018 og 2018/2019.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2018 var satsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: 286 kroner.

2. For vegar med lengde 25-100m: 133 kroner per gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m eit tillegg på 80 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke på 5,5% frå 3. kvartal 2017 til 3. kvartal 2018.

Byggekostnadsindeks for veganlegg. 1. kvartal 2004=100

	3. kvartal 2018	Endring i prosent	
		2. kvartal 2018 - 3. kvartal 2018	3. kvartal 2017 - 3. kvartal 2018
Veganlegg, i alt	**171,7**	**1,0**	**5,4**
Veg i dagen	172,0	1,1	5,5
Betongbru	174,8	1,0	5,3
Fjelltunnel	167,2	0,8	5,4
Drift og vedlikehold av veger, i alt	**173,4**	1,4	6,8
Asfaltering av veger	199,5	4,9	13,0
Vinterdrift av veger	161,3	0,1	5,5

Godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar.

Beredskapsgodtgjerdsla til brøytarane for sesongen 2018/2019 er på Kr 65.520,- pr. rode.

Tal på private brøyteabonnentar pr. 01.11.2018 er 173 stk.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i at godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter SSB sin indeks for vinterdrift av vegar, vil ein tilrå at avgiftssatsane for brøyting av private vegar i regi av kommunen inklusiv den faste delen, vert auka med 5,5%.

For andre halvår vil ein i tillegg tilrå at tapte innsparingar på 65.520 kroner vert dekt av abonnentane over beredskapsgebyret. Dette med bakgrunn i vedtak om at brøyting av private vegar skal vere sjølvfinansierande. Om privat brøyting vart tatt vekk frå og med sesongen 2019/2020 kunne ein inngått nye brøytekontraktar der ein berre hadde 7 roder. Dette ville for sesongen 2019/2020 medført ei innsparing på 131.040 kroner, for andre halvår 2019 utgjer dette 65.520 kroner.

Med dagens tal på abonnentar vil beredskapsgebyret då verte 530 kroner for andre halvår.

Forslag til nye satsar gjeldande for 2019 vert då slik:

1. Brøyteabonnentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:
    - Fyrste halvår: 151 kroner.
    - Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Fred Arnesen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til:

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2018/1588	231	27.11.2018

NOTAT TIL F-SAK 227/18 - AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2019

Kvifor ikkje tilby brøyting i kommunal regi ?

Brøyting av private vegar er tidkrevjande og ikkje økonomisk fordelaktig for kommunen. Dersom ein ikkje tilbyr privat brøyting i kommunal regi vil ein kunne gjere rodene lengre, og redusere talet på roder frå dagens 9 roder til 7 roder. Med visning til kommunestyrevedtak og krav om innsparing vil dette tiltaket gi ei minimum innsparing på 131 040 kroner årleg (frå 2020).

Når kan ein reduksjon i roder først slå inn ?

Ein reduksjon i tal på roder kan fyrst slå inn 2. halvår 2019.

Bakgrunnen for dette er at dagens kontrakt for brøyting gjeld ut sesongen 2018/2019.

Innsparing 2019.

Innsparinga for 2019 ville vere gjeldande for 2. halvår 2019, og tilsvara kostnaden med to halve beredskapsgodtgjersle (37 760 kr x 2). For 2020 ville innsparinga ha tilsvara kostnaden for to heile beredskapsgodtgjersle (131 040 kroner).

Beredskapsgodtgjersle for ei rode for sesongen 2018/2019 er 65.520 kroner.

Det er **179** kundar som har avtale om privat brøyting pr. 23.11.2018.

Kostnadar for folk som ynskjer privat brøyting i kommunal regi.

Tabellen under viser kva kostnader brøyteabonnentane får med den tilrådinga som ligg i saka, basert på dagens tal på kundar (**179**).

Gebyr/beredskapsgodtgjersle for privat brøyting:

Sesong	Beredskap (fastpris)	Brøyting 25-100 m (pr. gong)	For kvar påbyrja 100 m over dei fyrste 100 m (pr. gong)
2018	286 kroner	133 kroner	80 kroner
2019 (1. halvår)	151 kroner *(*1)*	140 kroner	85 kroner
2019 (2. halvår)	517 kroner *(*2)*	140 kroner	85 kroner
2020	1034 kroner *(*3)(*4)*	140 kroner *(*4)*	85 kroner *(*4)*

*(*1)* 302 kroner fordelt på 2 halvår (indeksjustert beredskapsgebyret for 2018)
*(*2)* 151 kroner + halv beredskapskostnad for 2 roder fordelt på 179 kundar (65.520 kroner/179=366 kroner).
*(*3)* 151 kroner + beredskapskostnad for 2 roder fordelt på 179 kundar (131.040 kroner/179=732 kroner).
*(*4)* Det er ikkje teke omsyn til indeksjusteringar for sesongen 2020.

Om talet på kundar med private brøyteavtale vert redusert til 100, vil beredskapsgebyret for 2020 verte om lag 1612 kroner.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnsutvikling.

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/384 646

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
203/18	Formannskapet	13.11.2018
154/18	Kommunestyret	06.12.2018

LOKALE INNKJØP AV SKULEMATERIELL.

Møtebehandling:
Innkjøpskonsulent Margrethe Steinsvik og
kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

1. Herøy kommune skal gjennomføre innkjøp som legg til rette for deltakelse frå lokalt næringsliv ihht. nytt anskaffelsesregelverk/nye mulegheiter.
2. Herøy kommune inviterar lokalt næringslive til dialogmøte med dette som tema.
3. Ordninga varer førebels 1 år fram til mars 2020

Tilråding i Formannskapet - 13.11.2018

1. Herøy kommune skal gjennomføre innkjøp som legg til rette for deltakelse frå lokalt næringsliv ihht. nytt anskaffelsesregelverk/nye mulegheiter.
2. Herøy kommune inviterar lokalt næringslive til dialogmøte med dette som tema.
3. Ordninga varer førebels 1 år fram til mars 2020

Tilråding:

.

Særutskrift:

- Kommunalsjef oppvekst
- Innkjøpskonsulenten
- Kozmos bokhandel, Fosnavåg

Vedlegg:

- Brev frå Nærings- og fiskeridepartementet datert 14.02.17.
-

Samandrag av saka:
Saka er ei juridisk vurdering av kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp.

Saksopplysningar:
F-sak 63/18, om rammeavtale for innkjøp av lærebøker. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«Formannskapet ber administrasjonen innhente juridisk vurdering av kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp, med bakgrunn i det nye off.anskaffelsesregelverket som trådte i kraft 1.januar 2017.»

Spørsmål frå Herøy Ap i ein epost til rådmannen 31.juli 2018, der det vert bedt om ei orientering til F-skapet:

«Eg ber om at Formannskapet får ei orientering om følgande sak:
Tidligare har det vore oppe ei sak som gjeld moglegheita for lokale innkjøp av skulemateriell, og det vart då informert om at innkjøpa låg under beløpsgrensa for å måtte benytte offentlig anbud, og at ein dermed ville satse på lokal handel.
Det som no kjem fram er at den lokale bokhandelen har blitt «tvinga» til å levere anbud på levering av skulebøker og læremateriell, då til eit innkjøpssamarbeide mellom fleire kommunar, organisert av Ålesund kommune. Kontrakta på leveransane vart, utifra poeng på eit utval av kriterier, tildelt BS Undervisning AS
.
Dermed vil ikkje den lokale bokhandelen få dei leveransane vi politikarar trudde vi hadde sikra dei.

Slik eg forstår det så er BS Undervisning AS eigd av Bokhandlarsentralen (Oslo kommune ?), dvs. eit offentlig organ.

Eg ber om ei orientering om kva som har skjedd sidan vi «vedtok» at innkjøpa av skulemateriell skulle handlast lokalt, og om noko kan gjerast for å reversere Herøy kommune si deltaking i innkjøpssamarbeidet.»

Eit notat om dette vart lagt fram som referatsak for formannskapet i møtet 16.10.17. Formannskapet bad i møtet om at det vart lagt fram som sak.

Juridisk vurdering

Lov og forskrift om offentlege innkjøp styrer korleis det offentlege må forhalde seg ved innkjøp. Forskrifta har ulike terskelverdiar som regulerer korleis dei ulike kjøpa skal gjennomførast, og desse terskelverdiane vert justerte med jamne mellomrom. Siste store revidering av regelverket vart gjort gjeldande frå 01.01.2017, der det vart lagt vekt på at regelverket skulle vere enklare og meir fleksibelt. Eitt av grepa for å forenkle, var å heve den nasjonale terskelverdien frå kr 500.000 til 1,1 millionar

kroner (ytterlegare heva i 2018 til 1,3 MNOK). Eit anna grep var at kjøp under kr 100.000 er unntatt både lova og forskrifta.

Dette inneber at ved kjøp av varer og tenester skal følgjande delar av forskrifta nyttast:

- mellom 100.000 kr. og 1,3 mill. kr - **del I**
- mellom 1,3 mill. kr. og 2 mill. kr - **del II** (nasjonal kunngjering i DOFFIN basen)
- over 2 mill. kr - **del III** (over EØS terskel, kunngjering i DOFFIN og TED)

Desse delane av forskrifta har ulike prosedyrar for gjennomføring av tilbodskonkurransar, og krava vert skjerpa dess høgare verdi.

Ved kjøp av varer og tenester som er mykje brukt i ein kommune, er det oftast naturleg å inngå ein rammeavtale med ein leverandør. Konkurransen om ei slik kontrakt, vert gjennomført ved bruk av aktuell innkjøpsprosedyre, i forhold til kva for ein del av forskrifta som nyttast, basert på verdien av innkjøpa.

For å fastsetje kva verdi ein kontrakt har og med det fastsetje kva for ein del av forskrifta som skal nyttast, skal verdien av heile kontrakten sitt omfang takast med, også inkludert eventuelle opsjonar.

Ved fastsetjing av kontrakten sin verdi, kan ein sjå på rekneskapstala for dei siste åra, og rekne ut kva det vil verte (FOA § 5-4). Det er ikkje tillat å dele opp ei kontrakt for å unnta den frå forskrifta, jf. FOA § 5-4 fjerde ledd.

Når det gjeld Herøy kommune sine kjøp av skulebøker, har det tidlegare vore gjennomført tilbodskonkurransar. I 2008, 2011 og 2014 vart Vestvang AS vald som leverandør.

Etter dette er det inngått ein samarbeidsavtale med Ålesund kommune på innkjøp*, Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre*. Samarbeidsavtalen fungerer slik at alle kommunane i innkjøpssamarbeidet får tilbod om å vere med på dei konkurransane som vert gjennomførde. Kvar enkelt kommune kan då velje å takke ja eller nei til deltaking i dei ulike avtalane.

Det å gjennomføre tilbodskonkurranse er ressurskrevjande og tidkrevjande. Per dags dato er Herøy kommune med på 85 innkjøps/rammeavtalar, delt på 37 fagområde.

Ved den aktuelle tilbodskonkurransen og avtalen på skulebøker vart det gjort ei opning for at Herøy kommune fekk opsjon på å tiltre avtalen frå april 2019. 36 av 37 kommunar i fylket valde å takke ja til å nytte avtalen.

Alternativ til å tiltre rammeavtalen for skulebøker

1. Gjennomføre eigen konkurranse kvart år etter del I i forskrifta.
Rekneskapstala for 2017 viser eit forbruk på ca. kr 700.000 i snitt pr år på kjøp av skulebøker i Herøy kommune Ved å gjere avtale for eitt år om gongen, kjem ein dermed under terskelen på 1,3 mill. kr. Det skal då gjennomførast ein konkurranse

med enklare prosedyre enn etter del II og del III. Men kravet til konkurranse om oppdraget er fortsatt gjeldande.

Reglane som gjeld ved gjennomføring av innkjøp etter del I :
Lov om offentlige anskaffelser (LOA) gjeld som sagt, og det er spesielt desse 2 paragrafane ein må forhalde seg til:

«§ 1.Formål
Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

«§ 4.Grunnleggende prinsipper
Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.»

Dette medfører:

Forholdsmessighetsprinsippet
Det vert også omtalt som proporsjonalitetsprinsippet og betyr i praksis at konkurransar skal gjennomførast på ein måte som står i forhold til innkjøpa sin art, omfang, verdi og kompleksitet. Dette inneber igjen at det vert stilt strengare krav til gjennomføring av konkurransar til høgare verdi det er på kontrakta. Det vert spesielt lagt vekt på det som er over kr 500.000.

Prinsippet om konkurranse
Dette medfører at innkjøpet skal gjerast kjent for eit rimeleg tal leverandørar. Dette kan gjerast ved å ta direkte kontakt med fleire leverandørar eller ved å kunngjere konkurransen gjennom ei forenkla frivillig kunngjering i Doffin. I rettleiaren til den nye forskrifta er det poengtert at ein oppdragsgjevar som jamleg gjennomfører konkurransar av *same art* og *kompleksitet*, må passe på at han faktisk skaper konkurranse om kontrakten kvar gong. Dersom han kontaktar dei same leverandørane kvar gong, vil ein risikere at det ikkje blir reell konkurranse fordi leverandørane t.d. etter kvart veit kvar «lista» ligg og dermed ikkje vil gje sitt beste tilbod.

Kravet til konkurranse gjeld så langt det er muleg. Avvik frå prinsippet kan t.d. vere om det kun er ein leverandør i marknaden, som kan levere det aktuelle produktet.

Føreseieleg
Oppdragsgjevar har eit stort handlingsrom ved gjennomføring av innkjøp etter del I. Det kan utformast eigne reglar for dette, eller det kan brukast reglar frå andre delar av forskrifta. I forhold til det å vere føreseieleg, er det viktig at kjøpet vert gjennomført slik det er sagt at den skal gjennomførast.

Likebehandlingsprinsippet
Dette skal sikre at alle potensielle leverandørar vert gitt like mulegheiter i alle stadium av innkjøpet.

Prinsippet om etterprøvbar
Viktige avgjerder i kjøpsprosessen må grunngjevast og dokumenterast

Konsekvensar av å gjennomføre alternativ 1:
Dette er ein ressurs- og tidskrevjande måte å gjennomføre kjøp av skulebøker på. Kvart år må det gjennomførast slik konkurranse som nemnt over. I og med at verdien av ei slik kontrakt er godt over kr 500.000 må prosessen følgje retningslinene i del I.

Herøy kommune kan risikere å verte klaga inn til KOFA som følgje av at dette kjøpet vert delt opp, dersom det vert oppfatta at kjøpet er oppdelt for å unngå regelverket, og Herøy kommune vil kunne få straffegebyr for ulovleg direkte innkjøp.

Storleiken på gebyret vert fastsett ut i frå vurderingar rundt: *«bruddets grovhet, størrelsen på anskaffelsen, om oppdragsgiveren har foretatt gjentatte ulovlige direkte anskaffelser og den preventive virkningen. Gebyret kan imidlertid ikke overstige 15 prosent av anskaffelsens verdi.» (LOA § 12, 3.avsnitt)*
I tillegg til ei eventuell bot vil kommunen også få tap av omdømme.

2. Desentralisere innkjøp av skulebøker
I Herøy vert innkjøp av skulebøker gjort slik at alle skulane har same læreverk og dermed brukar dei same lærebøkene. I dag er det slik at kvart konkrete innkjøp/-avrop på rammeavtalen vert gjennomført av den enkelte skule, men etter overordna føring og tildeling av midlar til innkjøp - m.a. basert på elevtal ved skulen. Det er Herøy kommune som eig bøkene, og rektorane deler bøker seg imellom ved endringar i elevtal.

Om kvar skule skal sjåast på som ein sjølvstendig driftseining som er ansvarleg for sine innkjøp, kan desse innkjøpa vurderast separat. På denne måten vil ein del av skulane kome under verdigrensa på kr 100.000, slik at verken lova eller forskrifta vil gjelde. I så fall må alle kjøpa gjerast slik, sjølv om somme skular vil ligge over verdigrensa. Dette strir imot organiseringa i Herøy kommune, der ein i stor grad ser på Herøyskulen under eitt, med dei funksjonane det er naturleg å sentralisere, også når det gjeld innkjøp.

Om ein skulle velje å sjå på innkjøp av skulebøker etter eit anna prinsipp enn dei fleste andre innkjøp der ein nyttar seg av felles rammeavtalar, vil det vere kunstig og truleg ulovleg.

Konsekvensar av å gjennomføre alternativ 2
For at det skal vere naturleg å gjere innkjøp av skulebøker på denne måten, må alle innkjøp og drift av alle skulane og einingane i Herøy kommune organiserast som sjølvstendige driftseiningar på alle fag- og produktområde med sjølvstendig innkjøp utan felles rammeavtalar. Dette er ikkje i tråd med dagens organisering av Herøy kommune, og truleg heller ikkje i tråd med regelverket.

Vurdering og konklusjon:
Bokhandelen i Fosnavåg er viktig for Fosnavåg og Herøy.

I denne saka er det gjort greie for kva handlingsrom lovverket gir for at den lokale bokhandelen kan vere med på å konkurrere om m.a. innkjøp av skulemateriell.

Rådmannen legg med dette saka fram for formannskapet til vurdering og vedtak.

Fosnavåg, 01.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

DET KONGELIGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Næringsministeren

Deres ref	Vår ref	Dato
	17/678	14.02.17

Nytt anskaffelsesregelverk – nye muligheter

Den 1. januar 2017 trådte det nye regelverket om offentlige anskaffelser i kraft. Som næringsminister og ansvarlig for regelverket har jeg vært opptatt av å få enklere og mer fleksible regler. Reglene skal bidra til bedre anskaffelser og skal være et virkemiddel for å løse viktige samfunnsoppgaver som kampen mot arbeidslivskriminalitet, ivaretakelse av menneskerettigheter og klima- og miljøhensyn.

Et av de viktigste forenklingsgrepene har vært å heve den nasjonale terskelverdien fra 500.000 kr. til 1,1 mill. kr. Dette innebærer at anskaffelser fra kr 100.000 til 1,1 mill. kr. ikke er underlagt egne prosedyreregler. Anskaffelser av helse- og sosialtjenester er også gjort betydelig enklere ved at det er innført egne og svært fleksible regler for anskaffelser over 6,3 mill. og ingen nasjonal terskelverdi under. Reglene legger også til rette for å etterspørre kvaliteter som ideelle leverandører av helse- og sosialtjenester typisk er gode på. Av andre viktige grep kan nevnes at forhandlingsforbudet er opphevet for de nasjonale anskaffelsene. Muligheten til å benytte konkurranse med forhandling over EØS-terskelverdi har også økt.

Det nye regelverket gir dermed dere som oppdragsgivere både større handlingsrom og fleksibilitet, noe jeg har stor tro på vil gi bedre anskaffelser og gjøre innkjøpshverdagen enklere.

Det er viktig at dere som offentlige oppdragsgivere tar samfunnsansvar og bidrar til å løse viktige samfunnsutfordringer. En ny forskrift om lærlinger stiller krav til bruk av lærlinger på offentlige kontrakter. Kravet vil bidra til at unge får fullført sin fagutdanning og at arbeidslivet får tilgang på faglært arbeidskraft. Dette vil også bidra til bedre, mer ryddige og seriøse

Postadresse: Postboks 8090 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Kongens gate 8 Telefon: 22 24 90 90
Org. nr.: 912 660 680

arbeidsforhold. Og, det vil gjøre det vanskeligere for useriøse aktører å vinne frem i anbudskonkurranser.

Offentlige anskaffelser er også et viktig virkemiddel i omstillingen til et lavutslippssamfunn og det "grønne skiftet". Den nye loven krever at dere innretter deres anskaffelsespraksis slik at den både bidrar til å redusere miljøbelastningen og fremmer klimavennlige løsninger. Ett av virkemidlene vil være å finne nye og bedre løsninger gjennom innovasjon. Det nye regelverket legger til rette for å gjennomføre innovative anskaffelser, blant annet gjennom en ny prosedyre om innovasjonspartnerskap. Men innovative løsninger kan dere også få ved å beskrive behovet gjennom åpne spesifikasjoner til ytelse og funksjon. På denne måten kan dere få markedet til å vurdere hvilken løsning som vil være den beste.

Praksis viser at innovative anskaffelser bidrar til at det offentlige får nye og bedre løsninger både for miljøet og på andre områder. Jeg oppfordrer dere derfor til å bruke denne muligheten i regelverket godt.

Jeg vil også trekke frem betydningen av å legge til rette for at mindre leverandører skal kunne levere tilbud til det offentlige. Dette er også viktig for å sikre god konkurranse om oppdragene. Som offentlige oppdragsgivere bør dere gjøre dere kjent med markedet, ikke stille strengere kvalifikasjonskrav enn nødvendig og gjøre de mindre anskaffelsene kjent, for eksempel gjennom frivillig kunngjøring.

Videre er det viktig å vurdere om anskaffelsen kan deles opp i delkontrakter. For mange store anskaffelser *skal* oppdeling nå også vurderes. Det å dele opp en anskaffelse kan gjøre at flere også mindre aktører kan gi tilbud og dermed bidra til økt konkurranse om oppdraget.

Det er også viktig at kontraktene dere bruker er balanserte. Det er en god regel i forskriftene at der det finnes fremforhandlede og balanserte kontraktsstandarder, så skal disse som hovedregel brukes. Før dere som oppdragsgivere vurderer å utarbeide særvilkår som avviker fra standardkontraktene eller ta forbehold som skaper ubalanse i forholdet mellom kontraktspartene, ber jeg dere tenke dere om. For det første vil mange av de mindre leverandørene ha vanskeligheter med å ta på seg økt risiko. Og, for det andre vil økt risiko reflekteres i tilbudene gjennom høyere priser. Ubalanserte kontrakter kan dermed gi dyrere offentlige anskaffelser.

Avslutningsvis vil jeg gjerne understreke at dere som innkjøpere gjør en svært viktig jobb som har stor betydning for brukerne av offentlige tjenester og for utviklingen av offentlig sektor og næringslivet. Jeg ønsker dere lykke til med å ta det nye regelverket og det økte handlingsrommet i bruk!

Med hilsen

Monica Mæland

HERØY KOMMUNE

Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2018/1638
		Arkiv:	A30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
34/18	Komite for oppvekst	21.11.2018
155/18	Kommunestyret	06.12.2018

HERØY KULTURSKULE - RAMMEPLAN

Møtebehandling:

Komite for oppvekst ber om at «Rammeplan for kulturskulen – Mangfald og fordjuping» vert lagt ved saka i den vidare saksgangen.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 21.11.2018

Kommunestyret godkjenner rammeplanen som grunnlag for Herøy kulturskule sitt vidare arbeid.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner rammeplanen som grunnlag for Herøy kulturskule sitt vidare arbeid.

Særutskrift:

Herøy kulturskule

Vedlegg
1 Rammeplan for kulturskulen

Samandrag av saka:
«Rammeplan for kulturskulen – Mangfald og fordjuping» er utarbeida av Norsk kulturskuleråd. Herøy kulturskule ønskjer at denne vert vedteken som grunnlag for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

Saksopplysningar:
Rammeplanen er eit grunnlagsdokument for utvikling av nasjonale standardar og lokale læreplanar for kulturskulane. Det er ein skulebasert plan, med programinndeling for ei tydeliggjering av innhaldet i kulturskulen. Oppretting av kvalitetssikringssystem for systematisk oppfølging av kulturskulen sin aktivitet er difor ein føresetnad.

Rammeplanen har fire kapittel:

1. **Den generelle delen:**

   Kapittel 1 skildrar kulturskulen sitt samfunnsoppdrag, verdiforankring, formål og målsetting, rolle i opplæringa og som lokalt ressurssenter.

   Kulturskulen vert tydeleg forankra i opplæringslova (§ 13-6) og i FNs barnekonvensjon artikkel 30 og 31. Vidare vert det etablert eit verdigrunnlag for kulturskulen, formål og målsetjingar. Kulturskulen si rolle som lokalt ressurssenter vert avklara ved å setje kulturskulen inn i ein naturleg samanheng med grunnopplæringa, og som ein viktig samarbeidspart til kulturlivet.

   Kapittel 2 skildrar rammer, prinsipp og pedagogiske retningsliner, samt kvalitet i kulturskulen, kompetansekrav og lokalt utviklingsarbeid m.m.

   Kapittel 2 Prinsipp og retningsliner for verksemda i kulturskulane er særleg viktig i høve til kommunalt vedtak som gir forankring av rammeplanen lokalt. Her vert kommunen sitt ansvar som skuleeigar fastsett, rektor sitt ansvar vert tydeleggjort, og det vert peika på betydinga av samarbeid om eleven si læring. Planen skildrar lærarrolla og lærarprofesjonen. Det vert sett klare anbefalingar om kompetansekrav både for lærarar og leiarar i kulturskulen. Verdien av kvalitet og kvalitetsarbeid i kulturskulen vert slått fast, og det vert peika på viktigheita av lokalt utviklingsarbeid.

2. **Fagplandelen:**

   Kapittel 3 skildrar det faglege og pedagogiske innhaldet for det enkelte undervisningsfaget.

   På grunnlag av fagplanane i dette kapitlet, skal den enkelte kulturskule utarbeide lokale læreplaner for dei faga kulturskulen tilbyr.

Kapittel 4 fokuserer på viktigheita av å ha eit kvalitetssikringssystem.

Kulturskulen sitt oppdrag
Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er heimla i Opplæringslova §13-6:
Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles. (1997)

Herøy kulturskule har som oppgåve å utvikle kunstnarisk kompetanse og uttrykksevne i tillegg til kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning. Gjennom arbeid med kunst utviklar vi fantasi og sanselege sider, og som deltakarar i kulturelle fellesskap, utviklar vi tryggleik og forståing for kva det vil seia å vera menneske, åleine og saman med andre. Kunst- og kulturuttrykk rører ved ulike sider av mennesket; som glede, lengsel, draumar, melankoli og einsemd - og er fundamentale i danningsprosessen.

Kulturskulen sitt formål
Herøy kulturskule skal gje opplæring til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal bidra til barn og unge si danning, fremje respekt for andre si kulturelle tilhøyrsle, bevisstgjere eigen identitet, gjere dei kritisk reflekterande og i stand til å utvikle eigen livskompetanse. Kulturskulen bør spegla mangfaldet gjennom eit breitt samansett tilbod i opplæringa, både når det gjeld undervisning, formidling og skapande verksemd.

Kulturskulen sine mål
Herøy kulturskule skal gje alle elevar moglegheit til å utvikle musikalske og kunstnariske evner og anlegg ved å;

- gje alle elevar moglegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val som medverkar til å styrke kulturell kompetanse og utfalding
- gje moglegheiter til fordjuping
- som lokalt ressurssenter, bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod i samarbeid med barnehagar, grunnskular, kultursektor og helsesektor
- hjelpe til å gje Herøy kommune eit positivt oppvekstmiljø, ved å skape grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan ulike kulturelle uttrykk
- arbeide for eit rikt kulturliv i Herøy; i samarbeid med kulturlivet i kommunen elles, ta vare på lokale musikk- og kulturtradisjonar og vere med på å utvikle nye

Rammeplanen for kulturskulen vil styrke kulturskulen som skuleslag, og vil kunne gjere utviklinga av skulen føreseieleg. Herøy kulturskule vil med dette som utgangspunkt, utvikle lokale fagplanar. Prosessen med utarbeiding og implementering av desse vil vere viktig i tida framover.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:
Eit godt oppvekstmiljø, med høve til å utøve og å oppleve musikk og kultur, er viktige faktorar i det å bygge ei god folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:
Førebyggande

Konsekvensar for drift:
Kan bli behov for andre typar utstyr og læremiddel enn det kulturskulen rår over idag

Fosnavåg, 13.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Sølvi Lillebø Remøy
Rådmann	Kommunalsjef Oppvekst

Sakshandsamar: Rune Paulsen, vikarierande rektor for kulturskulen

Rammeplan for kulturskolen

MANGFALD OG FORDJUPING



Live Lundh, Gjøvik kunst- og kulturskole

NORSK KULTURSKOLERÅD

Rammeplan for kulturskolen

MANGFALD OG FORDJUPING

NORSK KULTURSKOLERÅD

Forord

Norsk kulturskole - eit unikt skoleslag

Dei kommunale kulturskolane har ei viktig rolle i det norske opplæringssystemet og i det lokale kulturlivet. Sidan oppstarten på 1960-talet har kulturskolane hatt sterk utvikling og vekst. Dei kommunale kulturskolane har i dag rundt 125 000 elevplassar[1]. Mange offentlege utgreiingar og meldingar vitnar om eit stort engasjement for skoleslaget.

Sidan 1997 har kulturskolane vore heimla i Opplæringslova:

> § 13-6. Musikk- og kulturskoletilbud:
> *«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.»*

Den norske kulturskolemodellen har vekt stor interesse også utanfor landegrensene, i det europeiske kulturskolesamarbeidet og i dei nordiske nabolanda.

Eit klårt uttrykk for dette er denne utsegna frå Nordisk råds kultur- og utdanningsutval i 2009:

> *«Udvalget ser meget gerne at Kulturskoleordningen i Norge på sigt spredes og bliver til nationale satsninger i hele Norden».*

Utfordringar

Visjonen til Norsk kulturskoleråd er «Kulturskole for alle». Dette er ein sentral ambisjon for oppbygginga av kulturskolane. Kulturskolane skal kjenneteiknast av høg kvalitet og rikt mangfald, og dei skal ta vare på både breidde og talent.

Kulturutgreiinga 2014 peikar på utfordringa som ligg i å løyse det samansette oppdraget som kulturskolen har fått. Kulturskolen må også vidareutvikle eit større mangfald i tilbodet for å betre rekrutteringa av barn og unge med ulik kulturell bakgrunn.

Rammeplanen

Kulturskolen sine tilbod skal ha høg kvalitet både fagleg og pedagogisk. I framtida skal kulturskolen kunne tilby større fleksibilitet når det gjeld organisering av tilboda sine, dessutan kunne gi tydelege beskrivingar av mål, innhald og arbeidsmåtar. Rammeplanen møter desse utfordringane.

Planen kategoriserer dei ulike tilboda i tre opplæringsprogram som tar vare på aktivitet, opplæring og fordjuping. Det er eit mål å kunne etablere tilbod av høg kvalitet innanfor Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.

[1] Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) per oktober 2013

Rammeplanen «Mangfald og fordjuping» byggjer på Norsk kulturskoleråds Strategi 2020 og på rammeplanen frå 2003 – «På vei til mangfold».

Planen legg også til grunn Kunnskapsløftet frå 2006, kulturløfta frå 2005 og 2009, *Kulturskolen – utviklingen av de kommunale kulturskolene som gode lokale ressurssentre (2010), Kulturutgreiinga 2014 og Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei – Kvalitet og mangfold i fellesskolen.*

Styret i Norsk kulturskoleråd oppnemnde Rammeplanutvalet etter vedtak på landsmøtet til Norsk kulturskoleråd i 2012.

Samansetjinga av utvalet var slik:
Eirik Birkeland, leiar
Morten Christiansen
Kristin Geiring
Eivind Nåvik
Inger-Anne Westby
Wenche Waagen
Robert Øfsti
Knut Øverland, sekretær



Innhaldsliste

Kapittel 1 – Samfunnsoppdraget for kulturskolen ... 6
1.1. Oppdraget for kulturskolen ... 6
1.1.1. Opplæringslova ... 6
1.1.2. Noregs sine plikter etter UNESCO-konvensjonane om barns rettar og om vern av immateriell kulturarv ... 6
1.2. Verdigrunnlaget for kulturskolen ... 7
1.3. Formålet for kulturskolen ... 8
1.4. Målet for kulturskolen ... 8
1.5. Kulturskolen og rolla som lokalt ressurssenter ... 8
1.5.1. Kulturskolen og grunnopplæringa ... 8
1.5.2. Kulturskolen og kulturlivet ... 9
1.6. Faga i kulturskolen ... 10
1.7. Organisering av opplæringa ... 10

Kapittel 2 - Prinsipp og retningsliner for verksemda i kulturskolane ... 13
2.1. Kommunen sitt ansvar som skoleeigar ... 13
2.2. Skoleleiaren sitt ansvar ... 14
2.3. Samarbeid om elevane si læring ... 14
2.3.1. Samarbeid med foreldre/føresette ... 14
2.3.2. Samarbeid om ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring ... 15
2.3.3. Vurdering for læring ... 15
2.4. Lærarrolla og profesjonen ... 16
2.5. Kompetansekrav for tilsetting i kulturskolen ... 16
2.6. Kvalitet i kulturskolen ... 17
2.7. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forsking ... 18

Kapittel 3 - Fagplanane ... 21
3.1. Innleiing til fagplanane ... 21
3.1.1. Opplæringsprogramma i kulturskolen ... 21
3.1.2. Læraren i kulturskolen ... 24
3.1.3. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forsking ... 25
3.1.4. Eleven i kulturskolen ... 26
3.1.5. Kunnskap i kulturskolen ... 27
3.1.6. Vurdering for læring ... 28
3.2. Fagplan dans ... 31
3.2.1. Dans i kulturskolen ... 31
3.2.2. Overordna mål ... 33
3.2.3. Faghjul ... 34
3.2.4. Læringsmål ... 36
Breiddeprogrammet ... 36
Kjerneprogrammet ... 36
Fordjupingsprogrammet ... 37
3.2.5. Innhald ... 38
3.2.6. Arbeidsformer og organisering ... 40
3.2.7. Vurdering for læring ... 42
3.2.8. Lokale og utstyr ... 43
3.3. Fagplan musikk ... 45
3.3.1. Musikk i kulturskolen ... 45

3.3.2. Overordna mål ... 47
3.3.3. Faghjul ... 48
3.3.4. Læringsmål og utviklingsfasar ... 50
Breiddeprogrammet ... 50
Kjerneprogrammet ... 50
Fordjupingsprogrammet ... 54
3.3.5. Innhald ... 56
3.3.6. Arbeidsformer og organisering ... 58
3.3.7. Vurdering for læring ... 61
3.3.8. Lokale og utstyr ... 62
3.4. Fagplan skapande skriving ... 65
3.4.1. Skapande skriving i kulturskolen ... 65
3.4.2. Overordna mål ... 66
3.4.3. Faghjul ... 68
3.4.4. Læringsmål og utviklingsfasar ... 70
Breiddeprogrammet ... 70
Kjerneprogrammet ... 71
Fordjupingsprogrammet ... 73
3.4.5. Innhald ... 74
3.4.6. Arbeidsformer og organisering ... 76
3.4.7. Vurdering for læring ... 78
3.4.8. Lokale og utstyr ... 79
3.5. Fagplan teater ... 81
3.5.1. Teater i kulturskolen ... 81
3.5.2. Overordna mål ... 83
3.5.3. Faghjul ... 84
3.5.4. Læringsmål og utviklingsfasar ... 86
Breiddeprogrammet ... 86
Kjerneprogrammet ... 86
Fordjupingsprogrammet ... 88
3.5.5. Innhald ... 89
3.5.6. Arbeidsformer og organisering ... 91
3.5.7. Vurdering for læring ... 93
3.5.8. Lokale og utstyr ... 94
3.6. Fagplan visuell kunst ... 97
3.6.1. Visuell kunst i kulturskolen ... 97
3.6.2. Overordna mål ... 98
3.6.3. Faghjul ... 100
3.6.4. Læringsmål ... 102
Breiddeprogrammet ... 102
Kjerneprogrammet ... 103
Fordjupingsprogrammet ... 104
3.6.5. Innhald ... 105
3.6.6. Arbeidsformer og organisering ... 106
3.6.7. Vurdering for læring ... 110
3.6.8. Lokale og utstyr ... 111
Referanseliste ... 113

Kapittel 4 - Mal for kvalitetssikringssystem ... 115
Etterord ... 116



Innleiing

Kulturskolen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse, uttrykksevne, kreativitet, kritisk sans og kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning.

Kunsten formar identitet og aukar forståing for andres uttrykk. Arbeid med kunst utviklar fantasi og sansar, og som deltakarar i kulturelle fellesskap utviklar vi tryggleik og forståing for kva det vil seie å vere menneske, aleine og saman med andre.

Kulturskolen skal gi eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skoleverket. Opplæring i kulturskolefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gi elevar ei livslang interesse, for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innanfor kunstfag.

Kulturskoletilbodet har ein breiare kunstfagleg portefølje enn grunnopplæringa og rettar seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0–19 år. Kulturskolen sine programtilbod skal vareta læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivå gjennom brei rekruttering og planmessig opplæring. Tilboda skal vere relevante for elevar som ønskjer å kvalifisere seg for vidaregåande opplæring og høgare utdanning innanfor kunstfag. Som lokalt ressurssenter skal kulturskolen også medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfalding i lokalsamfunnet gjennom forpliktande samarbeid med skole-, kultur- og helsesektoren. Dette samarbeidet rettar seg mot alle innbyggjarane i kommunen.

Rammeplanen er eit grunnlagsdokument for utviklinga av nasjonale standardar og lokale læreplanar i skoleslaget. Han føreset at det blir etablert kvalitetssikringssystem for systematisk oppfølging av verksemda i kulturskolen.

Kapittel 1 omtalar kulturskolens verdiforankring, rolle i opplæringa og som lokalt ressurssenter.
Kapittel 2 omtalar rammer, prinsipp og pedagogiske retningsliner.
Kapittel 3 beskriv det faglege og pedagogiske innhaldet for det enkelte undervisningsfaget.
Kapittel 4 legg vekt på kor viktig det er å ha eit kvalitetssikringssystem.

Kapittel 1 – Samfunnsoppdraget for kulturskolen

1.1.Oppdraget for kulturskolen

1.1.1. Opplæringslova

Samfunnsoppdraget for kulturskolen er forankra i Opplæringslova, paragraf § 13-6:

> *«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.» (1997)*

Samarbeidet med skoleverket knyter oppdraget for kulturskolen saman med målsettinga for grunnskolen:

> *«… målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjenning og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking.» (Læreplanverket K06)*

1.1.2. Noreg sine plikter etter UNESCO-konvensjonane om barns rettar og om vern av immateriell kulturarv

Formålet og målsettingane for kulturskolen kan bidra til å ta vare på plikter Noreg har gjennom internasjonale konvensjonar.

Noreg ratifiserte FNs barnekonvensjon den 8. januar 1991, og i 2003 vart barnekonvensjonen med tilleggsprotokollar tatt direkte inn i norsk lov gjennom lovene om menneskerettar § 2-4. Retten barna har til kunst og kultur, er nedfelt i barnekonvensjonen artiklane 30 og 31:

> Artikkel 30
> I stater hvor det finnes etniske, religiøse eller språklige minoriteter eller personer som tilhører en urbefolkning, skal et barn som tilhører en slik minoritet eller urbefolkningen, ikke nektes retten til sammen med andre medlemmer av sin gruppe å leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, eller bruke sitt eget språk.
>
> Artikkel 31
> 1. Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.
>
> 2. Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter.

Noreg samtykte den 17.10. 2003 til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Immateriell kulturarv blir mellom anna uttrykt gjennom munnlege tradisjonar og uttrykk, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og tradisjonelt handverk. Kulturskolen kan gi verdfulle bidrag til dette arbeidet. Møte med kulturarv viser elevane kva historisk og kulturell samanheng dei står i. Kulturarven som fortid, med produkt, tradisjonar og tenkjemåtar, som nåtid, gjennom elevane sine referansar og skapande uttrykk her og nå, og som framtid, der elevane skal bruke det dei har lært i ei verd som dei ennå ikkje kjenner.

1.2. Verdigrunnlaget for kulturskolen

Kulturskolen byggjer på eit humanistisk menneskesyn og på samfunnsverdiar som fellesskap, ytringsfridom, menneskeverd og demokrati. Det norske fellesskapet rommar eit veksande mangfald av kulturelle uttrykk. Ved å anerkjenne og synleggjere mangfaldet kan kulturskolen bidra til å føre vidare og fornye kulturarven vår. Å respektere andre kulturar enn sin eigen føreset at ein har kjennskap til sin eigen kultur og er trygg på sin eigen identitet. Kulturaktivitetar skaper arenaer der ein høyrer til og for sosialt fellesskap og kan inspirere til å ta del i eit fellesskap der det er rom for ulike meiningar, som er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

For kulturskolen er det naturleg å leggje omgrepet for ytringskultur til grunn for verksemda (Kulturutgreiinga 2014). Omgrepet ytringskultur blir her avgrensa til kunstnarisk verksemd, kunstfagleg opplæring, publikumsmøte knytt til denne opplæringa og vern og vidareføring av materiell og immateriell kulturarv. Omgrepet omfattar både den profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvinga av desse uttrykksformene og å møte slike kulturelle uttrykk som publikum.

Hovudsaka for kulturskolen er å utvikle og ta vare på kunstnarisk og kulturell kompetanse. Til grunn ligg eit heilskapleg syn på mennesket og ideen om at alle menneske har formsans og uttrykksbehov som kan utviklast gjennom opplæring. Kunst- og kulturuttrykk rører ved grunnvilkår ved tilværet vårt slik som glede, lengt, draumar, melankoli og einsemd, og er grunnleggjande i danningsprosessen.

1.3. Formålet for kulturskolen

Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen er ein sentral del av den samanhangande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal medverke til danning av barn og unge, fremme respekt for den kulturen andre menneske tilhøyrer, styrke medvit om eigen identitet, styrke evna til kritisk refleksjon og bidra til å utvikle eigen livskompetanse.

Kulturskolen skal også vere eit lokalt ressurssenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommunen. Regionalt kan interkommunale samarbeidsmodellar sikre auka mangfald og høg kvalitet i tilboda. Nasjonalt er kulturskolen ein del av ein landsomfattande kulturell infrastruktur som bidrar til å løfte fram kunst og kultur som berande element i samfunnsutviklinga.

Det norske samfunnet er samansett av mange ulike folkegrupper og det er stor variasjon av kulturelle uttrykk. Aukande geografisk mobilitet og internasjonalisering medverkar til at samfunnet er langt meir komplekst enn tidlegare. Kulturskolen bør spegle mangfaldet gjennom eit breitt samansett tilbod i opplæringa, både når det gjeld undervisning, formidling og skapande verksemd.

1.4. Målet for kulturskolen

Kulturskolen skal

- gi alle elevar mogelegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag
- gi alle elevar mogelegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og til å gjere sjølvstendige val
- gi mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i kunst- og kulturfag
- i samarbeid med skoleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge
- som lokalt ressurssenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfalding
- i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet

1.5. Kulturskolen og rolla som lokalt ressurssenter

Kulturskolen skal samarbeide med skole- og kultursektoren og medverke til å styrke kompetanse og kulturell utfalding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskolar, vidaregåande skolar, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innanfor kunst- og kulturformidling.

1.5.1. Kulturskolen og grunnopplæringa

Den generelle delen av læreplanen som gjeld for både grunnskole og vidaregåande opplæring, framhevar mogelegheiter som ligg i møte med kunst:

> *«I møtet med skapande kunst kan ein rykkjast ut av oppgådde spor, utfordrast i synsmåtar og få opplevingar som eggjar til kritisk gjennomgang av gjengse oppfatningar og til brott med gamle former» (K06)*

Den kunst- og kulturfaglege kompetanse i kulturskolen kan supplere den obligatoriske opplæringa gjennom eit tett samarbeid med skoleverket. Den kulturelle skolesekken (DKS) går inn i tilbodet i grunnskolen til alle elevar. Gjennom konsertar, førestellingar og utstillingar møter elevane profesjonelle kunstnarar fleire gonger kvart skoleår, og kulturskolelærarar kan vere aktive utøvarar innanfor DKS-tilboda.

Lærarar og elevar ved kulturskolen kan også ta initiativ til samarbeid med grunnskole og DKS om lokale produksjonar. På den måten kan elevane i grunnskolen få tilgang til produksjonar med både nasjonale, regionale og lokale utøvarar. Det er også etablert kunst- og kulturtilbod til barn i førskolealder og for eldre barn etter mønster av Den kulturelle skolesekken. Lærarar og elevar ved kulturskolen er naturlege bidragsytarar i formidlinga til desse målgruppene.

Samarbeidet mellom kulturskole og grunnopplæring bør gå føre seg både på elevnivå, lærarnivå og leiarnivå. Det kan til dømes vere samarbeid om store førestellingar og produksjonar som speglar kulturelt mangfald, integrering av kunst- og kulturperspektivet i fag, utstyr og lokale, utvikling av metodar og læringsmiljø, pedagogisk rettleiing og kulturskolen som utstillings- og konserttilbydar.

Undervisninga går føre seg både individuelt og i små og større grupper. Medan grunnopplæringa er aldersdelt og organisert i klassetrinn, har undervisninga i kulturskolen større grad av aldersblanding. Det kan bidra til nettverk mellom elevar frå ulike miljø, klassetrinn og skolar, og aldersblandinga styrker læringsmiljøet i kulturskolen. I den oppgåva kulturskolen har som lokalt ressurssenter, går det også inn samarbeid med helsesektoren, mellom anna med barnevern, sosialteneste, flyktningteneste, helsesøster og eldreomsorg.

Kulturskolen utgjer ei viktig førebuing til dei studieførebuande utdanningsprogramma Musikk, dans og drama, dessutan studiespesialisering med formgivingsfag i vidaregåande skole. Kulturskolen må sikte mot ei vedvarande styrking av utdanningslina frå begynnarnivå til profesjonell utøvande verksemd, nasjonalt og internasjonalt.

1.5.2. Kulturskolen og kulturlivet

I det lokale kulturlivet møter barn, unge og vaksne kvarandre på ulike arenaer for kunst- og kulturaktivitet. Gjennom deltaking i frivillige organisasjonar lærer barn og unge korleis demokratiske fellesskap fungerer. I samarbeid med det profesjonelle kulturlivet kan eleven møte viktige rollemodellar som kan få mykje å seie for motivasjon og arbeidsinnsats.

For korps, kor, teaterlag, dansegrupper og foreiningar som nyttar seg av opplæringstilbodet gjennom kulturskolen, skal skoleslaget vere viktig støtte for å sikre kvalitet og kontinuitet. Kunst- og kulturmiljø i lokalsamfunnet er viktige samarbeidspartnarar for kulturskolen. Kulturskolen og kulturlivet er gjensidig avhengige av at begge partar gjer eit kvalitativt godt arbeid for å rekruttere nye medlemmer.

Samarbeidet mellom kulturskolen og kulturlivet kan til dømes omfatte avtalar om bruk av lærarane ved kulturskolen slik som dirigentar, akkompagnatørar, produsentar, instruktørar, regissørar og lys- og lydteknikarar. Oppgåva til kulturskolen er her å støtte opp om aktivitetar i det frivillige kulturlivet med den kompetansen som personalet ved kulturskolen representerer. Investering i og felles bruk av utstyr og lokale er andre døme på korleis det frivillige kulturlivet og kulturskolen kan bidra til at ressursar blir utnytta på best mogeleg måte.

Ein annan viktig aktør er Ungdomens kulturmønstring (UKM) som gjennom lokale kulturfestivalar legg vekt på å få fram dei unge sine kulturuttrykk. Mønstringane er ein arena for formidling, læring og oppleving. UKM tar også vare på dei ungdomane som deltar på ikkje-institusjonaliserte kunst- og kulturarenaer. Kulturskolen og UKM kan samarbeide om førebuing til og gjennomføring av den lokale mønstringa.

Kulturskolen kan også vere ein arena som høver godt for kulturelt entreprenørskap gjennom samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar. Som ressurssenter er kulturskolen involvert i store delar av dei kunst- og kulturfaglege tilboda i kommunen og tar på den måten vare på ein viktig funksjon i den lokale kulturelle grunnmuren.

1.6. Faga i kulturskolen

Faga i kulturskolen er først og fremst musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Kulturskolen kan også tilby undervisning i andre fag som høyrer til ytringskulturen (sjå 1.2). Fagplanar for desse faga finst i kapittel 3 i rammeplanen. Fagplanane varetar måla for kulturskolen på faga sine premissar. Læringsmål, innhald, varierte arbeidsformer, fleksibel organisering av tilboda og ulike vurderingsformer skal takast inn i dei enkelte fagplanane. Alle elevar i kulturskolen skal få undervisning som er tilpassa deira interesser og føresetnader. I tillegg skal det utviklast lokale læreplanar for tilboda ved den enkelte kulturskolen.

For å kunne gi attraktive tilbod og dermed sikre brei rekruttering til skoleslaget, skal kulturskolen leggje vekt på mangfald i undervisningstilboda sine. Den enkelte kulturskolen er ansvarleg for å utvikle lokale læreplanar med grunnlag i rammeplanen for alle fag som skolen tilbyr.

1.7. Organisering av opplæringa

Undervisninga i faga i kulturskolen blir organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetting: *Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet* og *Fordjupingsprogrammet*. Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er graderte i høve til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats. Det ligg eit stort fagleg-pedagogisk potensial i ei vidare utvikling av samvirket mellom individuell oppfølging og gruppeundervisning.

Gjennom opplæringa skal alle elevar få mogelegheit til å uttrykkje seg overfor eit breitt publikum. Konsertar, førestellingar og utstillingar skal gå inn i opplæringa for alle elevar som ein integrert del av undervisninga. Alle elevar skal få tilbakemeldingar på eiga utvikling og eigne resultat gjennom utviklingssamtalar.

For elevar som ønskjer å gå vidare med kunstfagleg utdanning, skal opplæring i kulturskolen gi grunnlag for å kunne kvalifisere seg til studieprogram for Musikk, dans og drama, dessutan studiespesialisering med formgivingsfag, til talentprogram ved høgare utdanningsinstitusjonar og til høgare kunstfagleg utdanning.

Breiddeprogrammet

Programmet har ope opptak for alle elevar som ønskjer det. Undervisninga skal medverke til å utvikle kreative evner, fagleg kompetanse og samarbeidsevne som grunnlag for personleg utfalding.

Breiddeprogrammet omfattar fagtilbod som høver særskilt godt for gruppe- og ensembleundervisning. Det kan til dømes vere grupper innan musikk, dans, teater, visuell kunst, leik- og rytmikkbasert begynnaropplæring, tilbod for elevar med spesielle behov og grupper som kombinerer ulike fag. Undervisninga kan bli gitt i form av introduksjonskurs, begynnaropplæring eller som opplæring for vidarekomne.

Krav til deltaking og eigeninnsats blir nærmare spesifisert i det enkelte undervisningstilbodet.

Kjerneprogrammet

Programmet har ope opptak for elevar som er motiverte for større undervisningsmengde og systematisk eigeninnsats.

Innhaldet i undervisninga skal medverke til å utvikle kreative evner, handverksmessig og kunstnarisk kompetanse og samarbeidsevne.

Undervisninga blir gitt som begynnaropplæring eller som opplæring for vidarekomne.

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande utdanning og er basert på langsiktigheit, progresjon og systematisk trening. Undervisninga er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og i ensemble.

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet har opptaksprøver.

Undervisninga legg vekt på å utvikle kreative evner, handverksmessig og kunstnarisk kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne.

Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt, i grupper og ensemble.

Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og særskilde føresetnader for å arbeide med faget. Undervisningstilbodet skal vere vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang i høve til kjerneprogrammet.

Det blir stilt krav til høg og målretta eigeninnsats.

Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Delar av undervisninga kan gå føre seg i samarbeid med andre institusjonar på regionalt og nasjonalt nivå.

Den enkelte kulturskolen avgjer sjølv fagtilbodet, organisering av tilboda og utforminga av lokale læreplanar på grunnlag av rammeplanen. I dei faga skolen tilbyr, skal den lokale læreplanen innehalde beskriving av alle tre programma.

For å styrke kvalitet og breidde i det samla undervisningstilbodet blir den enkelte kulturskolen oppfordra til å ta del i interkommunalt og regionalt samarbeid, samarbeid med lokale kunst- og kulturmiljø, vidaregåande skole, og med talentutviklingsprogram ved høgare utdanningsinstitusjonar.

Dei tre opplæringsprogramma er omtala nærmare i innleiinga til dei sentralt gitte fagplanane i kapittel 3.

Kapittel 2 - Prinsipp og retningsliner for verksemda i kulturskolane

Innleiing

Opplæringslova § 13-6 pålegg alle kommunane i Noreg å ha eit musikk- og kulturskoletilbod anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Prinsippet om likeverd i skole- og utdanningstilbod er ei overordna kultur- og utdanningspolitisk målsetting i Noreg, og rammeplanen skal bidra til å sikre felles nasjonale normer for mål, innhald og kvalitet i kulturskolane.

2.1. Kommunen sitt ansvar som skoleeigar

Kommunen som skoleeigar har ansvaret for at tilboda i kulturskolen følgjer nasjonale føringar som er gitt i rammeplanen. Kulturskolen skal gå inn i plandokumenta i kommunen og kan vere ein del av strategiarbeidet i kommunen innanfor både utdanning, kultur og helse.

Skoleeigaren har ansvar for at kulturskolen har kvalifiserte lærarar. Dette inneber å sikre at kulturskolelærarane får tilsvarande vidare- og etterutdanningstilbod som dei andre lærarane i skoleverket. Kommunen kan ta initiativ til samarbeid med andre kommunar/regionar om etter- og vidareutdanning og oppmuntre kulturskolen til å ta mot praksisstudentar frå høgare utdanningsinstitusjonar der tilhøva ligg til rette for det. Skoleeigaren kan også ta initiativ til samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar om forsking og utviklingsarbeid i faga i kulturskolen.

Kommunen har ansvar for at kulturskolen har lokale som er tilpassa undervisningstilboda, og kulturskolen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt. Skoleeigaren bør syte for at kulturskolen kan tilby friplassar og moderasjonsordningar for å sikre at barn og unge får like mogelegheiter til å ta del i tilboda i kulturskolen.

Ifølgje opplæringslova kan kulturskolen gå inn i det tilsynet som fylkesmannen har med kommunane. I tillegg til informasjon om kva slags kulturskoletilbod kommunen har, kan det samarbeidet som kulturskolen har med skoleverket og kulturlivet, gå inn i tilsynet.

Nasjonale fagplanar går inn i rammeplanen. Det skal utarbeidast lokale læreplanar for alle faga som kulturskolen tilbyr. Dei lokale læreplanane skal ta omsyn til både nasjonale normer og lokale tilpassingar når det gjeld mål, innhald, organisering og vurdering. Skoleeigaren har ansvar for drift av kulturskolen og for å sikre at kulturskolen har eit system for kvalitetssikring av opplæringa.

2.2. Skoleleiaren sitt ansvar

Den enkelte kulturskolen er sjølv ansvarleg for å gjennomføre det vedvarande arbeidet med kvalitetssikring av dei tilboda som blir gitt.

Skoleleiaren må leggje til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle faga ved kulturskolen. Døme på utviklingsarbeid kan vere forsøk med ulike måtar å organisere undervisninga på, bruk av digitale verktøy, produksjon av undervisningsmateriell og fleirkulturelle og tverrfaglege prosjekt. Kompetanseheving for lærarar gjennom systematisk kollegabasert samarbeid kan bidra til at læraren vidareutviklar eigen praksis og refleksjonskompetanse.

For å sikre ei kunnskapsbasert utvikling i skoleslaget er det behov for ytterlegare dokumentasjon og empiriske studiar knytte til innhald, arbeidsmåtar og vurdering i faga. Kulturskolelæraren og -leiaren bør i større grad blir skolerte i utforsking og dokumentasjon av eigne praksiserfaringar, gjerne i samarbeid med høgare utdanning. Personalet ved kulturskolen bør ha mogelegheit til å ta del i regionale, nasjonale og fleirnasjonale fag- og forskingsnettverk.

2.3. Samarbeid om elevane si læring

Kulturskolen har eit særleg ansvar for samarbeid med skoleverk, korps, kor, lag, foreiningar og frivillige og profesjonelle kunst- og kulturorganisasjonar. På den måten kan eleven møte ein heilskapleg arena for eiga kunstutfalding og få anerkjenning for kunnskapar og ferdigheiter også utanfor kulturskolen. Eit læringsmiljø som oppmuntrar til deltaking i kulturelle fellesskap har mykje å seie for motivasjonen til eleven.

2.3.1. Samarbeid med foreldre/føresette

Ein viktig faktor for at eleven skal lykkast, er at både foreldre/føresette og lærarar er engasjerte og støttande og har forventningar til at barnet skal lære. Løpande kontakt mellom kulturskole og heim om elevens utvikling, trivsel, frammøte og øvingsinnsats er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

Elevar og foreldre/føresette skal gjerast kjende med kva forventningar kulturskolen har til elevane sin innsats i dei ulike programma. Dei skal også gjerast kjende med kulturskolen sin læreplan for det aktuelle faget og kva slags undervisningstilbod dei kan vente. Dei krav og forventningar læraren har til resultat, betyr mykje for innsatsen og motivasjonen til eleven. Det skal utarbeidast tydelege og konkrete mål for kva eleven skal lære, og læraren må kunne diskutere og formulere kva som kjenneteiknar gode læringsprosessar. Læraren og foreldre/føresette må saman motivere elevane til aktiv utfalding innanfor deira kunstfaglege virkefelt, også utanom den organiserte opplæringstida.

Den personlege, kunstnariske og handverksmessige veksten og meistringa til eleven er det viktigaste målet for opplæringa. Kulturskolelæraren må lære eleven å ta ansvar for eigen innsats i og mellom undervisningstimane. Metodar for å integrere treninga og øvinga til eleven i opplæringa bør vere eit prioritert tema i undervisninga. Ein del kulturskolar har lange tradisjonar for at elevar

og foreldre/føresette samarbeider om opplæringa. Det kan stimulere utviklinga til eleven og lette oppfølginga i heimen. I løpet av skoleåret bør det gjennomførast ein til to utviklingssamtalar der læraren og eleven møtest saman med foreldre/føresette og der eleven sin læringsprosess og læringsresultat, trivsel og innsats, er tema for dialog og vurdering.

Hovudarenaene for elevane si læring er undervisningstimane og heimearbeidet. Men læring går også føre seg i andre samanhengar. Å ta del i ulike samanhengar for formidling er ein viktig del av ein læringsprosess. Særleg blir motivasjonen styrkt når elevane får samhandle med andre som har kome lenger enn dei sjølve. Elevane må få høve til å undre seg og eksperimentere, til å vere forskarar. Dei må få oppdage kunstnariske uttrykksmiddel og ta dei i bruk.

Elevmedverknad og motivasjon heng saman. Gjennom dialog mellom elevane og læraren, der elevane får vere med og leggje planar, utvikle evne til eigenvurdering, seie si meining om miljøet på kulturskolen, undervisninga og korleis dei lærer, får elevane mogelegheit til å verke inn på sin eigen læringsprosess.

2.3.2. Samarbeid om ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring

Læreplanverket for grunnskolen appellerer til eit samarbeid mellom grunnskole og kulturskole i faga musikk og kunst og handverk. I tillegg til samarbeid om innhaldet i faga kan lærarane ved kulturskolen vere ein viktig ressurs for undervisninga i grunnskolen gjennom felles prosjekt. Kulturskolelærarar som arbeider i kombinerte stillingar mellom kulturskole og grunnskole eller vidaregåande skole, har særlege kunnskapar om den kunst- og kulturfaglege kompetansen til kulturskoleelevane. Ei heilskapleg kunst- og kulturopplæring kan ta vare på behova til dei ulike elevgruppene gjennom systematisk samarbeid og ressursbruk.

Digitale verktøy kan vere formålstenlege for elevane sitt arbeid med kunstfaga. Elevane sin mediekvardag er prega av at mange typar kommunikasjon og uttrykksmåtar samverkar, til dømes bilde, lyd, design og verbalspråk. Det kan stimulere til kunst- og kulturprosjekt som tar vare på tverrfaglegheit og sidestilte uttrykksformer. Læring gjennom digitale medium er ein stadig aukande aktivitet for barn og unge, og temaet bør også gå inn i undervisninga ved kulturskolane.

2.3.3. Vurdering for læring

Vurdering for læring inneber rettleiing, tilbakemeldingar til eleven og utviklingssamtalar med foreldre/føresette, der formålet er å skape best mogelege vilkår for eleven si utvikling. Arbeidet til kulturskolelæraren med vurdering i ulike fag og program bør styrkjast gjennom systematisk kompetanseheving.

Samanhengen mellom kunstnariske mål, kriterium, motivasjon og rettleiing bør synleggjerast. Målet er å utvikle ein god og framtidsretta vurderingskultur som er tilpassa det særpreget som kulturskolen har.

På institusjonsnivå er det nødvendig med løpande vurdering av undervisningsformer og organisering og av alle støttefunksjonar som bidrar til å utvikle eleven.

2.4. Lærarrolla og profesjonen

> *«Lærarane avgjer ved sin veremåte både om elevane si interesse skal bestå, om elevane kjenner seg flinke og om deira iver skal vare ved.»* (K06, Generell del)

Læraren sitt møte med eleven og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskolen. Kulturskolelæraren må vere medviten om dei mange rollene ein har som profesjonsutøvar: pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderar og kollega.

Leiinga må leggje til rette for at lærarane får dele og kritisk vurdere yrkeskunnskapen sin. Dei må kunne beskrive og grunngi praksisen sin med eit felles fagspråk. Slik kan ulike kunnskapsformer i større grad kome til uttrykk og profesjonaliteten kan løftast fram, ikkje minst i kontakten med personar og institusjonar utanfor kulturskolen.

Den enkelte kulturskolen bør leggje vekt på og stimulere ulike kompetansar hos læraren. Desse kompetansane bør tolkast og reflekterast over, og dei bør leggjast til grunn for dialogar om arbeidsmiljø og læringsmiljø.

- Kunstfagleg kompetanse
- Didaktisk kompetanse
- Kommunikativ kompetanse
- Refleksjonskompetanse
- Relasjonskompetanse
- Leiarkompetanse
- Læreplankompetanse
- Vurderingskompetanse
- Yrkesetisk kompetanse

Kvaliteten på kulturskolen vil vere avhengig av at lærarane har ein arbeidssituasjon der dei kan utvikle seg som utøvarar av faget sitt. Læraren i rolla som aktiv utøvar er eit godt forbilde for elevane. Som del av profesjonsutviklinga er det avgjerande at både lærargruppe og leiing får opplæring i lokalt læreplanarbeid, slik at dei kan bidra i implementeringa av rammeplanen og dei aktuelle fagplanane.

2.5. Kompetansekrav for tilsetting i kulturskolen

1. For tilsetting i undervisningsstilling skal det normalt krevjast:

Høgare kunstfagleg utdanning i utøvande og/eller skapande kunstfag, tilpassa undervisnings-oppgåvene for stillinga. Som minimum blir det kravd tre års kunstfagleg utdanning. Krav om praktisk-pedagogisk utdanning gjeld alle.

Alternativt:

Faglærarutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag

Skoleeigaren kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstiller desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

2. For tilsetting i leiarstilling i kulturskolen skal det krevjast same faglege kvalifikasjonar som ved tilsetting i undervisningsstilling. Leiarar skal ha minst tre års erfaring frå kulturskole og relevant leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring.

Skoleeigaren kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstiller desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

2.6. Kvalitet i kulturskolen

Kvaliteten på undervisninga bør diskuterast vedvarande i kulturskolen. Skoleeigaren har ansvar for at det finst eit kvalitetssikringssystem for verksemda, og skoleleiaren har ansvar for å gjennomføre eit systematisk kvalitetssikringsarbeid. Arbeidet har som mål å bidra til å utvikle kulturskolen på alle målområda i rammeplanen. Viktige element i kvalitetsarbeidet kan vere:

Undervisnings- og læringskvalitet:
- Elevane sin eigeninnsats og aktivitet
- Tilhøvet mellom mål og realisering av dei ulike programma
- Undervisning, læringsprosessar og læringsmiljø
- Lærarkompetanse og kollegasamarbeid
- Pedagogisk utviklingsarbeid

Kvalitet i rammefaktorar:
- Rutinar for elevopptak
- Mengde undervisningstid og organisering av undervisninga
- Utstyr og lokalitetar
- Ressursbruk

Verksemdkvalitet:
- Samarbeid mellom heim og kulturskole
- Planar for kompetanseutvikling for lærarar og leiarar
- Samarbeid mellom kulturskole og eksterne kompetansemiljø
- Aktivitetsnivå, tal på konsertar, førestellingar og utstillingar
- Kulturskolen sitt system for kvalitetssikring
- Langsiktigheit i planlegging av verksemda
- Arbeidsmiljø
- Leiing
- Samarbeid mellom kulturskole og eksterne samarbeidspartnarar.

Mal for kvalitetssikringssystem finst i kapittel 4 i rammeplanen.

2.7. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forsking

Kulturskolefeltet er eit relativt nytt profesjonsfelt som treng forsking og utviklingsarbeid for å utvikle kunnskap om skoleslaget. Det er viktig at kulturskolelærarane får støtte til å utvikle eigen praksis og til å drive fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid. Det er avgjerande for utviklinga av skoleslaget at det er mogeleg for både lærargruppe og leiing å få etter-/vidareutdanning i læreplanarbeid for å bidra til å implementere ny rammeplan og tilhøyrande fagplanar, dessutan utarbeide lokale læreplanar for faga i kulturskolen i den enkelte kommunen.

Høgare kunstfaglege utdanningsinstitusjonar kan i samarbeid med praksisfeltet ta initiativ til og gjennomføre forskingsprosjekt og pedagogiske og kunstnariske utviklingsprosjekt. Vekta kan mellom anna liggje på nye arbeidsmåtar og organisering av undervisning, utvikling av nytt undervisningsmateriell, samarbeid om skapande og utøvande verksemd, tverrfaglege prosjekt, lokalt entreprenørskap og multimediale undervisningsformer.





Kapittel 3 - Fagplanane

3.1. Innleiing til fagplanane

Dette kapitlet inneheld fagplanar for fem fag: musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Som kunst- og kulturfag har dei mykje felles og er omtala etter same struktur. Faga har ulike tradisjonar som undervisningsfag, noko det er tatt omsyn til innanfor strukturen i dei enkelte fagplanane.

Dans og visuell kunst inneheld så mange ulike teknikkar/sjangrar at fagplanane i desse to faga ikkje har spesifisert læringsmåla i utviklingsfasar, slik dei andre faga har. Det er ein føresetnad at dette blir gjort lokalt når ein veit kva teknikkar/sjangrar som den enkelte kulturskolen skal tilby.

3.1.1. Opplæringsprogramma i kulturskolen

Breiddeprogrammet

Kulturskolen er ein naturleg kompetanseleverandør i kommunen i kraft av ein høgt kvalifisert lærarstab og brei fagleg kompetanse. Det er viktig at mandatet til kulturskolen som lokalt ressurssenter blir gjort synleg for politikarar, andre institusjonar, frivillige organisasjonar og lokalsamfunnet rundt kulturskolen. Dette må vere utgangspunkt for kulturskolen som lokalt ressurssenter i kommunen (jf. 1.4. og 1.5.).

Hovudintensjonen med Breiddeprogrammet er ei utoverretta verksemd basert på samarbeid som femner breitt. Det bør primært gjennomførast i samarbeid med grunnskole, vidaregåande skole, SFO, barnehage og andre instansar som har barn og unge som målgruppe. Det kan også vere i samarbeid med miljø for fysisk og psykisk helse, flyktningetat, kyrkje, bibliotek, eldreomsorg, kulturinstitusjonar, UKM, lag, foreiningar, skolekorps, festivalar, næringsliv, miljøetatar og andre. På den måten får visjonen «Kulturskole for alle» eit reelt innhald, og kulturskolen sin «ytringskultur» kan gjerast gjeldande i eit større format.

Denne verksemda må vekse ut av møtet mellom lærarkompetansen og potensialet ved kulturskolen og behov i den enkelte kommunen. Verksemda kan ha ulik struktur og varigheit og må tilpassast kapasiteten og kompetansen ved den enkelte kulturskolen. Det bør utviklast samarbeidsmodellar og intensjonsavtalar der identitetsskaping, lokal kultur og historie, kulturmangfald, innovasjon, entreprenørskap og utvikling er målet.

Kulturskolen må utforske og etablere nye publikumsmøte på nye arenaer for å få kunstopplevingane ut til fleire. Dette er ei naturleg vidareføring av kulturskolen som ressurssenter i lokalmiljøet.

Breiddeprogrammet bør planleggjast og gjennomførast ut frå følgjande prinsipp:

- Bruke kunst og kultur som grobotn for livskvalitet, fellesskap, deltaking, danning og meining.
- Styrke oppvekstmiljø og kjensle av å høyre til gjennom kunst og kultur.
- Leggje til rette for inkludering og fellesskap med vekt på mangfald, openheit og fleirfagleg/ tverrfagleg samarbeid.
- Arbeide med ulike arbeidsseminar, prosjekt, tema og arrangement med synleggjering og deling av resultat/visningar.
- Leggje til rette for oppleving, erfaring og aktivisering i ulike konstellasjonar av tid, rom og deltakarar.
- Styrke kulturelt entreprenørskap i lokalmiljøet.
- Bruke kunst og kultur i offentlege rom og i ein samfunnskontekst.

Organiseringa kan vere prosjektretta, tverrfagleg eller kursbasert, eller som ulike gruppe- og ensembletilbod som varer ved frå år til år.

Kulturskolen kan tilby prosjekt/kurs som del av eit Breiddeprogram. Fagleg kvalitet og undervisningskvalitet i desse har som føresetnad ein viss storleik på gruppene. Dette kan til dømes vere:

- Kunstkarusellar, som kombinerer ulike kunst- og kulturuttrykk som visuell kunst, skapande skriving, teater, sirkus, handverk eller andre aktuelle fag i den enkelte kommunen. Kunstkarusellar vil gi elevane høve til å bli kjende med ulike kunstfag før dei søkjer opptak i Kjerneprogrammet. Tilboda vil fungere som «døropnarar»; dei speglar den heilskaplege kompetansen i den lokale kulturskolen og vil kunne bidra til auka rekruttering til kulturskole og kulturliv.
- Introduksjonskurs i eitt enkelt kunstfag for elevar som ønskjer å prøve ut ulike instrument eller ulike dansestilar osv.
- Spesialkurs innanfor tradisjonsrik kulturarv og smale tilbod.

Som kompetanseleverandør kan kulturskolen også tilby kompetansehevingskurs, konferansar, vere rådgivande organ, festivalarrangør m.m.

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er hovudverksemda ved kulturskolen. Langsiktigheit er hovudprofilen i kjerneprogrammet. Programmet er for elevar som ønskjer å arbeide med kunstfaget over tid og er basert på progresjon, systematisk trening og eleven si utvikling gjennom ulike fasar. Opplæringa vil vanlegvis strekkje seg over fleire år.

Kjerneprogrammet skal vere rekrutterande og førebuande for elevar som ønskjer å gå vidare til Fordjupingsprogrammet. Det skal også kunne førebu for vidare utdanning.
Opplæringa blir delt inn i fasar som byggjer på kvarandre, og fasane seier noko om kor langt eleven har kome i faget.

Forventningsnormer. I dette omgrepet ligg ei generell beskriving av det læringsutbyttet ein kan vente at eleven har oppnådd i løpet av dei ulike fasane. Det blir beskrive i form av læringsmål i dei fem fagplanane og synleggjer forventningar om kvalitet og progresjon. Læringsmåla gjeld på

tvers av ulike sjangrar/emne innanfor det enkelte faget. Til saman vil læringsmål, fasar, innhald og arbeidsformer i faget synleggjere og legitimere det langsiktige pedagogiske arbeidet.

Dei individuelle føresetnadene til eleven vil bestemme progresjonen. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane.

Lokale læreplanar. Det vil vere behov for å utarbeide lokale læreplanar som konkretiserer læringsmåla og viser fagleg progresjon frå nybegynnar til vidarekome nivå, for ulike visuelle fag, dansefag, tekstlege uttrykk, sceniske uttrykk og ulike instrumentgrupper. Læraren/kollegiet synleggjer dermed eit læringsforløp der fagkomponentar byggjer på kvarandre, viser korleis ein time byggjer på tidlegare timar, korleis ein undervisningstermin leier til den neste osv.

Læringsstrategiar, progresjon i øvings-/treningsmengde og eigeninnsatsen til eleven står sentralt i Kjerneprogrammet. Læraren bør ta omsyn til den heilskaplege læringssituasjonen til eleven som ein naturleg del av undervisningsplanlegginga, både lære eleven fagstoffet og lære eleven å tileigne seg dette på ein mest mogeleg formålstenleg måte. Å få kjennskap til dei fritidsaktivitetane som eleven er involvert i utanom kulturskolen, kan gi viktig informasjon.

Den enkelte kulturskolen bør innanfor Kjerneprogrammet ta ansvar for ekstraordinære undervisningstilbod som har som formål å ta vare på instrument og lokale kulturtradisjonar med mangelfull rekruttering. Det same gjeld særskilde delar av tradisjonsrik kulturarv.

Vidarekomne elevar i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan få tilbod om spesialiseringskurs som er relevante.

Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet er for elevar med særskilde føresetnader og interesser for den kunstnariske aktiviteten. Det blir stilt krav til sterk og målretta innsats. Fordjupingsprogrammet skal kunne førebu for høgare utdanning.

Programmet byggjer på Kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til undervisnings-timetal og innhald. Det blir planlagt som eit forløp med fagleg progresjon. Det er ein føresetnad at læraren utnyttar familieengasjement, byggjer støtte- og kontaktnett rundt eleven og ser kva som trengst for den totale veksten til eleven. Spesielt viktig er det å gjere eleven medviten om ambisjonar og vidare val.

Elevane blir tatt inn etter søknad og opptaksprøver. Det er læraren som rår eleven til å søkje når tida er inne. Opptak til programmet blir bestemt av nivået til eleven, ikkje alder.

For å styrke kvaliteten i undervisningstilbodet eller for å få breiare tilgang til lærarkompetanse blir den enkelte kulturskolen oppfordra til å gå inn i eit samarbeid om å etablere Fordjupingsprogram (jf. 1.7). Det kan vere interkommunalt samarbeid, samarbeid med lokale kunst- og kulturmiljø, lag, programfag i vidaregåande skole eller høgare utdanning. Visuell kunst kan søkje om opplæringsplass på atelier hos ein profesjonell kunstnar. Programmet kan også omfatte nettbaserte tilbod for undervisning som ikkje er tilgjengeleg regionalt, om dei er fagleg eigna.

Den enkelte kulturskolen bør styrke undervisningstilbodet rundt enkeltelevar på vidarekome nivå i Kjerneprogrammet slik at dei blir potensielle søkjarar til Fordjupingsprogrammet.

Undervisninga i alle program skal ha høg kvalitet. I alle program bør det utarbeidast lokale retningsliner for deltaking og oppmøte.

3.1.2. Læraren i kulturskolen

Arbeidet som kulturskolelærar krev høg kompetanse og profesjonalitet og er sett saman av både faglege, didaktiske og menneskelege kvalifikasjonar (jf. 2.4.). Yrket føreset at læraren kan gå inn i roller som utøvande og skapande kunstnar, pedagogisk rettleiar, kunnskapsformidlar, omsorgsperson, kulturformidlar, relasjonsbyggjar og kollega på éi og same tid. Kompetanse kan definerast som summen av praktiske ferdigheiter, kunnskapar, evne til refleksjon og personlege kvalitetar hos læraren (St.meld. nr. 11, s. 47).

Nokre utvalde lærarkompetansar frå kapittel 2 er utdjupa nedanfor.

Kunstfagleg kompetanse. Lærarar er viktige rollemodellar. Dei må derfor vere samspelspartnarar og utøve faget sitt i møte med elevane. Kulturskoleleiaren bør leggje til rette for at lærarane kan halde fram som utøvarar av faget sitt.

Kva kulturinnhald eleven skal gjerast kjent med, er eit sentralt spørsmål i undervisninga. Kulturskolelæraren kan oppleve eit dilemma mellom eleven sine interesser og ønske om innhald og sin eigen preferanse og ekspertise. Lærarkollegiet bør vedvarande drøfte spørsmålet om konsekvensane av ulike innhaldsval. Eleven må få møte eit innhald som har djupn og kvalitet og som er eigna til teknikktrening, utøving, utforming og refleksjon. Kulturskolelæraren har ansvar for å opne dører til rom som eleven ennå ikkje veit om, men samtidig byggje bru til den faglege horisonten til eleven.

Personalet i kulturskolen bør få kjennskap til den samiske kulturen i Noreg (jf. 1.1.2.). I relevante område må det leggjast til rette for at samiske barn og unge kan utvikle kulturen sin innanfor rammene for fellesskapet. Kulturskolen bør også vere medviten om den ressursen det kulturelle mangfaldet utgjer i kommunen lokalt.

Didaktisk kompetanse. Læraren i kulturskolen er ein reflektert praktikar som er i ein vedvarande utforskings- og utviklingsprosess når det gjeld eiga undervisning. Det gjeld både planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning der vekslinga mellom daglege praksiserfaringar og faglege og pedagogiske perspektiv gir viktige innspel til profesjonstenkinga. Ein dyktig lærar er opptatt av at elevane skal lære, klargjer mål og forventningar om innsats, organiserer undervisninga med tydeleg progresjon og læringsstøttande tilbakemeldingar.

Kollegialt didaktisk arbeid er del av kulturskolen som ein lærande organisasjon, og eit vedvarande utviklingsarbeid bør kome til syne i arbeidsplanane til lærarane. Ein open delingskultur kan stimulere til auka utdanningskvalitet, tverrfagleg samarbeid, utprøving av nye arbeids- og læringsformer, dessutan betre kontinuitet og heilskap i det samla tilbodet i kulturskolen.

Relasjonskompetanse. Kontakten og interaksjonen mellom lærar og elev er ein av dei viktigaste faktorane for læring. Ein tillitsbasert relasjon er avhengig av den evna læraren har til å sjå kvar enkelt elev og møte elevane frå deira perspektiv. Det fremmer trygge, glade, samarbeidsorienterte og motiverte elevar og inneber at elevane aktivt tør ta del i eigne læringsprosessar.

Å ta del i eit breitt utøvarmiljø på tvers av aldersgrupper og generasjonar er viktig og ofte avgjerande for å bli ein dyktig musikar, dansar osv. Dette gjer læraren til ein sentral kulturarbeidar som, så langt det lar seg gjere, må samarbeide med frivillige lag og organisasjonar. Det kan vere skolekorps, spelemannslag, danseringar, teaterlag, aspirantorkester, historielag mfl.

Dette gjeld i prinsippet alle nivå og program. Prosjekt med vekt på lokal historie, lokale handverks-tradisjonar, musikk- og dansetradisjonar vil bidra til oppleving av meistring, lokal identitet og kjensle av å høyre til.

Yrkesetisk kompetanse. Å vere elev i kulturskolen inneber at elevane må eksponere seg, vise kva dei kan og ikkje kan, uttrykkje kjenslelivet sitt. Dette gjer eleven sårbar. Det inneber dermed eit spesielt yrkesetisk ansvar. Læraren må vere medviten om det asymmetriske tilhøvet mellom elev og lærar, sørgje for at elevane kjenner seg trygge i undervisningssituasjonen og at alle får oppleve glede og framgang. Lærarkollegiet bør tenkje over kva konsekvensar dei verdiane ein står for og er sett til å forvalte, bør få i form av handlingar og veremåte.

Når eleven er under myndigheitsalder, har lærarane også eit etisk ansvar overfor foreldre/føresette. Dei må kome dei i møte, ta seg tid til å grunngi og forklare dei vala dei gjer.

For å trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen er det avgjerande at ein kjenner seg verdsett, blir anerkjent og opplever respekt blant *kollegaer og leiing*. I praksis kan dette bety at kollegiet reflekterer over og drøftar veremåtar, normer og tradisjonar som eksisterer på arbeidsplassen. Her har alle eit ansvar. Yrkesetikk gjeld også overfor *arbeidsgivaren*. Som tilsett har ein eit formalisert mandat, ein rammeplan, stillingsinstruks m.m. Å vere konstruktiv i høve til desse rammene er ei vesentleg side ved lærarprofesjonaliteten.

Som lærar forvaltar ein faget. Ein har eit ansvar for å vidareføre tradisjonar, arbeide for statusen faget har i samfunnet og for å halde oppe fagleg kvalitet. Kunstfaget skal alltid ha ein solid kjerne av kunstnarisk kvalitet (Hanken 2004).

Lærar og leiing må i fellesskap og individuelt utvikle moralske kompass. Det inneber fire utfordringar som høyrer saman:

1) Lære å *oppdage* når ein står overfor ei etisk utfordring.
2) Utvikle evna til moralsk *refleksjon*, mellom anna å kunne sjå på konsekvensane av mogelege val.
3) Utvikle ein yrkesetisk *motivasjon*, det vil seie å vere villig til å ta moralsk ansvar i yrket.
4) Utvikle ein *karakterstyrke* som gjer at ein handlar i samsvar med si overtyding (Bergem 1996). Det er leiaren sitt ansvar å initiere og strukturere dette yrkesetiske arbeidet.

3.1.3. Lokalt utviklingsarbeid, læreplanarbeid og forsking

Det er ein føresetnad at det enkelte lærarkollegiet utarbeider lokale læreplanar som spesifiserer progresjon og innhald i undervisninga. Utgangspunktet for planane er læringsmåla, samtidig som ein tar omsyn til prinsippet om tilpassa opplæring for den enkelte eleven. Så langt det lar seg gjere, bør dette vere eit kollektivt arbeid der kollegaer gjennom dialog utviklar normer for kva som er god planlegging, god undervisning og god vurderingspraksis. Slik utviklar ein felles standardar.

Dette vil vere eit viktig utviklingsarbeid for den enkelte kulturskolen som ledd i å stimulere til auka utdanningskvalitet. Gjennom ein slik praksis kan kulturskolelærarar frå både små og store kommunar ta del i utviklinga av profesjonen og i diskusjonen om kva krav og forventningar profesjonen deira skal medverke til i kulturskolen.

Utviklinga av profesjonalitet som kulturskolelærar tilseier at forskingsinformert og forskingsbasert undervisning må styrkjast kontinuerleg. Å ha lærarar med vidareutdanning på masternivå vil vere eit stort aktivum for den enkelte kulturskolen. Det er eit leiaransvar å sørgje for dette. Skoleleiaren bør formidle og oppdatere informasjon om kvar lærarane kan finne relevant forsking for faget sitt og stimulere til utprøving, publisering og deltaking i fagkonferansar og forskingsnettverk, dessutan samarbeid med universitets- og høgskolesektoren.

3.1.4. Eleven i kulturskolen

Livskompetanse. I ei tid der unge lett kan gå inn i rolla som passive forbrukarar, får kunstfag-opplæringa ein sentral plass. Ved å leggje vekt på kognitiv, emosjonell og motorisk trening, trening av merksemd og utvikling av sjølvuttrykk, vil opplæringa kunne medverke til produktive menneske. I kulturskolen vil elevane utvikle leiareigenskapar og kommunikasjonsevne, lære problemløysing og lagarbeid.

Kulturarven er ein grunnleggjande faktor i utviklinga av livskompetansen til eleven. Gjennom kjennskap til fortida blir barn og unge rusta til å meistre utfordringar i nåtid og framtid. Kvart kulturelt uttrykk står i ein historisk samanheng, det har vakse fram på bakgrunn av tidlegare kulturuttrykk og har perspektiv både bakover og framover. Gjennom kunnskap om det som har vore, vil eleven oppleve seg sjølv som ledd i ei kjede, noko som inneber ei utviding av horisonten og er ei side ved identitetsdanning. *Gjenskape* og *skape sitt eige* vil kunne bidra til å auke menneskekunnskapen hos eleven – om seg sjølv og om andre.

Mennesket som utgangspunkt. Barn og unge lærer i samhandling med kompetente lærarar og medelevar. Dei har alle mogelegheiter for utvikling buande i seg. Rolla til læraren er å leggje til rette for dette og gi dei mogelegheiter til å *utforske* og *oppdage* kunstnariske uttrykksmiddel, gi dei mogelegheiter til å meistre desse uttrykksmidla og ta dei i bruk. Deretter gjere det mogeleg for elevane å bruke uttrykksmidla til eiga formidling og skapande verksemd. Utgangspunkt og sentrum for opplæringa må vere *mennesket*. Som lærar kan ein gjennom gode samtalar rettleie eleven til å resonnere og reflektere over eigne handlingar, erfaringar, uttrykksmåtar og kunstopplevingar og også korrigere eigne handlingar.

Av og til vil elevar slutte i kulturskolen. Å forstå tenkjemåten til eleven blir viktig, prøve å forstå situasjonen han eller ho er i og dei mål og ønske eleven har. Det kan også finnast årsaker som eleven ikkje har herredømme over. Kanskje skal eleven rettleiast over på eit anna kunstfag. Det er viktig å ha ein god dialog med foreldre/føresette. I tillegg bør det vere eit tett samarbeid mellom kulturskolen og skolekorps/barne- og ungdomsorkester/lag/organisasjonar som eleven er ein del av. Saman bør ein lage sikringsnett for å fange opp elevar som er i ferd med å gi opp.

Fadderordning. Læringsmiljøet kan styrkjast gjennom godt organiserte fadderordningar der eldre elevar har ansvar og konkrete oppgåver overfor yngre elevar. Dette er utviklande for begge partar. Oppgåvene kan vere å øve/trene saman med elevane, vere ansvarleg for faggrupper, arrangere framføringar o.l.

Barn og unge med særlege behov. Kulturskolen skal kunne ta mot og leggje til rette undervisning for unge med særlege behov. Tilretteleggingа kan gjelde rettleiing i val av program og kunstfag, sosiale og pedagogiske løysingar. Barn med særlege behov kan trenge spesialpedagogar, kunst-/musikkterapeutar og anna fagpersonale som kan bidra til å leggje til rette undervisninga i samarbeid med kunstfaglærarane. Arbeid med kunstuttrykk har vist seg å vere til god hjelp for traumatiserte barn. Samarbeidet kan utviklast inn mot grunnopplæring, SFO, helsesøster, barnevern, flyktningteneste, sjukehus, psykolog og sosialetat. Foreldre/føresette er ein viktig samarbeidspart. Kulturskoleleiaren og kulturskoleeigaren har eit viktig ansvar.

Samarbeid med foreldre/føresette. Jf. 2.3.1. Foreldre og andre føresette er dei viktigaste samarbeidspartnarane for læraren. Eit godt tiltak kan vere å samle foreldre/føresette i starten av kulturskoleåret til informasjon om verdien av kunstopplæring, rammeplan, årshjul, prosjektplanar, organiseringsmodellar og undervisningsplanar. Dei treng god informasjon om korleis dei best kan hjelpe barnet heime.

3.1.5. Kunnskap i kulturskolen

Eit vidt spekter av språk. Kunst- og kulturfaga representerer eit vidt spekter av språk. Desse fortel oss noko ved at dei vekkjer eit utal av tankar, assosiasjonar og idear. Når vi spelar, dansar, formar, skriv og dramatiserer, kommuniserer vi med kvarandre ved å lytte, førestelle oss, lese symbol og tolke teikn. I kunstopplæringa ligg kunnskapen først og fremst i det elevane gjer, i å trene ferdigheiter, men også i teoriar og forklaringar, i erfaringar og refleksjonar.

Indre førestellingar er ein nøkkel til sjølvutvikling, og innsikta som blir uttrykt, er universell. Fordi kunst- og kulturuttrykk er skapt av eit menneske og formidla til eit anna, kan det ha sterke element av menneskekunnskap. Det rører ved grunnvilkår ved tilværet (jf. 1.2.) og gjer kunstfaga grunnleggjande i oppsedinga av barn og unge.

Kroppsdimensjonen i kunstopplæringa. Opplæring i kunstfaga er i høg grad knytt til kroppen: kroppsbruk, kroppsleg medvit, kroppsleg minne, rytmikk, fysisk handtering av instrument, bruk av sanseapparat i heile kroppen. Å utforske rørsler, tyngdepunkt, balanse og styrke i kroppen er sentralt. Kropp og medvit står i eit nært forhold til kvarandre. Å *kunne* inneber at kunnskapen alt finst i den fysiske aktiviteten og i kroppsrørslene. Medvit om kroppsbruk som er naturleg og som førebyggjer overbelasting, må få rikeleg plass i opplæringa.

Kunstnarisk kvalitet. Kulturskolen må forankrast tydeleg i kunstnariske mål. Kunstnarisk kvalitet vil kunne definerast ulikt frå kunstfag til kunstfag: kvalitet på den kunstnariske utføringa, kvalitet på formidlinga, kvalitet på den enkelte undervisningstimen, kvalitet på produksjonen og kvalitet på elevens eigen innsats (jf. 2.6.).

Eit viktig diskusjonstema for lærarar og leiarar er derfor kva føresetnader som må vere til stades i arbeidet mot kunstnarisk kvalitet. Lærarane ved kulturskolen skal ha både pedagogisk kompetanse og eit høgt kunstnarisk nivå (jf. 2.5.) I tillegg bør elevane oppleve samarbeid med profesjonelle kunstinstitusjonar og profesjonelle utøvarar utanfor kulturskolen. Slik kan dei tileigne seg normer for kvalitet.

Kunst- og kulturfaga er utstyrsfag, dvs. at ein føresetnad for å utøve faga på høgt nivå er knytt til velutstyrte undervisningsrom og god kvalitet på utstyr, salar, scener, instrument og verktøy. Dette blir utdjupa i dei enkelte fagplanane.

Gode arbeidsrutinar. Det er viktig å hjelpe elevane til å etablere formålstenlege og sjølvstendige måtar å øve eller trene på. Det inneber å kunne planleggje. Når? Kva? Korleis? Det inneber vidare hjelp til fysisk oppvarming, mental oppvarming, teknisk trening, innstudering, memoreringsarbeid, kartlegging av krevjande utfordringar, vurdering av eigen framgang og innsats. Dette kjem igjen som læringsmål i fagplanane.

3.1.6. Vurdering for læring

Alle elevar har behov for å få konkrete tilbakemeldingar som støttar personleg og fagleg utvikling. Dette er formålet med vurdering for læring. God rettleiing undervegs i prosessane er ein av dei viktigaste faktorane for god læring (Hattie 2014). Vurderinga kan vere individtilpassa eller gruppetilpassa. Det er viktig å gi informasjon om læringa og utviklinga i gruppa og hos den enkelte eleven til både elevar og foreldre/føresette. Foreldre/føresette bør oppfordrast til å ta del i utviklingssamtalane i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.

Elevane må trenast i å reflektere og stille spørsmål – da kan undervisning og læring spele på lag. Vurdering som ledd i elevane si læring og utvikling bør vere eit vedvarande diskusjonstema i lærarkollegiet. Det må skapast ein gjennomtenkt tilbakemeldingskultur som byggjer på prinsipp om vurdering for læring.

Vurdere er å bedømme, klassifisere, overvege, å oppgi verdien eller kvaliteten på bakgrunn av ein kvalitetsstandard.

Vurdering som didaktisk fenomen. Følgjande spørsmål er sentrale: Kva, Korleis? Kvifor? Kven? Når? Kvar?

Vurdering som læring. Elevane blir trena i å vurdere seg sjølv (eigenvurdering) og å vurdere og gi tilbakemelding til kvarandre (elevrespons).

Summativ vurdering/vurdering av læring. Denne forma for vurdering blir gjort etter eit avslutta læringsforløp. Læraren gir informasjon om resultatet/produktet av læringa, eller lærarar og elevar oppsummerer dette saman. Vurderinga tar utgangspunkt i definerte kriterium og læringsmål.

Formativ vurdering/vurdering for læring. Eleven får rettleiande og læringsstøttande tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Rettleiinga kan vere individ- eller grupperelatert. Læraren forklarar, viser, korrigerer. Vurdering for læring kan ha form som utviklingssamtalar med dialog og refleksjon som sentrale element og der ansvarleggjering og elevmedverknad er viktige aspekt.

Ulike vurderingsformer er konkretiserte i dei enkelte fagplanane.

Vurdering av undervisning. Formålet med denne typen vurdering er å drøfte i kva grad kulturskolen lykkast i å ta vare på måla for opplæringa. Ein styrkt vurderingskultur i personalet vil bidra til at profesjonen er i utvikling. Han er med på å styrke læraren si undervisning, bidrar til fagleg utvikling og gir inspirasjon samtidig som han kan initiere fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid i kulturskolen.
Kulturskolen bør ha rutinar for systematisk kollegarettleiing.



Fremtiden er ikke noe man forutsetter,
men noe man skaper … (Lennart Koskinen)



3.2. Fagplan dans

3.2.1. Dans i kulturskolen

Dans i kulturskolen spring ut frå dans som kulturell og kunstnarisk aktivitet. Kulturskolen gir opplæring i ulike danseformer som ofte blir formidla til andre frå ei «scene», det kan vere i eit kulturhus, på ein skole, på ein togstasjon, i skogen eller via ein film.

Sentrale dansefag i kulturskolen er klassisk ballett, jazzdans, samtidsdans, tradisjonsdans og urbane dansestilar. Viktige handlingar i faget er å *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere*. Kulturskolen bør ha ei målsetting om å byggje opp eit breitt dansetilbod og tilby undervisning innanfor både Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram. Tilboda bør ha tydeleg struktur, progresjon og læringsprofil slik at det er rom både for dei som vil danse berre litt og for dei som vil danse mykje og satse vidare.

I arbeidet med dans i kulturskolen vil prosessen vere like viktig som resultatet. Det er viktig med ein god meistringskultur der ein har tydelege mål og ambisjonar, men likevel legg vekt på medbestemming og eigarskap, samarbeid og det å gjere kvarandre gode. Dansefaget er ein viktig arena for sosiale møte, nære relasjonar og vennskap. For nokre elevar vil Fordjupingsprogrammet også kunne gi grunnlag for ei seinare profesjonsutdanning.

Kulturskolen må vere utviklingsorientert, innovativ og ein god samspelar for å kunne realisere potensialet sitt som lokalt ressurssenter, og dansen bør ha ei viktig rolle i denne samanhengen. Dans i kulturskolen kan bidra i tverrfagleg samarbeid med barnehage, skole, kulturliv, lag og organisasjonar, idrett, dessutan med fagmiljø innanfor førebyggjande psykisk og fysisk helse.

Dansens verdi for menneske og samfunn

Dans er ein del av det å vere menneske. Hos barn er dans til stades som ein intuitiv uttrykksmåte heilt frå fødselen av. Det er viktig at denne medfødde evna til å uttrykkje seg med rørsler, blir stimulert vidare i oppveksten. Å oppleve, utøve og skape dans vil kunne gi eit positivt bidrag til den fysiske, emosjonelle, sosiale og intellektuelle utviklinga til eleven.

Dans kan stimulere til kreativitet, utfalding og meistring og bidra til ei positiv haldning til eigen kropp og til danning og identitetsutvikling.

Vidare kan dansen styrke viktige livskompetansar som mot, disiplin, tryggleik, tillit, samhandling og samarbeid. Ikkje minst kan dansen stimulere personleg danseglede og livsglede.

I lokalsamfunnet kan dans bidra til å skape kulturopplevingar og lokale møteplassar, feiringar og markeringar av lokal historie, kulturarv og kjensle av å høyre saman. Dansen kan bidra til å gi folk i lokalmiljøet kulturell kompetanse og auka livskvalitet, noko som er i tråd med den utvida oppgåva kulturskolen har som lokalt kulturelt ressurssenter.

Enkelt sagt er dans rørsle i tid og rom. Dansen har ein spesiell eigenverdi, og menneske har til alle tider uttrykt seg gjennom dans. Dansen er også bunden til kultur og knytt til person, stad og bruk. Han er eit kunstuttrykk som prøver å forstå, bearbeide og uttrykkje verkelegheita, han er eit ritual, han er ein del av sosialt samvær, og han er eit ledd i oppseding og danning.

Fortid, nåtid og framtid – eit dansefelt i rørsle

Dagens samfunn representerer eit stort mangfald når det gjeld kultur, etnisitet, kropp og tradisjon. Kulturskolen har derfor som kulturinstitusjon ansvar for å leggje til rette for danseopplæring som speglar dynamikken og utviklinga i samfunnet og der det skal vere rom for alle.

Samtidig skal kulturskolen ta vare på dansens historie og tradisjon. Dansen står slik i eit spenningsfelt mellom fortid, nåtid og framtid, mellom tradisjon og nyskaping. Ein dansar i dag skal kunne utøve og formidle, men også vere medskapande, nyskapande, reflekterande og samfunnsmedviten.

Dansaren er ikkje lenger berre eit objekt for koreografen eller publikum, men eit sjølvstendig subjekt med fridom og ansvar for det dynamiske fellesskapet. Dette må kulturskolen spegle.




3.2.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med dans skal elevane kunne

- meistre basisferdigheiter knytte til eigen kropp, nivå, sjanger og til dansefagets eigenart
- bruke dans som kommunikasjons- og uttrykksmiddel
- oppleve glede ved å meistre, skape og utøve og gjennom det få tiltru til eigne evner og mogelegheiter til å uttrykkje seg
- utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i dans
- bli ressurspersonar som medverkar til eit levande kulturliv



3.2.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – dans som uttrykksmiddel

Faghjulet viser mogelegheiter og potensial i dansefaget.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar i faget: *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei ”verktøykasse” som rommar dei aktivitetane som ein tar i bruk for å gjere dansen tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram nye kombinasjonar av handlingar og aktivitetar. Den nest innarste sirkelen viser grunnleggjande verdiar som kan utviklast gjennom danseopplæringa.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa, publikummet. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike dansestilar.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes er det naturleg at eit konkret innstuderingsarbeid vil bli sett i samanheng med den historiske konteksten som dansen har oppstått i. Eller når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå varierte sider ved danseopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer danseundervisning.

3.2.4. Læringsmål

Nedanfor er ei framstilling av dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke dansefaga. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i kvart enkelt dansefag og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå på elevane. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren
- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og samhandling
- legg vekt på prosess og meistring
- skaper gode formidlingsopplevingar
- stimulerer kreativitet og danning gjennom å gi elevane mogelegheit til å skape og oppleve
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål
Eleven
- opplever mangfaldet og gleda ved dansen
- samarbeider og tar aktivt del i eit sosialt fellesskap
- utforskar og skaper eigne små uttrykk
- har deltatt med enkle danseuttrykk på ein relevant visningsarena
- er del av eit levande kulturliv i lokalmiljøet og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Det er i dette programmet hovudverksemda til dansetilbodet bør liggje.

Programmet er for elevar som ønskjer å delta på eit fast undervisningstilbod i dans som imøtekjem ulike behov og ulike grader av motivasjon og ambisjon. Det kan vere både eit meir ope breiddetilbod og eit tilbod for elevar som er motiverte for å utvikle utøvande og skapande evner gjennom langsiktig og systematisk opplæring.

I dette programmet er det tilrådeleg å leggje til rette for eit mangfaldig tilbod av ulike dansefag, dessutan alders- og nivåinndeling. Avhengig av storleiken på skolen, kompetansen til læraren og talet på danseelevar kan det utviklast varierte timeplanar og gruppesamansettingar som imøtekjem ulike føresetnader hos elevane, motivasjon og ambisjonsnivå.

Forventningar til læraren
- legg til rette for systematisk trening i å utvikle fagspesifikke basisferdigheiter
- legg til rette for god fagleg progresjon og kontinuitet frå nybegynnar, litt øvd, øvd og til vidarekomen
- utfordrar elevane til personlege uttrykk og formidling
- legg til rette for kreative læringsprosessar der elevane skaper frå idé til produkt
- legg vekt på samhandling og fellesskap
- stimulerer indre motivasjon, engasjement og arbeidsdisiplin hos eleven
- legg vekt på eigenvurdering og refleksjon, bruker formativ vurdering aktivt

Læringsmål
Eleven
- har kunnskap om og meistrar fagspesifikke ferdigheiter relaterte til eigen kropp, nivå og eigenarten til dansefaget
- har kunnskap om og utøver danseuttrykk relaterte til dynamikk, musikk, rom og arenaer, aleine og i ulike grupper
- har kunnskap om enkle koreografiske prinsipp og har deltatt i skapande prosessar frå idé til produkt
- har kjennskap til mangfaldet i dansen og den rolla dansen har i samfunnet og tar del i samtalar om dans
- reflekterer over eiga læring og utvikling
- viser respekt for normer og verdiar i dansekulturen, er førebudd, positiv og motivert i dansetreninga og viser god treningskultur

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men skal vere styrkt med omsyn til innhald og omfang, vurdering og oppfølging.

Forventningar til læraren
- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- gir tilpassa opplæring til kvar enkelt elev
- legg til rette for kunstnariske prosessar og utvikling av kunstnarisk medvit
- legg til rette for omfattande erfaring med visningar og førestellingar på ulike arenaer
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- bruker tilbakemelding og vurdering aktivt
- legg til rette for at elevane blir gode forbilde for andre danseelevar

Læringsmål
Eleven
- integrerer fagspesifikke ferdigheiter og bruker dette i dansen
- viser innsikt i eiga danseteknisk og kunstnarisk utvikling og utøver dans med personleg uttrykk og nærvær i små og større produksjonar
- har kunnskap om kunstnariske prosessar, koreografiske prinsipp og verkemiddel, utforskar og utviklar eigne komposisjonar og koreografiar
- har kunnskap om dansen som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- har kunnskap om treningslære og ernæring, planlegg og strukturerer eigen treningskvardag
- tar aktivt del i refleksjon, respons og vurdering

3.2.5. Innhald

Innhald handlar om undervisningas kva, knytt opp mot lærestoff, ulike dansefag, dansesjangrar, dansestilar og uttrykksformer. Dei ulike dansefaga har kvar sin eigenart, teknikk og estetikk.

Dei sentrale dansefaga i kulturskolen er:

- klassisk ballett
- jazzdans
- samtidsdans
- tradisjonsdans
- urbane dansestilar

Dansetilbodet i kulturskolen kan også omfatte supplerande og relevante dansefag. Desse kan vere integrerte i dansefaga som er omtala ovanfor eller stå som eigne tilbod på timeplanen.

Døme kan vere: barnedans og danseleik, kreativ dans, musikaldans, stepp, styrke og stretch, nysirkus, dansemiks og/eller akrobatikk. Her må den enkelte kulturskolen utnytte lokal kompetanse.

Den yttarste sirkelen i faghjulet

Den yttarste sirkelen i faghjulet med handlingane *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere* bør vere eit sentralt innhald og perspektiv i alle dansefag og gi idear og føringar for å leggje til rette danseopplæringa.

Utøve

Å trene på å utøve er det mest grunnleggjande i ein dansetime, og mykje tid må setjast av til dette arbeidet. Kroppen er instrumentet til dansen, og gjennom denne uttrykkjer eleven seg. Eleven må lære å automatisere og integrere danseteknikk, vere til stades i augneblinken og gå inn i eit danseuttrykk med heile seg.

Å utøve handlar i første omgang om å vise og framføre enkle rørsler og rørsleprinsipp med eigen kropp. Vekta må liggje på å vidareutvikle det fysiske potensialet i kroppen og gjennom dette skape fridom og tryggleik i den sceniske formidlinga.

Formidle

Dans som kunstform handlar om å uttrykkje seg gjennom kroppen. For å lykkast i dette må eleven få møte kombinasjonar av ulike stilar og stemningar og vidare sikte mot å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan. Gjennom små, interne visningar og større førestellingar kan ein leggje til rette for varierte formidlingserfaringar, repertoar og uttrykk som speglar mangfaldet og breidda i dansen.

Skape

Å skape er ein viktig del av danseopplæringa. Eleven skal ta del i ein kunstnarisk prosess frå idé til produkt og få erfaring med dei ulike fasane i ein kreativ prosess (sjå modellen nedanfor).

Frå idé og konseptualisering, via utforsking og utvikling av materiale for rørsler gjennom improvisasjon og komposisjon. Vidare til koreografi- og formgivingsfasen der heilskapen blir sydd saman med dramaturgi, kostyme og kanskje sceniske verkemiddel, til fasen med ferdigstilling der ein øver og terpar, og til slutt sjølve visninga og vurdering i etterkant.



Fasar i ein kreativ prosess.

Oppleve

Som danseelev er det viktig å få oppleve dans som ei uttrykksform med ein bodskap som kan finne gjenklang hos andre. Dette inneber at eleven også skal lære «om» dans.

Dette handlar om danningspotensialet i faget, det å kunne setje dansen inn i eit historisk, kulturelt, sosialt og estetisk perspektiv. Det kan vere gjennom at læraren fortel og viser døme ved bruk av tekst, bilete og/eller film, eller gjennom at elevane blir tatt med på profesjonelle førestellingar eller møter gjestelærarar med arbeidsseminar frå dagsaktuelle førestellingar.

Læraren har ansvaret for å utvide perspektivet på dans til dans som kulturelt og kunstnarisk uttrykk og stimulere eleven til ei utvida interesse for dans ut over eiga utøving. Å oppleve må koplast til neste dimensjon ved faget: Å reflektere.

Reflektere

Vi lærer gjennom å kople saman teori og praksis, gjennom å reflektere over meining, over handlingane våre og knyte ny erfaring og kunnskap saman med erfaringar og kunnskap vi alt har. Det er viktig å bruke refleksjon som eit læringsverktøy og integrere refleksjon med dei utøvande og skapande dimensjonane i faget. Eleven skal få eigarskap til eigen læringsprosess gjennom refleksjon, kritisk tenking, verbalisering og gjennom å sjå dansefaget i ei samfunnsmessig ramme. Refleksjon inneber også å beskrive, fortolke og vurdere danseuttrykk.

Samtalane om dans vil også bidra til den faglege utviklinga hos eleven.

3.2.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas korleis, kva metodar og læringsaktivitetar som blir brukte. Generelt blir ulike arbeidsformer nytta i danseopplæring:

- lærarstyrt undervisning
- produksjons- og førestellingsarbeid
- rettleiing og vurdering
- elevmedverknad og sjølvstendig arbeid
- samarbeid
- utforsking og skapande arbeid
- prosjektarbeid og tverrfagleg arbeid

Variasjon er ein nøkkel til læring. Det føreset at læraren har eit breitt spekter av metodar og arbeidsformer for å leggje til rette læring i ulike kontekstar, med ulike elevar og elevgrupper.

Sentrale stikkord vil ein elles finne i faghjulet, den mellomste sirkelen. Her finn ein «verktøykasse» for tilrettelegging av læring og utvikling.

Ein ventar at elevane trenar på eiga hand utanom undervisningstimane. Prosjektperiodar, arbeidsseminar, helgekurs og sommarkurs kan vere supplerande tilbod i danseopplæringa.

Organisering

Dansetilbodet i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet blir gjerne organisert som «klassar» som møtest kvar veke og går over eit heilt semester eller skoleår, der elevane dansar saman med ei fast gruppe og ein fast lærar. I programma blir det ofte integrert ein vurderingsklasse/open klasse og små og store visningar/førestellingar der elevane får vist fram resultata sine.

Opplæringa bør gå føre seg kvar veke, med aldersinndelt og/eller nivåinndelt undervisning i grupper. Kor lenge danseklassen bør vare, er avhengig av eigenarten til dansefaget, talet på elevar, alder og ferdigheitsnivå.

Storleiken på gruppene bør ta omsyn til elevane sine føresetnader, alder, eigenarten til dansefaget og storleiken på rommet.

På kulturskolar der dansefaget har mange elevar som er organiserte i større grupper, bør det setjast av nok ressursar til administrasjon og leiing som er direkte knytt til dansefag. Denne ressursen kan mellom anna nyttast til timeplanarbeid, opptak, oppfølging av enkeltelevar, fagleg utviklingsarbeid, informasjonsarbeid, visjon og strategi, produksjon og gjennomføring av førestellingar.

Å undervise fysiske fag i store grupper er krevjande, og dansepedagogen må sjølv utvikle materiale, øvingar og koreografi. Ein bør ta omsyn til dette når arbeidsplanen for læraren blir lagt, og arbeidstidsavtalane for dansepedagogar bør følgje tilrådingar frå relevante fagforbund og lokale avtalar.

Samarbeid med andre aktørar

Dans bør koplast saman med andre kunst- og kulturuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre til i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Eksterne samarbeidspartnarar kan vere Den kulturelle skolesekken og skoleverket, kulturlivet, idretten, dessutan etatar for psykisk og fysisk helse. Dansefaget i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

Kulturskolen må vere utviklingsorientert og vere ein god samspelar for å kunne realisere potensialet som lokalt ressurssenter, og dansen bør ha ei viktig rolle i denne samanhengen.



3.2.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at vurderinga skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven. Mykje av vurderingsarbeidet skjer uformelt i den daglege klassesituasjonen i samtale mellom lærar og elev. I dans kan vurdering for læring gå føre seg i gruppe eller individuelt. Vurdering for læring er viktig, men samtidig ressurskrevjande, noko det bør bli tatt omsyn til når midlar skal fordelast. Det er også viktig å utvikle gode formelle vurderingsrutinar og informere både elevar og foreldre/føresette om læringa og utviklinga både i gruppa og hos den enkelte eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei
- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Følgjande vurderingsformer bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kva omfang:

Læringsmåla er viktige kriterium for å vurdere utviklinga til eleven. Elevane må forstå kva dei skal lære og kva som blir venta av dei. Når alderen tilseier det, kan læringsmåla vere eit naturleg utgangspunkt for at elevane blir meir medvitne om læring i faget. Dette kan innebere å setje seg eigne delmål.

Læringsstøttande tilbakemeldingar. Læraren gir konkrete tilbakemeldingar med presise og konstruktive råd til elevane undervegs i prosessen. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing.

Dialog om fagleg kvalitet. Læraren har dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet og styrker gjennom dette medvit om korleis dette kan oppnåast.

Eleven vurderer seg sjølv. Eleven blir sett i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid, ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og medvit om det ein strevar med.

Elevrespons. Elevane gir kvarandre konkrete tilbakemeldingar (kameratvurdering). Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Loggbok. Loggføring kan vere eit godt verktøy for å auke medvitet til eleven omkring eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå på eleven mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan takast opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.2.8. Lokale og utstyr

Lokale

Det fysiske danserommet og scenetilhøva må leggjast til rette med omsyn til den eigenarten dansen har og ut frå kva behov dansen fører med seg. Dette inneber mellom anna:

- Dansesalen bør ha god storleik, takhøgde, lysforhold og ventilasjon, dessutan pauseplass og garderobe med tilgjengeleg dusj.
- Golvet i eit dansestudio er arbeidsflata for dansaren og pedagogen. Det bør vere tilpassa rørslene i dansen for å unngå belastningar og skadar. Overflata bør vere jamn med dansematter eller i tre/parkett.
- Barrar langs vegg eller flyttbare barrar dersom det blir undervist i dansefag som krev dette.
- Høvelege lager/rom for oppbevaring av kostyme, rekvisittar og treningsutstyr.
- Lærarane bør ha eigen garderobe, dessutan ha tilgang til kontor/arbeidsrom.

Visningsarenaer

Visningsarenaer for dans er svært viktig og alle elevar, uansett nivå eller alder, bør kvart skoleår framføre dans for eit publikum. Arenaene kan vere alt frå små visningar i lokale på skolen eller visningar site spesific i uterom, til store oppsettingar i kulturhus, teater, samfunnshus eller idrettshaller.

Ein større danseproduksjon krev god planlegging på førehand, ryddige produksjonsplanar med tydelege ansvarsområde og mellom anna oversikt over kostyme, koreografirekkefølgje, backstageområdet, lys og lyd.

Å kunne framføre dans på ei scene er ein viktig del av læringa og den kunstnariske utviklinga til elevane. Ein bør ta omsyn til dette i form av personalressursar og ressursar til koreografi og produksjonsmiddel (lokale, lys, lyd, kostyme, scenografi, PR).

Utstyr

Det er viktig at undervisninga blir lagt til rette med relevant materiell. Dette kan vere:

- Musikkavspelingsutstyr som er lett tilgjengeleg og tilpassa storleiken på rommet for å sikre god kvalitet på lyd.
- Nødvendig treningsutstyr som tøyematter, strikkar, balanseballar, brett, puter, skjelett- og muskelplansjar, dessutan stokkar relaterte til dei ulike dansefaga sin eigenart og behov.
- Førstehjelpsutstyr som er tilpassa dansetreninga sine behov.
- Tilgjengeleg datautstyr og programvare for lyd-, bilde- og filmredigering.
- Dansebibliotek med bøker, bilde og film (fysiske og/eller digitale).



3.3. Fagplan musikk

3.3.1 Musikk i kulturskolen

Kjernen i musikkopplæringa i kulturskolen er instrumental-/vokalopplæringa, samspelsaktivitetane og konsertane, basert på langsiktig motorisk, teknisk og uttrykksmessig trening, og i eit vidt sjangerspenn.

Det utøvande musikkfaget har solide metodiske tradisjonar for opplæring i ulike stryke- og blåseinstrument, tangentinstrument og song, strengeinstrument, folkemusikkinstrument og bandinstrument, og ei høgt kvalifisert yrkesgruppe i lærarane. Slik blir musikktilbodet ein viktig underskog både for høgare musikkutdanning, for lokalt/regionalt musikkliv og for profesjonell musikkutøving.

Musikktilbodet skal sørgje for at alle elevar får utnytta potensialet sitt så langt det er mogeleg. Tilbodet skal fange opp dei elevane som viser særskilte føresetnader og som vil inn på ei profesjonsutdanning seinare.

Læringssynet tilseier at alle unge har eit ibuande potensial for song og spel; opplæringa er talentutvikling frå første stund. Viktige handlingar er å *utøve, formidle, lytte, reflektere* og *skape*.

Eit formål med musikkfaget er å gjere elevane til aktive og medverkande deltakarar i sine eigne læringsprosessar.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman gi elevane tilgang til det breie og fordjupande spekteret ved musikkfaget.

Musikkopplæringa og kulturlivet

Musikklærarar ved kulturskolen, korps i lokalmiljøet, orkester, band, spelemannslag og kor har stor gjensidig interesse av å samarbeide om elevane si utvikling, meistring, motivasjon og behov. Medan kulturskolen bidrar med lærarkompetanse, bidrar ensembla med viktig samspelstrening og leiarskap. Det er viktig at elevane opplever ein heilskapleg opplæringsarena der instrumental-opplæring, øving, ensemblespel og formidling – på tvers av aldersgrupper – er eit heilskapleg felt. Det bør derfor etablerast eit tett samarbeid med leiarar og styre i organiserte samspels-ensemble i lokalmiljøet. Dette kan skje gjennom gode samhandlingsmodellar og felles tiltak for kompetanseutvikling.

Musikk i nåtid og framtid

Musikkelevane skal vere musikkutøvarar, musikkpedagogar, musikkskaparar og publikummarar i framtida. Musikkopplæringa byr på gode vilkår for denne utfaldinga ved å gi elevane kunnskapar og erfaringar som dei kan ha glede av gjennom heile livsløpet.

Musikkutøving er, i tillegg til at ho har sin kunstnariske eigenverdi, ei kjelde til meistring, sjølvinnsikt, sjølvuttrykk, erkjenning, undring, oppdaging og samhandling.

Dei unge kjem til å leve i eit samfunn som blir meir og meir globalisert. Musikkopplæringa ved kulturskolen må bidra til å utvikle ein kompetanse som gjer det mogeleg for dei å bli førebudde til dette, bli medvitne om verdiar og ansvar, utvikle personlege uttrykk og innlevingsevne. Ensembla blir ein arena der desse eigenskapane kan bli realiserte. Elevane lærer å møte merksemd som er retta mot individet, forventningspress, krav om «iscenesetjing» av seg sjølv. Her blir solospel og lagspel sameina, likeverdige musikarar lyttar til kvarandre, resultatet er avhengig av alle.

I dag er forståinga av kultur og samfunn påverka av inntrykk frå heile verda. Uttrykk, innhald og formidlingsformer er prega av stort mangfald når det gjeld musikksjangrar, etnisitet og tradisjon. Dette opnar for ei ny forståing av kva musikk kan vere som kulturell møteplass og som kunstnarisk uttrykk. Musikkopplæringa står i eit spenningsfelt mellom fortid, nåtid og framtid. Ho skal spegle mangfaldet og dynamikken i samfunnet, samtidig skal ho ta vare på historie og tradisjonar.

Ei moderne forståing av det utøvande feltet tilseier eit musikkollegium som representerer både ein klassisk, tolkingsbasert musikktradisjon og ein munnleg, gehørbasert tradisjon og som deler, utvekslar og tar med det beste frå begge tradisjonane. Der det finst lærarkompetanse, bør ein leggje ekstra vekt på undervisningstilbod som er knytte til instrument der rekrutteringa er mangelfull. Ein solid underskog er viktig for utdanningskjeda.

Når dei unge får ta del i fleirkulturelle uttrykk og ta instrumentet sitt med inn i nye kombinasjonar av musikk, visuelle uttrykk, tekst og rørsleuttrykk, vil det kunne styrke kulturforståing og ytringsfridom.


3.3.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- oppnå gode ferdigheiter på instrumentet sitt, på alle nivå og ut frå ambisjonsnivå
- oppleve meistringsglede og positiv sjølvutvikling
- utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede av musikk livet gjennom
- bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- utvikle evna til samspel og samarbeid
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande kulturliv



3.3.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – musikk som uttrykksmiddel

Faghjulet viser musikk som uttrykksmiddel.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar: *utøve, formidle, lytte, reflektere* og *skape*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein tar i bruk for å gjere musikken tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar. Den nest innarste sirkelen viser allmenndannande kvalitetar ein kan oppnå gjennom musikkopplæring.

Musikkhjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa, konsertpublikummet. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike musikkval.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes vil eit konkret innstuderingsarbeid naturleg bli sett i samanheng med den historiske konteksten som musikken har oppstått i. Eller når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved musikkopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.3.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma presenterte med læringsmål, nøkkelkompetansar og forventningar til læraren.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren
- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving og aktivisering
- legg vekt på prosess og meistring
- legg til rette for læring av basisferdigheiter og musikalske grunnelement
- trenar elevane sine evner til merksemd og nærvær
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål
Eleven
- meistrar utøvande basisferdigheiter
- tar aktivt del i samspel og sosialt fellesskap
- lærer gjennom leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- kjenner grunnleggjande musikkfaglege omgrep
- har trening i å formidle musikk på ein relevant arena
- er del av eit levande kulturliv i lokalmiljøet og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg individuelt, i grupper og i ulike ensemble. Der det finst lærarkompetanse, bør programmet styrke undervisningstilbod på instrument der rekrutteringa er mangelfull, som orgel, visse folkemusikk- og orkesterinstrument. Ein solid underskog er viktig for utdanningskjeda.

Fire fasar. Opplæringa kan delast inn i fire fasar.

- Fase 1: Begynnarnivå
- Fase 2: Mellomnivå
- Fase 3: Høgare mellomnivå
- Fase 4: Vidarekome nivå

Éin og same elev kan vere på ulike nivå når det gjeld musikkforståing, teknikk, notelesing eller gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadene til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane, men ein rettleiande progresjon tilseier frå eitt til fire år på kvar fase.

Det vil vere behov for lokale læreplanar som konkretiserer læringsmåla i delmål og fagleg progresjon for ulike instrumentgrupper.

Det er viktig at læraren gjer seg kjent med den totale situasjonen til eleven. Å kjenne til den samspelstreninga som elevar får utanom kulturskolen, vil kunne ha konsekvensar for planlegginga til læraren og for vektlegginga av ulike emne for ulike elevar. Det gir læraren innsikt i den samla arbeidsmengda til eleven og gjer det mogeleg å koordinere fritidsaktivitetar.

Nøkkelkompetansar

Undervisninga i Kjerneprogrammet er samla rundt fem nøkkelkompetansar: *øve, framføre, høyre, lese, lage*. Dei representerer eit langsiktig læringssyn og er nøkkelen til å lykkast i faget, utan omsyn til kva nivå eleven er på. Dei må sjåast i samanheng.

Øve

Å kunne øve inneber at eleven lærer å vere sin eigen lærar. Eleven må kunne planleggje og gjennomføre øving, repetere, lytte kritisk og gi seg sjølv konstruktiv tilbakemelding. Målet er å *utøve musikk* og gå inn i eit musikkuttrykk med heile seg. Mykje tid må setjast av til dette.

Framføre

Å kunne framføre inneber å uttrykkje og vekkje kjensler på eit djupare plan, arbeide med formidling, konsentrasjon, presentasjon, stressmeistring, innspeling og konsertproduksjon. Det gjeld både solospel og framføring saman med band/ensemble, korps, orkester, kor, profesjonelle musikarar og elevar frå andre kunstformer.

Høyre

Å kunne høyre handlar om å lytte, analysere, samhandle, samspele, imitere og improvisere med stemme, instrument og gjennom dans og rørsle. Det dreiar seg også om å transkribere musikk, lytte kritisk til eige spel og verdsetje musikk.

Lese

Å kunne lese dreiar seg om å oppfatte, tolke og forstå musikalske grunnelement som teikn, motiv, tema og formforløp på grunnlag av notasjon, for så å gjenskape dei. Gjennom gjenkjenning og bruk av elementa utviklar ein forståing for korleis strukturar pregar musikalske uttrykk. Det enkelte lærarkollegiet må diskutere spørsmålet om korleis dette skal vektast for at tradisjonsgrunnlaget i ulike musikksjangrar skal takast vare på. Prima vista-spel vil vere ein del av kompetansen.

Lage

Å kunne lage inneber arbeid i spennet frå intuitive improvisasjonar via komponering og låtskriving til vidareformidling av musikalske idear i samspel, dessutan utvikling av kompetanse i lyddesign, musikkteknologi og konsertproduksjon. Å meistre ulike former for notasjon og på ulike måtar ta vare på eigenkomponert musikk, står sentralt.

Fase 1: Begynnarnivå

Forventningar til læraren
- set samspel og musikkoppleving i sentrum
- gjer eleven fortruleg med instrumentet og mogelegheiter som ligg i instrumentet
- styrker eleven si evne til å leggje merke til og iaktta
- legg grunnlaget for optimal teknisk utvikling
- gir nok rom for spontan uttrykksglede
- har tett samarbeid med foreldre/føresette

Læringsmål
Eleven
- imiterer, spelar/syng melodiar og rytmemønster på gehør
- lyttar til og vurderer eiga musisering
- stemmer instrumentet og intonerer
- finn grunnpulsen i musikken
- les notar ved å syngje melodiar på notenamn, trinn eller sol-fa og dirigere grunnslaga
- les notar ved å samanlikne og finne likskapar i notebildet
- spelar enkle melodiar prima vista
- komponerer vidare på melodiar der starten er oppgitt
- komponerer, dirigerer og noterer eigne melodiar
- improviserer med utgangspunkt i tonar, historier, stemningar, stikkord
- hentar informasjon frå tittel, komponist, tempo, taktart, toneart, dynamiske teikn og musikkuttrykk i innstuderingsarbeidet
- gjer greie for kva som kjenneteiknar ei god spelestilling og tekniske basisferdigheiter
- øver jamnt og samarbeider med læraren og foreldre/føresette om gode øvingsrutinar
- spelar/syng musikk i ulike fora

Fase 2: Mellomnivå

Forventningar til læraren
- set speleglede og energi i sentrum
- legg til rette for varierte samspelserfaringar
- styrker grunnleggjande tekniske ferdigheiter
- har fokus på kroppsmedvit
- knyter gehørarbeid og teori til det utøvande arbeidet
- gir eleven sine komposisjonar og improvisasjonar ein sentral plass
- styrker leseferdigheiter forankra i elementær musikkteori, bakgrunnskunnskap/historikk
- utviklar openheit for ulike musikalske sjangrar

Læringsmål
Eleven
- imiterer musikalsk form og uttrykk
- improviserer med utgangspunkt i ulike skalaer og akkordrekker
- lyttar aktivt til eige spel og medelevar i samspel
- bruker treklangar, skalaer og intervall som notelesingsverktøy
- spelar enkle stykke prima vista
- les, tolkar og gjer bruk av musikkteori og bakgrunnshistorikk i innstuderingsprosessen

- komponerer eigne melodiar for instrumentet sitt
- komponerer musikk ved hjelp av enkel musikkteknologi
- improviserer med utgangspunkt i akkordrekker
- dokumenterer grunnleggjande tekniske kunnskapar på instrumentet
- øver variert og løysingsorientert og viser evne til å halde ut
- spelar konsertar på ulike publikumsarenaer
- set saman konsertprogram i samarbeid med læraren og medelevar

Fase 3: Øvre mellomnivå

Forventningar til læraren
- set musikalsk kommunikasjon og uttrykk i sentrum
- vidareutviklar tekniske ferdigheiter
- har fokus på kroppsmedvit
- knyter gehørarbeid og teori til det utøvande arbeidet
- gir kreative prosessar som improvisasjon/komposisjon/arrangering sentral plass
- legg til rette for samspel og produksjon av konsertar/førestellingar
- legg til rette for kunstopplevingar som utfordrar og repertoar som viser mangfald og mogelegheiter

Læringsmål

Eleven
- memorerer og gjengir samansette musikalske forløp
- vurderer eige spel
- improviserer med utgangspunkt i ulike improvisasjonsteknikkar og tradisjonar
- lyttar til og reflekterer over mange typar musikk
- les grafiske og andre notasjonsformer
- les kroppsspråk og rørsler
- lagar musikkvideoar og gjer musikkinnspelingar
- vidareutviklar eit eksisterande musikalsk materiale og komponerer aleine eller i samarbeid med andre
- planlegg konsertprosjekt saman med læraren
- utøver funksjonell instrumental-/vokalteknikk
- forstår enkel anatomi og drar nytte av kunnskap om spenningar og feilbelastning
- bruker opptak av eige spel som øvingsmetode
- planlegg øving saman med læraren
- framfører og tolkar eit allsidig repertoar basert på sjanger- og stilforståing
- samarbeider med andre om produksjonar der ulike kunstuttrykk blir integrerte
- spelar konsertar med formidlingsvilje

Fase 4: Vidarekome nivå

Forventningar til læraren
- legg vekt på instrumentalteknisk ferdigheit og forståing på høgt nivå
- legg til rette for deltaking på arenaer for kunstnarisk og instrumentfagleg samarbeid på tvers
- førebur eleven til opptaksprøver og prøvespel
- stimulerer eleven til å leie seg sjølv, til gode arbeids- og øvingsrutinar

Læringsmål
Eleven
- imiterer og transponerer melodiar ved hjelp av auditive analysemetodar og «hugseknaggar»
- gjer auditive analysar av form og innhald i musikkstykke
- innstuderer og framfører musikk med integritet
- analyserer og beskriv musikk med eit godt omgrepsapparat
- drar nytte av brei informasjon frå eit notebilete
- improviserer i ulike stilartar
- tilpassar arrangement, komponerer og arrangerer musikk for relevante samansettingar
- lagar langsiktige øvingsplanar og arbeider kontinuerleg med å optimalisere øvingsmåtar
- nyttar mentale innstuderingsteknikkar i øvingsarbeidet
- instruerer og øver med små ensemble
- spelar solokonsertar
- leier planlegging, gjennomføring og presentasjon av konsertar

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang.

Forventningar til læraren
- legg til rette for utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet til eleven
- har målsetting om å medverke til å skape heile menneske
- fremmer medvit om ambisjonar hos eleven
- legg til rette for omfattande samspel og konserterfaring
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på god og sunn kroppsfysiologi
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev

Læringsmål
Eleven
- har instrumentaltekniske ferdigheiter på høgt nivå
- kan innstudere og framføre musikk med integritet og personleg uttrykk
- har eit stort og variert repertoar for instrumentet sitt
- har eit godt utvikla gehør
- knyter teorikunnskapar til det utøvande arbeidet
- bruker god musikkfagleg terminologi

- har omfattande konserttrening
- har brei erfaring med ensemblespel og konsertproduksjonar
- meistrar relevante komposisjonsprinsipp
- tar i bruk ulike oppvarmings-, avspennings- og konsentrasjonsteknikkar
- har etablert gode øvings- og innstuderingsstrategiar og reflekterer over eiga utvikling på instrumentet
- er eit godt forbilde for andre elevar
- er førebudd til opptaksprøver og vidare musikkstudium

Rammer

Fordjupingsprogrammet i musikk blir planlagt som eit løp med fagleg progresjon. Kunstnariske og pedagogiske omsyn må leggjast til grunn.

I tillegg til styrkt instrumentaltime bør programmet ha ensembletrening, teori-/gehørundervisning og obligatorisk konserttrening. Ein må rekne med ressursar og tid til konsertførebuingar, akkompagnatør, lydprøver og informasjonsarbeid.



3.3.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas kva, om lærestoff, emneområde og repertoar.

Innhaldet i musikkopplæringa omfattar ulike område: instrumental-/vokalopplæring, ensemblespel, lytting, gehørtrening, komponering, musikkteori, musikkhistorie, øving og kroppsbruk, instrumentkunnskap, konsertar. Innhaldskomponentane bør, så langt det er mogeleg, integrerast med kvarandre i opplæringa.

Instrumental-/vokalopplæring er grunnmuren og bør vere eit tilbod i dei instrumenta der det er tilgang til lærarar med høg utøvande og pedagogisk kompetanse. Å utøve musikk er det mest grunnleggjande i musikkopplæringa, og mykje tid må setjast av til dette. Det er viktig at eleven får høve til å oppleve musikk som ei uttrykksform som i høg grad har evne til å gjere inntrykk på andre.

Nøkkelkompetansar – emne

Desse må sjåast i samanheng med læringsmål og utviklingsfasar, del 4.

Øve
- Kroppsmedvit, spelestilling og basistrening
- Teknikkarbeid
- Innstuderingsmetodikk
- Mental trening
- Øvingsstrategiar
- Evne til å leie seg sjølv
- Samspelsøving og gruppeleiing

Framføre
- Kommunikasjon
- Prestasjonsmeistring
- Konsertproduksjon
- Repertoararbeid
- Innspelingar og musikkvideoar
- Samarbeid og samspel

Høyre
- Assosierande og reflekterande lytting
- Auditiv analyse
- Imitasjon og transkripsjon
- Gehørspel
- Improvisasjon
- Transponering
- Samspel
- Intonasjon og stemming av instrument

Lese
- Notasjon og notelesing
- Melodisk/harmonisk/rytmisk
- Absolutte og relative lesemetodar
- Innstuderingsteknikkar
- Analyse
- Musikkhistorie
- Musikkteori
- Sjanger- og stilkjensle
- Repertoarkunnskap

Lage
- Improvisasjon
- Komponering
- Arrangering
- Forming

Ensemblespel er ein viktig del av instrumental-/vokalopplæringa i alle fasar.

Større fellesensemble kan samle elevar frå alle program og elevar med opplæring i andre kunstfag. Dette kan gi tilgang til viktige sosiale erfaringar, felles musikkopplevingar, skape gode relasjonar og medverke til integrering av minoritetsspråklege elevar.

Konsertdeltaking står sentralt i all musikkverksemd og er derfor viktig frå første undervisningsår.

Historie og kulturarv i lokalmiljøet bør brukast som kjelde til prosjekt og multimodale produksjonar/tidsreiser der elevar frå musikk, skapande skriving, dans, teater og visuell kunst skaper og framfører i fellesskap.

Spesialiseringskurs kan inngå som tillegg for elevar i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet, eksempelvis komponeringsverkstad, kurs i lys/lyd, lyttefordjuping, teorikurs, låtskrivekurs, folkemusikk- og folkedanskurs m.m.

Ein del av danningsinnhaldet i faget er å kunne sjå musikken i lys av historiske, kulturelle, sosiale og estetiske perspektiv. Elevane må stimulerast til refleksjon, kritisk tenking, til å stille spørsmål, til å verbalisere og til å sjå den verdien musikken har for mennesket.

Stoffval er ei sentral didaktisk oppgåve i instrumental-/vokalopplæring. Generelt bør ein velje stoff som:

- stimulerer det kjenslemessige engasjementet hos eleven
- har kunstnarisk kvalitet
- styrker teknikkarbeidet
- har struktur/progresjon og er tilpassa utviklingsfasane
- utviklar medvit om klang og toneart, formforståing, harmonisk, melodisk og rytmisk medvit
- høver til samspel

3.3.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas korleis, om metodar og læringsaktivitetar.

Det er ein føresetnad at læraren har eit breitt spekter av metodar for arbeid med innlæring, teknikk, rytme, klang, uttrykksevne, gehør, heilskap og del, improvisasjon, musikalsk forståing og utanåtlæring. Ein tilrår at lærarteamet utviklar gode metodar for korleis teori kan knytast til utøvinga på instrumentet.

Det same gjeld song, rørsle, gehørspel, improvisasjon og bruk av hjelpeinstrument som kan styrke arbeidet med det repertoaret som eleven arbeider med. Variasjon er ein nøkkel til læring. Eiga øving må få stor vekt i opplæringa, med gode metodar og tilvisingar for eleven. Temaet bør setjast på dagsordenen for utprøving og utviklingsarbeid i musikkseksjonen.

Eleven si arbeidsbok. Her kan eleven leggje øvingsplanar, reflektere over resultat og prosessar, gjere lytteoppgåver, løyse teorioppgåver, førebu spørsmål, klistre inn relevant stoff, samle repertoar. Arbeidsboka blir ein dokumentasjon på det eleven har gjort og på utvikling, og ho kan brukast i vurderinga.

Generelt vil følgjande arbeidsformer eksistere side om side i musikkopplæringa:

- lærarinstruksjon
- imitasjon
- elevmedverknad og sjølvstendig arbeid
- samspel i alle fasar av opplæringa
- undersøkjande og eksperimenterande former
- leikbaserte metodar
- metodar for skapande arbeid og aktiv lytting
- meisterklassar
- konsertførebuing
- elevsamarbeid
- prosjektarbeid
- bruk av digitale verktøy

Felles refleksjon i lærarteamet om kva arbeidsformer som er relevante for ulike elevar/elevgrupper, bør vere ein vedvarande prosess.

Følgjande moment vil til saman opne for eit breitt tilfang av læringsaktivitetar:

- Faghjulet. Sentrale stikkord er presenterte i den nest yttarste sirkelen i faghjulet.
- Dei fem nøkkelkompetansane øve, framføre, høyre, lese, lage.
- Dei ulike organiseringsmodellane.

Metodiske tradisjonar. Instrumental-/vokalopplæring byggjer på ulike metodiske tradisjonar: Den notebaserte og tolkingsbaserte, som er mest i bruk i klassisk europeisk musikktradisjon, og den munnlege og imitasjonsbaserte, som er mest i bruk i folkemusikk, jazz, pop og rock. Arbeidsformene bør hente det beste frå begge tradisjonane.

Organisering

Fleksibel timeplan. Den enkelte skolen og læraren bør prøve ut ulike måtar å organisere undervisninga på som tar vare på læringsmiljøet og læringa og motivasjonen til den enkelte eleven. Det er viktig at eleven får nok tid til å arbeide med instrumentet i ulike læringssituasjonar. *Variasjon* og *fleksibilitet* er sentrale stikkord.

Korps, orkester og kor er tradisjonsrike opplæringsarenaer for mange elevar i kulturskolen. Dei kulturelle fellesskapa har mykje å seie for elevane sin motivasjon, og kulturskolen har eit særskilt ansvar for å samarbeide med desse på lærar-/instruktør-/dirigentnivå slik at elevane opplever heilskap og samanheng. Repertoar, årshjul, konsertar, meisterskap, stemne og avslutningar bør koordinerast så langt det er mogeleg.

Ei fleksibel og nytenkjande organisering vil gi læraren eit allsidig arbeidsår. Ein føresetnad for dette er vilje og smidigheit hos både lærar, kollegaer, foreldre/føresette og skoleleiing når timeplanen blir lagt. Læraren vil trenge administrativ støtte til å leggje ein årsplan som varierer mellom ulike organiserings- og undervisningsformer.

Gruppeundervisning. Dette inneber at den undervisningstimen som er lagt til kvar veke, går føre seg i små grupper, avhengig av alder/nivå/innhald. Gruppeorganisering gir ein tidsressurs som gjer det mogeleg å ta i bruk ein metodikk der læraren kombinerer til dømes teknikkarbeid, samspel, teori, elevoppgåver og rytmetrening. Modellen høver særskilt godt for fase 1 og 2.

Klasseundervisning. I nokre tilfelle kan vokal-/instrumentalundervisning gå føre seg i større klassar. Høveleg innhald vil vere musikkteori, instrumentkunnskap og instrumentpleie, øvingsteknikkar, oppvarmingsøvingar, prestasjonsførebuing og kor av instrumentalistar (fløytekor, piano-orkester osv.).

Individuell undervisning. Dette er den tradisjonelle organiseringa av instrumentalopplæringa og går føre seg i eit bestemt rettleiingsmønster. Modellen vil vere aktuell alt frå fase 2 og bør få større plass til lenger eleven kjem i utvikling. I fase 4 og på Fordjupingsprogrammet vil individuell organisering vere hovudmodellen.

Utvida individuell undervisning. Eleven kjem 30 minuttar før undervisningstimen, får eige rom og får ei tilrettelagt oppgåve som skal løysast til undervisninga startar. Oppgåva blir gjennomgått og eleven får tilbakemelding. Modellen doblar den tida eleven får i kulturskolen.

Elevmedverknad. Elevar som i alder, modenheit og nivå har kome så langt at dei kan formidle kunnskapar og hjelpe andre, kan i korte delar av undervisningstimen få ansvar for å undervise medelevar. Læraren vil samtidig kunne gi individuell rettleiing til enkeltelevar.

Samspel. Samspel i kulturskolen går føre seg i ensemble og band med opp til omtrent ti elevar, eller i korps/orkester/storband/kor med enda fleire. Samspelstrening er viktig på alle nivå og for alle instrument.

Prosjektorganisering. Elevane tar del i planlegging og gjennomføring av ein konsert, innspeling, førestelling, film og liknande saman med læraren og andre. Elevane får innblikk i dei ulike fasane og den innsatsen som skal til for å få eit vellykka resultat.

Fleirlærarsystem. På årsbasis eller i periodar kan to eller fleire lærarar samarbeide om dei same elevane. Lærarane sin kompetanse vil utfylle kvarandre, modellen gir eit styrkt arbeids- og læringsmiljø.

Verkstad. Elevgruppa arbeider i arbeidsseminar med emne som er knytte til opplæringa. Det kan til dømes vere samisk musikkverkstad, rytmeverkstad, arbeidsseminar med besøk av komponist osv.

Meisterklasse. Éin elev får undervisning medan andre høyrer på. Elevane som er publikum, kan delta med spørsmål/kommentarar. Når læringsmiljøet er prega av tryggleik og ei positiv og støttande haldning, kan meisterklasse passast inn på alle nivå.

Overlappande undervisning. Eleven møter i god tid og deltar på avslutninga av timen før, eller blir igjen etter eigen undervisningstime og deltar i starten av timen etter.

Innhaldet i dei overlappande delane av timane kan vere oppvarming, gjennomspeling av nytt repertoar for dei yngste/prima vista for dei eldste, kammermusikk og anna. Dei eldste elevane lærer å ta ansvar for dei yngre, dei fungerer som forbilde og «lærarar». For dei yngste er det inspirerande å spele saman med eldre elevar. Ei slik organisering kan praktiserast i periodar av året eller som ei meir permanent ordning.

Samarbeid med andre aktørar. Musikktilbodet bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Musikkopplæringa kan også knytast til den kulturelle skolesekken, det frivillige musikklivet, profesjonelle musikkinstitusjonar, dei fleirkulturelle miljøa, etatar for førebyggjande fysisk og psykisk helse og forskingsnettverk der det er mogeleg. Musikkseksjonen i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

3.3.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at ho skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og kunstnariske utviklinga til eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei
- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i musikkopplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kor stort omfang:

Læringsmåla er viktige kriterium å vurdere utviklinga til eleven opp mot. Elevane må forstå kva dei skal lære og kva som er venta av dei.

Læringsstøttande tilbakemeldingar. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing. Det ligg eit stort læringspotensial i ei positiv stadfesting. Prosessvurdering vil innebere konkrete råd om kva eleven bør arbeide med vidare.

Dialog om fagleg kvalitet. Læraren legg til rette for ein vedvarande dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet og korleis ein kan oppnå dette.

Elevrespons. Elevane gir kvarandre tilbakemelding på framføringar der dei blir trena i aktiv lytting og verbalisering. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Her blir det utveksla informasjon, og ein kan ta opp tema som utvikling, øving, faglege utfordringar, innsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

Milepælmarkering. Denne vurderingsforma kan vere god for enkelte elevar. Ho representerer ein stasjon undervegs der ein feirar å ha kome i mål, noko som er ei gledefylt hending. For lærarkollegiet vil markeringa gi ulike instrumentgrupper ei felles vurderingsplattform og vere eit godt utgangspunkt for refleksjon rundt læringsmål.

Eleven vurderer seg sjølv. Eigenvurdering bør praktiserast frå første stund. Læraren set elevane i stand til å vurdere kvaliteten på eiga musisering og ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber å vite både kva ein kan og bli medviten om det ein strevar med. Sjekklister, øvingsdagbok og loggføring kan auke medvitet hos eleven rundt eiga læring og utvikling.

3.3.8. Lokale og utstyr

Musikkopplæringa treng tilrettelagde rom ut frå utstyrsbehov som faget har og eigenarten som lydfag. Også i dei tilfella der instrumentalundervisninga blir lagt til grunnskolen, må undervisningsromma vere innreidde med tanke på dette. Musikkopplæringa bør synast via informasjonsskjermar, oppslagstavler for konsertar, læraroversikter og, ikkje minst, tilgang til amfi, scener og ulike framføringsarenaer som bidrar til eit levande læringsmiljø.

Konsertarenaer

Konsertdeltaking er ein viktig del av elevane si læring og kunstnariske utvikling. Alle, utan omsyn til alder, nivå og fase, bør fleire gonger i året framføre musikk for eit publikum. Arenaene kan vere undervisningsrom på kulturskolen, eigne konsertsalar med scene/amfi, eksterne offentlege rom, kulturhus/samfunnshus eller høvelege utescener. Omsynet til god akustikk og høyrselen til eleven er viktig.

Større konsertproduksjonar og framføringar krev personalressursar til akkompagnatør, rigging, timeplanlegging, lyd/lys, instrumentflytting, lydprøver, opptak og informasjonsarbeid.



Rom og utstyrsrammer

Følgjande rom- og utstyrsrammer kan tilrådast for å oppfylle læringsmåla i dei tre opplæringsprogramma:

- Tilgang til øvingsrom for elevane, dessutan små, mellomstore og store undervisnings-/ ensemblerom med ventilasjon og god takhøgde.
- Nødvendig akustisk tilrettelegging tilpassa ulike instrumentale behov. Undervisningsrom for band og lydsterk musikk må ha nok lyddemping, undervisningsrom for lydsvak musikk må ha nok klang og volum.*
- Samspelsrom bør innehalde formålstenleg utstyr for ulike musikksjangrar.
- Alle undervisningsrom bør ha eit piano til akkompagnement og stolar som er tilpassa elevar med ulik høgde.
- Musikkavspelingsutstyr med god lydkvalitet må vere lett tilgjengeleg.
- Tilgang til datautstyr og programvare, trådlaust nett og skrivar når det er behov for det.
- Høvelege lager/rom for oppbevaring av instrument og anna utstyr.
- Skolen må gi lærarane tilgang til aktuelt notemateriell.

Det er naturleg å vurdere kva mogelegheiter det er for sambruk av samspelsrom for korps, orkester og andre ensemble som har behov for større scene og lagerplass. Kulturhuset i kommunen vil også vere ei naturleg ramme for sambruk, framføring og kvalitetsheving.

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass i kulturskolen, også til eiga øving. Det bør vere ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.

**) Nyttige nettstader når det gjeld standardar for musikklokale: standard.no og musikklokaler.no.*
Gode søkeord på desse sidene - og på nettet for øvrig: akustiske kriterier, NS8178 og faktaark musikkrom.





3.4. Fagplan skapande skriving

3.4.1. Skapande skriving i kulturskolen

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørgje for at elevane i skapande skriving får erfaring med eit breitt fag som vil spegle skrift både som kunstnarisk uttrykksform, kommunikasjon, sjølvuttrykk og ferdigheit.

Skapande skriving er eit tilbod til dei som ønskjer å utforske eit personleg uttrykk der ord/tekst er det berande i uttrykket. Elevane skal utvikle glede ved god form, forteljing og formidling, ved å bruke omgrep og tekstar i ulike samanhengar og på ulike plattformer, analogt og digitalt. Gjennom skapande skriving skal eleven lese for å skrive betre, skrive for å lese betre.

Eit rikt ordtilfang og sans for mangfaldet i språket er viktig for å kunne uttrykkje seg. Av og til klart og presist, andre gonger underfundig og tvitydig, eller humoristisk. Fantasien og undringa til eleven må stimulerast.

Barn og unge lever tett på samtidskulturen, og dei kjem til å leve i eit samfunn som blir meir og meir globalisert. Skriveopplæringa i kulturskolen må bidra til å utvikle kompetanse som gjer det mogeleg for elevane å møte utfordringane som ligg i dette: bli medvitne om verdiar, kunne ta stilling og vere konstruktive. Gjennom skapande skriving vil dei kunne lære å møte merksemd omkring eigen person, forventningspress, forbilde og kravet om «iscenesetting» av seg sjølv.

Skapande skriving og læring

Ungdomar har stort uttrykksbehov, og dei er ofte opptatt av eksistensielle spørsmål som å høyre til, einsemd, venner, tryggleik, tillit, rettferd, livsval, draumar og jorda si framtid. Skriving kan vere vegen inn til dette.

Arbeidet i faget må knytast til tema dei unge er opptatt av, da gir skapande skriving eit innhald for elevane. Gjennom å kople saman skriving, lesing og eigne erfaringar kan ein styrke både læringsprosessar og tilknyting til omverda, medmenneske og natur. Skriveprosessar kan byggje bruer mellom eigen og andres kultur. Elevane må få erfaring med eit rikt skriftleg og munnleg repertoar av små og store forteljingar.

Unge menneske har sitt særeigne språk, samtidig snakkar og skriv dei ulikt i ulike fasar. Å formidle eit innhald gjennom skriving handlar også om å konstruere seg som subjekt, utvikle personleg uttrykk og identitet.


Det har til alle tider vore nær samanheng mellom ord/tekst og andre skapande uttrykk som teater, drama, musikk og bilde, noko som gjer at orda ber lenger enn når dei står aleine. Opplæringa i skapande skriving må naturleg knytast saman med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Skapande skriving blir best utvika i skriftleg og munnleg samhandling og gjennom deltaking i ulike situasjonar der elevane samtalar, drøftar, lyttar, gir tilbakemelding og utforskar oppgåver saman. Målet må vere å stimulere elevane si skriveglede og leselyst.

3.4.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med skapande skriving skal elevane

- utvikle skriveglede og leselyst gjennom leik og metodisk undervisning
- utvikle sjølvstendig uttrykksevne og formsans i arbeidet
- utvikle skrivekompetanse
- få trening i å uttrykkje eigne kjensler, meiningar og erfaringar
- utvikle evne til samhandling
- få tiltru til eigne evner
- få mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning
- bli ressurspersonar som medverkar til eit levande kulturliv




SMELL
BANAN
FRYKT
SPRUT
GLAD
SKRIKK
PLASK
KULE
KREM
SPILL
SMERTE
HJERTE
BARLUS
BAMSE
SLAPP
LÆRER
KRIG
ROSA
TROLL
KLØNE
SKREKK

3.4.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – skapande skriving som uttrykksmiddel

Faghjulet viser skapande skriving som uttrykksmiddel.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar som har som formål å gjere faget tilgjengeleg for elevane: *utøve, formidle, skape, oppleve, reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk for å gjere skapande skriving tilgjengeleg for elevane.

Den nest innarste sirkelen viser verknaden ein kan oppnå gjennom skriveopplæring.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnadene, relasjonane i gruppa og formidlingsarena. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar.

I ulike situasjonskontekstar vil det til dømes bli utvikla ulike formidlingsformer, eller elevane si teksttolking vil romme ulike svar ut frå kva kultur dei ber med seg. Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved skriveopplæringa. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisninga.

3.4.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren omtala. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke skrivesjangrane. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.


Breiddeprogrammet

Kulturskole og grunnskole har eit stort samarbeidspotensial rundt faget skapande skriving.
Det kan til dømes vere eit fagtilbod for elevar som har ei særskilt interesse for å uttrykkje seg gjennom kreativ skriving/forfattarskap, eller for barn som treng eit styrkt kunstfagtilbod som del av språkopplæringa i grunnskolen.

Det kan også vere eit kursbasert tilbod innanfor ein bestemt sjanger, eller skriveprosjekt i samarbeid med miljø for psykisk helse, flyktningmottak, bibliotek, kulturell skolesekk, SFO, barnehage og personar som ikkje har norsk som morsmål.

Forventningar til læraren
- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving, kreativitet og aktivisering
- vektlegg prosess og meistring
- trenar eleven si evne til å vere merksam, til å iaktta og evne til nærvær
- stimulerer til leselyst og skrivelyst
- gir elevane rom for refleksjonar omkring arbeida deira
- leier elevane fram mot visningar og presentasjonar
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål
Eleven
- meistrar grunnleggjande ferdigheiter i tekstskaping
- har tileigna seg kunnskapar om grunnleggjande skriveformer
- har kjennskap til ulike plattformer for skriving og lesing
- har trening i å formidle eigne tekstar for eit mindre publikum



Frå Skrivesenteret. Eit barns første møte med skriving – tekstproduksjon som ein naturleg del av kvardagen.

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er for elevar som ønskjer å arbeide med skapande skriving over tid og som er motiverte for større undervisningsmengde og eigeninnsats. Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle kreative evner, refleksjon, handverksmessig kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne.

Kjerneprogrammet legg vekt på langsiktig utvikling av skriveferdigheiter, form og ulike bruksområde for tekstlege uttrykk. Det blir lagt vekt på at elevane skal utvikle motivasjon til å uttrykkje seg skriftleg. Det er ein føresetnad at den enkelte kulturskolen utarbeider ein lokal fagplan med grunnlag i læringsmåla.

Kjerneprogrammet er delt inn i tre fasar med læringsmål som utgangspunkt for eleven si læring. Elevar som har hatt undervisning like lenge, kan vere på ulike modningsnivå når det gjeld uttrykks- og leseevne. Det er derfor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane.

Fase 1

Forventningar til læraren
- legg til rette for godt arbeidsfellesskap og skaper eit godt sosialt miljø
- legg til rette for skriveleik og kreative igangsettarar
- styrker eleven si evne til å vere merksam og til å iaktta gjennom lesing/lytting
- stimulerer fantasi og undring
- legg til rette for publisering og presentasjonar av elevtekstar på ulike arenaer
- initierer fleirfaglege/tverrfaglege samarbeid

Læringsmål
Eleven
- har utvikla grunnleggjande skriveferdigheiter
- har arbeidd med ulike element i tekst
- har styrkt fantasi og undring
- har erfaring med friskriving
- har erfaring med etterlikning som metode
- kan dele erfaringar og samtale om tekstane sine
- har framført eigne tekstar innanfor trygge rammer
- har arbeidd med form og utvikling av ein tekst
- har trening i å oppfatte bodskap og verkemiddel i ulike tekstar
- kan leike med omgrep av ulik art
- kjenner ulike bruksområde for tekstlege uttrykk
- har utvikla gode arbeidsmåtar

Fase 2

Forventningar til læraren
- stimulerer eleven sitt personlege uttrykk og formidling
- legg vekt på oppleving og skaparglede
- stimulerer eleven si evne til å vere merksam og til å iaktta gjennom lesing/lytting
- legg til rette for publisering av elevtekstar, lesestover og presentasjonar
- gjer elevane kjende med digitale plattformer
- samarbeider med andre kunst- og kulturlærarar i kulturskolen

Læringsmål
Eleven
- har styrkt skriveferdigheitene sine
- har kunnskapar om verkemiddel og prosessar i skriving
- reflekterer gjennom eiga skriving
- kan eksperimentere med språklege verkemiddel, klang og rytme
- har trening i bruk av ulike litterære uttrykk og sjangrar, også i lengre tekstar
- kan skrive for ulike bruksområde
- har lese eigne tekstar for andre – kommunikativ trening
- kan samtale om eigne og medelevane sine tekstar
- har god trening i å oppfatte bodskap og verkemiddel i ulike tekstar
- kan bruke digitale plattformer

Fase 3

Forventningar til læraren
- gjer eleven kjent med eit breitt spekter av bruksområde for tekstlege uttrykk
- legg vekt på at elevane framfører eigne tekstar på ulike arenaer
- legg til rette for reflekterte samtalar og utvikling av eleven si sjølvinnsikt
- vurderer både prosess og produkt saman med elevane
- er fagleg rollemodell, kulturformidlar og inspirator

Læringsmål
Eleven
- har utvikla skriveferdigheiter på vidarekome nivå
- har styrkt fantasi og nysgjerrigheit
- har prøvd skriving i lengre tekstar og sjølvvalde sjangrar
- har arbeidd med oppbygging, byrjing, utvikling og slutt
- har utvikla medvit om ordval, nyansar og variasjon i tekst
- er kjent med eit breitt spekter av bruksområde for tekstlege uttrykk
- kan drøfte tekstar og formspråk
- kan samtale med medelevar om kvarandres tekstar, gi positiv og grunngitt tilbakemelding
- har arbeidd med tolking av tekstar og formspråk
- har utforska ulike former for tekstutforming, tradisjonelle og digitale
- har auka medvit om eigne skrive- og arbeidsprosessar
- har erfaring med arbeid frå idé til publisert tekst
- har medverka i framføring av eigne tekstar saman med andre elevar, i og utanfor kulturskolen

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men skal vere vesentleg forsterka med omsyn til innhald og omfang.

Fordjupingsprogrammet strekkjer seg mot skrivekunst. Læraren rettleier eleven til sjølvstendige val rundt sjanger, form og uttrykksmåte. Elevane bør i høg grad arbeide individuelt. Samtidig er det viktig for læringsmiljøet at elevane deler erfaringar, drøftar, gir kvarandre tilbakemelding på tekstar og samarbeider om formidlingsprosjekt.

Elevane blir utfordra til å arbeide fram omfattande tekstar som blir gjort ferdige og formidla. Hovudinnhaldet er fordjuping innanfor sjølvvalde uttrykk. Å utvikle medvit om form og innhald og å finne fram til eit personleg uttrykk, er viktige mål for fordjupingsprogrammet.

Forventningar til læraren
- legg til rette for utvikling på høgt fagleg og kunstnarisk nivå
- stimulerer til sjølvstende, disiplin og struktur
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet til eleven
- har målsetting om å medverke til å utvikle heile menneske
- fremmer medvitet til eleven om ambisjonar
- rettleier både individuelt og i gruppe
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev

Læringsmål
Eleven
- har vidareutvikla skriveferdigheiter på høgt nivå
- utarbeider større tekstar i sjølvvald sjanger eller form
- har tileigna seg sjangermedvit og kunnskapar om verkemiddel og former innanfor ulike sjangrar i skriving og lesing
- har gjennomført eit fordjupingsprosjekt med høg grad av elevmedverknad i alle fasar
- har innsikt i samtidslitteratur som er relevant for eige fordjupingsprosjekt
- kan orientere seg i faglitteratur om skriving og lesing
- har styrkt forståinga si av teori og omgrep
- har brei erfaring med framføring og formidling av eigne tekstar
- har trening i refleksjon rundt eiga og andres skriving
- kan drøfte vurderingskriterium for ein god tekst
- tar vare på eigne tekstar for å dokumentere eiga utvikling, og bruker logg til refleksjon og kommunikasjon
- meistrar utvida bruk av verktøy for tekstutforming, redigering og multimodalitet
- har publisert eigen tekst i ulike medium/kanalar
- har deltatt aktivt i framføring av eigne tekstar saman med andre i og utanfor kulturskolen

3.4.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas kva, om lærestoff, lesestoff, emneområde og sjangrar.

Erfaringsbakgrunnen til eleven er eit viktig utgangspunkt for skrivinga. Grunnleggjande skriveferdigheiter blir best øvde opp i leikprega oppgåver. Narrative tekstar må få ein sentral plass i faget, tekstar frå andre land, natur- og menneskeskildringar, mytar og segner, dikt, lyrikk, noveller, songtekstar, tekstar frå daglegliv, heim og nyheitsbilde – alt som kan fange interessa til eleven og gi impulsar til fordjuping.

Drøfting og samtale blir viktig, slik blir elevteksten bunden saman med tekstar andre har skrive.

Mykje av skriveopplæringa kan gå føre seg i skriveverkstader. Skriveverkstaden kan ha følgjande innhaldskomponentar:

Poesi
Poetiske tekstar som
- Dikt
- Haiku
- Regler
- Rabledikt
- Gåtedikt
- Prosadikt
- Songtekstar

Elevane får kjennskap til litterære verkemiddel som besjeling, bokstavrim, kontrastar, gjentakingar, lineskift, rytme og enkel verselære.

Prosa
- Grunnleggjande dramaturgi
- Prosatekstar som:
- Forteljing
- Eventyr
- Kortprosa
- Roman*
- Tankereferat
- Scene i forteljing
- Dialog

**) skrive tekstar som kan gå inn i eit romanforløp, lære ulike former for planlegging*

Dramatiske tekstar
- Scenetekst
- Filmmanus
- Høyrespel

Argumenterande tekstar
- Innlegg avis/blogg
- Bokmelding
- Artikkel
- Tweet
- Tale

Kåseri/foredrag

Tekst, musikk og bilde
- Teikneserietekst
- Bildetekst
- Tekst til musikk

Digitale tekstar
- Tekstbehandling
- Blogg
- Vlogg
- Podcast
- Sosiale medium

3.4.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, om metodar og læringsaktivitetar.

Val av arbeidsformer og undervisningsmetodar må vere tilpassa læringsmål og utviklingsfasen til eleven. I ein tidleg fase må læraren stimulere til språkleg aktivitet gjennom leik og humor. Kreative og leikprega igangsettarar og skriving av korte tekstar vil vere gunstig. Gjennom å friskrive eller tenkjeskrive blir eleven trygg på seg sjølv som skrivar aleine og i grupper med medelevar.

Seinare har elevane betre utvikla konsentrasjonsevne og er meir kunnskapsorienterte.
Dei vil trenge nye utfordringar, til dømes eksperimentere med sjangrar, prøve ut medium, velje skrivegruppe, lage produksjonar og vurdere arbeidet til kvarandre. Det bør leggjast vekt på høg grad av elevmedverknad.

Lesing er ein sentral arbeidsmåte i faget. Elevane les ulike tekstar og tekstar for ulike formål. Dei bør ha tilgang til eit utval barne- eller ungdomslitteratur som dei kan identifisere seg med, dikt, eventyr, skjønnlitteratur eller sakprosa, alt som kan stimulere leseglede og spenningsbehov og som kan gi idear til eiga skriving.

Gjennom alle program og fasar bør elevane ta del i meiningssøkjande og utprøvande samtalar og gi tilbakemeldingar på tekstane til kvarandre, også undervegs i skriveprosessane.

Grunnleggjande arbeidsformer er:
- Lese og skrive individuelt og saman med andre i skrivegruppa
- Lese og lytte
- Skrive til musikk, bilde
- Dele tekstar
- Skrive logg
- Gi tilbakemelding
- Framføring/formidling av eigne tekstar
- Prosjektarbeid
- Opptak av eigne framføringar
- Tverrfagleg arbeid i og utanfor kulturskolen
- Besøk på bibliotek og andre relevante kulturarenaer

Arbeidsmåtane må stimulere skrive- og uttrykksglede, og dei må tilpassast dei ulike programma. Dei må omfatte både utvikling av samanhangande handskrift og skriving på tastatur.

Det bør leggjast vekt på verkemiddel i tekstar som til dømes dramaturgi. Presentasjon og framføring av eigne tekstar kan gjerne knytast til dramaaktivitetar og medvit om kroppsspråk og tale.

Ny teknologi har skapt nye former for kommunikasjon. Multimodalitet, der skrift, tale, bilde, video og musikk blir integrert, opnar for nye kommunikasjonsformer og ei framtidsretta tilrettelegging av opplæringa.

Visningsformer kan vere opplesingar, antologiar, publisering i lokalaviser og utstillingar av tekst i lokalsamfunnet.

Kurs og verkstader kan arrangerast lokalt og regionalt og vere tverrfaglege, samlingsbaserte og tidsavgrensa.

Organisering

Storleiken på gruppa kan variere etter kva fase elevane er i. Ei skrivegruppe i kulturskolen bør likevel ha frå fem til tolv elevar som norm. Ei undervisningsøkt bør vare minimum 90 minuttar.

Skriving er ein sakte aktivitet, og elevane må få tid til å arbeide i lengre økter når behovet melder seg.

Skapande skriving bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil styrke kjensla av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Ein rår til å ha eit tett samarbeid med folkebibliotek, Den kulturelle skolesekken og skoleverket, dessutan andre litterære aktørar som forfattarsentrum, litterære sentra og litteraturhus.

Kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale litteraturmønstringar og skrivekonkurransar for barn og unge.



3.4.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar framgang og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at ho skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven.

Mykje av vurderingsarbeidet går føre seg uformelt i undervisninga kvar veke, i dialog mellom lærar og elev. I skapande skriving skjer vurdering for læring først og fremst individuelt, men ho kan også gå føre seg i gruppe. Det er viktig å utvikle gode vurderingsrutinar og gi informasjon til både elevar og foreldre/føresette om prosess, læring og utvikling både i gruppa og hos den individuelle eleven.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei
- forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Følgjande vurderingsformer bør vektleggjast:

Fasane og læringsmåla er naturlege utgangspunkt for vurdering av prosessar og produkt i skapande skriving.

Tilbakemeldingar som oppmuntrar eleven til å finne personlege uttrykk, til å eksperimentere og utforske i tekstarbeidet.

Formativ vurdering med presise og konstruktive tilbake- og framovermeldingar til elevane.

Summativ vurdering med tilbakemeldingar på publiserte elevtekstar, opplesing og prosjekt der eleven har stort ansvar.

Responsgrupper. Elevane gir kvarandre tilbakemeldingar på skrivearbeidet. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for slike tilbakemeldingar.

Løpande dialog med elevane om kva som er kvalitet i tekstarbeidet og om tekstkriterium.

Gruppevurdering. Læraren legg til rette for gruppevurdering som stimulerer til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Loggføring. Loggføring kan vere eit godt verktøy for å styrke medvit om eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan vere aktuelle å ta opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.4.8. Lokale og utstyr

Skriverommet bør kunne samle heile gruppa og liggje slik til at elevane får arbeidsro og ikkje blir forstyrra av lydar utanfrå. Dette er ekstra viktig sidan skriving krev konsentrasjon og merksemd i lengre økter.

Det er viktig at elevane har ein god framføringsarena på kulturskolen ut over sjølve skrivestova/ skriveverkstaden. Det mest naturlege er fellesscene/-amfi med dei andre kunstfaga. Det må vurderast lokalt kva andre arenaer i nærmiljøet som kan høve for framføring/opplesing.

Alle elevar bør ha ei arbeidsbok til utvikling av handskrivne tekstar i tillegg til pc-tilgang.

Elevane må ha tilgang til teknologi som gjer det lett å finne og ta i bruk tekstar, nettsider, bloggar, bilde og videoar frå internett. Ulike skriveprogram må vere tilgjengelege. I tillegg må det vere minst éin skrivar lett tilgjengeleg.

Avspelingsutstyr for musikk bør vere tilgjengeleg når det er behov for det. Det bør finnast nettbrett til kvar elev i gruppa.

Læraren bør ha mogelegheit til å kople datamaskin/nettbrett til ein prosjektør. Det gjer arbeidet lettare når læraren skal presentere tekstar eller oppgåver for elevane.

Læraren bør ha ein arbeids-/kontorplass der det er mogeleg å treffe lærarar frå andre kunstfag og vere ein del av eit dynamisk arbeidsmiljø.



3.5. Fagplan teater

3.5.1. Teater i kulturskolen

Teater i kulturskolen omfattar dramapedagogiske prosessar, arbeid med roller, situasjonar og teaterproduksjon. Gjennom teaterfaglege arbeids- og uttrykksformer skal elevane utvikle kompetanse i å utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere.

Barn og unge lever tett på samtidskulturen og i eit samfunn som stadig blir meir globalisert. I framtida skal dei skape teater, vere utøvarar og publikum. Teateropplæringa ved kulturskolen må bidra til å utvikle ferdigheiter som gjer det mogeleg for elevane å møte utfordringar som ligg i dette: bli medvitne om verdiar og ansvar, kunne ta sjølvstendige val, vere konstruktive og kreative.

Teaterscena skaper gode vilkår for at ungdomane kan utfalde seg. Gjennom teater som kollektiv kunstart lærer elevane å reflektere over merksemd som er retta mot individet, forventningspress og forbilde. Samhandling er grunnleggjande i alle delar av teaterprosessane.

Å spele teater handlar også om å konstruere seg som individ og utvikle personleg uttrykk som aktør gjennom å formidle ei rolle, ein situasjon, ei forteljing. Elevane får ta stilling til etiske spørsmål og utviklar kritisk refleksjon. Både inntrykk, uttrykk og forståing vil utviklast og bli rikare i teaterfellesskapet.

For den enkelte eleven kan teater vere eit ledd i ein verdfull danningsprosess. Ein intensjon med faget er å gjere elevane til aktive og medverkande deltakarar i undervisninga og produksjonsarbeidet.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørgje for at elevane får erfaring med stadig nye sider ved teaterfaget. Det gjeld dramapedagogiske metodar, sjangerkunnskap, regi, tekstanalyse, scenografiske og tekniske verkemiddel.



Teater og læring

Leik er ei viktig læringsform i teater. Både skodespelaren og barnet leikar med tid, rom, roller og objekt. Leik er å samhandle og forstå gjennom utfalding av kroppen, stemma, sansane, kjenslene og fantasien. Leik er «å late som om» ein er ein annan, på ein annan stad, i ei anna tid, i ein annan samanheng. Skodespelarkunst byggjer med andre ord på same sansebaserte utforsking og utfalding som barn kjenner gjennom leiken.

Teater som scenekunst

Teater i kulturskolen er forankra i teater som scenekunst. Kunstarten har ei rik historie som spegel, kommentator og kritikar av makt, levekår, styresett, natur, religion og kultur gjennom ulike tidsepokar. Gjennom tallause kombinasjonar av kropp, stemme, rørsle, rom og tekst har menneske omskapt dette til symbolske, performative uttrykk.

Scena kan vere i kulturskolen, grunnskolen, barnehagen, teateret, kulturhuset, museet, eller på eldresenteret. Men ho kan også vere i eit lokalhistorisk friluftsteater, på ei strand eller i eit kjøpesenter. I teaterforma skaper menneske underhaldning, folkeopplysning og samfunnskritikk. I dag er forståinga av kultur og samfunn påverka av inntrykk frå heile verda. Uttrykk og formidlingsformer er prega av stort mangfald. Dette opnar for ei ny forståing av kva teateret kan vere som kulturell møteplass og som kunstnarisk uttrykk.

Kulturskolen treng teaterpedagogar som samarbeider om å vidareutvikle teater med barn og unge inn i framtida.


3.5.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med teater skal elevane

- utvikle uttrykksevne, formsans og ferdigheiter i å agere
- kunne ta i bruk teater som kommunikasjonsmiddel
- oppleve meistringsglede og positiv eigenutvikling
- utvikle evne til kritisk tenking, empati og lagspel
- utvikle evne til å utforske fortid, nåtid og framtid
- få mogelegheiter til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i teater
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande kulturliv



3.5.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – teater som uttrykksmiddel

Faghjulet viser teater som uttrykksmiddel. Vekta ligg på speleerfaring og skodespelarkompetanse.

Den yttarste sirkelen viser fem overordna handlingar: *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» med aktivitetar ein kan ta i bruk for å gjere teater tilgjengeleg for elevane.

Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar.

Den nest innarste sirkelen viser premissar for og verknader av teateropplæring.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskontekstar er derfor plasserte utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnader, relasjonar i gruppa, publikum. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike sceniske uttrykk og aktivitetar.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt. Til dømes vil eit konkret innstuderingsarbeid naturleg bli sett i samanheng med den historiske konteksten teaterstykket har oppstått i. Når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også dei kulturelle aspekta dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved opplæringa i teater som uttrykksmiddel. Det kan også brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.5.4. Læringsmål og utviklingsfasar

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål, utviklingsfasar og forventningar til læraren omtala. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i ulike sceniske sjangrar og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren
- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik og samhandling
- legg vekt på basisferdigheiter
- legg vekt på prosess og meistring
- stimulerer konsentrasjon, sansar og fantasi hos eleven
- skaper gode formidlingsopplevingar
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål
Eleven
- kan utøve dramaleik og improvisasjon i samspel med andre
- samarbeider og tar aktivt del i eit sosialt fellesskap
- kan presentere enkle roller og sceniske situasjonar i små spel
- har deltatt i enkle visningar på ein relevant arena
- er del av eit levande lokalmiljø og bidrar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Kjerneprogrammet er hovudinnretninga i teatertilbodet. Elevane kjem djupt ned i dei teaterfaglege handlingane utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere. Handverk, kunstnarisk utvikling og samarbeidsevne står sentralt.

Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan inkludere spesialiseringskurs som revy, kostyme- eller maskekurs, kurs i scenografi eller lys/lyd m.m.

Opplæringa er delt inn i tre fasar.

Fase 1

Forventningar til læraren
- legg vekt på samspelet mellom å øve, skape, formidle og reflektere
- skaper eit læringsmiljø som er prega av trivsel, tryggleik, samarbeid og samhandling
- legg vekt på prosess og meistring
- skaper gode formidlingsopplevingar
- legg vekt på ensembleutvikling og ensemblekjensle
- legg til rette for teaterframføringar på ulike arenaer

Læringsmål

Eleven

- meistrar basisferdigheiter i spel, med kropp og stemme
- kan bruke kropp og stemme som verktøy for å uttrykkje eit spekter av fenomen
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle, improviserte forløp
- kan skape spel gjennom arbeid med enkle tekstar
- kjenner nokre samlande oppvarmingsøvingar og leikar
- har trena evne til å vere merksam og til å iaktta, til fantasi og førestellingsevne
- er medviten om kvalitet på rørsler (rask/sakte, stor/liten, tett/spreidd, stor/liten muskelmotstand)
- kjenner grunnleggjande prinsipp for samspel (akseptere og lytte)
- har gjennom dramaleik fått erfare gruppa som eit skapande ensemble
- har vist enkle dramauttrykk på ein relevant visningsarena
- kan gi og ta mot tilbakemelding i praktisk arbeid
- kjenner sentrale dramafaglege omgrep

Fase 2

Forventningar til læraren

- legg vekt på speleteknikkar og improvisasjonsmetodar i skodespel
- byggjer opp eit læringsmiljø som er prega av at eleven opplever meistring og positiv eigenutvikling
- styrker relasjonar og identitet i ensemblet

Læringsmål

Eleven

- har vidareutvikla ferdigheiter i spel med kropp og stemme
- kan improvisere fram roller, situasjonar, handlingsforløp og stemningar med utgangspunkt i tekst/ forteljing, gjenstand, bilde, tema, musikk/lyd, stad, eiga oppleving
- meistrar dei ulike fasane av teaterarbeidet: oppvarming, konsentrasjon, teknikk, avrunding med presentasjon og vurdering
- har vidareutvikla evna til å vere merksam og til å iaktta i samspel
- praktiserer grunnleggjande prinsipp for samspel og samhandling i teaterarbeid
- har trening i å dele erfaringar med medelevar, gi og ta mot konstruktiv tilbakemelding
- har utvikla disiplin og god øvingskultur
- kan formidle roller og sceniske situasjonar i små og store produksjonar
- har deltatt i heilskaplege produksjonar frå idé/konseptualisering til ferdigstilling og vurdering
- har sett teaterførestellingar saman med andre elevar og kan samtale om desse
- forstår grunnleggjande omgrep i praktisk teaterarbeid og produksjon

Fase 3

Forventningar til læraren

- lar elevane møte eit breitt og allsidig repertoar av sjangrar, former og spelestilar
- legg til rette for elevmedverknad i produksjonsarbeidet
- legg vekt på samhandling og fellesskap
- legg vekt på elevens eigenvurdering og refleksjon, bruker formativ vurdering aktivt

Læringsmål
Eleven
- har teaterspesifikke ferdigheiter og forståing på vidarekome nivå
- har erfaring med ulike sjangrar, formuttrykk og spelestilar
- har sett teaterførestellingar saman med elevar
- har eit godt omgrepsapparat for å analyse, tolke og samtale om innhaldet i teater
- har relevante teoretiske kunnskapar
- har kjennskap til den rolla teateret har i samfunnet
- har samarbeidd om eit heilskapleg produksjonsapparat med kostyme, maske, scenografi, musikk, lyd og lys
- kan gi og ta mot konstruktiv og grunngitt kritikk
- har utvikla gode strategiar i å leie og førebu seg
- har deltatt på arenaer for kunstnarisk samarbeid der fleire av kunstuttrykka i kulturskolen er integrerte

Fordjupingsprogrammet

Undervisningstilbodet byggjer på fasane i Kjerneprogrammet, men er vesentleg styrkt med omsyn til innhald og omfang. Undervisninga legg vekt på fordjuping i skodespelarteknikkar. Ein større teaterproduksjon står sentralt, der samarbeid i ensemblet blir tillagt stor vekt.

Forventningar til læraren
- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt kunstnarisk nivå både individuelt og i ensemblet
- fremmer medvit hos eleven om ambisjonar
- legg vekt på samspel mellom eleven, gruppa, materialet og lærar/regissør
- stimulerer til sjølvstende og disiplin
- tar i bruk ulike vurderingsformer i opplæringa

Læringsmål
Eleven
- har utvikla ferdigheiter på høgt kunstnarisk nivå og med personleg uttrykk
- kan skape roller, situasjonar og stemningar gjennom arbeid med tekstbaserte og fysiske skodespelarteknikkar
- utøver kropps- og stemmeuttrykk med innleving og integritet
- har erfaring med karakterarbeid/karakterutvikling
- har arbeidd med fordjuping innanfor ein sjanger/spelestil/arbeidsform
- er medviten om bruk av rom, tekst og musikk/lyd i utvikling av sceniske uttrykk
- bruker eit relevant teaterfagleg språk
- har kunnskap om teater som eit kunstnarisk, sosialt, historisk og kulturelt uttrykk
- er sjølvstendig og viser innsikt i eiga kunstnariske utvikling
- har vore medskapande i ein heilskapleg produksjon som inneheld mange element
- tar aktivt del i dialogar, tilbakemelding til og vurdering av prosessar og produkt
- har formidla scenekunst i ulike format og på ulike scener
- er eit godt forbilde for medelevar
- er førebudd til opptaksprøver og vidare teaterstudium

3.5.5. Innhald

Innhaldet handlar om undervisningas *kva*, om ulike teatertradisjonar, sceniske sjangrar og uttrykk som performance, improvisasjon, teatersport, forteljing, klassiske skodespel, mime, revy, musikal, kabaret. Innhaldet kan også vere ulike innhaldskomponentar som kostyme, sminke, rekvisitt, maske, scenografi og lys/musikk.

Innhaldet i faget bør knytast til tematikk som dei unge er opptatt av. Elevane kan utforske eigne erfaringar og dermed bringe inn ny kunnskap og styrke tilknytinga si til omverda. Innhaldet kan også hentast frå aktuelt nyheitsstoff, frå klassikarane innanfor teater, eller frå ulike tekstar.

Elevane bør arbeide med eit breitt utval av sjangrar, former og skapande teaterarbeid. Å *formidle* teater er både eit mål og eit innhald i alle program. Det omfattar erfaring med fasar og framdrift i prøveprosessen, mot i scenisk kommunikasjon, speleglede og evne til å vekkje kjensler. Det omfattar også å tilpasse innhald, form og format til publikumsgruppe og visningsarena.

Improvisasjon er både eit innhald og ei grunnleggjande arbeidsform i teaterfaget. Ulike måtar å bruke improvisasjon på kan vere hovudemne i ein kort periode eller ei sentral arbeidsform i teaterproduksjon.

Elevane skaper teater gjennom improvisasjon med utgangspunkt i
- tekst/tekstbaserte metodar. Volum, språk og tematikk blir lagt til rette for ulike aldrar
- kropp/fysiske metodar. Tilpassa opplæring, individuelt og i fellesskap
- tema/dokument/materiale. Gruppeprosessar og prosjektbasert teater

Dramaøvingar og leikar. Ein viktig del av innhaldet i teateropplæringa er dramaøvingar og leikar som trenar konsentrasjon og fantasi og rettar merksemda mot sansane, kroppen, rommet og gruppa. Grunnlaget for dramaleiken er anten roller/situasjonar eller ulike typar impulsmateriale som objekt, kostyme, musikk og bilde. Elevane improviserer med kropp og stemme i ei leikande form.

Skodespelarteknikkar er eit sentralt innhald i utøvinga av faget. Elevane bør trenast i eit breitt utval av roller, situasjonar og forløp. Uttrykk som ligg i stemme, bruk av stemme, stemmeoppvarming og artikulasjon er andre sentrale emne. Stil og sjangerforståing er vesentlege moment i utøvinga av ulike typar teater og tradisjonar.

Mime som uttrykksform demonstrerer kor viktig kroppsspråket er i all kommunikasjon. Improvisasjon og analyse av tekstar styrker utøvinga av rolle, situasjon og forløp. Rommet er eit viktig element i innhaldet i faget gjennom rørsle og bruk av sceneelement, som må knytast til utøvinga.

Teaterproduksjon. Fagområda kostyme, maske, rekvisitt og sminke har ein sentral plass i teaterproduksjon. På Kjerneprogram og Fordjupingsprogram kan det bli gitt supplerande kurs i dette. Elevar på vidarekome nivå bør få stort ansvar for desse fagområda.

Innhaldselement. Musikk, song og dans er sentrale innhaldselement i revy, kabaret og musikal. Scenetekniske disiplinar som lys-, lyd- og sceneteknikk rammar inn rollene og handlingane og skaper atmosfære i spelet.

Historie og kulturarv i lokalmiljøet bør brukast som kjelde til prosjekt og multimodale produksjonar/tidsreiser der elevar frå teater, musikk, skapande skriving, dans og visuell kunst skaper og framfører i fellesskap.

Ein del av danningsinnhaldet i faget er å kunne sjå teater som scenekunst i historisk, kulturelt, sosialt og politisk perspektiv. Elevane må stimulerast til refleksjon og kritisk tenking, til å stille spørsmål og verbalisere og til å sjå den verdien teateret har for mennesket.



3.5.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, om metodar og læringsaktivitetar.

For å realisere teaterfaget vil faghjulet med læringshandlingane *utøve, formidle, skape, oppleve* og *reflektere* stå sentralt på tvers av programma og utviklingsfasane til elevane og gi føringar og idear til teateropplæringa.

Undervisninga i teaterfag går gjerne føre seg i to hovudformer:

1) Undervisning kvar veke der hovudvekta ligg på praktisk arbeid og trening i arbeids- og uttrykksformene i teaterfaget. Etablering av god gruppedynamikk der både den enkelte og gruppa bidrar til konstruktiv læring, er sentralt.
2) Teaterproduksjon, der eleven får erfaring med å vere del av eit skapande, produserande og formidlande fellesskap.

Læraren fungerer gjennomgåande som rettleiar og pedagog i opplæringa. I ein produksjon fungerer læraren også som regissør.


Elevmedverknad bør vere eit siktemål, der elevane skaper innhaldet ut frå visse rammer. Performance-sjangeren høver særskilt godt til dette. Vidarekomne elevar bør få fagleg medansvar og ansvar for praktiske oppgåver.

Arbeidsformene vil vere avhengige av sjanger, form og forteljemodell.

Undervisningsøkta i veka bør ha ein struktur som er lett å kjenne igjen, til dømes oppvarming – konsentrasjon – teknikk – presentasjon – avrunding – vurdering.

Teaterproduksjon

Ein teaterproduksjon kan organiserast i fasar, som denne modellen viser:



Fasar i teaterproduksjon.

Både tradisjonelt tekst- og registyrt teater kan ta i bruk ein slik fasemodell.

Teaterproduksjon i kulturskolen kan ha mange ulike format. Lengde på produksjonen, talet på aktørar, kunstnariske og tekniske funksjonar som er tilpassa alderen på elevgruppa, utviklingstrinn, lokalitetar og lærarkompetanse.

Samarbeid internt og eksternt

Teater må kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen, til dømes skapande skriving, nysirkus, dans, visuell kunst eller musikk. Dette vil kunne stimulere kjensla av å høyre til i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde.

Det er også tilrådeleg med eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken og grunnopplæringa, til dømes medieliner, frisør, form og farge ved vidaregåande skolar, lokale teaterlag og miljø for fysisk og psykisk helse. Teaterfaget i kulturskolen er ein naturleg aktør i lokale kulturmønstringar.

Organisering

Undervisninga blir organisert i grupper med ulik storleik. Talet på elevar i gruppa kan variere med innhaldet i undervisninga og med alder og modningsnivå på elevane, med erfaringar og sosiale relasjonar.

Å følgje fasane i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet kan vere eit naturleg organiserande prinsipp.

Aldersinndelte grupper kan fungere godt: 6–7 år, 8–9 år, 10–12 år, 13–15 år og/eller vidaregåande skoleelevar.

Inndeling etter fagområde kan vurderast i kommunar der det er stort elevgrunnlag (dramaleik, teater, musikal, revy, teatersport osv.).

Undervisningsmengde. Opplæringa bør gå føre seg kvar veke, med aldersinndelt og/eller nivådelt undervisning i grupper. Kor lang kvar undervisningsøkt bør vere, vil vere avhengig av alderen på elevane, talet på elevar i gruppa og ferdigheitsnivået til elevane.

Ein tilrår tolærarsystem, og kunstnariske og pedagogiske omsyn blir lagde til grunn for arbeidet i gruppa.

Når det gjeld Fordjupingsprogrammet, vil det vere behov for smågrupper med vekt på individuell opplæring og vurdering.

Teaterfaget treng fleksibilitet i timeplanen mellom undervisningstid kvar veke og produksjonsfasar. Arbeidet blir gjerne intensivert i slutten av ein produksjonsperiode. Tidleg nok informasjon om dette til foreldre/føresette er viktig. Det må setjast av ressursar og tid til førebuing, lydprøve, generalprøver og informasjonsarbeid.

Teaterlæraren treng tid nok til dei oppgåvene som faget og arbeidet med kvalitet krev. Dette gjeld særskilt i periodar med produksjon. Her trengst ressursar til administrasjon og leiing.

3.5.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Alle elevar har behov for å bli sett og få konkrete tilbakemeldingar som støttar progresjon og utvikling. Formålet med vurdering for læring er at vurderinga skal vere individtilpassa og støtte opp om den personlege og faglege utviklinga til eleven. Mykje av vurderingsarbeidet går føre seg uformelt i den daglege klassesituasjonen i dialog mellom lærar og elev. I teater kan vurdering for læring gjerast i gruppe eller individuelt. Vurdering for læring er viktig, men samtidig ressurskrevjande, noko det bør bli tatt hensyn til når midlar skal fordelast. Det er også viktig å utvikle gode formelle vurderingsrutinar og informere både elevar og foreldre/føresette om prosessar, læring og utvikling både i gruppa og hos den individuelle eleven.

Mål og kriterium må gjerast synlege. Dette kan gjerne gjerast i samarbeid med elevane.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som blir venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Formativ vurdering, med presise tilbakemeldingar i arbeidsprosessane, er viktig for god læring. Den viktigaste vurderingsmetoden er derfor samtalen rundt eleven sitt arbeid i sjølve undervisningsøkta. Elevane bør heile tida vere aktive i vurderingsarbeidet. Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kva omfang:

Læringsmåla i dei ulike fasane fungerer som vurderingskriterium og blir naturlege utgangspunkt for vurdering av prosessar og produkt i faget. Elevane får presise og konstruktive tilbakemeldingar og råd.

Responsgrupper. Elevane observerer og gir kvarandre tilbakemeldingar. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for dette. Vurderinga må stimulere til eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Dialog om fagleg kvalitet. Dialog med elevane om kva som er fagleg kvalitet i teaterarbeidet og eit vedvarande arbeid for å skape medvit om korleis dette kan oppnåast.

Eleven vurderer seg sjølv. Eigenvurdering bør praktiserast frå første stund. Læraren set elevane i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid og å ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og vere medviten om kva ein strevar med.

Loggbok. Loggføring kan auke medvitet rundt eiga læring og utvikling.

Utviklingssamtalar. Utviklingssamtalar som er tilpassa alder og nivå mellom elev, lærar og foreldre/føresette, har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Her blir informasjon utveksla og ein tar opp tema som utvikling, faglege utfordringar, innsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

3.5.8. Lokale og utstyr

Lokale

Undervisningsrommet bør vere romsleg og fleksibelt, ein storleik på 40–50 kvadratmeter gir mogelegheiter for produksjon. Rommet bør vere godt lydisolert. Vindauge bør kunne blendast.

Golvet bør ha ei overflate som høver til fysisk arbeid, til dømes dansematte eller tregolv som er eigna. Golv og tak bør vere matt og svart (blackbox), eventuelt kvitt (whitebox). Tilgang til stolar og bord er ein fordel.

Det er behov for lagerplass til kostyme, sceneelement, lysutstyr og rekvisittar, med lett tilgang frå undervisningslokala. Det er også behov for sminke-, garderobe- og pauseplass for skodespelarelevane.

Framføringsarenaer

Teaterførestellingar er ein vesentleg del av læringa og den kunstnariske utviklinga til eleven og er viktig for motivasjon. Alle, utan omsyn til program, alder og nivå, bør fleire gonger i året få spele teater for eit publikum. Arenaene kan vere undervisningsrom i kulturskolen, eigne salar med scene/amfi, eksterne offentlege rom, kulturhus/samfunnshus eller utescener som er høvelege.

Større produksjonar krev personalressursar til rigging, timeplanlegging, lyd/lys, kulissar, lydprøver, opptak og informasjonsarbeid.

Utstyr

Verkemiddel som lysdesign, lydeffektar/musikk, scenografi, kostyme, rekvisittar, sminke og animasjonar er sentrale element i teaterproduksjon og vil styrke fagleg kvalitet. I sambrukslokale bør dette utstyret øyremerkjast for teateravdelinga.

Når det gjeld kostyme og sceneelement, kan det leggjast til rette for lån eller sambruk med andre kulturskolar, institusjonar, foreiningar o.l.

I den daglege undervisninga er det behov for ei kostymekiste, rekvisittar og enkle scenografi-element som kasser, skiljevegger m.m. Om det ikkje finst lysanlegg i undervisningsrommet, kan enkle lyskastarar på stativ vere til god hjelp.

Kamera og prosjektør er gode hjelpemiddel både i undervisningstimane og under førestellingar. Musikkanlegg bør vere nært tilgjengeleg. Det same gjeld datautstyr med høveleg programvare og tilgang til litteratur.

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass i kulturskolen. Det må vere ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.





3.6. Fagplan visuell kunst

3.6.1. Visuell kunst i kulturskolen

Det visuelle kunstfeltet i kulturskolen er vidt og dekkjer mange ulike uttrykksmåtar og spesialiserte fagfelt.

Møte med kunstnariske verkemiddel som materiale, reiskapar, teknikkar og ei inspirerande undervisning vil gi elevane mogelegheiter til å utvikle evnene sine. Fantasi og den kreative flyten blir stimulert. Saman med skjerpa blikk og utprøvande hand medverkar dette til å forme identiteten hos den enkelte.

Barn og unge må bli utfordra både emosjonelt og analytisk gjennom undervisning i og opplevingar med visuell kunst. Da vil opplæring i teknikkar og materialbruk gi meining og bidra til at elevane får verktøy til å skape og gi innhald til det dei arbeider med. Det personlege formspråket deira vil spegle nyansar, haldningar og motførestellingar. I det visuelle uttrykket kan dei tenkje noko som var utenkt, sjå noko som var usett og seie noko som var usagt.

Slik kan læraren styrke både læringsprosessar og tilknyting til omgivnader, medmenneske og natur.

Gjennom individuelle og kollektive prosessar skal elevane også tileigne seg estetiske erfaringar i møte med samtidskunst og kunst frå tidlegare tider. Å oppleve og undre seg i reflekterande samtalar vil utvide perspektivet og kulturforståinga.

Det visuelle mennesket

Alle menneske er fødde med grunnleggjande evne og vilje til å uttrykkje seg visuelt. Verkelegheita set få grenser for fantasien og førestellingsevna hos barn. Det er eit viktig mål å halde ved like og utvikle denne ibuande skapargleda.

Visuell kunst tilhøyrer det store kulturfellesskapet samtidig som det representerer eit individuelt og personleg uttrykk for det å vere menneske i ei gitt tid.

I ting, mønster og materialbruk kan vi lese korleis kulturar har utvikla seg. Verdsarven og kulturarven viser dette, dei er globale berarar av dynamikken mellom skaping og gjenskaping.

Gjennom å dele og samarbeide vil barn og unge få tilgang til det viktige danningsprosjektet som opplæring i visuell kunst kan vere. Med mål om å skape, femne og inkludere vil dette også opne rommet for ytringsfridom.

Breiddeprogram, Kjerneprogram og Fordjupingsprogram vil til saman sørgje for at elevane får erfaringar med eit breitt og fordjupande fag som speglar visuell kunst som kunstnarisk uttrykksform, kommunikasjon, kulturarv, sjølvuttrykk og handverk/ferdigheit.


3.6.2. Overordna mål

Gjennom arbeidet med visuell kunst skal elevane:

- utvikle uttrykksevne, formsans og kunstfaglege ferdigheiter
- utvikle den ibuande skapargleda og oppleve meistring
- utvide perspektivet sitt og kulturforståinga si gjennom utforsking av fortid, nåtid og framtid
- utvikle evne til kommunikasjon, analyse og refleksjon i eit lærings- og arbeidsfellesskap
- få høve til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i visuell kunst
- bli ressurspersonar som bidrar til eit levande lokalmiljø



3.6.3. Faghjul



Inspirasjon til faghjulet er henta frå skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet

Faghjul – visuell kunst som uttrykksmiddel

Faghjulet viser visuell kunst som uttrykksform. Den yttarste sirkelen viser fire overordna handlingar i faget: *skape, formidle, reflektere* og *sanse*.

Den nest yttarste sirkelen viser ei «verktøykasse» som rommar aktivitetar som læraren tar i bruk for å gjere visuell kunst tilgjengeleg for elevane. Dei er i praksis innvovne i kvarandre. Ved å dreie det yttarste hjulet kan ein få fram mindre opplagde kombinasjonar av handlingar og aktivitetar.

Den nest innarste sirkelen viser verdiar og allmenndannande eigenskapar som ein kan utvikle gjennom opplæring i visuelle kunstfag.

Faghjulet må forståast i lys av ulike kontekstar som opplæringa er ein del av. Kultur- og situasjonskonteksten er derfor plassert utanfor sjølve hjulet.

Kulturkonteksten inneheld det som er rundt situasjonen. Her kjem sjangrar, kodar, normer, tradisjonar, framføringspraksisar, læringsmål og kulturelt mangfald inn.

Situasjonskontekst er den konkrete situasjonen her og nå. Han tar omsyn til elevføresetnader, relasjonane i gruppa, visningsarenaen. Dette verkar inn på innhald og aktivitetar. Ulike situasjonskontekstar vil inspirere til ulike formidlingsformer og ulike innhaldsval.

Læraren må skape samband mellom opplæringssituasjonen og relevante kulturaspekt.
Til dømes vil eit bestemt visuelt formspråk naturleg måtte sjåast i samanheng med relevante historiske og samfunnsmessige faktorar. Når undervisninga blir tilpassa ei fleirkulturell gruppe elevar, bør også den kulturen dei unge bringar med seg, trekkjast inn i situasjonskonteksten.

Faghjulet kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved opplæringa i visuell kunst. Det kan brukast til refleksjon i lærarteamet, eller når lærarar planlegg og vurderer undervisning.

3.6.4. Læringsmål

Nedanfor blir dei tre programma med læringsmål og forventningar til læraren omtala. Læringsmåla er generelle på tvers av dei spesifikke fagområda/teknikkane innanfor det visuelle kunstområdet. Det vil vere behov for å utvikle lokale fagplanar som konkretiserer og implementerer læringsmåla inn i kvart enkelt visuelle fag og tydeleggjer eigenart, delmål og fagleg progresjon relatert til alder og nivå. Dette utviklingsarbeidet bør gjerast kommunalt eller interkommunalt ut frå storleiken på skolen, rammefaktorar og organisering.

Breiddeprogrammet

Forventningar til læraren

- skaper eit læringsmiljø som er prega av samhandling, oppleving og kreativitet
- legg vekt på prosess og meistring
- gir rom for elevane sine refleksjonar omkring arbeida sine
- legg til rette kunstfagleg aktivitet, er kulturformidlar og inspirator
- leier elevane fram mot opplesing og presentasjon
- trenar elevane si evne til å vise merksemd, iaktta og vere til stades
- er open for breie nettverksamarbeid

Læringsmål

Eleven

- har grunnleggjande materialkunnskap og meistrar utvalde teknikkar
- opplever skaparglede og fagleg utvikling
- lærer gjennom leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- har utvikla nysgjerrigheit og eit merksamt blikk
- har kjennskap til kunst og kunsthandverk, inkludert arbeid med lokalt tilsnitt
- har tatt del i kreative prosessar saman med andre elevar
- har deltatt med arbeida sine på ein relevant visningsarena
- er del av eit levande lokalmiljø og medverkar til å skape felles lokal identitet og livsglede

Kjerneprogrammet

Det er i dette programmet hovudverksemda i visuell kunst bør liggje. Elevane vil kome djupt ned i handlingsområda *skape, formidle, reflektere* og *sanse*.

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikle handverksmessig og kunstnarisk kvalitet, kreativitet, sjølvstende og kritisk tenking.

Instruksjon og rettleiing går føre seg i grupper og individuelt. Avhengig av storleiken på skolen og talet på elevar på visuell kunst kan det utviklast ulike mål, timeplanar og gruppesamansettingar som imøtekjem elevane sine behov for breidde eller fordjuping.

Forventningar til læraren
- legg til rette for god fagleg progresjon og kontinuitet
- stimulerer det personlege uttrykket til eleven og formidling
- lærer elevane å iaktta og bearbeide sanseinntrykk
- stimulerer oppleving og skaparglede
- legg til rette for reflekterte samtalar og utvikling av sjølvinnsikt
- vurderer både prosess og produkt saman med elevane
- legg til rette for erfaring med visningar og presentasjonar på ulike arenaer
- er fagleg rollemodell, arbeidsleiar, kulturformidlar og inspirator
- legg til rette for godt arbeidsfellesskap og skaper eit godt sosialt miljø

Læringsmål
Eleven
- meistrar fagspesifikke basisferdigheiter i ulike teknikkar, former, materiale og uttrykk
- har tileigna seg eit breitt spekter av materialkunnskap
- har deltatt i skapande prosessar frå idé til produkt
- har utvikla kritisk sans, grundigheit og tolmod
- har tileigna seg ein nødvendig omgreps- og analysereiskap for å analyse, tolke og samtale om visuelle uttrykk
- reflekterer over eiga læring, utvikling og intensjon
- deler erfaringar med medelevar
- gjer avtala førebuing til undervisningsøkter
- har sett kunstutstillingar og kan samtale om desse
- har arbeidd med kunsthistorie, lokalhistorie og/eller tatt lokalt utgangspunkt i praktisk arbeid
- har deltatt på arenaer for kunstnarisk samarbeid på tvers av fag der fleire av kunstuttrykka ved kulturskolen er integrerte

Fordjupingsprogrammet

Hovudinnhaldet er fordjuping innanfor sjølvvalde uttrykk. Å oppnå ei medviten haldning til form og innhald/form og funksjon og å finne fram til eit personleg uttrykk, er viktige mål for fordjupingsprogrammet.

Rammer. Fordjupingsprogrammet i visuell kunst kan organiserast for enkeltelevar eller som eit gruppetilbod. Omfanget vil vere avhengig av behovet deltakarane har for instruksjon og rettleiing og kva mål den enkelte har for å delta. Er målet å søkje opptak til høgare kunstutdanning, må kulturskolen tilpasse tilbodet etter krava til studentopptak. Er målet individuell kunstnarisk vidareutvikling, kan deltakarane først samlast til felles introduksjon og gjennomgang og deretter arbeide på eiga hand med individuelle arbeid.

Mentorprogram og entreprenørskap kan vere ein del av programmet. Det bør leggjast opp til presentasjon/visning/utstilling i samarbeid med lokale aktørar, til dømes i samband med lokale kulturdagar.

Forventningar til læraren
- legg til rette for og rettleier læring og utvikling på høgt kunstnarisk/pedagogisk nivå
- tilpassar undervisninga til den enkelte eleven sine føresetnader
- legg til rette for fagspesifikk fordjuping
- ser potensial, inspirerer og gir impulsar
- stimulerer det kunstnariske medvitet hos eleven
- fremmer medvit om ambisjonar hos eleven
- vurderer både prosess og produkt saman med eleven
- legg vekt på eit godt samarbeid mellom heim – kulturskole – lærar – elev
- legg til rette for omfattande erfaring med visningar/utstillingar
- er fagleg rettleiar, samtalepartnar, mentor og rollemodell

Læringsmål
Eleven
- skaper og utfører på høgt nivå
- lærer gjennom leik, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- er på veg mot eit personleg uttrykk og arbeider sjølvstendig
- har vidareutvikla praktiske og teoretiske ferdigheiter som kan kvalifisere til høgare utdanning
- har utvikla eit godt fagspråk
- tar aktivt del i refleksjon rundt prosessar og produkt
- tar i bruk modellar, kunstverk og kunstnarskap for fagleg inspirasjon
- har kunnskap om visuell kunst som eit historisk og kulturelt uttrykk

3.6.5. Innhald

Innhaldet i visuell kunst handlar om undervisningas *kva*, knytt opp mot dei ulike fagområda/teknikkane. Visuell kunst spenner over ei rekkje ulike tema, arbeidsområde, fagfelt og fag som dels står fram som eigne einingar, dels glir over i kvarandre og dels er felles, overgripande tema. Innhaldet i undervisninga kan hentast frå heile dette breie feltet og organiserast på mange ulike måtar.

Døme på grupper av innhaldskomponentar med forslag til praktisk bruk:

- **Strek og flate**: teikning, radering, broderi
- **Farge og tekstur**: måling, foto, video, glasurar, lys
- **Komposisjon, struktur og taktilitet**: collage, linosnitt, vev, tekstil, toving
- **Tid og rom**: performance, stadspesifikk kunst, lydkunst
- **Sjå/persepsjon**: kroki, perspektiv, bilderom, stilleben
- **Tredimensjonal form**: modellere, støype, byggje
- **Form og funksjon**: design/redesign, lage bruksting, utsmykking, scenografi, arkitektur, digital kunst
- **Form og innhald**: konseptkunst, teikning, måling, skulptur, performance
- **Abstraksjon og forenkling**: skulptur, animasjon, teikneserie
- **Finne formål og sjå samanhengar**: observere, analysere, assosiere
- **Teknikk-/verktøy-/materialbruk**: utvikle og øve handlag, blande farge, redigere video, papirarbeid, mosaikk, tre, glas, metall

Andre emne i visuell kunst som er sentrale for den skapande/utøvande aktiviteten:

- Teori om form og farge
- Komposisjonslære
- Materialkunnskap
- Kunnskap om verktøy
- Kunsthistoriske emne
- Økologi og berekraft i materiale
- Kunst i det offentlege rom
- Bruk og integrering av teknologi

I lokalsamfunn med realkompetanse innanfor kunst og kunsthandverk, eller med relevante museum, husflidslag, kunstnarar og kunsthandverkarar, vil det vere naturleg at eleven lærer gamle handverkstradisjonar, mellom andre duodji. Kulturskolen kan eventuelt lage tverrfaglege prosjekt der slike tradisjonar blir tatt vare på og vidareutvikla. Det er identitetsskapande og ofte motiverande for elevane å arbeide i ein lokal tradisjon.

3.6.6. Arbeidsformer og organisering

Arbeidsformer

Arbeidsformer handlar om undervisningas *korleis*, kva læringsaktivitetar som blir tatt i bruk. Generelt bør arbeidsformene i visuell kunst vere like allsidige og leikande som faget sjølv er – men også disiplinerte og målretta.

I det utforskande og skapande arbeidet vil ein nytte både lærarstyrt undervisning, rettleiing, sjølvstendig arbeid, elevsamarbeid og prosjektarbeid.

Det blir venta at eleven arbeider utanom undervisningstida både i Kjerneprogram og Fordjupings-program. Prosjektperiodar, arbeidsseminar, helgekurs og sommarkurs kan vere supplerande tilbod.

Læraren bør ha eit breitt spekter av metodar og arbeidsformer for å leggje til rette for læring for ulike elevar og elevgrupper. Variasjon er ein nøkkel til læring.

I kommunar med berre éin lærar i visuell kunst kan det vere ein fordel om leiinga i kulturskolen legg til rette for regelmessig kontakt med lærarar i visuell kunst i nabokommunar. Dette vil kunne styrke undervisninga og motivasjonen til læraren.

For å realisere visuell kunst vil læringshandlingane i faghjulet: *skape, formidle, reflektere* og *sanse*, stå sentralt på tvers av emna og gi idear og føringar for å leggje til rette opplæringa.

Skape

Det skapande mennesket står i sentrum. Å skape er den mest grunnleggjande kompetansen eleven skal tileigne seg, og mykje tid må setjast av til dette. Skapande prosessar kan starte med inntrykk, tankar og idear, halde fram med konkrete forslag og skissearbeid, vidare med eksperimentering og utprøving mot eit individuelt eller eit felles uttrykk. Gjennom prosessane vil elevane gjere erfaringar med mange uttrykksmiddel og teknikkar og lære å bruke reiskapar, verktøy og utstyr på ein formålstenleg måte.

Å sette sine eigne mål for arbeidet er viktig og vil auke motivasjonen til elevane.

Modellæring er eit høveleg verkemiddel som føreset tett rettleiing. *Imitasjon* av kunstverk er ein anerkjent teknikk for å øve praktiske ferdigheiter og evna til å iaktta. *Å tolke*, eller *appropriere*, andre sine kunstverk, som får ny form og/eller nytt innhald, inneber både gjenskaping og nyskaping. *Redesign* er å gi ny meining, til dømes til «verdilaust» materiale som plastemballasje og rak, avlagde klede, loppefunn og instrument. Elevane finn nye estetiske uttrykk eller en ny funksjon.

Formidle

Å produsere utstillingar/visningar er både eit mål og ei arbeidsform i faget. Gjennom små og større utstillingar kan læraren leggje til rette for varierte elevarbeid som viser mangfaldet i faget. Ved å gi elevane ansvar for rigging, annonsering, invitasjonar, sal og marknadsføring vil dei få innsikt i ein heilskapleg prosess.

Elevarbeida bør knytast saman med presentasjonar der elevane fortel om eigne og gruppa sine arbeid.

Formidling er også å dele kunnskap gjennom rapportering eller beskrivingar. Elevane får kjennskap til teknikkar for visuelle/auditive presentasjonar og digitale verktøy.

Reflektere

Læringssituasjonen innbyr til ein prosess der eleven sine individuelle tolkingar, undring, assosiasjonar, intensjonar og fabulering rundt eigne og medelevane sine uttrykk spelar ei vesentleg rolle. Gjennom slike samtalar lærer elevane å verbalisere. Dette må kombinerast med analyse og tolking av profesjonelle kunstuttrykk for å forstå bodskap, meiningsinnhald, perspektiv og symbolikk.

Å kunne vurdere kvalitet er viktig for den faglege utviklinga til eleven. Prosessvurdering, produktvurdering og tilbakemelding frå medelevar bør gå føre seg kontinuerleg. Det er også eit mål at elevane får innsikt i den verdien det visuelle kunstfaget har for menneske og samfunn.

Sanse

Taktile erfaringar. Å relatere syn til hand, å kunne ta på og kjenne overflater, temperatur, storleik og stofflegheit, er døme på taktile erfaringar.

Kroppslege erfaringar og persepsjon. Å vere i eit rom gir erfaringar med avstand, forhold mellom storleikar, nærleik og materialitet. Å bruke musikk i det visuelle arbeidet kan vere relevant.

Å finne fram til eit personleg uttrykk. Ved å vere merksam på kva eleven vil uttrykkje og i kva form, kan læraren medverke til at eleven oppnår meistring og flyt.

Sjølvinnsikt. Eleven skal bli kjent med eigne kjensler/reaksjonar, gi og ta mot konstruktiv kritikk. Dette inneber mellom anna å lære, å yte motstand og å takle motgang i materiale, teknikk, idéutforming og gjennomføring.

Døme på aktuelle arbeidsmåtar:

Teknikkarbeid/verks tad
- Identifisere og dele teknikkar
- Animasjon, video
- Grafikk
- Teikning, måling
- Foto, video, digitale medium
- Keramikk
- Stadspesifikk kunst
- Tradisjonelt og lokalt kunsthandverk
- Utstillingsarbeid, montering

Møte den visuelle verda
- Lage alternativ reklame/reklame-video, arbeide med symbolbruk og teikn, bildeanalyse

Møte den virtuelle verda – ny teknologi
- Bruk av ny teknologi, medvit om og kreativ bruk av visuell kommunikasjon i virtuell verkelegheit

Prosjektarbeid
- Tverrfagleg/fleirfagleg
- Kunst i naturen
- Animasjonsfilm
- Gatekunst

Produksjon
- Utstilling
- Tverrfagleg produksjon
- Performance – happening
- Scenografi, lys-/lyddesign

Møte med profesjonell kunst
- Styrke medvit om kunst, tolke, utvikle omgrepsapparat og fagspråk
- Besøke utstillingar/visningar
- Atelierbesøk

Vurdere eigne prosessar
- Bruk av loggskrivingsverktøy og analyse

Analyse
- Bildeanalyse
- Kunsthistorie
- Ting (funksjon – form)
- Staden (landskapet, plassen, naturen, omgivnadene)

Organisering

Gruppestorleik og lærartettleik vil avhenge av alder og utviklingsnivå på elevane, type aktivitet og utfordringar knytte til utstyr/materiale. Rettleiande normer kan vere:

- Kjerneprogrammet: Grupper opp til sju–åtte elevar, der elevane har permanente arbeidsplassar.
- Breiddeprogrammet: Grupper opp til tolv elevar. Eit godt alternativ i Breiddeprogrammet og Kjerneprogrammet kan vere tolærarsystem.
- Fordjupingsprogrammet: Det kan vere formålstenleg å variere mellom individuell rettleiing og meisterklasse. Meisterklasse kan eventuelt organiserast som eit samarbeid mellom kommunar.

Tid

Ein tilrår undervisning kvar veke av omsyn til kontinuitet. Ei undervisningsøkt bør vere minimum 1 ½ – 2 timar. I tidkrevjande teknikkar vil det vere formålstenleg å ha lengre økter. Eigenarten til emnet må avgjere dette.

I visse tilfelle kan intensive helgekurs vere den forma som høver best, medan det andre gonger kan vere avsluttande kurs som varer fleire veker. Dette må vurderast ved den enkelte kulturskolen.

Gruppering/nivå

Heilårselevar med permanente arbeidsplassar kan delast inn i aldershomogene grupper. 5–6-åringar har andre behov enn 9–10-åringar. Aldersinndeling gjer det lettare for læraren å tilpasse opplæringa, dessutan å planleggje eit undervisningsforløp over fleire år.

I visse tilfelle kan det vere aktuelt å dele inn elevane etter kunnskapsnivå eller emne. Til dømes vil eit introduksjonskurs i animasjon for nybegynnarar i alle aldrar kunne føre til ein aldersblanda animasjonsklasse i Kjerneprogrammet.

I mindre kulturskolar vil større aldersblanding vere det normale, og fordelane med dette bør utnyttast. Dei yngste blir inspirerte av dei eldre, dei eldre har fagleg utbytte av å instruere dei yngre. Nokre tilbod, til dømes ein kroki-klasse, kan tilpassast fleire aldrar, også vaksne.

Samarbeid med andre fag/aktørar

Opplæringa i visuell kunst bør kombinerast med andre kunstuttrykk i kulturskolen. Dette vil kunne stimulere kjensla eleven har av å høyre heime i kulturskolen og knyte læringa i faget til eit breitt spekter av bruksområde. Eit samarbeid med til dømes skapande skriving rundt temaet graffiti, med teater om scenografi, eller med musikk om animasjonsprosjekt, vil vere god tverrfaglegheit.

Visuelle kunstfag blir gjort godt synlege gjennom utstillingar i det offentlege rom: i rådhus, i helsehus, på konferansar, i bibliotek, i kyrkjer, på festivalar og på utdanningsinstitusjonar. Dette løftar faget inn på samfunnsarenaen, gir elevane anerkjenning og stimulerer til vidare innsats og vekst. Elevar i visuelle kunstfag ved kulturskolen er naturlege aktørar på lokale kulturmønstringar.

Å studere ulike sider ved opplæring i visuell kunst i samarbeid med forskingsmiljø vil være nytenkjande og viktig.

3.6.7. Vurdering for læring

Vurdering er ein viktig del av læringsarbeidet. Formålet med vurdering er den personlege og kunstnariske veksten til eleven. Eleven skal vurderast på bakgrunn av kor moden han eller ho er i faget. I visuell kunst er prosessen vel så viktig som resultatet. Vilje og evne til utprøving, til å gå djupt inn i stoffet vere open for ny kunnskap, er viktig.

Elevane sine føresetnader for å lære kan styrkjast dersom dei

- forstår kva dei skal lære og kva som blir venta av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

(udir.no, 2014)

Elevane i visuell kunst blir vurderte på grunnlag av eigne uttrykk og evne til å formidle ideane sine basert på teknikkar dei har lært. Elevane skal kunne reflektere over eigne val, navigere mellom ulike val og forstå kva resultat vala gir. Personlege val og standpunkt må visast i kunstuttrykket. Eigenart og det genuine er kvalitetskriterium.

Sentralt i vurdering står samtalen rundt eleven sitt arbeid undervegs i prosessane.

Følgjande sider ved vurdering bør integrerast i opplæringa. Den enkelte kulturskolen avgjer korleis og i kor stort omfang.

Læringsmåla fungerer som vurderingskriterium og er naturlege utgangspunkt for vurdering i faget.

Læringsstøttande tilbakemeldingar med presise og konstruktive tilbakemeldingar og råd til elevane undervegs i prosessane. Dette er formativ vurdering og kjernen i læraren si rettleiing.

Dialog med elevane om kva som er kunstnarisk kvalitet og vedvarande arbeid for å bli medvitne om vurderingskriterium.

Elevrespons, der elevane gir kvarandre tilbakemeldingar. Læraren legg til rette for reflekterande samtalar og køyrereglar for denne arbeidsforma.

Prosessvurdering og produktvurdering, individuelt eller i gruppe.

Utviklingssamtalar mellom elev, lærar og eventuelt foreldre/føresette har ein naturleg plass i Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Tema som kan takast opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

Eleven vurderer seg sjølv. Dette bør praktiserast frå første stund. Eleven blir sett i stand til å vurdere kvaliteten på eige arbeid, ta stilling til eigen innsats og eiga utvikling. Ein god læringsprosess inneber både å vite kva ein kan og medvit om det som står igjen.

Loggbok kan vere eit verktøy for å auke medvitet til eleven rundt eige uttrykk/arbeid og eiga utvikling.

3.6.8. Lokale og utstyr

Undervisnings- og arbeidsrom

Visuell kunst bør ha lokalitetar som er reserverte for faget slik at det er lett å ta opp igjen arbeid som strekkjer seg over tid.

Opplæringa skal synast, ha informasjonsskjermar og visningsrom og slik bidra til eit ope og stimulerande arbeidsmiljø prega av estetikken i visuell kunst. Også i dei tilfella der undervisninga av ulike omsyn blir lagt i grunnskolen, må undervisningsromma vere innreidde med tanke på eigenarten til og utstyrsbehova i opplæringa.

Det blir stilt same krav til høvelege lokale, utstyr og materiale for alle programma. Høvelege lokale kan vere faste undervisningsrom ved kulturskolen eller kunst- og handverksrom ved grunnskolen.

Visningsarenaer

Visningsarenaer for visuell kunst er svært viktig og alle elevar, utan omsyn til nivå eller alder, bør kvart skoleår få stille ut eller presentere nokre av arbeida sine for eit publikum.

Det må leggjast vekt på å finne gode utstillingsarenaer både på skolen, i ulike offentlege rom, på bibliotek, konferansar, i næringsbygg, helsehus, eller av og til i eit bestemt utelandskap. Samlokalisering med andre kunstfag gjer det naturleg å samarbeide om dette.

Kontor/bibliotek

Alle lærarar bør ha eigen kontor-/arbeidsplass. Tilgang til bibliotek er viktig, dessutan ein felles pauseplass for lærarane der dei kan oppleve å vere del av eit arbeidsmiljø.

Utstyr og materiell

Dei kunstnariske resultata vil vere avhengige av materiell, reiskapar og utstyr av god kvalitet. Dette gjeld alle opplæringsprogram.

Innkjøp av utstyr og materiell er ei fagleg oppgåve og ein sentral del av undervisningsplanlegginga. Kompetansen til læraren er avgjerande når det gjeld å velje ut og kjøpe inn utstyr og materiell, og dette bør planleggjast på lang sikt.

For å oppfylle læringsmåla er følgjande rom- og utstyrsrammer ein rettleiande mal for undervisning i dei tre opplæringsprogramma:

- Lokale med god takhøgde, god ventilasjon, godt lys og vask.
- I tilfelle av sambruk med grunnskole er det kunst- og handverksrommet som bør brukast. Der vil lærarane og elevane ved kulturskolen ha behov for eigen lagringsplass til materiale og oppbevaring av arbeid.
- Gode mogelegheiter til tørke og lagring av elevarbeid.
- Høveleg lagerrom for materiale i tilknyting til undervisningsrommet.
- Eit grunnleggjande utstyrssortiment: keramikkovn, trykkpresse, høvelbenk osv. skal vere tilgjengeleg dersom aktiviteten er avhengig av det.
- Lett tilgang til nettbrett, datamaskinar og programvare, trådlaust nett og skrivar.
- Store arbeidsbord og stolar som kan tilpassast elevar med ulik høgde.
- Låsbare skap.

Utstyrssortimentet bør tilpassast fagtilbodet ved den lokale kulturskolen.



Referanseliste

Bergem, T. (1996) *Yrkesetikk i lærerutdanningen. Hvorfor – hva og hvordan?* I P. Arneberg og R. Midtbø (red.): *Mellom makt og avmakt*. Etikk for pedagoger. Oslo: Bedre Skole/Norsk Lærerlag.

Hanken, I.M. (2004) *Musikkundervisningens etikk*. I G. Johansen, S. Kalsnes og Ø. Varkøy (red.): *Musikkpedagogiske utfordringer*. Artikler om musikkpedagogisk teori og praksis. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Hattie, J. (2013) *Synlig læring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Utdanningsdirektoratet (2014) *Grunnlagsdokument. Videreføring av satsingen Vurdering for læring 2014-2017*. http://www.udir.no/Upload/Vurdering/Grunnlagsdokument-2014-2017.pdf.





Kapittel 4 - Mal for kvalitetssikringssystem

Arbeid med kvalitetsutvikling i kulturskolen har som mål å vidareutvikle skoleslaget på alle målområda i rammeplanen. Vedvarande og planmessig eigenvurdering og refleksjon over eigen praksis er føresetnader i dette arbeidet.

Høveleg reiskap for å arbeide med kvalitet gjer det lettare å arbeide systematisk med kvalitetsutvikling. Det finst ulike analyse- og prosessverktøy for slikt arbeid, som kan bidra til å vidareutvikle kapasiteten ved verksemda ved å bruke vurderingsinformasjon på måtar som skaper kollektiv innsikt og felles engasjement.

«PULS» er eit forskings- og evidensbasert verktøy som tidlegare er utvikla for grunnskole og barnehage. Norsk kulturskoleråd har saman med Conexus utvikla «PULS for kulturskole». Rapportane i dette verktøyet vil kunne vere grunnlag for kvalitets- eller tilstandsrapportering til kulturskoleeigaren. www.conexus.no.

KS har utvikla kvalitetsverktøy som kommunen kan bruke, anten som ein del av informasjonsgrunnlaget til «PULS» eller som grunnlag for eit eigenutvikla kvalitetssystem. www.ks.no.

Utdanningsdirektoratet har gode og informative nettsider som også kulturskoleeigarar og -leiarar kan bruke som kunnskapsgrunnlag. www.udir.no.

Norsk kulturskoleråd har utvikla rettleiingsmateriell knytt til arbeidet med kvalitet og kvalitetsutvikling. Dette finst på nettstaden til kulturskolerådet. www.kulturskoleradet.no.

Kulturskolane er eit lovfesta skoletilbod. Dette gjer det naturleg at kommunane – som kulturskoleeigarar – har eit system for kvalitetsvurdering også for kulturskolen, og innlemmar kulturskolen i den årlege rapporten om tilstanden, slik det er formulert i Opplæringslova § 13-10.

Etterord

Norsk kulturskoleråd har på oppdrag frå medlemmene sine, dei norske kommunane, utarbeidd ein ny rammeplan for kulturskolen – «Mangfald og fordjuping». Gjennom dette dokumentet vil kulturskolane i landet få eit innovativt og kvalitativt løft.

Norsk kulturskoleråd som utviklings- og interesseorganisasjon for kulturskolen vil støtte både kulturskoleeigarar og kulturskolar i rammeplanarbeidet gjennom eit omfattande rettleiingsarbeid. Gjennom rammeplanen er det tatt vare på den særeigne kulturskolen i Noreg, samtidig som planen skal etablere ei nasjonal fellestenking som vil bidra til eit ytterlegare kvalitetsløft for kulturskolen.

Denne rammeplanen er kulturskolens kunnskapsløft!



Utgivar
- Norsk kulturskoleråd

Rammeplanutvalet - kapittel 1 og 2
- Eirik Birkeland, leder
- Morten Christiansen
- Kristin Geiring
- Eivind Nåvik
- Inger-Anne Westby
- Wenche Waagen
- Robert Øfsti
- Knut Øverland, sekretær

Forfattar av innleiinga til kapittel 3 og hovudansvarleg for struktur, harmonisering og språkleg utforming av fagplanane
- Wenche Waagen, førstelektor ved Institutt for musikk, NTNU

Leiar for arbeidet med kapittel 3
- Åste Selnæs Domaas

Fagplangruppene - kapittel 3

Dans
- Ina Dahl, fag- og teamansvarleg og danselærar, Namsos kulturskole
- Heidi Haraldsen, høgskolelektor og prosjektleiar, Balletthøgskolen - Kunsthøgskolen i Oslo
- Sigurd Johan Heide, dansar / dansepedagog / koreograf
- Sally Parkinson, fagsjef for dans, Tromsø kulturskole
- Irmelin Robertsen, fagleiar for dans, Kulturskolen i Fredrikstad

Musikk
- Reidun Gran, musikkpedagog, Trondheim kommunale kulturskole / praksiskoordinator og metodikklærar, NTNU / fagbokforfattar
- Jo Asgeir Lie, rektor, Ole Bull Akademiet
- Hilde Norbakken, universitetslektor, Universitetet i Agder / musikar
- Grete Helle Rasmussen, førsteamanuensis og seksjonsleiar for instrumentalpedagogstudiet, Barratt Due musikkinstitutt / musikar
- Tor Yttredal, professor og fagleg leiar for faggruppa for jazz og improvisasjonsmusikk ved Universitetet i Stavanger / musikar

Skapande skriving
- Widar Aspeli, forfattar / kurshaldar
- Siw Cathrine Christiansen, forfattar / kurshaldar / pedagog, Oppegård kulturskole
- Solveig Hirsch, formidlingsleiar, Hamsunsenteret
- Dag Larsen, utdanningsleiar, Norsk barnebokinstitutt
- Siri Thue, forfattar

Teater
- Vigdis Aune, førsteamanuensis i drama og teater, Institutt for kunst og medievitskap, NTNU
- Kjersti Haugen, regissør, Trøndelag Teater
- Kristin Nordstrøm, teaterpedagog, Trondheim kommunale kulturskole
- Kirsten Jæger Steffensen, fungerande rektor, Karmøy kulturskole
- Sissel Ruste, teaterlærar, Bergen kulturskole

Visuell kunst
- Aase-Hilde Brekke, fotograf / filmskapar / performanceartist / kurshaldar / pedagog
- Stine Wexelsen Goksøyr, pedagog i visuelle kunstfag, Nittedal kulturskole / bildekunstnar
- Margrete Gunnes, kunstpedagog, Kulturskolen i Brønnøy
- Ragnhild Slettner, fagkonsulent, leiar og pedagog innan visuelle kunstfag, Oslo musikk- og kulturskole
- Robert Øfsti, kommunearkivar, Steinkjer kommune / bildekunstnar

Koordinatorar for faggruppene
- Siri Singsaas, dans
- Ingrid Almås, musikk
- Elin Kvernmoen, skapande skriving
- Hilde Roald Bern, teater
- Fabiola Charry, visuell kunst

Forfattar av kapittel 4
- Morten Christiansen

Redigerarar
- Åste Selnæs Domaas
- Egil Hofsli

Korrekturlesar
- Torlaug Løkensgard Hoel

Omsetjar frå bokmål til nynorsk
- Torlaug Løkensgard Hoel

Fotografar
- Egil Hofsli
- Thor Nielsen
- Paolo Cipriani

Design
- Guri Jermstad
- Fabiola Charry (omslaget)

Trykk
- Grøset™

Takk til rektor, lærarar og elevar ved Malvik kommunale kulturskole for stor velvilje i samband med fotografering der.


NORSK KULTURSKOLERÅD
kulturskoleradet.no

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/407 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
233/18	Formannskapet	06.12.2018
156/18	Kommunestyret	06.12.2018

LÅNEOPPTAK I 2018 OG FOR PERIODEN 2012-2017 FOR SSIKT.

Tilråding:

Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) tek opp lån i 2018 for å finansiere nyinvesteringar dette året, samt kjøpe ut dei investeringane frå SSIKT som er aktivert i kommunane i perioden 2012-2017.

Samla låneopptak i 2018 er maksimalt kr. 28.000.000.

Særutskrift:

- SSIKT v/Guttorm Rimstad
- Økonomi

Uprenta saksvedlegg:
Kommunestyresak om endring av vedtektene

Samandrag av saka:

Ansvaret for lån til Søre Sunnmøre SSIKT blir flytta frå kommunane til SSIKT – dette gjeld også lån som kommunane har teke opp til SSIKT frå det tidspunktet det vart eige selskap i 2012.

Samla behov for låneopptak i 2018 er kr 28.000.000. Dette inkluderer investeringar for 2018 samt utkjøp av lån frå kommunane for perioden 2012-2017.

Saksopplysningar:

Endring av vedtekter fører til at kommunane blir fakturert for «leige» av investeringar gjennomført i SSIKT, fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel – tilsvarande dekking av renter og avdrag på investeringane. Kostnaden som vert utrekna og fakturert til kommunane vert litt høgare enn tilsvarande utrekning av renter og avdrag i kommunerekneskapen som følgje av kommunane sin måte å rekne ut minimumsavdraget på.

Rentekostnaden vert den same, men den årlege avdragsbelastninga i SSIKT vert høgare inntil eigendelen er nedskriven i forhold til i kommunerekneskapen. Der vert avdragsbelastninga forskyvd og varer lenger som ein konsekvens av minimumsavdragsmodellen, men den totale avdragsbelastninga over tid vert den same.

For Herøy kommune sin del (basert på dagens reglar for fordeling av kostnadar) vil kostnadane med eit låneopptak på 28,0 mill kr føre til ei auke i våre totale kostnadar med om lag kr 650.000,- for 2019 (auka rente- og avdragskostnadar om lag kr 1.010.000,- minus våre kostnadar som utgjer om lag utgjer om lag kr 360.000,-). Føresetnaden for desse tala er at heile låneopptaket vert fordelt etter fordelingsnøkkelen for 2019.

Kommunane har sidan etablering av SSIKT gjennomført investeringar som er aktiverte i kommunerekneskapen, med tilhøyrande låneopptak. I forbindelse med omlegging bør det vurderast om desse eigendelane og låna framleis skal vere i kommunerekneskapen inntil dei er nedskrivne, sjølv om desse investeringane kanskje vert utskifta av SSIKT, eller om SSIKT skal overta eigendelane mot dekking av restlånet. Fordelen med sistnemnde er at det vert eit ryddig forhold mht kven som eig eigendelen, utan at alle kommunane eig ein del i den. Dette gjeld spesielt sidan eigendelen er plassert i si heilheit hos SSIKT driftssenter. Vidare unngår ein meirarbeidet i høve årsavslutning med oppfølging av eigarkommunane mht eigendelar som har blitt utskifta, selde osv.

Oversikt over restlån i kommunane som skal kjøpast ut for perioden 2012-2017

Kommune	**Restlån av SSIKT investeringar pr kommune**
Vanylven	Kr. 1.498.158.-
Sande	Kr. 1.368.964.-
Herøy	Kr. 2.339.737.-
Ulstein	Kr. 2.153.247.-
Hareid	Kr. 1.714.874.-
Volda	Kr. 2.133.700.-
Ørsta	Kr. 2.121.484.-

Det kan kome mindre korrigeringar på desse tala.

SSIKT tek opp lån på kr 13.330.164.-, til dekking av kommunane sine restlån pr 31.12.2017 jfr ovanfor. Kostnaden (renter og avdrag) på dette lånet, samt låneopptak for 2018 vert belasta kommunane etter gjeldande fordelingsnøkkel.

Fram til 31.12.2018 er denne fordelinga slik: 50% fordelt på tal deltakarkommunar og 50% fordelt på tal innbyggjarar i kommunen. Frå 01.01.2019 vert denne endra til 40% fordelt på tal deltakarkommunar og 60% fordelt på tal innbyggjarar i kommunen. Investeringar etter 01.01.2019 vert fordelt med den nye fordelingsnøkkelen. Frå 01.01.2020 vert denne endra til 30% fordelt på tal deltakarkommunar og 70% fordelt på antal innbyggjarar i kommunen. Investeringar etter 01.01.2020 vert fordelt med den nye fordelingsnøkkelen.

Investeringsramma i SSIKT for 2018 er på kr 14.371.838.-. Dette inkluderer investeringar som ikkje var avslutta i 2017 på kr 3.391.838.

Samla behov for låneopptak i 2018 er kr 28.000.000.-. Dette inkludera investeringar for 2018 samt utkjøp av lån frå kommunane for perioda 2012-2017.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at SSIKT tek opp lån for perioden 2012-2018, og at kommunane då yter tilskot til renter og avdrag framfor å betale renter og avdrag sjølve.

Økonomiske konsekvensar:

Det er minimumsavdragsformelen som gir utslag i ein økonomisk konsekvens for kvar kommune dei første åra (dyrare), men totalbelastninga for den enkelte kommunen over ein lang tidshorisont blir det same.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2018/1250
		Arkiv:	F01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/18	Komite for helse og omsorg	01.11.2018
195/18	Formannskapet	06.11.2018
157/18	Kommunestyret	06.12.2018

RETTLEIANDE SATSAR FOR UTMÅLING AV SOSIALHJELP 2018

Møtebehandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol og avdelingsleiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.11.2018

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

Samrøystes tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.11.2018

1. Kommunestyret vedtek dei vedlagde retningslinene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.
2. Satsane vert regulert i samsvar med staten sine rettleiande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

Særutskrift: NAV

Vedlegg: Retningslinjer

Samandrag av saka:
På bakgrunn av ei sterk auke av utbetaling av sosialhjelp, er det nå foreslått å vedta retningslinjer for utmåling av sosialhjelp. Retningslinjene vil vere veiledande for det skjønnet som vert teke i kvar einskild sak.

Saksopplysningar:
Det har tidlegere vore orientert og handsama sak om kraftig auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp i 2018. Saka vart handsama som sak 106/18 i kommunestyret. I den samanhengen vart det bedt om å sjå på, og vurdere nokon av grunnane til denne auken. På bakgrunn av dette har NAV mellom anna sett på kva moglegheiter det er for å lage veiledande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp – livsopphald. Ein har kome til at ein vil lage retningslinjer for det skjønnet som ligg i lovverket. Forslag til retningslinjer ligg vedlagt.

I retningslinjene ligg staten sine satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald til grunn. Det er vidare foreslått veiledande satsar for nokre ulike forhold, som ofte er aktuelle i dei einskilde sakane. Det er særleg teke omsyn til at ein ved skjønnsutøvinga skal vurdere barn og unge sine behov.

Vurdering og konklusjon:
Ein ser at det er eit behov for å standardisere det skjønnet som ligg til kommunen, ved handsaming av økonomisk sosialhjelp. Dei vedlagte retningslinjene vil vere med på å gjere skjønnet som vert utøvd på dette fagområdet meir likt. Det er også ein fordel at det vil kunne skape meir forutsigbarheit for den einskilde som kjem under desse reglane. Ein foreslår såleis at dei vedlagte retningslinjene vert vedteke.

Fosnavåg, 26.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen/Jarle Stordal

Sosialhjelp 2018

Herøy kommune benyttar statens rettleiande satsar for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

1. Statens og Herøy kommunes rettleiande satsar for utmåling av livsopphald

	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. veke
Einslig uten barn	6.050	1.396
Ektepar/sambuarar	10.100	2.331
Person som delar husholdning	5.050	1.165
Barn 0-5 år	2.350	542
Barn 6-10 år	3.050	704
Barn 11-17 år	3.950	912
Heimebuande ungdom	2.200	508

Satsane for barn justerast månaden etter at barnet fyller 6 år og 11 år.

Det utmålast ikkje barnetillegg frå og med barn nummer fire. I familier med fire eller fleire barn beregnas stønaden ut fråd ei eldste barna i familia. Stønad til eventuelle barn over 18år i vidaregåande skule kjem i tillegg.

Barn si inntekt av arbeid i fritid og skuleferiar takast ikkje med i utmålinga av stønad til familier. Ved delt omsorg utmålast barnetillegg prosentvis i samsvar med avtalt fordeling mellom foreldra.

Einslige forsørgarar som kun delar husholdning med barn dei forsørgar

Sats for einslig kr. 6.050 + sats for stønad til barn.

Einslige forsørgarar som delar husholdning med både barn dei forsørgar og med andre voksne

Sats for personar som delar husholdning kr. 5.050 + sats for stønad til barn.

2. Dekking av barn og unges deltakelse i fritidsaktivitetar

Stønad til fritidsaktivitetar til barn og unge frå fyrste klasse og opp til 18år kan ytast til familier med barn som mottek økonomisk sosialhjelp eller har økonomi på sosialhjelpsnivå. Stønaden giast etter §19 i sosialtjenestelova.

3. Samværstillegg

Ved samværsordning med eigne barn kan det innvilgast ekstra sosialhjelp til livsopphald etter rettleiande sats for barnet i forhald til alder og antall dagar pr. månad.

Ei helg reknast som to døgn, ein ettermiddag som ½ døgn. Vanlig samværsordning annakvar helg og ein ettermiddag pr.veke vil dermed utgjere seks døgn pr.månad. Stønad giast for det faktiske omfanget av samvær inntil 14 dagar pr.månad. Stønad ved samvær etter satsane ytast etter § 18.

4. Bolig

Sosialtjenesta kan gi stønad til eit husleigenivå som etter ei skjønnsmessig vurdering skal sikre buforhald i god stand og med ein nøktern standard tilpassa hushaldninga sin størrelse og samansetning.

5. Straum

Tjenestemottakarar med inntekt på sosialhjelpsnivå får dekt faktiske utgifter til straum innanfor eit rimelig forbruk.

7. Helseutgifter

Livsopphaldssatsane omfattar lege- og medisinutgifter. Ekstra ordinære utgifter kan dekkast etter søknad.

9. Ekstratilskudd til jul

Tjenestemottakarar som mottek stønad til livsopphald i desember månad, kan det vurderast ekstra stønad i forbindelse med jul. Ved utmålinga takast det hensyn til redusert skatt i desemer. Det giast ikkje juletilskudd til dei som mottek utbetaling over ordinært sosialhjelpsnivå.

10. Tilbakebetalt skatt

Tilbakebetalt skatt takast med i betraktninga som inntekt ved vurdering av behovet for økonomisk sosialhjelp på utbetalingspunktet og framover.

11. Skjønnsutøvelse

Satsane i dette rundskrivet er veiledande og erstattar ikkje forpliktelsen til å utøve individuelt skjønn. I skjønnsutøvelsen skal barn og unges behov vurderast spesielt.

12. Vedtak om økonomisk sosialhjelp

Vedtak om økonomisk sosialhjelp fattast av NAV leiar eller dei som er gitt delegert fullmakt frå NAV leiar.

HERØY KOMMUNE

Stab - Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2013/169
		Arkiv:	056

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
196/18	Formannskapet	06.11.2018
158/18	Kommunestyret	06.12.2018

VIDAREFØRING AV NETTBRETT TIL POLITIKARANE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding med slikt tillegg vart samrøystes vedteken:
Investeringa vert å innarbeide i 2019-budsjettet.

Tilråding i Formannskapet - 06.11.2018

For dei som ønskjer å nytte eigen pc/nettbrett/iPad vert det gitt ein kompensasjon pålydande kr 1 500,- per kommunestyreperiode, jf. K-sak 24/13.

Det vert kjøpt inn nye iPader til faste medlemar og første varamedlemmar i formannskapet, kommunestyret, dei fire komiteane og plan og byggnemnda. I tillegg 10 iPader som skal lånast ut til andre møtande varamedlemmar. Totalkostnad kr. 180 000,-.

Investeringa vert å innarbeide i 2019-budsjettet.

Tilråding:

For dei som ønskjer å nytte eigen pc/nettbrett/iPad vert det gitt ein kompensasjon pålydande kr 1 500,- per kommunestyreperiode, jf. K-sak 24/13.

Det vert kjøpt inn nye iPader til faste medlemar og første varamedlemmar i formannskapet, kommunestyret, dei fire komiteane og plan og byggnemnda. I tillegg

10 iPader som skal lånast ut til andre møtande varamedlemmar. Totalkostnad kr. 180 000,-.

Særutskrift:

Saksopplysningar:
I K-sak 24/13 vart det bestemt å kjøpe inn nettbrett. Desse vart delt ut til politikarane, bortsett frå folkevalde i ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet. Tilbakemeldingane har vore delte. Det har vore mest utfordringar med pålogging på Wi-Fi og pålogging på e-post.

Utfordring med pålogging på Wi-Fi er løyst ved at SSIKT har endra noko på tilgangsløysinga. Utfordring med pålogging på e-post har vore løyst med at politikarar som ønskjer det kan nytte sine egne e-postadresser og ny påloggingsløysing gjennom Herøy kommune si nettside.

Gjennomsnittleg bruk av porto per år før innføring av nettbrett var 320.000,- pr. år. Med prisauken i porto fram til no på over 60 % gir det oss ei årleg innsparing på 250.000.

Fosnavåg, 23.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Rådmann	Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/407 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
232/18	Formannskapet	06.12.2018
159/18	Kommunestyret	06.12.2018

ENDRING AV VEDTEKTENE FOR SØRE SUNNMØRE IKT-SAMARBEID (SSIKT)-LÅNEOPPTAK.

Tilråding:

Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) sine vedtekter § 13 får punkt 3 og skal lyde (endringa er merka):

«3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane.

Herøy kommune føreset at alle kostnadar til renter og avdrag frå investeringane skal fordelast etter den til ei kvar tid gjeldande kostnadsnøkkel.

Særutskrift:

- SSIKT v/Guttorm Rimstad
- Økonomi

Vedlegg:

- Vedtektene for SSIKT med endringar.

Samandrag av saka:
Konsekvensen av endringa av vedtektene vert at eigarkommunane må yte eit tilskot per år inn til SSIKT for å dekke renter og avdrag. Desse kostnadane må belastast driftsbudsjettet, på same måte som finansieringar til felles investeringar via SSIKT ville bli belasta drifta.

Saksopplysningar:
Selskapet sine vedtekter tilseier at selskapet ikkje skal eige driftsmidlane som vert nytta for å yte IKT- tenester til eigarkommunane. Selskapet kjøper inn på vegne av kommunane, men kan ikkje krevje momskompensasjon då selskapet ikkje eig driftsmidla. Summen vert fordelt og fakturert ut brutto til kommunane, med utgangspunkt i vedteken fordelingsnøkkel, og kommunane må sjølve krevje momskompensasjon og gjere vurderingar i samsvar med rekneskapshandteringar. Dette gjev oss ein del utfordringar:

- Vidare fakturering må skje i påfølgande periode, slik at fristen for å samle og vidarefakturere er knapp
- fakturering frå SSIKT til kommunane må gjerast seks gonger i året
- ekstraarbeid både for SSIKT, kommunane og revisor, då momskompensasjon må krevjast av kvar kommune, med utgangspunkt i fordelingsnøkkelen
- SSIKT kan få problem med likviditeten og må nytte kassakreditt for å forskottere investeringane til kommunane. Dette er størst fare for på slutten av året
- P.g.a. regelverket er det berre investeringar over Kr. 100.000.- som kan aktiverast i kommunane. For å sikre at alle kommunane får føre det som investering, må totalsummen for eit prosjekt via SSIKT overstige kr 1.100.000,. (p.g.a. fordelingsnøkkelen). Om kommunen sin del vert under Kr. 100.000.- må det belastast driftsrekneskapen
- P.g.a. fordelingsnøkkelen vil det slå ut forskjelleg kor stor fellesinvesteringa må vere før dei kan aktivere den i eigen kommune

Med utgangspunkt i desse utfordringane er det ønskeleg med ei endring i vedtektene slik at SSIKT kan ta opp lån og aktivere investeringane direkte i eige selskap. SSIKT får ta opp lån i KLP Banken til same vilkår som kommunane (svar frå KLP Banken):

> «Bekrefter at Søre Sunnmøre IKT kan få lån i KLP Banken AS til samme vilkår som kommuner. Dette forutsetter kommunestyrevedtak om at lånerammene til SSIKT er vedtatt igjennom budsjettet til kommunene. I tillegg bør låneopptaket være forankret i selskapsavtalen, det bør være omtalt i avtalen at det er på denne måten selskapet skal finansiere seg på.»

Konsekvensen av omlegging/endringa av vedtekter vert at eigarkommunane må då yte eitt tilskot pr. år inn til SSIKT for å dekke renter og avdrag. Desse kostnadane må belastast driftsbudsjettet, på same måte som finansieringar til felles investeringar via SSIKT ville bli belasta drifta.

Det må påpeikast at denne omlegginga ikkje gjev noko auka lånekostnadar for kommunane, men låneopptaka vert samla i SSIKT og ikkje fordelt utover kommunane, slik det er med dagens løysing.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen vil tilrå at vedtektene blir endra, slik at kommunane yter tilskott til finansiering av låneopptak til SSIKT og ikkje sjølve tek opp lån.

Økonomiske konsekvensar:
Endring av vedtekter fører til at kommunane blir fakturert for «leige» av investeringar gjennomført i SSIKT, fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel, tilsvarande dekking av renter og avdrag på investeringane. Kostnaden som vert utrekna og fakturert til kommunane vert litt høgare enn tilsvarande utrekning av renter og avdrag i kommunerekneskapen som følgje av kommunane sin måte å rekne ut minimumsavdrag på.

Rentekostnaden vert den same, men den årlege avdragsbelastninga i SSIKT vert høgare inntil eigendelen er nedskriven i forhold til i kommunerekneskapen. Der vert avdragsbelastninga forskyvd og varer lengre, som ein konsekvens av minimumsavdragsmodellen, men den totale avdragsbelastninga over tid vert den same.

Herøy kommune føreset at alle kostnadar til renter og avdrag frå investeringane skal fordelast etter den til ei kvar tid gjeldande kostnadsnøkkel.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE IKT

§ 1 HEIMEL, SKIPING MED MEIR

1. Desse vedtektene er fastsette med heimel i kommunelova § 27 nr. 2.

2. IKT-tenesta på Søre Sunnmøre (SSIKT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eller dei av kommunane som har signert vedtektene.

3. Samarbeidet er underlagt kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket til samarbeidet.

§ 2 RETTSLEG STATUS

1. SSIKT er eit eige rettssubjekt.

§ 3 FØREMÅL

1. SSIKT skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, innbyggjardeltaking og administrative tenester i deltakarkommunane.

2. SSIKT skal ta vare på oppgåvene til deltakarkommunane knytte til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

3. SSIKT kan også ta slike oppgåver for andre enn deltakarkommunane, innanfor dei rammene styret fastsett.

4. SSIKT skal driftast innanfor fastsette økonomiske ramme. Eit eventuelt meir- og mindreforbruk skal vidareførast til neste driftsår ved budsjettregulering.

§ 4 ORGANISERING

1. SSIKT skal ha eit eige styre, som skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av samarbeidet.

2. Det skal opprettast ei strategigruppe som skal vere koordinerande organ for deltakarkommunane.

3. SSIKT skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.

§ 5 STYRET

1. Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.

2. Styret konstituerer seg sjølv. Styreleiar innkallar til møte så ofte han finn det naudsynt eller når minst to medlemer krev det, likevel slik at det vert halde minst to møte i løpet av året. Det skal utarbeidast protokoll frå møta.

3. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal med mindre anna er fastsett i desse vedtektene. Ved stemmelikskap tel stemma til leiar dobbelt.

4. Ved vedtak i styret har kvar styremedlem éi stemme.

§ 6 OPPGÅVENE TIL STYRET

1. Styret leier ut frå kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket som regulerer samarbeidet.

2. Styret har ansvar for overordna organisering av samarbeidet. Styret tilset dagleg leiar og fastset nærare retningslinjer for denne. Vedtak om avskjed eller oppseiing skal handsamast av styret før det vert gjennomført.

3. Styret fremjar innspel til økonomiplan og årsbudsjett for samarbeidet som grunnlag for budsjettarbeidet i deltakarkommunane. Når det enkelte kommunestyret har vedteke økonomiplanen til kommunen og årsbudsjettet, vedtek styret sjølv årsbudsjettet og årsplan for verksemda.

4. Styret skal sjå til at rekneskapen til SSIKT vert ført på tilfredsstillande måte. Styret utarbeider årsmelding. Vedteken økonomiplan, verksemdplan, rekneskap og årsmelding vert sende deltakarkommunane til orientering.

5. Styret tilset og kan delegere mynde til dagleg leiar.

6. Styret har ansvar for at SSIKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagde oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine avtalemessige og andre forpliktingar overfor SSIKT.

7. Styret vedtek budsjett- og økonomiplan som skal behandlast i kommunane.

8. Styret har mynde til å ta opp kassakreditt på inntil kr 5.000.000 til forskotering av drift og investering.

§ 7 STRATEGIGRUPPA

1. Strategigruppa skal bestå av like mange representantar som det til ei kvar tid er deltakarkommunar. Representantane skal ha strategi- og bestillarkompetanse frå den enkelte deltakarkommune. Strategigruppa konstituerer seg sjølv.

2. Dagleg leiar har møte- og talerett i strategigruppa og ansvar for at sekretærfunksjonen vert teke i vare.

3. Strategigruppa møtast så ofte leiar av strategigruppa finn det naudsynt eller når to representantar krev det og i alle fall minst annankvar månad.

4. Det skal skrivast referat frå møta som vert lagt fram for styret som referatsaker.

5. Dagleg leiar orienterer styret dersom avgjerder frå strategigruppa ikkje vert tekne til følgje av SSIKT.

§ 8 OPPGÅVENE TIL STRATEGIGRUPPA

1. Strategigruppa skal sikre koordinering mellom deltakarkommunane og vere bindeledd mellom deltakarkommunane og SSIKT.

2. Strategigruppa tek strategiske avgjerder innanfor gjeldande budsjettramme.

3. Strategigruppa tek strategiske val for innspel til økonomiplan og budsjett. Til budsjettforslaga skal det setjast mål for forventa effektiviseringseffekt, kvalitetseffekt, brukartilfredsheit og i høve medarbeidarane. Dagleg leiar tek innspela med i budsjettarbeidet.

4. Nærare oppgåver vert bestemt av SSIKT sitt styre i eigen instruks.

§ 9 DAGLEG LEIAR

1. Dagleg leiar har det faglege, økonomiske og administrative ansvaret for drifta av samarbeidet.

2. Dagleg leiar skal leggje fram innstilling til drifts- og investeringsbudsjett før 1. september kvart år.

3. Dagleg leiar er underlagd styret og har møte- og talerett i styremøta.

4. Dagleg leiar kan definere utskiftingstakt for klient- og nettverksutstyr i medlemskommunane for å ivareta naudsynt oppetid hjå brukarane.

§ 10 TILSETTE I SSIKT

1. Dagleg leiar er ansvarleg for tilsettingar i SSIKT, og tek elles i vare dei funksjonane som følgjer av arbeidsgjevaransvaret.

2. SSIKT har sjølv arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane som er knytte til SSIKT.

3. Avklaring i høve personalet som ved oppstart er tilsett i dei kommunane som har signert avtalen vert gjort etter regelverket om verksemdsoverdraging, jf Arbeidsmiljøloven kapittel 16.

4. Leiar i SSIKT kan avtale andre organisatoriske bindangar knytte til prosjekt eller deltidsengasjement.

§ 11 MØTE OG TALERETT FOR ORDFØRAR

1. Ordførar i dei deltakande kommunane har møte- og talerett i styremøta, jfr. kommuneloven § 9 nr. 4.

§ 12 TILVISING OG REVISJON

1. Dagleg leiar tilviser utgiftene til SSIKT, med unntak av utgifter som omhandlar dagleg leiar. Slike utgifter vert tilvist av styreleiar.

2. Styret inngår avtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon om revisjon av rekneskapen til SSIKT.

§ 13 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUESGODE

1. Deltakarane heftar for plikter til samarbeid etter følgjande prosentvise fordelingsnøkkel (per 1. januar 2016): (data frå Q4 2016)

Kommune:	Folketal	Fastdel:	Folketal:	Totalt:
Ørsta	10774	4 %	16 %	20 %
Volda	9102	4 %	13 %	17 %
Herøy	8957	4 %	13 %	17 %
Ulstein	8457	4 %	13 %	17%
Hareid	5185	4 %	8 %	11 %
Vanylven	3203	4 %	5 %	9 %
Sande	2540	4 %	4 %	8 %

Fordelingsnøkkel under «folketalsdel» vert justert når folketalet i ein eller fleire kommunar endrar seg med meir enn 5 %. Utgangspunktet for vurderinga er 1. januar kvart år. Ei slik endring, samt påfølgjande endring av dette punktet i vedtektene, kan gjerast av styret, jfr. § 15 punkt 1. Overgangen frå noverande fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 50%/50%) til fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 30%/70%) skjer gradvis over to år (frå 2018). Dette betyr for 2019 fastdel/folketal – 40%/60%.

2. Dei verdiane den enkelte kommunen tek inn i samarbeidet i samband med stiftinga, skal reknast som eigedomen til denne kommunen inntil dei er nedskrivne.

3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane

§ 14 SAMARBEIDET OG PLIKTANE

1. SSIKT utfører oppgåver og leverEr teneste til deltakarkommunane etter retningsliner fastsett av styret. Nærare innhald, kvalitet og pris for løpande tenesteR skal fastsetjast av styret i Tenesteleveringsavtale (TLA). Retningslinjer og TLA inngår, etter vedtaka i styret, som del av avtaleverket til samarbeidet etter § 1.

2. På grunnlag av godkjent budsjett, betalar deltakarkommunane årleg inn sin del av SSIKT sine investerings-, løns- og driftsutgifter. 75% av innbetalingane skjer 1. januar og 25% den 1. juli kvart år.

§ 15 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

1. Vedtektsendringar skal godkjennast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det vert kravd likelydande vedtak i alle kommunane. Forslag til endringar av vedtektene vert fremja av styret og vert vedteke etter same prosedyre.

2. Mindre endringar av vedtektene i driftsperioden kan gjerast av eit einstemmig styre.

§ 16 NYE DELTAKARKOMMUNAR

1. Eit einstemmig styre kan føreslå opptak av nye deltakarkommunar. Opptak av nye deltakarkommunar krev godkjenning av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane.

§ 17 UTMELDING OG OPPLØYSING

1. Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Utmelding kan tidlegast finne stad eitt år etter at skriftleg varsel er motteke av styret og vert sett i verk frå årsskiftet etter at oppseiingstida er ute.

2. Samarbeidet kan oppløysast dersom alle deltakarane er samde om det.

3. Vedtak om utmelding eller oppløysing vert gjort av kommunestyret i den aktuelle deltakarkommunen.

4. Den utmelde kommunen held fram å hefte for dei forpliktingane det interkommunale styret måtte ha på det tidspunktet utmelding finn stad. Jamfør §13 nr 1.

5. Utmelding og eventuelt oppløysing kan bringast inn for departementet jfr. kommunelova § 27 nr. 3 anna ledd.

6. Ved utmelding skal SSIKT levere ut data til deltakarkommunen som forlèt samarbeidet. Deltakaren må likevel dekke kostnadar knytt til uthenting av data der tredjepart må involverast og kostnadar knytt til å sette opp løysingar som gjer data tilgjengeleg. Ved utmelding skal SSIKT tilbakebetale maskinvare-

investeringskostnadar frå dei siste to åra i samsvar med kommunen sin fordelingsnøkkel, sjå §13. Kommunen som melder seg ut må betale ut restverdi av klientmaskinvare.

7. Deltakarkommunar som forlèt samarbeidet pliktar ikkje å ta over tilsette frå SSIKT.

§ 18 SÆRSKILTE VILKÅR VED KOMMUNESAMANSLÅING

1. For kommunar som slår seg saman i 2020, så opphøyrer dagens kommune til same tidspunkt, og medlemskapen i dette samarbeidet opphøyrer automatisk 31.12.19. Den nye kommunen kan etter vedtak i Fellesnemnd tiltre i samarbeidet for Søre Sunnmøre IKT på dei vilkåra som er regulert i desse vedtektene frå og med 2020.

2. Kommunestyra i samarbeidskommunane treng ikkje å godkjenne slik tiltreding. Dersom den nye kommunen ikkje vil slutte seg Søre Sunnmøre IKT, så skal dei andre kommunane ha varsel om dette innan 31.12.18, og utløysing skal gjennomførast i samsvar med § 17 ovanfor.

Godkjenning:

Denne avtalen er godkjend av kommunestyra til dei sju samarbeidskommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Stad: _____ Dato:_____

_____

ordførar
Hareid kommune

Stad: _____ Dato: _____

_____

ordførar
Herøy kommune

Stad: _____ Dato:_____

_____

ordførar
Sande kommune

Stad: _____ Dato: _____

_____

ordførar
Ulstein kommune

Stad: _____ Dato:_____

_____

ordførar
Vanylven kommune

Stad: _____ Dato: _____

_____

ordførar
Volda kommune

Stad: _____ Dato:_____

_____

ordførar
Ørsta kommune

HERØY KOMMUNE

Stab - Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2018/406
		Arkiv:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
234/18	Formannskapet	06.12.2018
160/18	Kommunestyret	06.12.2018

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - FASTSETJING AV VALDAG.

Tilråding:

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 9. september 2019.

Særutskrift:
- Valstyret

Saksopplysningar:
I brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 16.03.18, vert det opplyst at statsråd i møte 16. mars har fastsett valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet til måndag 9. september.

I følgje Vallova § 9-2 (2), kan kommunestyre sjølv med tilslutning frå minst 1/3 av medlemene, vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal haldast val også på søndagen før den offisielle valdagen. Om kommunen ynskjer å halde val over 2 dagar, må vedtak om dette fattast seinast samtidig med at kommunestyret vedtek budsjett for 2019.

Fosnavåg, 19.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen Hjelmeseth
Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/955
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
228/18	Formannskapet	20.11.2018
33/18	Komite for oppvekst	21.11.2018
23/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	23.11.2018
41/18	Komite for helse og omsorg	29.11.2018
28/18	Eldrerådet	03.12.2018
161/18	Kommunestyret	06.12.2018

BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - TREDJE HANDSAMING

Møtebehandling:

Tilråding i Eldrerådet - 03.12.2018

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for helse og omsorg - 29.11.2018

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.11.2018

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for oppvekst - 21.11.2018

Møtebehandling:
Økonomileiar Geir Egil Olsen, kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjelmeseth og kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

KrF, Camilla Storøy kom med slikt framlegg:

Stryke punkt 8

Nytt punkt 15:
Rammefinansiering til Byutviklingsprosjektet vert satt av i ordinær budsjettprosess med kommunestyret sitt vedtak i desember kvart år. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet, men godkjenning av oppstart og vedtak av rammer for det einskilde prosjekt skal behandlast i kommunestyret før oppstart.

Det vart halde gruppemøte.

H, KRF OG FRP SI TILRÅDING TIL INVESTERINGSBUDSJETT
H, KRF og FRP sitt framlegg inneheld slike endringar i høve det rådmannen la fram:
Byutvikling. Tiltaket vart styrka med 1,0 mill kr i 2019 (til 6,0 mill kr) og skal gå til desse føremåla:

- Oppgradering Ytre Almenningskai – 2,0 mill kr
- Gangveg i sentrum 0,6 mill kr
- Toalettbygg i parken 1,10 mill kr
- Parkering i Fosnavåg Sentrum 2,0 mill kr

Uteområde Ytre Herøy Ungdomsskule (nytt) 1,0 mill kr i 2019

FV-18 Leine-Voldsund. I rådmannens framlegg var det sett av 10 mill kr i 2020. H, KRF og FRP endra dette til 1,0 mill kr i 2019 og 9,0 mill kr i 2020.

Einskildpunkt tatt ut av rådmannens framlegg:

- Storebakken 3 (0,8 mill i 2019 i rådmannens framlegg)
- Ny Kaihøgde Ytre Almenningskai (5,5 mill kr i 2019 i rådmannens framlegg – er med i H. KRF og FRP sitt framlegg med 2,0 mill kr under Byutvikling)
- Gangveg i sentrum 0,6 mill kr (er no ein del av Byutviklingsløyvinga)
- Parkeringsplass Fosnavåg Sentrum (er no ein del av Byutviklingsløyvinga)
- Toalettbygg i parken (er no ein del av Byutviklingsløyvinga)

Det vil seie at samla reduksjon i investeringane som følje av endringane over er om lag 5,5 mill kr

H, KRF OG FRP SITT FRAMLEGG TIL BALANSERING AV DRIFTSBUDSJETTET

	2019	2020	2021	2022
INNSPARINGAR				
Vekst i husleige nye komm bustadar		200	400	800
Ingen prisvekst	1 600	-	-	-
Rammeinnsparing Utvikling	500	500	500	500
Rammeinnsparing/auka inntekter Flyktning	1 000	1 000	1 000	1 000
Rammeinnsparing PO	1 500	1 500	1 500	1 500
Rammeinnsparing Kultur	500	500	500	500
SUM INNSPARINGAR DRIFT	**5 100**	**3 700**	**3 900**	**4 300**
Kalk renter/avskr VAR	300	600	900	1 200
Auke skatt/ramme*	3 050	3 000	3 000	3 000
Samarbeid, auka inntekter etc	500	1 500	2 500	3 500
Ytterlegare driftsredukjsonar etc	8 150	11 700	13 700	15 200
SUM AUKA INNTEKTER/REDUSERTE UTGIFTER	**12 000**	**16 800**	**20 100**	**22 900**
TOT INNSPARING/AUKA INNTEKTER	**17 100**	**20 500**	**24 000**	**27 200**
SKAL FINANSIERE				
Driftsramme høgare enn innt til fordeling	13 500	13 500	13 500	13 500
Auke brannvern	250	250	250	250
Auke utg ny leigekontrakt Sunnmørsbadet	650	650	650	650
Auka i budsjett sosial	1 700	1 700	1 700	1 700
Auka renter/avdrag **)	1 000	4 400	7 900	11 100
SUM SOM MÅ DEKKAST INN	**17 100**	**20 500**	**24 000**	**27 200**
DIFFERANSE	**-**	**-**	**-**	**-**

(Arbeiderpartiets forslag ligg i saksutgreiinga)

*) For å få denne effekta må skatteinntektene auke med 7,5 mill kr til 284,0 mill kr, og då vil ein få ein reduksjon i rammetilskotet på 4,5 mill kr forutsett at Herøy kommune har lik eller betre vekst i skatteinntektene enn landsgjennomsnittet.

**) Det ligg inne løyvingar til kaier på Mjølstadneset og veg Leine – Voldsund i forslaget til investeringsbudsjett.
Sidan det er nokre føresetnader som skal til for at desse prosjekta kan gjennomførast

har H/KrF/FrP valgt å ta ut rente- og avdragskonstnader stipulert hhv 0,0 – 0,1 – 0,6 og 1,2 mill kr i økonomiplanperioden.

Det vart røysta.

Framlegget frå KrF, Camilla Storøy vart samrøystes vedteke.

H, KrF og FrP sitt framlegg vart vedteken mot 3 røyster.

AP, Svein Gjelseth, Sofie Arntsen og Jens Terje Johnsen røysta for rådmannen si tilråding.

Tilråding i Formannskapet - 20.11.2018

1. Alle tal i 1.000 kr.

	2019	2018
POLITISK LEIING	**4 125**	**4.080**
ADMINISTRATIV LEIING	**1 830**	**1.795**
STAB	**46 430**	**45.960**
Servicetorg	3 230	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4 120	3.925
Økonomiavdeling	5 360	5.690
Personal- og org.avdeling	7 305	7.425
IKT	7 415	6.610
Eigedom	19 000	19.155
OPPVEKST	**184 405**	**183.550**
Barnehageavdeling	71 340	68.320
Grunnskuleavdeling	113 065	115.230
HELSE OG OMSORG	**215 640**	**205.725**
Administrasjon helse og omsorg	1 330	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV)	54 350	47.850
Pleie- og omsorgsavd	111 320	108.320
Bu- og habiliteringsavd	39 970	39.850
Tenestekoordinering	8 670	8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	**33 630**	**33.215**
Kulturavdelinga	8 360	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	7 820	7.630
Brannvernsavdelinga	8 525	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	8 925	8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	**15 045**	**13.870**
ØHJELP, MOTTAK		**(1.180)**
SUM	**501 105**	**487.195**

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2019.

3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.

4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.
   Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019
b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
   - Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
   - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
   - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
   - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
   - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)
e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per månad
f. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
   Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
g. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
   Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
h. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)
k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).
l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.
m. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019

q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.

6. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

   - 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
   - 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

9. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

10. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

11. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 82,1 mill for 2019 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet. Investeringsbudsjettet vert vedteken slik det går fram av rådmannen si saksutgreiing med dei endringane som går fram av protokollen.

12. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.

13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

15. Rammefinansiering til Byutviklingsprosjektet vert satt av i ordinær budsjettprosess med kommunestyret sitt vedtak i desember kvart år. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet, men godkjenning av oppstart og vedtak av rammer for det einskilde prosjekt skal behandlast i kommunestyret før oppstart.

16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2018
POLITISK LEIING	**4.150**	**4.080**
ADMINISTRATIV LEIING	**1.835**	**1.795**
STAB	**46.780**	**45.960**
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925
Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610
Eigedom	19.240	19.155
OPPVEKST	**186.620**	**183.550**
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
HELSE OG OMSORG	**219.695**	**205.725**
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850
Tenestekoordinering	8.740	8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	**34.820**	**33.215**
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	**13.220**	**13.870**
ØHJELP, MOTTAK		**(1.180)**
SUM	**507.120**	**487.195**

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2019.

3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.

4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

r. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019

s. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

t. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

u. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:

- Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
- 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)

v. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per månad

w. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

x. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.

y. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)

z. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)

aa. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)

bb. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).

cc. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.

dd. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.

ee. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.

ff. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

gg. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019

hh. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

17. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.

18. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

- 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
- 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

19. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

20. Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.

21. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

22. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

23. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

24. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 89,8 mill for 2019 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.

25. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.

26. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

27. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

28. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

- Kommunalsjefane, her
- Vest kontroll AS

Vedlegg:

- Oppdatert teksdokuentet per 14.11.2018
- Kommentarar til budsjettposten Kommunale bustadar

Samandrag av saka:

Saksopplysningar:

Rådmannen har lagt budsjettdokumentet med som eit vedlegg, då det er vanskeleg å redigere slike dokument i ePhorte.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Geir Egil Olsen
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

BUDSJETT 2019
ØKONOMIPLAN 2019-2022
HERØY KOMMUNE



Innhold

1.Rådmannen sine kommentarar 3
2. Om Herøy 4
2.1 Slik står det til i kommunen 4
2.2 Kommunal økonomi 5
2.3 Organisering 5
3. Framtidsutsikter 7
3.1 Vurdering av framtidsutsikter 7
4. Styring og kontroll 9
4.1 Styring og kontroll av verksemda 9
4.2 Revisjonsordning 9
4.3 Rekneskapsrevisjon 9
4.4 Forvaltningsrevisjon 9
4.5 Tilsyn 9
4.6 Organisering 9
4.7 Mål- og resultatstyring 9
4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring 10
4.9 Risikostyring og internkontroll 10
4.10 Selskapskontroll 10
4.11 Tryggleik og beredskap 10
4.12 Etisk standard 10
4.13 Utfordringar og planar 10
4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen) 11
4.15 Verdigrunnlag 11
4.16 Heilskapleg system 11
4.17 Plansystemet 12
4.18 Styringssystemet 14
4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk 15
5. Fokusområde samfunnsutvikling 17
5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel. 17
5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017: 19
5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017 19
6. Fokusområde Organisasjon 20
6.1 Organisasjonsutvikling 20

6.2 Personalpolitikk og opplæring 21
7. Fokusområde Tenester 24
7.1 Kommunebarometeret 24
7.2 Brukarundersøkingar 2017: 26
7.3 Tilsyn og klagesaker. 27
8. Fokusområde Økonomi 28
8.1 Nøkkeltal 28
8.2 Kommuneopplegget 2019 30
9 Resultatvurdering og endringsbehov 32
9.1 Resultatvurdering 32
9.2 Endringsbehov 33
9.3 Andre forhold 37
9.4 Prioritering 37
10. Økonomiplan drift 2019-2022 39

1.Rådmannen sine kommentarar

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med 13,5 mill kr (+ nye finanskostnadar og nye evt tiltak) for å få balanse mellom utgifter og inntekter. Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma. Rådmannen vil tilrå å prioritere tiltak som Tidleg innsats, Rus/psykiatri og Habilitering/rehabilitering ved omdisponering innanfor driftsramma.

Når det gjeld investeringar, har rådmannen prioritert

- ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Eigedomsskatt frå 2021 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1,5 promille av formuesverdien.

Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore svært god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk. Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det var fleire oppseiingar i 2017.

Kommune-NM
NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL 2016 2018	Næringsliv 2016 2018	Arbeids-marknad 2016 2018	Demografi 2016 2018	Kompe-tanse 2016 2018	Kommune-økonomi 2016 2018
Herøy	135 108	20 14	315 212	189 211	222 240	129 126

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har hatt ein framgang totalt sett frå 2016 til 2018.

https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar
Kommunen har gjennomført fleire partnarskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

Folketalsutviklinga
Utvikling av folketalet pr. 01.01:

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	8383	8533	8727	8847	8847	8934	8972	8957	8965

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet.

Folkehelse
Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.
Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFAar=2017

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar
Kommunen har gjennomført fleire partnarskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

2.2 Kommunal økonomi

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	Disp fond
2018 *)	**837.860.000**	**48.986.000**
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

***) Tal per 15.09.2018. Lånegjelda vil vere større per 31.12.2018 – 865,0 mill kr**

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

2.3 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteken 07.05.2012.
Kommunestyret har 33 medlemer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I

tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiing
Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg
Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habiliteringhab, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

Oppvekst
Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

Samfunnsutvikling
Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab
Omfattar dagens avdelingar for :
- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte. Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

Læring og fornying
Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi
Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Styring og kontroll

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Revisjonemeldinga for rekneskapsåret ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollerte.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon retta mot økonomi og økonomirapportering. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmenga og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Kommunen hadde løpet av 2017 23 tilsyn med 60 avvik.

4.6 Organisering

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.
Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidarsamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2019..

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.
Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.
Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.
Revisjon av kommunen sitt økonomireglement vart gjennomført i 2017.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016.
Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.
Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2016 i møte 30.11.17.

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Fylkesmannen konkluderte slik i tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.04.18:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å opprettholde drift ved uønskte hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.
Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast i 2018.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar. 4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen).

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølgjing kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag


Verdigrunnlaget er revider i 2018. Dei kommunale kjerneverdiane er:

- Tillit
- Respekt
- Samhandling

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbetringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbetringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtferd.

Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem
Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.
Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsromet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av resultatoppnåing i ein til ein møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette. Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiing. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.
Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi
Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.
Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.


Kommuneplanen
Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprosesser.
Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.
Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.
Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år.
Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal

fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Kommuneplanen har **seks gjennomgåande perspektiv:**

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet
Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.
Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine temaplaner, jamfør planstrategien, skal også innarbeidast i

handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar
Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

Felles gjennomgåande planar
Kommunen har fleire gjennomgåande planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt kvart fjerde år.

Utfordringar og planar
Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

4.18 Styringssystemet

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestane. Verksemdstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

Prinsipp for verksemdsstyring
Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.i
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

Mål- og resultatstyring
Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultata skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målekort.

Det er definert fire fokusområder. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen.
I tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

Gjennomføring av politiske vedtak
Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfylging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.

Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

Etterleving av lover og forskrifter
Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betyding for oppgåva.

Risikostyring og internkontroll
Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo (KvalitetsLosen).

Systemet ivaretek dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

*Føremålsten*leg organisering skjer ut frå omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

Effektive arbeidsprosessar skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

God ressursbruk skal skje innafor dei mål og budsjettrammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.


Læring, forbetring og innovasjon
Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene sine og medarbeidarane sin kompetanse.

Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa oppsummerer kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar

grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafor ulike områder.

Årshjul
Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Desse er sett inn i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltståande prosessar/aktivitetar.



Utfordringar og planar
Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut frå dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafor alle rammeområda sikre rett utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggjande tiltak.

5. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål vert nedfelte i budsjett og økonomiplan 2019 – 2022:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan	Oppfølgjing samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking	Innbyggjarundersøking
Status 2018	8 965 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøking 2017	Innbyggjarundersøking 2017
Ambisjon 2022	9 200 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling
Resultatmål 2019	9 000 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling

5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

Visjonen
Herøy – ei båtlengd føre

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

Misjonen (oppdraget)
Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

Styringsprinsipp
I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

Satsingsområde
I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernett.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

Planstrategi
Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 vart sist revidert 07.12.2016.

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).
Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/

6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Resultata er jamt over gode. Herøy kommune skårar nest høgast av kommunane med mellom 5000 og 10000 innbyggarar.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.


Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølgjing Kommune-kompasset.	Oppfølgjing arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølgjing seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2018	435 poeng	Ikkje undersøkt.	8,3 %	65 år = 67% 67 år = 45%
Ambisjon 2022	500 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%
Resultatmål 2019	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%

6.1 Organisasjonsutvikling

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppesnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt

grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2018-2020), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 104/18 :

Område 2	Tilgjengeleg, innbyggar- og brukarorientering
Område 4	Leiarskap, ansvar og delegasjon
Område 5	Resultatfokus og effektivitet
Område 6	Kommunen som arbeidsgjevar
Område 7	Utviklingsstrategi og lærande organisasjon

Dette arbeidet vert fylgd opp i 2019.

6.2 Personalpolitikk og opplæring

Sjukefråverstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Medarbeidarundersøkinga (10-Faktor) 2017
Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og

fleksibilitetsvilje. Med oppgåvemotivasjon meiner ein motivasjon for oppgåva i seg sjølv, dvs om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spanande og stimulerande. Med fleksibilitetsvilje meiner ein medarbeidaren si vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse måten sin å jobbe på til nye behov og krav.

I forhold til landssnittet kjem kommunen dårlegast ut i forhold til relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.

Herøy kommune til liks med landssnittet scorar total sett lavast på faktoren relevant kompetanseutvikling og høgast på faktoren nytteorientert motivasjon. Nytteorientert motivasjon er motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon. Det er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

Inkluderande arbeidsliv (IA)
Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsenteret.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)
Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2017 har HVO vore tilsett i 50% stilling. Dette har gjeve ytterlegar styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok), handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane.

Tillitsvalde
Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis

arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Arbeidsgjevarpolitikk
«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av Kommunestyret.

Seniorpolitikk
Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2018	Positiv utvikling.	2017: 23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2022	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2019	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

7.1 Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010. Det er viktig å hugse på at det kan finnast gode forklaringar bak ei svak tabellplassering og ei god plassering kan skuldast flaks eller tilfeldige forhold. Det er også naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege plasseringar.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg, for å bidra til ein meir opplyst lokaldemokratisk diskusjon

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunar gjennomført av Kommunal Rapport på grunnlag av offentleg tilgjengeleg data frå offisielle kjelder.
2018-barometeret inkluderer 152 ulike nøkkeltal innan 12 forskjellige kategoriar.

Kommunebarometeret er inga vurdering av om innbyggjarane får gode **nok** tenester, men om det ser ut til at kommunen har noko å lære av andre – basert på kor nær kommunen sine målbare resultat er kommunane med best resultat. Barometeret er heller ikkje ein konkurranse i å drive billigast, utan omsyn til tenestene. Viktigare enn tabellplasseringa er om kommunen har fått betre eller dårlegare nøkkeltal det siste året.

Plasseringer i Kommunebarometeret 2010-18

Dette er plasseringene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene.
Serien er ikke sammenliknbar over tid, fordi innholdet i barometeret også har endret seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nøkkeltallene alene	365	291	363	281	240	266	310	296	263
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	286	238	353	270	190	195	245	217	133
Rangering inntektsnivå	293	293	208	229	257	333	321	350	429
Grunnskole	320	359	308	307	162	216	207	215	134
Pleie og omsorg	210	279	384	207	345	241	289	386	302
Barnevern	279	189	256	217	188	217	299	310	136
Barnehage	421	342	391	387	401	288	288	164	228
Helse			393	343	321	314	298	320	402
Sosial	277	154	128	99	142	105	155	231	78
Kultur		141	252	250	257	222	205	258	271
Økonomi	328	245	166	125	120	371	380	262	368
Kostnadsnivå		35	15	7	41	89	69	39	75
Miljø og ressurser	215		323	51		277	36	265	213
Saksbehandling			259	349		89	124	142	
Vann, avløp og renovasjon			244	237					

Eg tek med fylgjande frå hovudanalysen:

«Herøy havner på en 133. plass i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret 2018 fra Kommunal Rapport. Da har vi korrigert plasseringen med hensyn til økonomiske rammebetingelser. Nøkkeltallene er samlet sett litt svakere enn normalen i Kommune-Norge.

Herøy er bare inne på Topp 100-lista innen enhetskostnader og sosialtjeneste.

Kommunen har sine svakeste plasseringer innen helse (402. plass), økonomi (368. plass) og pleie og omsorg (302. plass).

Hvis vi ser bort fra kommunenes ulike økonomiske utgangspunkt, kommer Herøy på en 263. plass. Nøkkeltallene er litt bedre enn økonomiske forutsetninger skulle tilsi.

Grunnskolen: Karakterene på 10. trinn i Herøy har vært omtrent middels de siste fire årene. Resultatene i fjor var omtrent på samme nivå som snittet de siste fire årene. 30 prosent av elevene på 5. trinn de siste fire årene ligger på laveste mestringsnivå (av tre). Det er omtrent som normalen for Kommune-Norge. På ungdomsskolen oppfyller 69 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Pleie og omsorg: I Herøy har 72 prosent av de ansatte fagutdanning. I de beste kommunene er andelen minst 84 prosent. Hva skal til for å bli blant de beste? Andelen er litt lavere nå enn for ett år siden. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen litt flere plasser avsatt til demente enn i normalkommunen. I Herøy tilsvarer antall plasser i skjermet enhet for demente 52 prosent av antallet over 80 som faktisk bor på sykehjem.

Barnevern: Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Herøy på 5,6 prosent. I Herøy ble 82 prosent av sakene behandlet innen den vanlige

tremånedersfristen. Av barn med tiltak er 19 prosent i fosterhjem eller institusjon. Det er veldig lite målt mot resten av Kommune-Norge,
og gir en 2. plass på denne tabellen. I barometeret regnes høy andel tiltak i hjemmet som positivt.

Barnehage: Bemanningen i barnehagene i Herøy er lav målt mot dem som har best tall her. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. 40 prosent av ansatte i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. En liten andel av dem som jobber i barnehagene i Herøy er menn. De beste ligger på 17 prosent menn. I Herøy går 85 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Det er bra. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Helse: Legedekningen i Herøy er på 13,6 leger per 10.000 innbyggere. I Herøy er det ledig plass på 40 prosent av fastlegelistene. Dekningen av helsesøster målt mot antall småbarn i kommunen er middels. De beste ligger på 180 årsverk per 10.000 småbarn. Målt mot folketallet er det ikke mange kommuner som har færre ansatte enn Herøy som er registrert med videreutdanning innen psykisk helsearbeid.

Sosialtjeneste: Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Herøy enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Blant de under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 4 prosent, mens snittet i Kommune-Norge ligger på prosent. Sosialstønad gis i over 10 måneder til 9 prosent av de som mottar støtte. Andelen er lav, kommunen er på 68. plass på denne tabellen. Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er litt under normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.

Økonomi: Korrigert netto driftsresultat var 1,4 prosent i fjor. Teknisk beregningsutvalg anbefaler en pluss på 1,75 %. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Netto renteeksponert gjeld i kommunen er mer enn dobbelt så høy som landsgjennomsnittet, målt mot brutto driftsinntekter. Investeringsnivået har vært omtrent middels i Herøy de fire siste årene.

Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Innen pleie og omsorg ligger kostnadene litt under det som er normalnivået. Barnehagekostnadene i kommunen er litt under det som er normalnivået. Kostnadene innen barnevernet i Herøy ligger nærmere de billigste enn de dyreste kommunene.»

7.2 Brukarundersøkingar 2017:

Barnehage
Gjennomsnittsresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best)
Gjennomsnittsresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittsresultatet 5,4.

Legeteneste
Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

Fysioterapi
Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

PU
Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

Institusjon (sjukeheim)
Resultat frå brukarundersøking våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande som har svart på vegne av bebuar på institusjon. Herøy kommune kjem totalt sett betre ut enn landssnittet.

Ungdata
Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

Innbyggarundersøking
Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

7.3 Tilsyn og klagesaker.

I 2017 vart det gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2017.

8. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:
- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 12 mill.)
- Driftsfond 10 % av samla driftsinntekter (om lag 65 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.

Mål 2017	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47 %	39.642.000 (6,1%)
Ambisjon 2022	1,75 %	65.000.000 (10,0%)
Resultatmål 2019	1,60 %	48.000.000 (7,5%)

8.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	**Disp fond**
2018	**837.860.000**	**48.986.000**
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000.
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

Framsikt - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	94,4 %	99,2 %	105,6 %	110,1 %
Ulstein	187,8 %	192,2 %	194,0 %	199,8 %
Volda	89,9 %	93,0 %	99,7 %	110,4 %
Ørsta	78,7 %	78,1 %	82,7 %	95,2 %
Sula	100,9 %	104,7 %	110,4 %	117,3 %
Gjerdrum	93,8 %	107,0 %	111,0 %	107,3 %
Songdalen	92,4 %	92,8 %	91,9 %	86,5 %
Kostragruppe 08	86,5 %	89,6 %	92,7 %	95,9 %

Netto lånegjeld bør haldast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med lave renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 prosent av årlege driftsinntekter. Herøy har mykje lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er 110 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 14 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra.

Økonomi - Renteeksponert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)		74,3 %	82,3 %	86,3 %
Ulstein		155,3 %	162,7 %	169,5 %
Volda		72,7 %	81,7 %	92,4 %
Ørsta		50,2 %	58,0 %	71,5 %
Sula		66,5 %	75,8 %	79,8 %
Gjerdrum		78,6 %	83,5 %	80,8 %
Songdalen		73,0 %	74,1 %	67,1 %
Kostragruppe 08		59,4 %	69,2 %	71,5 %

Gruppert per år

Det er interessant å sjå nærare på den renteeksponerte delen av kommunen sin gjeld. Det vil sei den delen av lånegjelda kommunen sit med renterisikoen på. Det vil sei lånegjelda utanom VAR-sektoren og lån med statleg rentestøtte (oppussing av kommunale bygg av forskjellig type).

Den renteeksponerte delen av gjelda i Herøy utgjorde 86 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 15 prosent over gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Herøy har altså høy gjeld, også om ein berre ser på den renteeksponerte gjelda.

Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter
Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	1,8 %	1,3 %	2,6 %	6,1 %
Ulstein	4,7 %	3,7 %	5,4 %	5,6 %
Volda	2,3 %	4,9 %	7,9 %	10,3 %
Ørsta	1,7 %	3,8 %	7,2 %	7,9 %
Sula	12,2 %	11,8 %	12,8 %	12,3 %
Gjerdrum	17,3 %	15,5 %	15,3 %	22,3 %
Songdalen	7,2 %	9,1 %	10,7 %	13,9 %
Kostragruppe 08	5,5 %	5,8 %	7,8 %	9,1 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reservar for å dekkje uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 6 prosent. Det er et lavt resultat på landsbasis. Det er svakt i forhold til kommunegruppen. Gjennomsnittet i landet og i kommunegruppe 8 er 9 prosent. Herøy er nest lavast blant samanlikningskommunane.

8.2 Kommuneopplegget 2019

Det økonomiske opplegget for 2019

	Kom øk prop mrd kr	**Statsbudsj 2019 mrd kr**
Vekst i frie inntekter	2,6 - 3,2	2,6
Demografikostnadar	1,5	1,0
Pensjon	0,65	0,65
Handlingsrom før satsingar	**0,45 -1,05**	**0,95**
Satsingar innanfor veksten	0,2	0,5
Av dette:		
- Opptrappingsplan rus	0,2	0,2
- Tidleg innsats skule		0,2
- Opptrappingsplan habilit/rehab		0,1

Dvs at kommunane har 0,45 mrd kr til disp. Herøy har 0,1686% av landets befolkning og Herøy sin del av 2,6 mrd kr blir då nær 4,4 mill kr (kr 760.000,- av 0,45 mrd kr). Utviklinga i Herøy er negativ og i statsbudsjettet for 2019 føreset staten ein reell reduksjon av kjøpekrafta med 0,4% dvs om lag 2,0 mill kr.

Andre faktorar:

- - Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester aukar med kr 50.000,- utover pris/lønsvekst
- (får tilbakevirkande kraft til 2018 og vil totalt koste kommunane 0,3 mrd kr – vel 0,5 mill for Herøy).
- Nytt innslagspunkt vert då kr 1.320.000,-.
- - Auka rentenivå vil bidra til redusert handlingsrom (700 mill kr i 2019). På sikt vil pensjonspremien
- bli redusert pga høgare rente.
- - Auka foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen (makspris kr 2.990,- per mnd og deretter
- kr 3.040,- frå 01.08.2019). Gratis kjernetid utvida til å inkludere 2 åringar frå fam med lav innt.
- - Fylkeskommunen som regional utviklingskraft vert redusert (reduksjon i bevillingane
- på 223 mill kr – 16%)
- - Midlane til regionale forskningsfond vert redusert med 27 mill kr til 183 mill kr
- - Manglar 400 mill kr til bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm i barnehagane
- - Skjerpa krav til lærartettheit (1 lærar per 15 elevar 1-4 klasse og 1 lærar per 20 elevar 5-10 klasse)
- - Ingen friske midlar til tidleg innsats og gode læringsmiljø for dei yngste barna.
- - Innføringa av betalingsplikt for rus og psykisk helse. Døgnpris på kr 4.880,- og betalingsplikt
- frå dag 1.
- - Auka tilskott til rekruttering av psykologer (lovpålagt med psykolog frå 01.01.2020)
- - Ei avsetjing på 156,8 mill kr til Klimasats 2019
- - Ingen auke i bevillingane til flom og skredsikring utover dagens nivå
- - Ingen midlar til nye planleggarar i kommunesektoren
- - Lite midlar til innovasjon og digitalisering
- - Innstramming i kommunane sin handlefridom når det gjeld eigedomsskatt frå 2020
- - Kompensasjonsordning for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar
- (avsett 71 mill kr)
- - Grunnrenteskatten aukar frå 35,7 til 37% - betyr reduksjon i kommunane sine
- eigedomsskatteinntekter.

9 Resultatvurdering og endringsbehov

9.1 Resultatvurdering

Folketalsutvikling og sysselsetjing

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har talet på arbeidsledige vore høgt (rundt 5 %).

Innbyggarundersøkinga 2017
Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Brukarundersøkingar 2017
Kommunen scorar om lag på snittet for ulike brukarundersøkingar.

Medarbeidarundersøking (10-faktor)
Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje.

Kommunekompasset
Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

Kommunebarometeret
Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg.

Det vert spesielt framheva at målt mot folketalet er det ikkje mange kommunar som har færre tilsette enn Herøy som er registrert med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

KOSTRA 2017
Resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

Samla resultatvurdering:
Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har skatteveksten også stoppa opp, talet på arbeidsledige har vore høgt (rundt 5 %) og utbetalingane til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i 2018. Dette har konsekvensar for den kommunale økonomien og gir store prioriteringsutfordringar.

Kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

Kommunen har hatt ei positiv utvikling på tenestekvalitet (Kommunebarometeret) og forvaltningspraksisen (Kommunekompasset) siste åra, men på ein del område er det ikkje samsvar mellom ressursinnsats (KOSTRA) og tenestekvalitet (Kommunebarometeret). Dette gjeld der vi brukar forholdsvis mykje ressursar, men kjem dårleg ut på tenestekvalitet.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga var grunnlaget for vedtaket om kjerneverdiane **Tillit, Respekt og Samhandling** og utarbeidinga av **Serviceplakaten**.

9.2 Endringsbehov

2017 og 2016 er dei beste åra kommunen har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Kommunen har heller ikkje hatt eit så stort disposisjonsfond som vi har i dag.

Trass dette var resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det lagt til grunn at kommunen skal bruke ca 28,3 millionar kroner for å balansere budsjettet i tillegg 10,0 mill kr i innsparing og 7,45 mill kr i rammeinnsparing.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i K-sak 102/18:
«Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.»

Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018 sak 57/18: Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.

1. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret ber om at Kostratal vert tekne med i vurderinga av innsparingstiltak. Andre sektorar enn oppvekst, som ligg vesentleg høgare i Kostratal, må ta større andel av innsparingstiltakta.
3. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
4. Kommunestyret ber om at Moltu skule held fram i si noverande form.
5. Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde.

Kommunestyresak 57/18 24.05.18 gav slikt resultat::

Samla innsparing: **10.275.200***

*Her er det gjort ein summeringsfeil. Det rette talet skal vere 10.015.000.
I protokollen frå møtet der det står:

«Høgre v/Idar Tarberg kom med framlegg om slikt tillegg til pkt 4 i tilrådinga frå formannskapet: Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden på dagens driftsnivå. Framlegget fekk 14 røyster og fall.»

Dette opnar då for å vurdere driftsnivået ved Myrvåg brannstasjon.

Framsikt har gjennomført ei økonomianalyse basert på KOSTRA- tal for 2017. Dette er ein analyse av rekneskap og andre KOSTRA- tal for 2017. Herøy er samanlikna med Ulstein, Sula, Volda og Ørsta (naboar), Gjerdrum og Songdalen (billige og flinke kommunar) og kommunegruppe 8 (middels lettdrivne kommunar med mellom 5.000 og 20.000 innbyggjarar og middels inntekter).

I samandraget av rapporten står det at finansane er vurderte på grunnlag av tre nøkkeltal. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko

Oversikt innsparingspotensial ift samanlikningskommunane (mill. kr)

	Ulstein	Volda	Ørsta	Sula	Gjerdrum	Songdalen	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	15,4	-16,3	-23,2	-4,6	-1,1	11,2	-7,9
Grunnskole	-6,5	-11,9	2,6	7,8	17,3	-14,4	-0,6
Adm, styring og fellesutgifter	2,9	0,5	4,6	9,4	-1,5	-4,9	7,3
Barnehage	-6,9	-1,2	-8,4	-5,0	1,7	2,6	-0,9
Sosiale tjenester	3,3	5,7	7,1	11,3	4,3	8,2	1,5
Kommunehelse	4,7	3,8	5,4	2,8	2,8	1,8	1,3
Barnevern	-4,6	4,9	10,6	-6,9	-5,3	0,7	-2,7
Kultur og idrett	4,8	10,5	8,6	11,1	7,4	7,0	4,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,6	-1,6	0,5	-1,0	-0,9	0,3	0,0
Andre områder	9,0	11,8	11,0	18,4	19,6	9,9	15,1
Brann og ulykkesvern	3,2	0,9	1,3	3,9	4,7	5,1	3,4
Kommunale boliger	4,0	4,0	1,8	1,6	1,3	-3,8	0,5
Samferdsel	0,4	1,9	2,3	9,0	11,2	7,8	7,6
Næringsforv. og konsesjonskraft	-0,9	4,4	3,7	1,6	0,3	-1,0	1,2
Kirke	2,3	0,6	1,9	2,3	2,1	1,7	2,4
Totalt	**23,8**	**6,1**	**18,9**	**43,3**	**44,2**	**22,5**	**17,3**

Figuren over viser kostnadsforskjellar mellom Herøy og andre kommunar i millionar kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane.(- er dyrare enn Herøy, + er billigare enn Herøy).

Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 17 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017. Herøy dreiv tenestene 44 millionar kroner dyrare enn Sula og Gjerdrum og 23 millionar kroner dyrare enn Songdalen og Ulstein.

Figuren viser også kva for tenester som vert drive dyrt og billig i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I forhold til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Adm (7 mill), Sosial (2 mill), Helse (1 mill), Kultur (5 mill), kyrkje (2 mill) og diverse tekniske tenester (13 mill). Utgiftene er lavare innanfor PLO (8 mill), grunnskule (1 mill), barnehage (1 mill) og barnevern (3 mill).
PLO vert drive 10-15 mill kroner billigare i Ulstein og Songdalen. Grunnskulen vert driven 8-17 millionar kroner billigare i Gjerdrum og Sula. Administrasjon vert drive 9 mill kroner billigare i Sula. Sosial vert drive 11 mill kroner billigare i Sula. Kultur vert drive 11 milll kroner billigare i Volda og Sula. Samferdsel vert drive 9-11 mill kroner billigare i Sula og Gjerdrum.
NB: Gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i PLO vert påverka av at 6 norske kommunar har fått statstilskot til tenesta, og vert drive omtrent utan netto utgifter. Dette påvirker gjennomsnittet for PLO i kommune-gruppe 8 kraftig. Det er korrigert for denne effekten i rapporten, men ikkje i Framsikt analyse.
Framsikt analyse viser at Herøy hadde 4 millioner kroner høgare netto utgifter i PLO enn gjennomsnittet

i kommunegruppe 8. I samandraget skriv Brox at hovudårsaken til lavare utgifter i samanlikningskommunane er:

- - Større grunnskular
- - Mindre utgifter til alle slags kulturtiltak
- - Lavare einingsprisar i eigedomsdrift og vegdrift
- - Billigare administrasjon og politisk styring
- - Billigare brannvesen

I tillegg har eg merka meg fylgjande:

- **Skuleskyss** kostar 1,0 mill meir enn snittet i kommunegruppa

6 skular vart nedlagde i 2009. Dette medførte lengre skuleveg for mange og rett til skyss etter opplæringslova.

Mykje spreidd busetnad i kommunen, gir rett til skyss anten i forhold til avstand til skulen eller smal/dårleg veg utan gangfelt.

- **Fastlege, fysio og legevakt** kostar 4,0 mill meir enn snittet

Funksjon 241:
Her er nokre feilføringar, dyr legeavtale, betaling eksterne som vi ikkje kan styre (NPV, Helfo).
Vi ligg lågt ifht kommunal fysioterapi. Legevakt meiner ein å drifte så rimeleg og effektivt som mogleg. Dette vil bli dyrare med nye krav.

Funksjon 243:
Utgiftene er i hovudsak løn. Herøy er organisert med eigen seksjon i dag. Dei fleste kommunar har dette fellesorganisert med psykisk helse. Mogleg har andre kommunar ei anna funksjonsføring enn Herøy. Vi ligg lågt med tilsette ifht psykisk helse, men høgare på rus. Dette området vert slått saman frå 01.01.2019 også i Herøy kommune. Funksjonsføring her kan vi mogleg skjønnsmessig korrigere, då ein i felles seksjon naturleg vil arbeide meir på tvers.

- **Sosiale tenester**: 2,0 mill meir på rettleiing, 1,0 mill meir på rusomsorg, 2,0 mill meir på arbeidstiltak enn snittet.

Funksjon 242 Veiledning
Det er nokre feilføringar her, mellom anna skulle godt over 1 mill vore ført på 281 sosialhjelp.
På denne funksjonen er også Solheim dagsenter ført.

Funksjon 243 Rusomsorg
På denne funksjonen er bustadsosiale tenester ført. Det er mogleg at desse tenestene i andre kommunar vert ført på 254 - jf kommentarane vedkomande funksjon 241.

Funksjon 273 Verna arbeid.
På denne funksjonen er mellom anna lærlingane ført med 1,4 mill. Det er og ført vel 0,8 mill vedkomande tiltakspakken. Desse føringane gjer at ein får høge utgifter på desse funksjonane

- **Utleige av bustader**: 1,0 mill meir enn snittet (utleige av bustader gjekk med underskot)

Husleigesatsane i Herøy kan vere lågare enn husleigesatsane i samanliknbare kommunar. Vi har i dei siste åra auka husleigesatsane gradvis, men det er fortsatt eit stykke igjen til vi er på antatt marknadsprisnivå.

Ei anna forklaring kan vere at utleigebustadar vert ståande tome med husleigetap som konsekvens i påvente av klargjering for ny utleige. Klargjering kan drage ut i tid, av ulike grunnar, men gjennom

tverrfagleg samarbeid bør i alle fall Herøy kommune bidra til at utleigebustadane er mindre utsette for skadeverk gjennom året og kontraktsforholdet, slik at klargjering for ny utleige vert mindre kostnadskrevjande.

Ei tredje forklaring kan vere knytt til avskrivinga av kommunale bustadar.

- Drift av **kulturbygg**: 3,0 mill meir enn snittet

Herøy kommune har to bygg å drifte, dette gjer nok store utslag. Det er for 2018 og framover iverksett tiltak for å få desse kostnadane ned, men det vil vere vanskeleg å sjå at vi skal greie å hente inn desse kostnadane fullt ut.

Tiltakspakke 2017 er ført med kr. 349 668 på denne funksjonen i 2017. Likeins utgjer fordelte lønsutgifter frå Seksjon Byggdrift kr. 256 155 medan offentlege avgifter og forsikring utgjer om lag kr. 170 000.

- **Kulturskule**: 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har ein andel på 34,7% av elevane i grunnskulen som deltek i kulturskulen. Det høgste talet i samanlikningskommunane. Kostragruppe 8 har 16,6%. Viser til Brox sin kommentar i rapporten under tabellen øvst side 51: Høge kostnader kjem av høg dekningsgrad, ikkje av høge utgifter pr brukar.

Utgiftene pr brukar ligg kr 2.900 under gjennomsnittet i kommunegruppa

- **Kyrkje:** 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har 3 kyrkjer og 7 gravplassar.

- **Kart/oppmåling og byggesak**: 1,0 meir enn snittet

Området har fått overført 1 heimel frå plan for nokre år tilbake og det gjer nok noko utslag på denne Kostra-analysen. Denne heimelen er i dag overført til funksjon 302 på bakgrunn av lengre sjukmelding. Ein forventar at utgiftene vil vere meir på snittet ved neste analyse.

- **Politisk styring**: 2,0 mill meir enn snittet

Netto utgifter på dette ansvaret er på ca 4,1 mill. Løn (1,5 mill) og møtegodtgjersle (1,0 mill) er dei største enkeltpostane.

- **Administrasjon**: 7,0 mill meir enn snittet

Dette området er vanskeleg å analysere fordi kommunane sin rekneskapspraksis varierer (tolking av skillet mellom teneste og administrasjon), sjå side 56 i rapporten.

- **Brann**: 3,0 mill kr meir enn snittet

Funksjon 338, førebyggande, er tilfredstillande. Funksjon 339 beredskap er tidlegare utgreidd i sak 17/715 og det er lagt fram fleire modellar for innsparing av beredskapen. Vi driv vi dyrare pga. ekstra brannstasjon i Myrvåg. Ved å legge ned brannstasjonen kan dette gi ei innsparing på 840 000 kr. I sak 17/715 er det og vist til andre tiltak som er mogleg å gjennomføre som gjer at kostnadane vert vesentleg redusert innan funksjon 339.

- **Eigedomsforvaltning**: 3,0 mill kr meir enn snittet

I forhold til busjettet var det største meirforbruket på dette området i 2017 sviktande husleigeinntekter (ca 1,4 mill) og kommunal drift (1,3 mill).

- **Hamnevesen**: 3,0 mill kr meir enn snittet

Avskrivingar på 1 540 000 kr og 350 000 kr på tiltakspakke er ført her. I tillegg har vi ikkje nok inntekter på kaivederlag for å dekke opp kostnadane.

- **Næringsføremål**: 1,0 mill kr meir enn snittet

Tiltakspakken er ført på funksjon 325, 800 000kr

9.3 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Rådmannen legg til grunn at samarbeid med andre kommunar skal gje ei innsparing.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på dei kommunale bygningane.

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.

9.4 Prioritering

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båtlengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Det er krevjande å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og investeringsrammer som legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikrar ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

Investeringsbudsjettet:
Rådmannen har prioritert

- - ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- - forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- - nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Kommunedelplanen for bustadpolitikk vart vedteken i K-sak 14/16. Kommunen har 140 utleigebustader rundt i kommunen. I planarbeidet kom ein fram til kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i nye einingar. Det er ein føresetnad at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for at forholdet mellom behov for bustad og tilgjengelege bustader ikkje skal verte forverra. Her er bestilt taksering og starta dialog med dei som bur i bustadane.

Driftsbudsjettet:
KOSTRA- rapportane konkluderer med at kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

Gjennom 2016, 2017 og 2018 har administrasjonen arbeidd med å skape balanse mellom kommunen sine utgifter og inntekter m.a.

- Kritisk vurdert tenestenivået i forhold til standarden i dag og kva som er forsvarlege tenester.
- Analysert den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.

I 2016 vart det trekt inn fylgjande stillingar:

- 1,0 stilling som folkehelsekoordinator/kulturarbeidar
- 0,3 stilling økonomi/personal

I 2017 stod fylgjande stillingar vakante:

- 1,0 stilling rådmann/assisterande rådmann
- 1,0 stilling Servicetorget

I tillegg er 0,8 stilling i administrasjonen i pleie og omsorg inndratt.

I 2018 er

- 1,0 stilling som assisterande rådmann inndratt
- 1,0 stilling i Servicetorget er ikkje budsjettert.
- 1,4 stillingar vakante i økonomiavdelinga/dokumentsenteret fram til avklaring rundt
- samarbeidsprosjektet
- med Vanylven.

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.

Kommunestyresak 57/18 24.05.18 vart det gjort vedtak om slik innsparing, gjeldande frå 2019:

Samla innsparing oppvekst:	2.200.000
Samla innsparing helse og omsorg:	4.765.000*
Samla innsparing samfunnsutvikling:	1.110.200
Samla innsparing stab:	2.200.000
Samla innsparing:	**10.275.000***

*Her er gjort ein summeringsfeil. Dei rette tala skal vere 4.505.000 og 10.015.000.

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. **For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med om lag 13,5 mill kr for å få balanse mellom utgifter og** inntekter (i tillegg kjem evt nye rente- og avdragskostnadar og evt nye tiltak**)**. Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som **driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar** vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma.

Det bør vurderast om det er mogleg å prioritere tiltak som

- - Tidleg innsats
- - Rus/psykiatri
- - Habilitering/rehabilitering

ved omdisponering innanfor driftsramma.

Eigedomsskatt frå 2020 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1 promille av formuesverdien.
Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

10. Økonomiplan drift 2019-2022

- Økonomiplan drift for 2019-2022 syner korleis Herøy kommune kan redusere sine driftskostnadar/auke sine inntekter med med om lag 18,8 mill kr i 2019.
- Dei største endringane skjer gjennom ei ny sak om varige driftsreduksjonar som må gjennomførast tidleg i 2019 for at dei skal kunne få delvis verknad dette året.
- Gjennom budsjettforslaget må samarbeidet med andre kommunar aukast i åra som kjem. Dette er noko som kan føre til reduserte kostnadar for alle litt fram i tid.
- Rådmannen har vurdert eigedomsskatt på private hus og hytter. Med 1% av takstverdi vil det kunne gi ei inntekt på minst 7 mill kr. Men ein slik skatt bør ikkje nyttast til drift og ein foreslår heller ikkje denne ordninga i 2019. Etter valet i 2019 må ein imidlertid vurdere dette nøye slik at ikkje tenestene forvitrar i åra som kjem. Rådmannen legg opp til ei innføring av slik skatt frå og med 2021 i sitt forslag til saldert økonomiplan.

I hovudtal kan dette (balansen) settast opp slik (rådmannens tilråding):

	2019	**2020**	**2021**	**2022**
Innsparingar				
Rammeinnsparing, Helse og omsorg	700	700	700	700
Veks i husleige nye kommunale bustadar	0	200	400	800
Andre driftsinnsparingar	0	0	0	0
Sum innsparingar drift	**700**	**900**	**1 100**	**1 500**
Kalk renter/avskriving VAR	300	600	900	1 200
Bruk av fonds	9 300	8 500		
Ytterlegare driftsreduksjonar /varige kutt/rammeinnsparingar/vakansar	8 000	10 000	14 500	14 500
Samarbeid, auka inntekter	500	1 500	2 500	3 500
Eigedomsskatt (1,5 promille)			10 000	10 000
Sum auka innt/red kostn	**18 100**	**20 600**	**27 900**	**29 200**
Tot innsparing/auka innt	**18 800**	**21 500**	**29 000**	**30 700**
Skal finansiere:				
Driftsrammer høgare enn innt. til fordeling	13 500	13 500	13 500	13 500
Nye tiltak	4 300	3 500	3 000	3 000
Auka renter/avdrag	1 000	4 500	8 500	12 300
Sum til inndekning	**18 800**	**21 500**	**25 000**	**28 800**
Diff	**0**	**0**	**-4 000**	**-1 900**

Sidan sist formannskapsmøte har den negative driftsramma blitt redusert med om lag 1,5 mill kr. Dette skuldast reduksjonar innan bla. Søre Sunnmøre Kemnerkontor og Landbrukskontoret. I tillegg er pensjonskostnadane justert ned med om lag 1,3 mill kr. Helse og omsorg manglar 0,7 mill kr i høve til innsparingskravet på 4,4 mill kr i 2019. Dette er lagt inn som ei rammeinnsparing.

Under nye tiltak ynskjer rådmannen å auke sosialhjelpsbudsjettet frå 4,3 mill kr til 7,0 mill kr i 2019 med ei viss nedtrapping dei andre åra i økonomiplanperioden. Basert på årets utbetalingar vil truleg også 7,0 mill kr bli for lite, men rådmannen voner likevel utbetalingane vil bli redusert i 2019 pga redusert arbeidsløyse.

Kommunen har fått om lag 0,4 mill i øyremerka statstilskott til ein psykolog nr 2. Reknar ein med at ny psykolog kan starte opp 1 april 2019 blir meirkostnaden dette året om lag 0,275 mill kr som så aukar til 0,5 mill kr frå 2020. Den siste delen, 0,3 mill kr er knytt til kvardagsrehabilitering. Totalt snakk om 1,8 årsverk, der 0,4 årsverk vert omdisponert i Helse- og omsorgsavdelinga og kr 620.000,- vert gitt som øyremerka statstilskott.

Bevillingar per sektor og område

Oversikta under syner kor mykje den einskilde sektor/område får i bevilling i 2019 før ein har vurdert evt kutt eller nye tiltak.

DRIFTSOVERSIKT (Tall i 1000kr)	**Budsjett 2019**	**Økonomiplan 2020**	**Økonomiplan 2021**	**Økonomiplan 2022**
Skatt på inntekt og formue	-276 450	-276 450	-276 450	-276.450
Rammetilskott	-217 300	-217 300	-217 300	-217.300
Eigedomsskatt	-	-	-	-
SUM FRIE INNTEKTER	**-493 750**	**-493 750**	**-493 750**	**-493 750**
Renteutgifter	14 750	14 750	14 750	14 750
Avdrag	24 000	24 000	24 000	24 000
Andre finanskost. (tap på aksjar, gebyr m.m.)	1 299	1 299	1 299	1 299
Utytte Tussa	-5 230	-5 230	-5 230	-5 230
Statstilskott, rente- og avdragskompensasjon	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Andre renteinntekter	-3 183	-3 183	-3 183	-3 183
Aktiv forvaltning	-4 300	-4 300	-4 300	-4 300
Andre finansinntekter (gebyr, morarenter m.m.)	-626	-626	-626	-626
Netto rente og finanskostnadar	24 310	24 310	24 310	24 310
Nto pensjonsavvik/amortisering av pensjonsav.	-16 593	-16 593	-16 593	-16 593
Netto avskrivingar	-4 090	-4 090	-4 090	-4 090
Sum andre poster	**-18 839**	**-18 839**	**-18 839**	**-18 839**
TIL FORDELING	**-490 074**	**-490 074**	**-490 074**	**-490 074**
Politisk leiing	4 149	4 149	4 149	4 149
Administrativ leiing	1 835	1 835	1 835	1 835
Andre Overføringar (Kyrkje, revisjon m.m)	13 220	13 220	13 220	13 220
STAB				
Servicetorget	3 245	3 245	3 245	3 245
Dokumentsenter og politisk sekretariat	4 136	4 136	4 136	4 136
Økonomiavdelinga	5 371	5 371	5 371	5 371
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 356	7 356	7 356	7 356
IKT	7 433	7 433	7 433	7 433
Eigedom	19 243	19 243	19 243	19 243
OPPVEKST				
Barnehageavdelinga	71 369	71 369	71 369	71 369
Grunnskuleavdelinga	115 255	115 255	115 255	115 255

HELSE OG OMSORG				
Administrasjon Helse og omsorg	1 335	1 335	1 335	1 335
Avdeling for Barn, Familie og Helse ink NAV	56 950	56 150	55 650	55 650
Pleie- og omsorgsavdelinga	112 600	112 600	112 600	112 600
Bu- og habiliteringsavdelinga	40 076	40 076	40 076	40 076
Tenestekoordinering	8 740	8 740	8 740	8 740
SAMFUNNSUTVIKLING				
Kulturavdelinga	8 991	8 991	8 991	8 991
Utviklingsavdelinga	7 120	7 120	7 120	7 120
Landbruk	1 245	1 245	1 245	1 245
Brannvern	8 297	8 297	8 297	8 297
Anleggs- og driftsavdelinga	9 172	9 172	9 172	9 172
Sum fordelt til driftsrammer	**503 574**	**503 574**	**503 574**	**503 574**
Avsetjing til disposisjonsfond	-	-	-	-
Kalkulatoriske renter/avskrivingar sjølvkost	-300	-500	-700	-900
Bruk av disposisjonsfond	-10 000	-5 000	-	-
Ytterlegare driftsreduksjonar/nedbemanning	-7 500	-10 000	-12 500	-12 500
Samarbeid/auka inntekter/auka folketal	-500	- 1 500	- 5 000	- 5 000
Overføring til investeringsrekneskapen	-	-	-	-
Netto disposisjoner	**-18 300**	**-17 000**	**-18 200**	**-18 400**
Balanse	- 4 800	-3 500	-4 700	-4 900
Tiltak som skildra (innsparing/nye tiltak)				
Til renter og avdrag og nye tiltak	-4 800	-3 500	-4 700	-4 900

Ein forventar relative stabile inntekter i økonomiplanperioden. I 2018 berekna vi skatteinntektene og rammetilskottet ved å bruke faktisk skatteinngang 2017 + statens prognose for skattevekst 2018 og rekna rammetilskotet ut i frå det. Det synte ein vekst i frie inntekter frå vårt budsjett 2017 til vårt budsjett i 2018 på kr 1.600.000,-. For 2019 vel vi å bruke tala frå Grønt Hefte for desse berekningane. Det kan vere at skatteinntektene vert berekna for høge (auke på nær 10,0 mill kr sett i høve til budsjett 2018), men rådmannen har valgt å legge seg på dette nivået. Budsjetterte skatteinntekter og budsjettert rammetilskott 2019 er om lag 14,0 mill kr høgare enn i 2018.

Basert på vedtak K-sak 101/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak i kommunale bygg) og K-sak 100/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak Anleggsprosjekt), nokre små investeringar frå Helse og omsorg, Oppvekst og IKT samt ynskje om nye bilar og maskiner i anleggsavdelinga blir investeringane i økonomiplanperioden særs store. Brutto investeringar i 4 års perioden blir på i overkant av 400,0 mill kr eks vidareutlån. Det gjer at vi framover får ein stor auke i finanskostnadane som må finansierast gjennom reduksjonar i driftsrammene og/eller nye inntekter. I tillegg skal minsteavdragsprinsippet endrast gjennom ny kommunelov, noko som gjer at Herøy kan få auka sine avdrag med om lag 6,0 mill kr i høve til dagens regelverk.

Underskotet i økonomiplanen (2019-2022) må finansierast ved hjelp av driftsreduksjonar, bruk av fonds og evt nye inntekter. Skal sistnemnde vere aktuelt må ein gjere vedtak om det minst 1 år før inntektene kan krevjast inn.

For å få både budsjett og økonomiplan i balanse har rådmannen saldert med bruk av disposisjonsfond

9,3 mill kr i 2019 og 8,5 mill kr i 2020. Rådmannen legg til grunn det ikkje er mogleg å få til nødvendige driftsreduksjonar allereie i 2019, men at drifta skal takast ned med 14,5 mill innan 2021 i tillegg til innsparing gjennom samarbeidstiltak på 2,5 mill kr.

Slik dagens framlegg til budsjett og økonomiplan ligg føre, klarer ein ikkje målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75%.

Investeringar
Dei største tiltak i økonomiplanperioda kan ein setje opp slik:

Tiltak	Mill kroner
Kommunale bustadar	41,1
Oppgradering av 4 skulebygg	33,6
Opparbeiding av 3 byggefelt	31,5
VAR området	30,0
Oppgradering av sjukeheimane	25,0
Nye kaier Mjølstadneset	21,0
Byutvikling (sjå vedlegg)	20,0
Fosnavåg Brannstasjon og driftsbase	18,0
Veg Leine-Voldsund	10,0
Hall ved einedalen skule (sluttfinansiering)	8,0
Ei mengd mindre tilta	111,6
SUM	**319,8**

Den samla utviklinga i rente og avdragskostnadane ser de i tabellen nedanfor forutsett at dei skisserte investeringsprosjekta vert vedtatt i økonomiplanperioda.

	2019	2020	2021	2022	SUM	Tekst
Samfunnsutvikling						
Byutvikling	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000	Pri
Avskjerande grøft Kvalsund			400		400	
Grøft overvatn Huldalsvegen	300				300	Pri
Ny kaihøgde ytre Allmenningskai	5 500				5 500	Pri
Trafikktryggingstiltak		1 500	1 500	1 500	4 500	Pri
Tursti Myklebustvatnet				1 200	1 200	2020-2021
Tursti Djupvikvatnet			3 000		3 000	
Bergsøy Kunstgrasbane nytt dekke		500	2 500		3 000	2019-2020
Jektenaust m.m.	2 400				2 400	Pri
Gangveg i sentrum	600				600	
Dragsund bustadfelt	1 000	9 000			10 000	Pri
Bø/Arhaug bustadfelt	6 500				6 500	Pri
Stokksund bustadfelt		1 000	14 000		15 000	
Mjølstadneset næringsområde	625				625	
Eggesbønes næringsområde		1 500	1 500	5 000	8 000	Sjølvfinansierande
Eggesbønes næringsområde. Planleggingsmidlar	250				250	Pri
Mindre parkerigsplass Frøystad				1 000	1 000	2020-2022
Mindre prosjekt i bustadfelt	750				750	
Bru til Herøy gard	300	3 000			3 300	Pri
Veg og parkering Rundavegen			600	800	1 400	2020-2021

Veg Flusund				5 000	5 000	
Kaier på Mjølstadneset		1 000	20 000		21 000	2020-2021
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250	1 250	
Oppgradering av veg Kleppeåsen	700				700	
Oppgradering av veg til Marine Sales				750	750	
Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)				5 000	5 000	
Parkeringsplass Fosnavåg Sentrum	2 000				2 000	
Eigedom						
Asbestsanering		1 000	1 000		2 000	
Asfaltering ved kommunale bygg	250	500	500		1 250	
Brannsikring av kommunale bygg	250	1 000	1 000	1 000	3 250	
Desentralisert ventilasjon		2 000	2 000		4 000	
ENØK tiltak		1 000	1 000	1 000	3 000	
Kommunale bustadar	1 600	16 500	11 500	11 500	41 100	
Leikeplassar		500	500		1 000	
Herøy rådhus	3 000				3 000	
Offentleg toalett Goksøyra	650				650	
Bergslia barnehage	950				950	
Myrsnipa barnehage	600				600	
Bergsøy skule Blåhaugen	1 100				1 100	Sluttfinansiering
Bergsøy skule Borga	5 000	500	10 500		16 000	
Einedalen skule, hall	8 000				8 000	Sluttfinansiering
Stokksund skule	6 000				6 000	
Ytre Herøy ungdomsskule	500	5 000	5 000		10 500	
Herøy omsorgssenter Raud/Grøn avd	4 000	6 000	10 000		20 000	
Myrvåg omsorgssenter				5 000	5 000	2020-2022
Sjukeheimsvegen 14	1 300				1 300	
Storebakken 3	800				800	
Fosnavåg brannstasjon & driftsbase	18 000				18 000	Pri
Herøy kulturhus og idrettshall	2 000	7 000			9 000	
Andre investeringar						
Bibliotek, inventar	200				200	
Digitalt satsing oppvekst	1 540	970	250		2 760	
Utsyr/inventar Oppvekst	500	300	-	-	800	
Utstyr til sjukeheim, kjøkken og teknisk drift	250	250	250	250	1 000	
Digialisering av arkiv Landbrukskontoret	215	215			430	Fin. av fonds
Flishoggar	350				350	
FV 18 Leine-Voldsund		10 000			10 000	
Høgdeberedskap				3 000	3 000	
Investeringsmidlar SSIKT	2 265				2 265	
Lokale investeringsmidlar IKT	2 125	2 125	2 125	2 125	8 500	
Kryssing av Fosnavåg hamn	1 500				1 500	Pri
Lastebil		2 200			2 200	Innbyttepris trekt frå

Ny vaktbil				900	900	
Prosjekt e-Rom 2019	400				400	
Tilhengar til til kjemikaliedykker, utstyr etc	100				100	
Toalettbygg i parken	1 100				1 100	Pri
Traktor Havila stadion	500				500	
SUM	**91 170**	**79 560**	**94 125**	**51 275**	**316 130**	

Utbyggingar iflg kloakkrammeplanen	7 500	7 500	7 500	7 500	30 000
SUM INVESTERINGAR I VAR OMRÅDET	**7 500**	**7 500**	**7 500**	**7 500**	**30 000**

Vidareutlån Formidlingslån/startlån	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Finansiert av lån i Husbanken	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Eigenkapitalinnskott i KLP	1 400	1 400	1 400	1 400	5 600
Bruk av fonds Eigenkapitalinnskott KLP	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400	-5 600
SUM FINANSINVESTERINGAR	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

	2019	**2020**	**2021**	**2022**	**Sum**
Finansiering	98 670	87 060	101625	58 775	347 005
Bruk av fonds	-215	-215			-430
Sal av tomter etc	-1 655	-3 045	-5 125	-7 275	-17 100
Lånefinansierte prosjekt som utgår (EPC)	-7 000				-7 000
Statstilskott, kommunale bustadar			-2 000	-4 500	-6 500
Lånebehov (eks vidareutlån i Husbanken)	**89 800**	**83 800**	**94 500**	**47 000**	**315 100**
					-
Rentekostnadar 2,10% (halve 2019)	1 130	1 890	1 850	1 850	6 475
Rentekostnadar 2,25% (halve 2020)		1 000	2 000	2 000	5 000
Rentekostnadar 2,40% (halve 2021)			1 070	2 230	3 390
Rentekostnadar 2,50% (halve 2022)				670	670
Avdragskostnadar nytt regelverk		2 000	4 100	6 500	12 600
Reduserte renter ord avdragsbetalingar 25 mill	-130	-390	-520	-750	-1 790
Auka finanskostnadar	**1 000**	**4 500**	**8 500**	**12 500**	

Gjeldsutviklinga i økonomiplanperioden


	2019	2020	2021	2022
Brutto gjeld per 01.01	876 000	950 800	1 017 600	1 093 300
Ny gjeld i perioden	99 800	93 800	104 500	57 000
Årlege avdrag	25 000	27 000	29 100	31 500
Årleg gjeldsauke	74 800	66 800	75 400	25 500
Netto gjeld per 31.12	**950 800**	**1 017 600**	**1 093 300**	**1 118 800**

Basert på forslaget vil kommunes gjeld auke med om lag 242,8 mill kr i økonomiplanperioda. Ikkje alt dette er kommunalt renteberande gjeld. Per 01.01.2019 utgjer kommunens vidareutlån (husbanken), lån til VAR sektoren og rentekompenserte lån i alt om lag 220,0 mill kr. Per 31.12.2022 vil desse låna utgjere om lag 265,0 mill kr. Dvs at den gjeldsveksten kommunen sjølv må finansiere aukar med om lag 197,8 mill kr. I tillegg er nokre av investeringane sjølvfinansierande på litt sikt som t.d. utleigebustadar og industriområde Eggesbønes.

Kommentarar til nokre av investeringsprosjekta – Sektor Samfunnsutvikling

Toalettbygning i parken - 2019

Etablering av kombihus med toalett, dusj og latrine (tøming for m.a bubilar) i parken . Det er innhenta tilbod der huset har LED lyshåndtak som indikerer ledig/opptatt med grønt og rødt lys, kortbetaling på alle tre rommene. Fasade i lakkerte stålplater med antigraffitimiddel,flatt tak i beslått stålplater, pulverlakkerte dører med vertikale eller horisontale spor og tidslåsing. Huset er av type Tetragon med beste vandalsikkerhet. Laminatplater i tette profiler, interiør og utstyr i rustfritt stål, varme og ventilasjon og fliser med sluk på gulvet. Toalettbygninga er komplett og vert løfta på plass.





Jektenaust - 2019

Dette omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølve naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta.

Bergsøy kunstgrasbane – Frå 2020

Det er stort behov for rehabilitering av Bergsøy KGB 1. Bergsøy IL Fotball har bygd hall på delar av bana. Dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute. Dette er no meir enn 10 år gamalt og ein kan søkje om tippemidlar til dette føremålet. Her har vi sett inn brutto kostnad. Tippemidlane vil vi evt få utbetalt om nokre år.

Høgdeberedskap og ny vaktbil (Brannvern) - 2022

Dette er høgdelift til brannvern og ny vaktbil til brannvernet . Ein foreslår å utsetje desse investeringar til ein har konkludert organisering av brannvernet saman med nabokommunar.

Traktor Havila stadion - 2019

Herøy kommune eig stadionområdet og Bergsøy idrettslag fotball har driftsavtale med kommunen på stadionområdet. Slik avtala er utforma så skal kommunen stille med utstyr og materiell til dette vedlikehaldet medan Bergsøy idrettslag fotball skal stå for det fysiske arbeidet i hht. driftsavtalen. Traktoren som i dag er i brukt, til dette føremålet er sliten og treng ein god del vedlikehald m.a. er bremsesystemet i dårleg forfatning.

Byutvikling

Eigen plan, sjå vedlegg utsent til sak i formannskapet 13.11.2018

Andre kommentarar på investeringsprosjekt Samfunnsutvikling

2019

Bibliotek – Inventar

Inventaret i biblioteket treng modernisering og oppgradering. I dette ligg det både kontormøbler, men og møbler i sjølve biblioteket

Bø/Arhaug bustadfelt

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt.
I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Utbygging av infrastruktur i regulert felt, kommunen eig delar av arealet. Pr. dags dato er det ikkje utbygd med offentleg avlaup, tiltaket heng difor saman med prioritering av utbygging utanfor feltet i handlingsplan for avlaup. Det er ikkje ført fram vatn til området, men grendalaget er i dialog med Herøy Vasslag SA med sikte på å løyse det innan kort tid.

Digitalisering av arkiv

Prosjektet gjeld digitalisering av landbruksarkiv for Herøy, Ulstein og Hareid fram t.o.m. 2017.

Kommunane ønskjer å gi eit best mogleg tilbod og god service når det gjeld tilgong på informasjon til sine innbyggjarar. Ved å gjere arkiva våre digitalt tilgjengelege kan prosessar retta mot kommunen sine innbyggjarar bli forenkla og forbetra. Informasjonsnivået vil bli betre og høgare, noko som igjen sikrar at ein kan treffe raskare og betre avgjerder i den offentlege sakshandsaminga. Resultatet av det digitaliserte materialet skal ha same informasjonsverdi som dagens papirarkiv for interne og eksterne brukarar, men lettare tilgjengeleg og med enklare og meir fleksibel attfinning. Prosjektet er søkt finansiert ved å nytte dispensasjonsfondet frå samarbeidet om Søre Sunnmøre landbrukskontor. I dag står det ca 1,2 mill kroner på fondet som høyrer til kommunane etter fordelingsnøkkelen i vertskommuneavtalen. Ein har god erfaring med digitalisering av arkiv med visning til prosjektet i Herøy kommune på byggesak. IKA (interkommunalt arkiv) har vore kontakta for å gi eit estimat på arbeidet. Det ligg på om lag 1 000 000 kr for alle kommunane og omfattar arkiv på gards- og bruksnummer, viltforvalting og protokollar frå landbruksnemndene. Alle arkiva har skarpe skilje kommunevis.

Estimerte kostnadar er :
Gardsarkiv om lag kr. 690.000,-
Møtebøker for landbruksnemndene 1964-1995 om lag kr. 150.000,-
Viltforvaltning om lag kr. 140.000,-

Prisane er som nemnt ovanfor henta frå eit prisoverslag frå IKA Møre og Romsdal datert 15.12.2017 der ein anslår samla investering til 1 000 000kr. Ein legg til grunn den same kostnadsfordelinga som i vertskommuneavtalen med slike fordelte kostnadar:
Herøy 43% - 430.000 kroner
Ulstein 29% - 290.000 kroner
Hareid 28% - 280.000 kroner

Flishoggar

For å kunne høge og kviste tre langs kommunal veg. Det vil vere langt meir effektivt å ha ein flishoggar for å kunne flise opp greiner på staden.

Generelt på Mjølstadneset

Eit større areal er reservert med sikte på utbygging. Det vil vere naudsynt med midlar for å ferdigstille området og tekniske anlegg. Her er det ikkje berekna salsinntekter då her har våre ei etappevis utbygging over lang tid.

Grøft for overvatn i Huldalsvegen 2019

Eksisterande kanal i Huldalsvegen er i dårleg stand og overvatnet skal leggast i rør. Løyvinga for 2018 vart for lav i forhold til kostnadane med rør og kryssinga av fylkesvegen.

Kryssing av Fosnavåg hamn
Kommunen ynskjer å få etablert ein tilkomst over hamna saman med private aktørar. Vågsholmen, Urholmen og ytre del av Nørevågen vil, når dette er ferdig utbygd, truleg busetje rundt 500 personer og infrastruktur over sundet vil vere viktig for å binde saman bydelane. Tilrettelegginga som er under planlegging med tur, promenade og offentlege rom vil gi ein meirverdi også for andre enn dei som bur på Vågsholmen. Private har i samarbeid med lokale bedrifter funne ein god måte til å gjennomføre prosjektet med omsyn til teknologi og komponentar som er godt utprøvde. I sitt brev skisserer private aktørar årlege servicekostnadar på om lag 35 000 kr eks. mva og at prosjektet har ei estimert kostnad på 3 millionar kr. eks.mva.

Mindre prosjekt i bustadfelt

Det er ymse snuplassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt.

Ny Bru til Herøy Gard (2019-2020)

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering året før bygging.

Ny kaihøgde på Almenningskaia

I tråd med K-sak 37/17. Omfang er ikkje avklart pr. dags dato, Ein tenker prosjektering i 2019 og bygging i 2020. Kostnadskalkylen er usikker då omfang ikkje er kjent. Heving av kainivå vil medføre tilstelling og tilpassing til kringliggande bygg/plass.

Nytt industriområde på Eggesbønes 2019 - ekstra løyving

Etablering av nytt industriområde på Eggesbønes. Behov for ekstra løysing pga.overskridingar. Prosjektet er komplisert og ein ber om 200 000 kr slik at totalramme vert 1 200 000kr. Prosjektet forventes ferdigstilt i 2019.

Oppgradering av veg Kleppeåsen

Tidlegare har delar av den kommunale vegen over Kleppeåsen blitt utbetra. Dette prosjektet gjeld oppgradering vidare. I 2018 er det bevilga 300 000kr til prosjektet med fullfinansiering i 2019.

Parkeringsplass i Fosnavåg sentrum

Innregulert parkeringsplass mellom parken og Djupedalen. Grunnerverv for etablering av parkeringsplassen vart gjort i 2018.

Tilhengar til kjemikaliedykker utstyr og oveflateredning.

Herøy brann og redning treng ein skaphengar til kjemikaliedraker og overflateredningsutstyr slik at det er raskt å få det med ut i aksjon.

Vidare utbygging av Dragsund bustadfelt (2019-20)

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Forlenging av eksisterande veg i Dragsund bustadfelt. Ein vil då løyse nokre utfordringar med overvatn i området, samt klargjere fleire tomter for salg.

2020

Bustadfelt i Stokksund (2020-21)

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summane er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter. Større privat reguleringsplan, kommunen eig ikkje noko areal for bustadtomter. Inneberer også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

FV 18 Leine- Voldsund (G/S veg)

I investeringsprogram for fylkesvegar 2019-27 ligg prosjektet under posten Utbetringar (Andre Investeringar på eks.veg/flaskehalsar). I programmet ligg prosjektet inne med ein kostnad 42 mill.kr

og gjeld breidde utviding av vegen. Det er lagt til grunn at kommunen må dekkje kostnadar til g/s veg langs fylkesvegen.

Historie:

Investeringprogram 2017-2023 fekk prosjektet ny prioritet 8 (frå 11).

Investeringprogram 2018-2024 fekk prosjektet ny prioritet - Uprioritet (8) med kommentar-

Alle tiltak som var omfatta av eksisterande investeringsprogram (og som no ikkje er prioritert), i lag med forslag til ein del nye tiltak, er tatt med i ei uprioritert liste, sortert etter vegnummer. Slik blir vurderingane våre meir gjennomsiktige, og det blir lettare å sjå kva prosjekt som har vore særleg vurdert. Ikkje alle desse prosjekta er kostnadsrekna. I tillegg har vi synleggjort på nedste linja kor mange andre innspel vi har registrert for gjeldande programområde. Sjølv om dette er fornuftige prosjekt, finn vi ikkje at det er fagleg tilrådeleg å prioritere desse i 10-årsperioden, med grunnlag i det store behovet for tiltak på andre område og dei tilgjengelege økonomiske rammene. Ein legg inn ei startløyving for prosjektet i 2020.

Nye Kaier på Mjølstadneset (2020-21)

I samband med ei større utbygging på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier. Det er ikkje tatt med kostnad med kommunal oppfylgjing av prosjektet i kostnaden. Det er sendt søknad om støtte på til kystverket, ein får ikkje svar på søknaden før statsbudsjettet er ferdig i oktober. Det ligg inn fullfinansiering av tiltaket i økonomiplanen. Prosjektet vert flytta ut i tid då tilbakemeldingar frå SILFAS AS viser at tiltaket ikkje får si realisering i 2020

Nytt industriområde på Eggesbønes (2020-2022)

Det er tidlegare gjeve ei løyving på utbygging av byggesteg 1 på 10 000 000kr. Denne delutbygginga er ute på anbod i oktober/november 2018 og vert oppstarta etter dette.
Det er under regulering eit større industriareal på Eggesbønes (ved Marine Harvest) som omfattar vidare delutbyggingar. For å selje tomteareal er det naudsynt med utfylling i sjø og bygging av infrastruktur. Full utbygging av industriområdet slik som reguleringa ligg før, vil etter 2018 prisar kome på mellom 80 og 90 mill (grovt estimert). Ein ser her føre seg ei etappevise utbygging og ein vil vere avhengig av andre nærliggande prosjekt for å få tilstrekkeleg med steinmasser til prosjektet.

Trafikktryggingstiltak (2020-22)

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

2021

Avskjerande grøft på Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

Rundavegen, veg og parkering (2021-22)

Opprusting og asfaltering av vegen frå brufestet og til der turstien starta, der vert det sett opp bom og laga parkeringsplass for turgåarar. Vil kunne avlaste parkeringsplassen i Goksøyra.

Turveg Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

2022

Mindre parkeringsplass (HC-prioritet) Frøystad

Mindre parkeringsplass Frøystad som er regulert til offentleg HC parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg i tilknyting til friområdet ved grusbana

Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og eksisterande veg er smal og dårleg.

Oppgradering av veg til Marine sales 2018

Kommunal veg til næringsområdet ved Marine Sales i Stokksund treng oppgradering.

Oppgradering av veg Vikevegen (frå Toftestøvegen)-Vikeskaret (nytt 2019)

Kommunen har trafikkale utfordringar i tilknyting til Toftestøvegen og Vikevegen som kommunen, uavhengig av ei utbygging etter vedteken utbyggingsavtale med utbyggarar i Myklebuståsen, må få rydda opp i. Ein tenkjer her på vegstykket av Vikevegen frå Toftestøvegen til Vikeskaret. Spørsmålet om oppgradering var handsama i K-sak 109/18.

Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbyggar realisera sine planar.

Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning om lag frå Blåhaugen til idrettsområde. Omfattar bygging av ein 450 meter lang tursti frå Grusholvegen til kunstgrasbana til Bergsøy IL. Kan få 1/3 i støtte (spelemidlar) evt. støtte vert som oftast utbetalt 2-3 år etter at prosjekta er ferdige.

Sektor Stab (Eigedom)

2019 (startår)

Asfaltering ved kommunale bygg
Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Vi har i 2018 asfaltert uteområdet ved Leikanger skule og grendahus og ynskjer å ferdigstille tilsvarande arbeid for andre uteområde og parkeringsplassar ved kommunale bygg.

Brannsikring av kommunale bygg
Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse. Mellom anna står vi føre ei omfattande oppgradering av brannalarmanlegg i ulike bygg, som på grunn av alder ikkje lenger er mogleg å skaffe reservedelar til.

Kommunale bustadar

Sjå detaljerte opplysningar i vedlegget: Kommunale bustadar i Økonomiplanperioda.

Herøy Rådhus
Tilrådinga for Herøy rådhus er såleis som fylgjer:

- Ny personheis
- Rehabilitering av fasade, vindu og varmeanlegg.

Saman med overførte løyvingar frå 2018-budsjettet får prosjektet ein samla budsjettpost på kr. 6,4 mill.

Offentleg toalett, Goksøyr
Tiltaket omhandlar naudsynt ombygging for å sikre heilårsdrift av offentleg toalett i Goksøyra.

Kommunestyret vedtok ved handsaminga av budsjett 2018 at det offentlege toalettet i Goksøyra skulle ha heilårsdrift. Heilårsdrift inneber auka driftskostnader for eigedomsavdelinga, særleg til reinhald, straum og avfallshandtering. I tillegg er ikkje toalettbygget, leidningsnettet og vanntilførselen sikra mot kulde og frost. Årets varme sommar og tørke har også vist til fulle at vasstilførselen til toalettet ikkje er god nok. Driftspersonell, inklusiv Herøy brann og redning, seksjon byggdrift og eigedomsleiar, har såleis etterfylt eksisterande vasstank fleire gongar på grunn av tørke.

Heilårsdrift er såleis ikkje mogleg å gjennomføre slik den tekniske tilstanden i dag er.

Totalt sett må toalettfasilitetane oppgraderast for å sikre både vassforsyning og vinterdrift. Dette inneber både oppgradering av sjølve toalettbygget i tillegg til ei oppgradering av eksisterande leidningsnett og vasstank. Totalt sett får ein då eit oppgradert bygg som taklar vinterkulde i tillegg til at sanitærutstyret forbruker mindre vatn samstundes som vannkapasiteten vert utvida frå 2000 l. til 10 000 liter. Alternativt kan heile toalettbygget skiftast ut med eit moderne og frefabrikert toalettbygg. Ledningsnett og vanntilførsel må uansett oppgraderast dersom heilårsdrift skal gjennomførast.

Bergslia barnehage
Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av yttertak, fasadekledning og vindu.
Det er ønskeleg med ei mindre utviding av avdelinga for 3-6 år i barnehagen ved at fasadefront vert flytta om lag 1 meter ut. Bruksarealet vert med ei slik løysing auka med om lag 5 m2, men gir betre plass til utstyr og auka leikeareal på golvet. Barnehagen er godkjent for 27 plassar, og det er ikkje aktuelt å auke opp dette talet.

Myrsnipa barnehage
Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av fasadekledning og vindu og bygging av eit mindre vognskjul. Vognskjulet er naudsynt fordi dagens praksis for lagring av vogner er i strid med grunnleggande brannsikkerheit og røming.

Bergsøy skule Blåhaugen
Det er behov for ei mindre utviding av bygget på grunn av skulens behov for grupperom. I tillegg er det behov for ei utebod for oppbevaring av leiker.

Eigedomsavdelinga har under utarbeiding eit forprosjekt for dette med kostnadskalkyle for utbygging. Tiltaket burde vore påbegynt i 2018, men arbeidsmengda har vore for omfattande til at eigedomsavdelinga har kunne prioritere det. Vi ber imidlertid om at tiltaket vert prioritert for gjennomføring i 2019. Førebels finansiell avsetning til prosjektet er usikker.

Bergsøy skule Borga
Tiltaket omfattar naudsynte tiltak for å forlenge levetida til bygget, særleg rehabilitering av yttertak og fasade, nye vindauge og planlegging av nytt varmeanlegg for bygget då oljefyr som varmekjelde er forbode frå 2020.
Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 16 mill. Midlane vert tilrådd nytta til ferdigstilling av fasaderehabilitering i 2019, oppgradering innandørs i 2020 og avsluttande oppgradering av uteområde i 2021.

Einedalen skule - fleirbrukshall
Anbodskonkurranse for prosjektet vert lyst ut hausten 2018 med antatt val av leverandør og signering av kontrakt i desember 2018. Byggestart kan difor ikkje ventast før i 2019. Løyvde midlar frå 2018 tilrådast difor overført og med tilsvarande løyving i 2019 som i gjeldande budsjett og økonomiplan.

Stokksund skule
Stokksund skule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for nye vindu. Dette medfører – som påpeikt ovanfor – at fasadekledning mm. må takast for å få det godkjent som investering. I tillegg er byggetrinn 1 generelt utslitt innandørs. Taket på nye delen av skulen lek og det er nødvendig å skifte taket for å hindre ytterlegare skader.
Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått å løyve 6 mill kr i 2019. Midlane vert tilrådd nytta til tak- og fasaderehabilitering. Om det blir midlar til overs vil ein prioritere oppgradering innandørs og avsluttande oppgradering av uteområde.

Ytre Herøy ungdomsskule
Ytre Herøy ungdomsskule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for ombygging og tilbygg for å stette krava til grupperom og allrom. Likeins er det naudsynt med ei relativt omfattande brannsikring av bygget, som i dag ikkje har eit forsvarleg skille mellom ulike branncellar og brannseksjonar.

Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 10,5 mill. Midlane vert tilrådd nytta til fasaderehabilitering, ombygging og tilbygg og avsluttande oppgradering av uteområde.

Herøy omsorgssenter - Raud og Grøn avdeling
Tiltaket omfattar fullsprinkling av bygget og utskifting av dører til pasientrom.

Prosjektet medfører at også himling og belysning må oppgraderast saman med andre tekniske installasjonar over himling. Tiltaket er naudsynt for å sikre ei forsvarleg branntryggleik ved bygget.

Prosjektet må også planleggast ut i frå dei vedtak kommunestyret gjorde i K-sak 57/18 i samband med innsparingstiltak knytt til budsjettet for 2019. For Sektor Helse og omsorg sin del innebar dette vedtaket at 40 institusjonsplassar i prinsippet er vedteke omheimla til omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. Vedtaket kan ikkje iverksettast før rehabilitering av raud og grøn avdeling er gjennomført. I den samanheng må rehabilitering omfatte etablering av pasientbad på alle pasientrom. Sektor Helse og omsorg vurderer også ei sentralisering av kjøkkentenesta

Totalt sett er difor prosjektet så omfattande at ein i realiteten bør totalrehabilitere bygget. Dette fordi ovannemnde tiltak berører så mange fag at det er umogleg å gjennomføre det utan å tøme heile eller delar av bygget.

Sjukeheimsvegen 14
Prosjekt 61531 omhandlar rehabilitering av yttertak, fasadekledning, vindu, ytterdører og verandarekkverk. Prosjektet er overført til 2019 fordi budsjettet for 2018 på totalt kr. 500 000 ikkje rekk til fordi kommunerevisjonens tolkning av KRS 4 inneber at vi må rehabilitere heile fasada, ikkje berre yttertak og verandarekkverk.

Storebakken 3
Prosjektet omhandlar etablering av veranda til totalt 4 bueningar. Dette er naudsynt med tanke på rømingsveg for bebuarane, i tillegg til at dette sjølsagt også vil betre buforholda for leigetakarane generelt. Bygget er i K-sak 29/18 vedteke solgt. Eit tiltak som foreslått over, vil uansett kunne medverke til at sal vert lettare å gjennomføre.

Fosnavåg brannstasjon & driftsbase
Fosnavåg driftsbase og brannstasjon vert til Fosnavåg hovudbrannstasjon og driftsbase ved gjennomføringa av prosjekt 61604. Vi avventar gjennomføringa av dette prosjektet før eventuelle andre investeringstiltak vert vurdert.

Det er i gjeldande økonomiplan løyvd kr. 5 mill i 2021 til rehabilitering av driftsbasa. Løyvinga er basert på dåværande forslag til bygging av ny og frittliggande brannstasjon på alternativ tomt. Sidan kommunestyret i etterkant vedtok at eksisterande stasjon skal rivast og byggast opp på nytt, legg vi difor til grunn at løyvde midlar til rehabilitering av eksisterande driftsbase utgår

Herøy kulturhus og idrettshall
Fasaden ved Herøy kulturhus står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Likeins gjeld for vindua i bygget, som alle er frå byggeåret 1979/80 og inneber både eit energitap, varmeinnslepp og vedlikehaldsbehov.

Det store bygningsvolumet sett i samanheng med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS medfører at fasaderehabiliteringa må skisserast for å sikre ei heilskapleg arkitektonisk løysing. På grunn av den store kostnaden har vi valt å splitte prosjektet opp i byggetrinn for å redusere investeringskostnaden pr. år.

Forprosjekt er under utarbeiding basert på etterisolering og ny fasadekledning og vindu.

2020 (startår)

Asbestsanering
Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekke då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og vi sanerer asbestforekomstar etter alvorsgrad.

Desentralisert ventilasjon
Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale bygg. Vi har i 2018 installert desentralisert ventilasjon ved fleire klasserom ved Bergsøy skule Borga, og vil fortsette arbeidet med dette også i 2019 slik at øvrige klasserom får etablert ventilasjon. Også ved Ytre Herøy ungdomsskule er ventilasjon delvis utbetra, men det gjenstår å etablere ventilasjon for resterande klasserom og arbeidsrom for undervisningspersonalet i byggetrinn 1.

ENØK-tiltak
Budsjettpost for gjennomføring av investeringstiltak med energispareeffekt. Budsjettposten må sjåast i samanheng med rådmannens tilråding i prosjekt 70018 – EPC-prosjektet.

Leikeplassar
Budsjettpost for oppgradering av leikeplassutstyr ved kommunale skular og barnehagar. Frå 2019 og utover vil midlane i hovudsak verte nytta til utskifting av einskilde leikeapparat, avhengig av teknisk tilstand og oppgradering av gjenståande del av fallunderlag mm.

2022 (startår)

Myrvåg omsorgssenter
Tiltaket omfattar rehabilitering av kjøkkenfløya. Kjøkkenfløya vart ikkje rehabilitert då resten av omsorgssenteret vart rehabilitert og er i dag teknisk utslitt og lite funksjonelt. Prosjektet er naudsynt mellom anna for å sikre eit forsvarleg kjøkkentilbod og ein forsvarleg situasjon knytt til båretransport.

Løyvde planleggingsmidlar frå 2018-budsjettet vert difor i 2019 nytta til å utarbeide eit forprosjekt med tanke på etterfylgjande gjennomføring i 2020. Førebels er det avsett kr. 5 mill. i forslaget til økonomiplan for dette.

Andre investeringar

Digital satsing Oppvekst

Innkjøp av klientar i samband med satsing på digitale læringsmiddel i oppvekst med Ipad i barnehagar samt 1-4 trinnet og Chromebooks 5-10 trinn. Ei slik auke av «klientar» i nettet krev samstundes utbygging av det trådlause nettet på skulane og i barnehagane.

Utstyr/Inventar Oppvekst

Gjel investering i utstyr og inventar i grunnskule, barnehage og kulturskule. I og med at det ikkje vart løyvd midlar for å dekke slike behov i 2018 er behovet større enn normalt i 2019. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Utstyr til sjukeheimane, kjøkken og teknisk drift

Helse og omsrog treng ein generell pott for å kunne fornye utstyr på sjukeheimane ved behov. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Investeringsmidlar SSIKT

Fellesinvesteringar for SSIKT i følje vedtatt investeringsplan handama i styret i SSIKT. Kan vere at SSIKT føretek låneopptaket sjølv.

Lokale IKT investeringar

Lokale IKT-investeringar iflg investeringsplan. Bl.a. skal PCar byttast ut etter 5 år. Alle tynnklientar i PO/BuHab skal byttast ut i 2019, samt bytte av 19 toms skjermar. Oppgradering av maskinparken og oppgradering av infrastruktur vert hovudfokusen i 2019. Revisjonen må konsulterast før kjøp vert gjort for å sikre at innkjøpa er å sjå på som investeringar.

Prosjekt e-Rom 2019

Det er innført eRom ved Myrvåg omsorgssenter i samarbeid med SSIKT i 2018. Lokalt IKT har budsjettert kostnad på brett og lisens i 2018. I utviklingsplanen for Herøy legg vi opp til ei utrulling av tiltaket i Herøy med 48 nettbrett i 2019 (+ lisens som går over driftsbudsjettet).

Forklaring av tabellen i tilrådinga

I formannskapsmøtet 13.11.2018 var det eit ynskje om at administrasjonen forklarte endringane mellom budsjett 2018 og tilrådinga til budsjett 2019.

	Budsjett 2018	Korrigeringar	Pris- og Lønsvekst	Oppheva Rammekutt	Andre Endringar	Budsjett 2019
Politisk Leiing	4080	357	80	20	-387	4150
Administrativ leiing	1795		35	25	-20	1835
STAB	**39350**	**0**	**1290**	**680**	**-1970**	**39350**
Servicetorg	3155		90	55	-55	3245
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	3925		90	60	60	4135
Økonomiavdeling	5690		140	90	-545	5375
Personal ogOrg.avd	7425		185	115	-370	7355
Eigedom	19155		785	360	-1060	19240
OPPVEKST	**183550**	**-450**	**3305**	**2350**	**-2135**	**186620**
Barnehageavdelinga	68320	1500	520	370	660	71370
Grunnskuleavdelinga	115230	-1950	2785	1980	-2795	115250
HELSE OG OMSORG	**205905**	**4965**	**4975**	**4030**	**-180**	**219695**
Adm helse og omsorg	1305		25	20	-15	1335
Barn familie og helse og NAV	47850	4965	1020	1050	2065	56950
Pleie- og omsorgsavdeling	108320		2710	2030	-460	112600
Bu- og habiliteringsavdeling	39850		1035	840	-1655	40070
Tenestekoordinering	8580		185	90	-115	8740
SAMFUNNSUTVIKLING	33215	1245	1175	530	-1345	34820
Kulturavdelinga	8575		315	145	-45	8990
Utviklingsavdelinga ink Landbruk	7630	1245	260	125	-900	8360
Brannvernavdelinga	8800		170	130	-800	8300
Anleggs- og driftsavdelinga	8210		430	130	400	9170
IKT/ssikt	6610	1540			-720	7430
OVERFØRINGSKAPITTELET	13870	-1225		150	425	13220
ØHJELP, MOTTAK,	-1180				1180	0
SUM	**487195**	**6432**	**10860**	**7785**	**-5152**	**507120**

Korrigeringar:

Politisk leiing gjeld valutgifter i 2019.

Barnehageavdelinga: Flytting av tilsette frå Grunnskuleavdelinga til Barnehageavdelinga

Grunnskuleavdelinga: Flytting av tilsette til Barnehageavdelinga (1,5 mill kr), meirinntekter som følje av at dei overtek flyktningetenesta (3,55 mill kr) og at dei i 2019 ikkje har statstilskott til EMA (3,1 mill kr netto). Tilsaman vert dette reduserte utgifter/auka inntekter på om lag 1,95 mill kr

Barn, familie og helse: Her ligg rådmannens framlegg om 2,7 mill meir i økonomisk sosialhjelp, samt at flyktningetenesta i 2018 hadde ei budsjettert nettoinntekt på 2,265 mill kr.

Utviklingsavdelinga: Dette kjem av at Landbrukskontoret no er ein del av utviklingsavdelinga, men vi skal etter kvart skilje denne avdelinga ut som ei eiga avdeling under samfunnsutvikling.

SSIKT: Gjeld auka tilskott SSIKT (har også overtatt ein del av kostnadane som lokalt IKT har betalt tidlegare)

Overføringskapittelet: Flytting av landbrukskontoret til sektor for Samfunnsutvikling.

Pris og lønsvekst

Her ser de summane som gjem av innlagt løns- og prisvekst (ca 2,0% prisvekst for artane 11000-12999) og 2,15% lønsvekst frå 01.01.2019 (tilsvarar om lag 3,75% frå 01.05.2018).

Rammekutt:

Rammekuttet kvar avdeling hadde i 2018 er oppheva i rådmannens forslag. Delvis pga innsparingssaka i haust og delvis pga forslaget om driftsreduksjonar som ligg inne i 2019 og resten av økonomiplanperioden.

Andre endringar:

Vesentleg eit resultat av innsparingssaka frå i haust, men her kjem det også inn andre faktorar som t.d:

- Bortfall av statstilskott KVIKK Herøy (Barn, familie og helse) med om lag 0,5 mill kr.
- Øhjelp/Mottak. Her får vi ikkje statstilskott meir og det gjer at den inntekta vi budsjetterte med her i 2018 fell vekk (1,18 mill kr)
- Auka overføringsutgifter til revisjon, kontrollutval, kyrkje, krisesenter etc (0,5 mill kr)

ANDRE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETTET SOM IKKJE ER MED I DETTE BUDSJETTET OG ØKONOMIPLANEN FINN DE I BUDSJETTKOMMENTARANE TIL STAB, OPPVEKST, HELSE OG OMSORG OG SAMFUNNSUTVIKLING SOM ER SENDT UT I EI TIDLEGARE SAK.


Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Geir Egil Olsen Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

KOMMUNALE BUSTADAR I ØKONOMIPLANPERIODEN. SKILDRING AV MOGELEGE PROSJEKT – JFR K-SAK 101/2018

Buholmvegen
Bygging av inntil 4 bustadar av varierande storleik, meint som gjennomgangsbustadar.




4 bueiningar av ulik storleik	Eksl. MVA	MVA	Inkl. MVA
Kostnadskalkyle	4 500 000	1 125 000	5 625 000
Refusjon MVA			
Husbankfinansiering			- 840 000
Netto investeringskostnad			**4 785 000**

Sjukeheimsvegen 10 B

Bygging av ROP-bustadar handlar om å etablere eit butilbod for personar utan buevne grunna rus og psykiatri. ROP-bustadar er særskilt tilrettelagt for slik bruk. Herøy kommune har ikkje eit slikt tilbod i dag. Vi har tidlegare tilrådd at 8 bueiningar i Sjukeheimsvegen 14 skal nyttast som hardbruksbustad. Sjå for så vidt prosjekt 61531 ovanfor som er meint som ei fase 1- klargjering for dette. Etablering av ROP-bustadar er ei vidareføring av dette, med tanke på personar som bør bu i mindre bueiningar, åleine.

Sektor Helse og omsorg har signalisert eit samla behov på mellom 10 og 15 bueiningar til ROP-grupper av ulik alvorsgrad. Desse behova bør ikkje løysast gjennom eitt prosjekt åleine. Vi tilrår difor eit prøveprosjekt med 1 eller 2 bueiningar, plassert på kommunens eigedom gnr. 38 bnr. 141 ved Sjukeheimsvegen.



Prøveprosjektet er tenkt innretta som eit prøverosjekt der vi utfordrar arkitektar til å skissere ut inntil 2 mindre bueningar som fungerer kvar for seg og som eventuelt også kan flyttast, dersom tilrådd plassering på eit seinare tidspunkt viser seg å vere ueigna. Hovudkravet til ein slik konkurranse må vere at bueninga stettar krava i lov og forskrift, herunder Husbankens krav til investeringstilskot for prosjektet. Prosjektet kan delvis finansierast med investeringstilskot frå Husbanken og med kostnadsdekkande husleige for kommunes netto investeringskostnad.

Prøveprosjekt – 2 bueiningar	**Eksl. MVA**	**MVA**		**Inkl. MVA**
Kostnadskalkyle	2 000 000	500 000		2 50
Refusjon MVA		- 500 000		
Husbankfinansiering	- 420 000			
Netto investeringskostnad	**1 580 000**			

Storenesvegen 30-36

Tiltaket omhandlar riving av eksisterande bebyggelse og bygging av ny 4-mannsbustad, meint som gjennomgangsbustadar på kommunens eigedom gnr. 56 bnr. 42:



Eksisterande bebyggelse er i så dårleg teknisk tilstand at det ikkje er tilrådeleg å rehabilitere bygget for vidare bruk. Då er det betre å rive eksisterande bebyggelse og bygge nye og meir effektive bustadar. Prosjektet kan delvis finansierast med investeringstilskot frå Husbanken og med kostnadsdekkande husleige for kommunes netto investeringskostnad. Bygget er i K-sak 29/18 vedteke solgt, men vi vurderer det som like bra og bygge nye og effektive gjennomgangsbustadar på tomta.

4-manns bustad	**Eksl. MVA**	**MVA**	**Inkl. MVA**
Kostnadskalkyle	4 500 000	1 125 000	5 625 000
Refusjon MVA			
Husbankfinansiering			- 840 000
Netto investeringskostnad			**4 785 000**

* * *

For alle desse prosjekta er tilrådinga at kommunens netto investeringskostnad finansierast over budsjettposten for kommunale bustadar som i gjeldande økonomiplan ser slik ut og foreslått vidareført i gjeldande plan med ei mindre korrigering for 2019:

Tabell 17

Kjøp av kommunale bustadar	2019	2020	2021	2022
Generell investeringspott	1 600 000	16 500 000	11 500 000	11 500 000
ROP	- 1 600 000			
Vågsholmen		11 000 000		
Storenesvegen		4 785 000		
Buholmvegen			4 785 000	
Sum	**1 600 000**	**15 785 000**	**4 785 000**	**0**
Unytta midlar	**0**	**715 000**	**6 715 000**	**11 500 000**

Som tabellen ovanfor syner, inneber ovanfornemde prosjekt at det fortsatt er tilgjengeleg midlar til investering i bustadar i både 2020, 2021 og 2022. Basert på føresetnaden for kommunestyret vedtak om kjøpe bustadar på Vågsholmen til ein samla sum på kr. 11 000 000, vil også sal av desse bustadane frigjere midlar til nye investeringar.

Finansiering av flyktningbustadar via statleg tilskot

Som del av budsjettprosessen, er det eit ynskje frå eigedomsavdelinga om eit prinsippvedtak om at tilrettelegging for busetting av flyktningar skal finansierast over det statlege tilskotet til den einskilde flyktning. Dette inneber at statlege midlar også kan finansiere rehabilitering, ombygging og anna tilrettelegging for at spesifikke bustadar skal kunne tene som husvære for flyktningar.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/1682
		Arkiv:	N12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
235/18	Formannskapet	06.12.2018
162/18	Kommunestyret	06.12.2018

HØYRING OM ENDRING I DROSJEREGULERINGA - OPPHEVING AV BEHOVSPRØVINGA M.V.

Tilråding:

Herøy kommune ønskjer ei god og fungerande drosjeteneste slik at ein kan kunne utføre lovpålagte oppgåver som skule- og rutekøyring og TT-transport.

Herøy kommune meiner det er viktig å oppretthalde eitt godt drosjetilbod i distrikta slik at ein byggjer opp og sikrar framtidige samfunnstenester og eit tilbod for alle innbyggjarane.

Særutskrift:
Samferdselsdepartementet
Norges taxiforbund, avd MR /ved Per Morten Bjørlykke(styreleiar)
MR fylke

Vedlegg:
Vedlegg
1 Taxiforbundet MR om samflov 061118
2 Høringsbrev - 10-2018
3 Høringsnotat

Samandrag av saka:
Samferdselsdepartementet har sendt ut på høyring eit forslag om endringar i regelverket som gjeld drosjer. Hovudpunkta i endringa er å:

- Oppheve reguleringa av tal på drosjer med tilhøyrande driveplikt, tildelingskriterier og krav om hovuderverv for drosjeløyve
- Gi fylkeskommunen høve til å tildele einerettar for drosjetransport i kommunar der talet på innbyggarar er under ein viss terskelverdi.

Frist for høyringsinnspel er 1. januar 2019.

Saksopplysningar:

Samferdselsdepartementet har fremja eit forslag til endringar i drosjeregelverket, derunder i «lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy» og «forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy». I tillegg foreslår departementet mindre endringar i «forskrift av 30. september 2010 nr. 1307 om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn.»

Bakgrunn for forslaget
Samferdselsdepartementet grunngjev behovet for endringane mellom anna med at det over tid har vore indikasjonar på at drosjemarknaden ikkje fungerer optimalt. I tillegg har EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) peikt på at deler av regelverket er i strid med EØS-avtalen.

Forslaga til regelendringar inneber ein stor revisjon av drosjereguleringa, og har til formål å legge til rette for velfungerande konkurranse i drosjemarknaden, som skal bidra til gode tilbod til dei reisande i hele landet.

Departementet skriv at rammevilkåra for drosjemarknaden har endra seg betydeleg sidan gjeldande drosjeregulering vart innført. Mellom anna har teknologiske framsteg ført til enklare tilgang på informasjon, oppdatert informasjon i sanntid og nye måtar å formidle tenester på. Departementet viser mellom anna til at applikasjonsbaserte løysingar for tinging og betaling av transport gjer det mogleg med nye og kostnadseffektive forretningskonsept. Kundane har forventningar om at ny teknologi , som kan gje eit enda betre drosjetilbod vert teken i bruk. Dagens drosjetenester vert likevel levert stort sett på same måte som tidlegare; gjennom same organisering, for dei same marknadane, til same kvalitet og gjennom dei same forretningsmodellane.

I fylgje departementet er konkurransen i drosjemarknaden svak.
Departementet meiner at dagens regulering med behovsprøving av talet på løyve inneber ei for høg etableringsbarriere, og at den ikkje tek nok høgde for endringar i marknaden. Dette kan igjen føre til at kundane opplever høgare prisar og dårlegare kvalitet på drosjetenestene. Ei oppheving av denne ordninga vil kunne føre til at

fleire aktørar kan etablere seg i marknaden, noko som igjen kan stimulere til innovasjon og nytenking.

Departementet viser vidare til at den offentlege administrasjonen av behovsprøvinga er tid- og kostnadskrevjande for både næringsaktørane og myndigheitene.

Barrierar for etablering som til dømes avgrensing av talet på løyver kan ifylgje departementet hemme konkurransen i marknaden. I dei siste åra har det blitt lagt meir og meir vekt på betydinga av velfungerande marknader og konkurranse for å sikre effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Dette er også i samsvar med tendensen i resten av Europa og utviklinga i EØS-retten.

Departementet vurderer at desse utviklingstrekka gjer det naudsynt å gjere ei ny vurdering av om dagens drosjeregelverk er tilpassa dagens samfunn. Behovet for ein slik gjennomgang er også tydeleggjort gjennom ein uttale frå ESA om det norske drosjereguleringa av 22. februar 2017 og rapporten frå Delingsøkonomiutvalet av 6. februar 2017 (NOU 2017: 4) «Delingsøkonomien – muligheter og utfordringer.

Samferdselsdepartementet uttalar at dei føreslegne lov- og forskriftsendringane skal gjere det enklare å etablere seg i næringa og drive verksemd på ein god måte, også basert på forretningsmodellar som nyttar ny teknologi. Eit nytt regelverk skal vidare ta i vare dei reisande si sikkerhet og bidra til ei ryddig og seriøs drosjenæring.

Hovudpunkta i forslaget til lov- og forskriftsendringar er å:

- Oppheve behovsprøvinga med tilhøyrande driveplikt (for kjørety registrert inntil 8 passasjerar), tildelingskriteria og krav om hovuderverv for drosjeløyver.
- Gi fylkeskommunane høve til å tildele einerettar for drosjetransport i kommunar der talet på innbyggarar og befolkingstettheita er under ein viss terskelverdi (under 20 000 eller under 80 innbyggarar per km^2.
- Oppheve oppdelinga i landet i løyvedistrikt.
- Oppheve kravet om at drosjeyrket må vere løyvehavar sitt hovuderverv.
- Vidareføre krav om drosjeløyve, men lempe på innhaldet i løyvekravet ved å fjerne kravet om faglig kompetanse for løyvehavarar, og lempe på krava til økonomi.
- Innføre eitt drosjeløyve for all persontransport med kjøretøy med åtte sitteplassar i tillegg til førar, og høve til dispensasjon frå krav til merking og takstameter.
- Innføre 10-årige drosjeløyve.
- Flytte løyvemynde frå fylkeskommunane til Statens vegvesen si løyveeining i Lærdal.

- Oppheve sentraltilknytingsplikta for drosjer, og innføre ei plikt til loggføring av alle drosjeturar (i 10 dagar).
- Innføre fagkompetansekrav med eksamen for førar av drosje. Kompetansekrava vil vere førareksamen, kunnskap om sikkerheit, førstehjelp og servicearbeid for sårbare grupper. Indirekte språkkrav ved at eksamen må gjennomførast på norsk.
- Innføre krav om at søker til køyresetel må ha hatt alminneleg førarkort i klasse B i minst to år.
- Oppheve moglegheita til å stille krav om kjentmannsprøve.
- Innføre krav om takstameter for all persontransport med personbiler (registrert for inntil 8 sitteplasser i tillegg til sjåfør).
- Krav om merking av kjørety og at berre drosjer med godkjent taklykt skal ha tilgang til kollektivfelt.
- Justere heimelen for fylkeskommunane til å kunne stille miljøkrav til drosjer, slik at miljøkrav må knytast til kommunegrensene.
- Endre maksimalprisreguleringa slik at maksimalpris vert gjeldande berre i områda der fylkeskommunen kan tildele einerettskontrakter. Foreslått at ei slik ordning bør evaluerast etter ei viss tid.

Foreslått iverksetjingsdato er 1. januar 2020, men med overgangsordningar.

Kommunen har motteke ein uttale frå Norges Taxiforbund avd. Møre og Romsdal ved Per-Morten Bjørlykke, styreleder. Heile uttalen ligg som vedlegg til saka, men oppsummert:

Hele høringen fra departementet bygger på en antakelse om at fri konkurranse fører med seg bedre betingelser for publikum. Slik er det imidlertid ikke. I Sverige etter frislipp har prisene steget, til dels voldsomt, og distriktene er tomme for drosjer. Det er jo ikke bra for publikum.

….

Dette ønsker Norges Taxiforbund avd Møre og Romsdal:

- *Oppretthold tilslutningsplikten*
- *Oppretthold kjøreplikten*
- *Oppretthold løyveområde*
- *Endre selskapsformen*
- *Oppretthold fylkeskommunen som løyvemyndighet*
- *Oppretthold krav til eier*
- *Forsterke sentralene sin rett til å regulere*
- *Strengere krav til kjøreseddel*
- *Oppretthold krav til fagkompetanse for daglig leder/eier*
- *Krav til sjåfør settes av sentral*
- *Strengere sanksjoner for piratvirksomhet*

- *Opprett hold krav om merking av kjøretøy med TAXI-lampe som i verden for øvrig*
- *Oppretthold maksimalprisreguleringen utenfor de seks største store byene.*

Vurdering og konklusjon:

Når det gjeld økonomiske og administrative konsekvensar så oppsummerar departementet følgjande på side 85 i høyringsnotatet:

> «6.1 Sammendrag
> Dagens regulering av drosjemarkedet innebærer etableringshindringer som virker hemmende på konkurranse. Manglende konkurranse bidrar til høyere pris og lavere kvalitet på tilbudet og gir et effektivitetstap for samfunnet. Ved å oppheve behovsprøvingen, oppheves også den viktigste barrieren for å kunne etablere seg i drosjemarkedet. I tillegg foreslår departementet oppheving av kravet om hovederverv, lempede krav til løyvehaver, oppheving av sentraltilknytningsplikten. Oppheving av behovsprøvingen vil også føre til friere adgang til valg av organisasjonsform. Disse endringene vil ytterligere redusere etableringsbarrierene i drosjemarkedet og være til fordel for de som søker løyve. Friere etablering i markedet muliggjør en mer effektiv markedstilpasning, som kan være fordelaktig både for næringen og kundene.
>
> Hvilken effekt dereguleringen vil ha på pris i ulike områder, er usikkert. Samtidig som etableringshindringene reduseres, legger ny teknologi til rette for at kundene enklere kan innhente prisinformasjon. Det er derfor grunn til å forvente at næringen i større grad vil konkurrere på pris. Dette kan bidra til bedre sammenheng mellom prisen på tjenesten og
> kostnaden ved å tilby den. På generell basis skal dette være gunstig for forbrukerne, men i områder eller på tider med lav etterspørsel kan kostnaden ved å tilby drosjetjenestene bli høyere enn det kundene er villige til å betale, og som en konsekvens gi et svekket drosjetilbud.
>
> For å sikre drosjetilbud der markedet ellers ikke ville ha levert nødvendige drosjetjenester, kan fylkeskommunene tildele eneretter til løyvehavere i bestemte områder, med eller uten kompensasjon. En enerett kan bidra til å opprettholde fylkeskommunenes utgifter til drosjeberedskap på samme nivå som i dag, men det kan ikke utelukkes behov for å også yte økonomisk kompensasjon til løyvehavere i enkelte områder. I disse områdene sikres også prisene gjennom å videreføre maksimalprisregulering. Fylkeskommunene må også påregne visse administrasjonskostnader til å oppfylle kravet om begrunnelse av behovet for å tildele eneretter og gjennomføre kjøp/kontraktstildelinger.
>
> De samfunnsøkonomiske virkningene er krevende å kvantifisere. Samlet sett vurderer departementet at de samlede gevinstene ved endringsforslagene vil veie opp for eventuelle negative konsekvenser.»

Departementet utelukkar ikkje at oppheving av behovsprøvinga og tilhøyrande driveplikt kan føre til eit dårlegare tilbod på stader og til tider der det er få kundar. Departementet reiser også spørsmålet om marknaden vil levere eit tilfredsstillande drosjetilbod i distriktsområde med lågt kundegrunnlag.

Departementet uttalar at det vanskeleg å føreseie korleis marknadsaktørane vil tilpasse seg ein deregulert marknad utan behovsprøving og driveplikt. Det er derfor viktig at lokale myndigheiter kan sikre eit tilstrekkeleg drosjetilbod, som er ein del av det totale transporttilbodet, som til dømes gjennom tildeling av lokale einerettar for drosjetransport. Det vert foreslått at departementet skal få heimel til å fastsetje

terskelnivåa for innbyggartall og innbyggartetteheit i forskrift. Departementet uttaler likevel at det ikkje bør vere høve til å gjere inngrep i drosjemarknaden (med einerettar) i kommunar med meir 20 000 eller fleire innbyggarar, og med høgare befolkingstettheit enn 80 innbyggarar per km^2.

Det vert foreslått at einerettar skal tildelast gjennom kontrakt og ei varigheit på inntil 3 år.

Lenke til meir informasjon:

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---endring-av-drosjereguleringen---oppheving-av-behovsprovingen-mv/id2612655/

Herøy kommune ønskjer ei god og fungerande drosjeteneste slik at ein kan kunne utføre lovpålagte oppgåver som skule- og rutekøyring og TT-transport.

Slik kommunen ser det er ein avhengig av ein beredskap til å kunne utføre transport av pasientar til/frå institusjonar, køyring til servicekontor (fysioterapeut, lege og tannlege) mv.

Rådmannen meiner det er viktig å oppretthalde eitt godt drosjetilbod i distrikta slik at ein byggjer opp og sikrar framtidige samfunnstenester og som gjev eit tilbod for alle innbyggjarane.

Fosnavåg, 19.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

NORGES TAXIFORBUND

Avdeling Møre og Romsdal – styreleder og sekretær

Tlf: 90643972 * 70088981
Post: 6091 Fosnavåg
E-post: per-morten@bjorlykke.net

Høring ny yrkestransportlov

Innledning

Hele høringen fra departementet bygger på en antakelse om at fri konkurranse fører med seg bedre betingelser for publikum. Slik er det imidlertid ikke. I Sverige etter frislipp har prisene steget, til dels voldsomt, og distriktene er tomme for drosjer. Det er jo ikke bra for publikum.

Hvorfor fungerer ikke frislipp til å bedre tilbudet? Noen av grunnene er:

- Når publikum tar taxi enten gjennom praiing på gate eller frammøte med en oppstillingsplass for taxi, spiller prisen liten rolle. Man tar som regel første bil som kommer, og er det kø av taxier et sted er det nesten alltid den fremste bilen som får turen, selv om det er anledning til å velge hvilken som helst bil i køen. Et fåtall velger bil utfra pris, resten skal ha en bil og det er det viktige.

- Når bil bestilles over telefon eller data, går de flest til sin «gamle» leverandør og bestiller der. Få bryr seg om å sjekke pris og finne fram til ny bil.

- Den som kjører taxi har enten provisjonslønn eller eier bilen selv. I begge tilfeller ligger det et insitament til å tjene mest mulig på hver tur. Når prisene slippes fri samtidig som antallet biler på vegen øker, så må man ta mer betalt pr. tur for å få samme inntekt. Dette er helt logisk, og fungerer fordi publikum rett og slett ikke er prisbevisst i noen særlig grad.

Alt som finnes av undersøkelser rundt taxi viser at frislipp fører til høyere priser og dårligere tilgjengelighet på biler utenfor sentrale strøk/steder. Fri konkurranse i drosjemarkedet virker ikke. Dette er kommentert slik fra departementet under punkt 5.17.1 (sitat):

Selv om økonomisk teori tilsier at økt markedsadgang og konkurranse gir lavere priser, er det flere eksempler på at liberalisering av drosjemarkedet i andre land har hatt motsatt effekt. Drosjemarkedets flytende karakter og mangel på tilfredsstillende prisgjennomsiktighet gjør det vanskelig å oppnå tilstrekkelig priskonkurranse. I praiemarkedet og holdeplassmarkedet har kundene høye byttekostnader og kundene tar derfor ofte første ledige drosje. Det er uklart hvorvidt markedet i disse områdene vil regulere prisene selv ved en oppheving av behovsprøvingen.

Departementet argumenterer, og faktisk ganske godt, at det er problemer med frislippet. Og så, i neste avsnitt, kan en lese følgende:

Departementet mener det er grunn til å tro at konkurransen i drosjemarkedet vil forbedres av forslagene i dette høringsnotatet.

Hvordan går det an å skrive noe slikt når departementet selv i avsnittet ovenfor har merket seg at konkurransen slett ikke blir forbedret?

Gjennomføring av forslaget fra departementet vil føre til at yrket som taxisjåfør i stor grad vil gå over fra å bli et hovedyrke til en bigeskjeft. Det betyr et korttidig yrke for mange. Profesjonalitet svekkes. Det vil ikke lenger gå å få lån i bank og etablere eget hjem. Det er et mål i Norge at flest mulig skal kunne ha fast arbeid på heltid. Lovforslaget svekker denne målsettingen.

Et meget viktig område som vil bli skadelidende er pasienttransporten. Slik næringen er organisert i dag kan den svare på anbud og gjennomføre transporten på en god og økonomisk måte for helseforetakene. Blir næringen fragmentert slik departementet vil, forsvinner drosjene mange steder og det blir dyrere og mer tidkrevende å kjøre pasienter, hvis det i det hele tatt lar seg gjøre. Turvognselskaper har forsøkt seg på pasienttransport flere ganger med dårlig resultat. Det kan ende opp med at helseforetakene må drive pasienttransport i egen regi. Det blir uhyre mer kostbart enn å la drosjene ta denne transporten som en del av sin virksomhet.

De som nå blir drosjeeier og som investerer mange hundre tusen kan risikere at de står uten tilslutning til sentral og uten verken nettverk eller kontrakter på transport om vel et år. Det blir situasjonen dersom den etablerte sentralen i et område skal ut og konkurrere om enerett i en kommune, og så taper. Det er en katastrofe for rekrutteringen å lure nye søkere inn i noe de ikke har anelse om konsekvensene av. Uansett hva som ellers blir resultatet av dette lovforslaget, så er det helt nødvendig med en overgangsperiode på minst tre år slik at bransjen kan forberede seg på endringene.

Vi skal så kommentere noen av kapitelene i departementets skriv:

5.

I innledningen til høringsnotatet sier departementet at en må endre yrkestransportloven for å få en velfungerende drosjenæring. Men hvor er det en næring som ikke er velfungerende? Jo i de store byene. I resten av landet har publikum en velfungerende næring for det aller meste. Der er bare noen små justeringer som må til for at næringen skal bli enda bedre.

5.2

Det foreslås å oppheve behovsprøvingen og driveplikten. Dette kan gå i de store sentralene, men i de små sentralene i distrikts-Norge som har fra 3 – 4 biler og oppover er dette som en katastrofe. Ingen av disse sentralene kan på ta seg skolekjøring eller annen offentlig transport, da det er opp til eier om man vil kjøre for denne sentralen eller ikke. Dette betyr at det blir større privatbilisme til og fra barnehager og skoler, og likeså kjøring til legevakt, m. m på kveld, helg og natt. For da flytter bilene til sentrumsområder som har stor aktivitet.

5.3

Tiltak som skal sikre tilstrekkelig drosjetilbud i hele landet. Dette skal sikres med at fylkeskommunen skal kunne tildele enerett, men hvorfor endre på driveplikten da? Og hvem er det som lager vaktlister osv. når tilslutningsplikten er borte? Utenfor de store byene MÅ næringen reguleres. Hvorfor skal fylkeskommunen være interessert i å tildele enerett når de blir fratatt all annen påvirkning av næringen?

På den ene siden foreslår departementet å oppheve alle reguleringer, mens det på den andre siden gir fylkeskommunen adgang til å regulere gjennom enerett! Hvem er det som søker på løyve i distriktene i Norge med et slikt lovverk? Det tror vi blir ingen. Likeså blir slike reguleringer av næringen på åremål og må søkes på nytt etter kort tid. Med den sentraliseringen og byråkratiet det legges opp til i denne næringen, må en som har drosje i distrikt Norge holde på med en søkeprosess hvert tredje til femte år. Hva slags rekrutteringsverktøy er dette? Den betyr utsletting av næringen i store deler av landet.

Det er ingen grunn til å endre løyveområdene. I praksis kan en kjøre i nabodistriktet ved behov som festivaler og lignende gjennom avtale med sentral eller drosjeeier i nabodistriktet. Dette er velfungerende i dag og regulerer seg selv. Den enkelte drosje har sitt primærområde å dekke slik at innbyggerne i dette område er sikret bil ved behov. Hvor for rasere dette?

Det skal her legges til at departementets forslag om at eneretter skal tildeles hele kommuner vil få svært uheldige utslag. Nye Ålesund kommune vil fra 2020 omfatte øyene Fjørtofta og Harøy, der det i dag er drosjeløyver. På disse øyene ville enerett være naturlig, men det umuliggjøres av forslaget. Det er flere slike tilfeller bare i Møre og Romsdal. Tre års enerett er for øvrig alt for lavt til å kunne investere i materiell og skrive av dette.

Nesten alle krav til drosjeeier er i prinsippet fjernet i forslaget til lovendring, det være seg hovederverv, økonomi osv. Men det skal komme strenge krav til sjåfør! Dette umuliggjør det å drive drosje i distrikts-Norge! På mange små steder er det drosjeeiere som kjører alene år etter år fordi kostnadsnivået i næringen er blitt så høyt, grunnet alle andre aktører på markedet, slik som egentransport m.m. Skal en stille enda strengere krav til de å være sjåfør, vil rekruttering være umulig.

Særskilte løyvekategorier kan for så vidt fjernes, men det kan gå utover funksjonshemmede, spesielt i distriktet. De vil etter vårt syn ikke vil få et tilbud utenom det som er krav i forbindelse med helseforetakenes gjennomføring av pasienttransport.

Det foreslås at løyvemyndighet skal være Statens Vegvesen, dette er et etter vårt syn et nytt tiltak i sentraliseringen, dagens ordning fungere meget bra i de aller fleste fylkeskommuner. Ordningen med Nasjonal Transportløyveseksjon i Lærdal er tungdreven. Vi finner det også bemerkelsesverdig at en regjering som gjennomfører en regionreform med uttrykt politikk at flere oppgaver skal legges til regionene, likevel sentraliserer som i denne saken.

Vår erfaring med fylkeskommunen som løyvemyndighet er veldig positiv. Her reguleres næringen på en meget god måte. Dagens behovsprøving fungerer så bra de fleste steder i landet, utøvd av dyktige fylkeskommuner. Ordningen bør fortsette som idag istedenfor å erstatte den med en ordning som vil både dyrere og potensielt mye dårligere enn i dag. Fylkeskommunen tildeler næringen oppdrag slik at det skal være muligheter for opprettholdelse av drosjer i distriktet, ikke minst for beredskap. Jfr. Lærdalsbrannen i januar 2014. Drosjeeierne med sine lokalkunnskaper og med biler som var på stedet fikk eldre og syke bort fra der det brant. Skal det ikke være slik lenger?

Det er i høringsutkastet stilt krav til loggføring av turer. Alt rundt turene, både strekning og inntekter, hentes i dag fra taksameter gjennom sentralene. SSB og skattemyndighetene får sitt. Det er en bedre og mer omfattende ordning enn det som foreslås.

Hvem skal ta seg av dette for den enkelte drosjeeier som kan velge å stå utafor sentral i fram tiden? Dette medfører at det ikke vil bli søkere til løyver uten at det er muligheter til avtale med en sentral, så hvor for endre det eksisterende så radikalt. Hør på næringen å reguler det som er nødvendig å regulere.

Oppsummering. Dette ønsker Norges Taxiforbund avd Møre og Romsdal:

- Oppretthold tilslutningsplikten
- Oppretthold kjøreplikten
- Oppretthold løyveområde
- Endre selskapsformen
- Oppretthold fylkeskommunen som løyvemyndighet
- Oppretthold krav til eier
- Forsterke sentralene sin rett til å regulere
- Strengere krav til kjøreseddel
- Oppretthold krav til fagkompetanse for daglig leder/eier
- Krav til sjåfør settes av sentral
- Strengere sanksjoner for piratvirksomhet
- Opprett hold krav om merking av kjøretøy med TAXI-lampe som i verden for øvrig
- Oppretthold maksimalprisreguleringen utenfor de seks største store byene.

For Norges Taxiforbund avd. Møre og Romsdal – Per-Morten Bjørlykke, styreleder

DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	18/1690-	1. oktober 2018

Høring om endringer i drosjereguleringen - oppheving av behovsprøvingen mv.

Samferdselsdepartementet sender på høring forslag til endringer i drosjeregelverket.

Forslagene som departementet fremmer i høringsnotatet innebærer endringer i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy og forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy. I tillegg foreslås mindre endringer i forskrift av 30. september 2010 nr. 1307 om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn.

Det har over tid vært indikasjoner på at drosjemarkedet ikke fungerer optimalt. I tillegg har ESA pekt på at deler av regelverket er i strid med EØS-avtalen. Forslagene til regelendringer innebærer en stor revisjon av drosjereguleringen, og har til formål å legge til rette for velfungerende konkurranse i drosjemarkedet, som skal bidra til gode tilbud til de reisende. Samtidig er det viktig å sikre et tilfredsstillende drosjetilbud i hele landet. De foreslåtte lov- og forskriftsendringene skal gjøre det enklere å etablere seg i næringen og å drive virksomhet på en god måte, også basert på forretningsmodeller som tar i bruk ny teknologi. Et nytt regelverk skal ivareta de reisendes sikkerhet og bidra til at vi har en ryddig og seriøs drosjenæring. Regelverket skal være i overensstemmelse med EØS-retten.

Hovedpunktene i forslag til lov- og forskriftsendringene er å:

- Oppheve antallsreguleringen med tilhørende driveplikt, tildelingskriterier og krav om hovederverv for drosjeløyver.
- Gi fylkeskommunene adgang til å tildele eneretter for drosjetransport.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandler
Postboks 8010 Dep 0030 Oslo postmottak@sd.dep.no	Akersg. 59 www.sd.dep.no	22 24 90 90 Org.nr. 972 417 904	Kollektivtransport- og baneavdelingen	Marianne Engeset Kristing 22 24 82 71

- Videreføre krav om drosjeløyve, men lempe på innholdet i løyvekravet ved å fjerne kravet om faglig kompetanse for løyvehavere og lempe på kravene til økonomi.
- Innføre ett drosjeløyve for all persontransport med kjøretøy med åtte sitteplasser i tillegg til fører.
- Innføre 10-årige drosjeløyver.
- Flytte løyvemyndighet fra fylkeskommunene til Statens vegvesen.
- Oppheve sentraltilknytningsplikten for drosjer og innføre en plikt til loggføring av alle drosjeturer.
- Innføre fagkompetansekrav for fører av drosje.
- Innføre krav om at søker til kjøreseddel må ha hatt alminnelig førerkort i klasse B i minst to år før vedkommende kan tildeles kjøreseddel for drosje.
- Justere hjemmelen for fylkeskommunene til å kunne stille miljøkrav til drosjer, slik at miljøkrav må knyttes til kommunegrensene.

Høringen er tilgjengelig på departementets nettsider, jf. vedlagte lenke: https://www.regjeringen.no/drosjehoyringa

Vi ber om at høringssvarene sendes elektronisk ved bruk av den digitale løsningen for høringssvar. Alternativt kan høringssvar sendes Samferdselsdepartementet, fortrinnsvis på e-post til postmottak@sd.dep.no.

Departementet ber om høringsinstansenes innspill **innen 1. januar 2019**.

Med hilsen

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Marianne Engeset Kristing
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Adresseliste

Abelia	Postboks 5490 Majorstuen	0305	OSLO
Akademikerne	Fridtjof Nansens Plass 6	0160	OSLO
Akershus fylkeskommune	Sentraladministrasjonen	0107	OSLO
Arbeids- og sosialdepartementet	Postboks 8019 Dep	0030	OSLO
Arbeidsgiverforeningen Spekter	Pb. 7052 Majorstuen	0306	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Pb 788 Stoa	4809	ARENDAL
Barne- og likestillingsdepartementet	Postboks 8036 Dep.	0030	OSLO
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Datatilsynet	Postboks 8177 Dep.	0034	OSLO
Direktoratet for forvaltning og IKT	Postboks 8115 Dep	0032	OSLO
Fagforbundet	Postboks 7003 St. Olavsplass	0130	OSLO
Finans Norge	Postboks 2473	0202	OSLO
Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep	0030	OSLO
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsensplass 1	9815	VADSØ
Forbrukerrådet	Postboks 463 Sentrum	0105	OSLO
Forbrukertilsynet	Postboks 463 Sentrum	0105	OSLO
Forsvarsdepartementet	Postboks 8126 Dep	0032	OSLO
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon	Mariboes gate 13	0183	OSLO
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Helse Midt-Norge RHF	postboks 464	7501	STJØRDAL
Helse Nord RHF		8038	BODØ
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Helse Sør-Øst RHF	Pb. 404	2303	HAMAR
Helse Vest RHF	Pb 303 Forus	4066	STAVANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Hovedorganisasjonen Virke	Postboks 2900	0230	OSLO
IKT Norge	Oscarsgate 20	0352	OSLO
ITS Norge	c/o Tekna	0201	OSLO
Justervesenet	Postboks 170	2027	KJELLER
Justis- og beredskapsdepartementet	Postboks 8005 Dep	0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	OSLO
Kollektivtrafikkforeningen	c/o Ruter AS	0104	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Kompetanseteam Vest AS	Breiviken 4	5035	BERGEN
Konkurransetilsynet	Postboks 439 Sentrum	5805	BERGEN
KS - Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO

KS Bedrift	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep.	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep.	0030	OSLO
Landsorganisasjonen i Norge	Youngsgt. 11	0181	OSLO
Likestillings- og diskrimineringsombudet	Postboks 8048 Dep.	0031	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	Postboks 93	4791	LILLESAND
NAV - Arbeids- og velferdsdirektoratet	Postboks 5 St Olavs Plass	0130	OSLO
NHO Transport	Postboks 5477 Majorstuen	0305	OSLO
NOKUT			
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Norges Blindeforbund	Postboks 5900 Majorstua	0308	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Ingeniør- og Teknologorganisasjon - NITO	Postboks 9100 Grønland	0133	OSLO
Norges Lastebileier-Forbund	Postboks 7134 St. Olavs plass	0130	OSLO
Norges Taxiforbund	Postboks 6114 Etterstad	0602	OSLO
Norges Turbileierforbund	Postboks 25	1469	RASTA
Norsk Kunnskaps-Institutt AS	PB 6674 St. Olavs Plass	0129	OSLO
Norsk Transportarbeiderforbund	Postboks 9086, Grønland	0133	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8014 Dep.	0030	OSLO
Næringslivets Hovedorganisasjon	Postboks 5250 Majorstua	0303	OSLO
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep.	0033	OSLO
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune - Byrådet	Rådhuset	0037	OSLO
Pasientreiser HF			
Pensjonistforbundet	Postboks 6714 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Politidirektoratet	Postboks 8051 Dep	0031	OSLO
Regelrådet	Kartverksveien 21	3511	HØNEFOSS
Regjeringsadvokaten	Postboks 8012 Dep	0030	OSLO

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Skattedirektoratet	Postboks 9200 Grønland	0134	OSLO
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Standard Norge	Postboks 242	1326	LYSAKER
Statens råd for funksjonshemmede			
Statistisk Sentralbyrå	Postboks 8131 Dep.	0033	OSLO
Statsministerens kontor	Postboks 8001 Dep	0030	OSLO
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Trøndelag fylkeskommune	Fylkets hus, Postboks 2560	7735	STEINKJER
Utdanningsforbundet	Postboks 9191 Grønland	0134	OSLO
Utenriksdepartementet	Postboks 8114 Dep	0032	OSLO
Vegdirektoratet	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund	Postboks 9232 Grønland	0134	OSLO
Yrkestrafikkforbundet	Postboks 9175 Grønland	0134	OSLO
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG

SD
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

Høyringsnotat

Framlegg til endringar av yrkestransportlova – unnatak frå løyveplikt for samkøyring, heving av øvre aldersgrense for å ha drosjeløyve og oppheving av krav om tilslutning til drosjesentral

1. INNLEIING

Samferdselsdepartementet har utarbeidd framlegg til endring av lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova). Framlegget til endringar er i hovudsak knytt til regelverk som gjeld drosjetransport. Endringane er ein del av eit større arbeid med å revidere drosjeregelverket. Føremålet med endringane er mellom anna å styrke forbrukarane sine interesser, i tillegg til å leggje til rette for ei effektivisering av drosjenæringa ved å lempe på nokre av dagens krav. Departementet har valt å dele opp regelverksarbeidet i ein lovdel og ein forskriftsdel. Departementet sender no framlegg til lovendringar på høyring og vil følgje opp med framlegg til forskriftsendringar i eit eiget høyringsnotat.

Framlegget frå departementet omfattar for det første ei endring av yrkestransportlova § 20. Framlegget inneber at det ikkje trengs løyve når den som rår over ein personbil tek med seg folk som har eit samanfallande transportbehov som han sjølv, og vederlaget for transporten ikkje overstig kostnadene ved transporten fordelt mellom talet på personar i bilen. Departementet sitt framlegg vil erstatte gjeldande § 20 første ledd i yrkestransportlova som slår fast at transport av grannar og arbeidskollegaer med personbil på nærare vilkår er friteken frå krav om løyve.

Framlegget inneber for det andre ei endring av yrkestransportlova § 9 andre ledd slik at den øvre aldersgrensa for å behalde eit løyve for drosjekøyring vert heva frå 70 til 75 år.

Framlegget inneber for det tredje ei endring av yrkestransportlova § 9 tredje ledd slik at det ikkje lenger vil vere høve for løyvestyresmaktene til å fastsette ei plikt for drosjeløyvehavar til å vere tilslutta drosjesentral og til å regulere drosjesentralane i løyvedistriktet. Etter framlegget om endring i § 9 tredje ledd vil løyvestyresmaktene kunne gje reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet. Føresegnene kan likevel berre gjerast gjeldande for løyvehavar og førar. Departementet gjer merksam på at ei endring av § 9 tredje ledd vil innebere eit behov for å gjere endringar i yrkestransportforskrifta. Som nemnt ovanfor vil departementet gjere framlegg om endringar i denne forskrifta i eit eiget høyringsnotat.

2. BAKGRUNN OG BEHOV FOR FRAMLEGGET TIL LOVENDRINGAR

2.1 Samkøyring

Bakgrunnen for framlegget om å endre yrkestransportlova § 20 første ledd er å leggje til rette for å auke moglegheita for samkøyring. Moglegheita for slik samkøyring utan løyve er i dag avgrensa.

Samkøyring er deling av eit transportmiddel mellom to eller fleire personar, kor sjåføren og passasjerane har eit samanfallande transportbehov. Ofte delar òg sjåfør og passasjer(ane) på utgiftene knytt til transporten.

Samkøyring vert normalt delt inn i to ulike former. Den eine forma skjer på meir eller mindre faste tidspunkt mellom personar som allereie har ein relasjon, til dømes grannar og kollegaer til og frå jobb (kameratkøyring). Den andre forma inneber deling av transport i samband med ei eingongsreise, gjerne avtalt på kort varsel og ofte mellom personar som ikkje kjennar kvarandre på førehand (spontan samkøyring).

Samkøyring har dei siste åra vorte enklare og meir tilgjengeleg enn tidlegare som følgje av den teknologisk utviklinga. Internettbaserte plattformer der folk opprettar profilar og vert kopla saman med andre brukarar for å dele transport har ført til at stadig fleire vel samkøyring som eit transportalternativ. Dette skjer samstundes med at folk i større grad enn før vel å vere deltakarar i den såkalla delingsøkonomien gjennom å dele på ulike underutnytta ressursar, som til dømes bil, båt og husrom. Dette kan tyde på at det er i ferd med å skje ei haldningsendring i samfunnet knytt til det å dele eigedom og eigendelane sine med framande. For å imøtekomme den nemnte samfunnsutviklinga er det føremålstenleg å i større grad tillate samkøyring.

Departementet meiner auka samkøyring vil kunne gje samfunnsgevinstar i form av færre bilar på vegane og dermed mindre kødanning og mindre belastning på vegnettet. Dette vil samstundes kunne redusere utsleppet frå vegtrafikken, noko som vil vere fordelaktig for luftkvaliteten og miljøet.

Samkøyring er i dag til dels regulert i yrkestransportlova § 20 første ledd. Moglegheita for samkøyring etter denne føresegna er likevel avgrensa både når det gjeld kven som kan samkøyre og kor dei kan samkøyre. Etter departementet si vurdering vil desse avgrensingane innebere at færre vel samkøyring, og at dei samfunnsmessige gevinstane som samkøyring kan føre til ikkje kan takast ut i tilstrekkeleg grad. Samkøyring i dag skjer i fleire tilfelle utanfor yrkestransportlova § 20 første ledd, og departementet ser det som tenleg at denne aktiviteten kan komme innanfor yrkestransportlova sine rammer.

Departementet meiner at det er eit monaleg potensial for samkøyring i Noreg. Ifølgje tall frå SSB var det ved inngangen til 2016 til saman over 2,6 millionar registrerte personbilar i Noreg.[1] Resultat frå dei nasjonale reisevaneundersøkingane viser likevel at talet på personar

[1] Statistikk frå SSB, https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/statistikker/bilreg/aar/2016-03-30

inklusiv førar på kvar transport med alle biltypar er lågt og har vorte gradvis redusert sida 1985. I 1985 var det gjennomsnittlege talet på personar pr. tur 1,66, medan det i 2005 var redusert til 1,54. I 2009 var talet 1,53, mens talet for 2013/2014 var 1,54.[2]

2.2 Aldersgrense for drosjeløyver

Bakgrunnen for framlegget om å endre § 9 andre ledd er å leggje til rette for at løyvehavarar kan inneha drosjeløyvet sitt lengre. Departementet ønskjer å tilpasse regelverket til utviklinga i samfunnet der det blir lagt til rette for at eldre som ønskjer det kan stå lenger i arbeid.

2.3 Oppheving av løyvehavar si tilslutningsplikt og tilslutningsrett til drosjesentral

Bakgrunnen for framlegget er å oppheve løyvehar sin rett og plikt til å stå ved en drosjesentral, samt oppheve andre føresegn som gjeld for drosjesentralar. Løyvehavarar vil etter framlegget verken ha ein plikt eller ein rett til å slutte seg til ein drosjesentral i distriktet.

Departementet ønskjer med framlegget å leggje til rette for auka grad av operasjonell fridom for både løyvehavarar og drosjesentralar. Framlegget inneber etter departementet si vurdering eit høve for drosjesentralane til å betre kvaliteten på tenestene dei leverer ettersom sentralane kan regulere løyvehavarane si tilslutning i ein privatrettsleg avtale og såleis få meir kontroll over eiga verksemd. Dette vil kunne bidra til å leggje til rette for meir verksam konkurranse mellom drosjesentralane. Framlegget inneber òg større fridom for den einskilde løyvehavar ettersom løyvehavaren får større høve til å velje korleis han ønskjer å marknadsføre sitt tilbod om drosjeteneste.

Noko av bakgrunnen for framlegget er at nye teknologiske løysingar gjer det stadig lettare å tilby transporttenester på internett og via mobilapplikasjonar. Slike teknologiske løysingar er med på å utfordre grensene for definisjonen av ein drosjeformidlingsteneste. Departementet ønskjer å gjere det enklare å etablere ein formidlingsteneste, og samstundes legge til rette for at løyvehavarar kan teke i bruk applikasjonsbaserte løysingar til erstatning for formidling gjennom drosjesentralar.

3. GJELDANDE RETT

3.1 Løyvepliktig drosjetransport

Yrkestransportlova § 4 slår fast kva type persontransport som er løyvepliktig:

> *"Den som mot vederlag vil drive nasjonal eller internasjonal persontransport med motorvogn, må ha løyve. Det same gjeld den som utfører persontransport mot vederlag på liknande måte som drosje når tilbod om transport vert retta til ålmenta på offentleg plass."*

[2] Rapport frå TØI "Flere i hver bil" (1050/2009) og Reisevaneundersøkingane (RVU) for 2009 og 2013/2014.

Etter § 4 første ledd gjeld løyveplikta når det vert teke vederlag for transporten. Dersom det ikkje vert teke vederlag, vil transporten falle utanfor regelen i yrkestransportlova § 4 og dermed ikkje vere løyvepliktig. Vederlagsomgrepet vert tolka vidt, slik at òg deling av kostnader vert omfatta.

Løyvekravet for persontransport, medrekna drosjetransport, gjeld for (i) den som vil drive persontransport mot vederlag, og (ii) den som utfører persontransport mot vederlag på liknande måte som drosje når tilbod om transport vert retta til ålmenta på offentleg plass.

Når det gjeld det første alternativet, gjeld det krav om løyve dersom vedkomande vil "drive" persontransport mot vederlag. Driveomgrepet er presisert i Ot.prp.nr.74 (2001-2002) s. 29 med referanse til fråsegn i Ot.prp.nr.86 (1984-1985):

> *"Det er et hovedvilkår for å komme inn under løyveplikten - uavhengig av materiellstørrelsen - at vedkommende «driver» slik virksomhet. I dette begrepet, som er generelt ved lovens ulike løyveordninger, ligger at virksomheten må ha en viss varighet, være uttrykk for en mer systematisk utnyttelse av transportmidlet i ervervsmessig øyemed. Hva som nærmere ligger i «drive»begrepet må bero på et skjønn i det enkelte tilfelle basert på hyppighet, transportørens initiativ og muligheten for at løyvehavere kan utføre transporten."*

Når det gjeld det andre alternativet om å rette persontransporttilbod mot ålmenta på offentleg plass, vart dette lagt til ved ei endring av lov av 4. juni 1976 nr 63 om samferdsel (samferdselslova) i 2001. Føremålet med lovendringa var å utvide rekkjevidda av kva som skulle vere løyvepliktig persontransport, og dermed ramme tilfelle av persontransport mot vederlag der det av omsyn til bevis ville vere vanskeleg å påvise at vedkommande hadde drevet i tilstrekkeleg omfang, jf. første alternativ. Av Ot.prp.nr.82 (2000-2001) på side 3 heiter det at:

> *"Med offentleg plass meinast gater, vegar, oppstillingsplass m.v. som er opne for almen ferdsel. Det er ikkje ein føresetnad for å komme inn under løyveplikt at det er transportøren sjølv som tek initiativ, anten direkte eller gjennom å framtre på ein slik måte og under slike omstende at det kan oppfattast slik frå publikum si side at det vert tilbydd transport."*

For persontransport utanfor rute med motorvogn registrert for inntil 9 personar, gjeld det krav om særskilt drosjeløyve, jf. yrkestransportlova § 9. Drosjeløyva er behovsprøvde.

Fylkeskommunen er løyvestyresmakt for drosjeløyva og fastset talet løyver innanfor eit nærare avgrensa geografisk område (løyvedistrikt).

Frå dei transportane som etter føresegna vert underlagd løyveplikt etter yrkestransportlova § 4, er det i kapittel 4 teke inn ei rekkje unnatak. Eit av desse unnataka er yrkestransportlova § 20 første ledd som gjeld samkøyring.

3.2 Samkøyring

Det følgjer av yrkestransportlova § 20 første ledd at det ikkje trengs løyve *"når den som rår over ein personbil tek med seg folk han arbeider saman med eller grannar når han køyrer mellom bustad og arbeidsstad."* Dette unntaket omfattar etter sin ordlyd berre samkøyring med kollegaer og grannar, og berre der transporten skjer mellom arbeidsstad og bustad. Anna form for samkøyring som skjer mot vederlag vil i utgangspunktet kunne vere løyvepliktig etter yrkestransportlova § 4.

Føresegna i § 20 første ledd vert etter Ot.prp.nr. 5 (1975-1976) s. 21 tolka strengt når det gjeld kven som skal verte forstått som arbeidskamerat eller granne, og om køyringa kan seiast å skje mellom bustad og arbeidsstad. Passasjerane må anten arbeide på same stad som den som har rådvelde over personbilen eller vere grannane hans etter ei vanleg oppfatning av granneomgrepet.

Unntaket vil òg omfatte køyring til og frå bustad og jernbanestasjonen eller busshaldeplass når sjåfør og passasjer(ar) fortset transporten til arbeidsstaden eller bustad derfrå med rutegåande transportmiddel.

Av omsyn til effektiv kontroll og trafikkgrunnlaget for anna løyvepliktig transport er køyringa avgrensa til personbil som forutan førar er registrert for høgst 9 personar inklusiv førar Det er såleis ikkje tillate å bruke bilar som er registrerte for eit høgare tal personar, sjølv om det for den einskilde gongen ikkje vert transportert fleire enn 8 personar forutan føraren.

Føresegna er ei vidareføring av lov 4. juni 1976 nr. 63 om samferdsel (samferdselslova) § 7 nr. 2 første setning. I forarbeida til samferdselslova gikk det fram at departementet var klar over at føresegna i somme område kunne innebere ei viss svekking av trafikkgrunnlaget til dei rutegåande transportmidla, men at ei slik transportform kunne by på vesentlege fordelar for personar mange stader i landet, jf. Ot.prp.nr.5 (1975-1976) s. 20-21. Det vart òg vist til at det ville vere vanskeleg å kontrollere omfanget av slik transport og at det kunne verke urimeleg å innskrenke høve til denne transporten.

3.3 Aldersgrense for drosjeløyver

Eit drosjeløyve fell bort når innehavaren av løyvet fyller 70 år, jf. ytl. § 9 andre ledd. Aldersgrensa for drosjeløyver er satt til 70 år ut frå ei avveging av omsynet til at løyvehavarane då har rett til alderspensjon og omsynet til å sikre god rekruttering av sjåførar i drosjenæringa ved å leggje til rette for ein viss sirkulasjon av løyver som eit avgrensa gode, jf. Ot.prp.nr.5 (1975-1976) s. 27. Forventninga om framtidig tildeling av løyve etter ei viss tid bidreg til å oppretthalde ei slik rekruttering. God rekruttering av tilsette sjåførar er eit viktig element for å sikre publikum tilgang på drosjetenester.

Etter dispensasjonssystemet kan løyvestyresmaktene gjere unntak frå aldersgrensa på 70 år dersom det ikkje er kvalifiserte søkjarar til ledige løyver, og løyvestyresmaktene meiner slik dispensasjon er naudsynt for å oppretthalde ein nødvendig drosjeteneste, jf. yrkestransportforskrifta § 52 andre ledd.

Fram til 2009 var aldersgrensa for både sjåførar og løyvehavarar 70 år. I 2009 vart yrkestransportlova si aldersgrense for kjøresetel endra til 75 år. Regelendringa vart hovudsakelig grunngjeve med ei generell betring av helsetilstanden i aldersgruppa opp til 75 år. I høyringsrunden reiste somme aktørar spørsmål ved om aldersgrensa for drosjeløyve burde verte heva tilsvarande aldersgrensa for kjøresetel. Departementet konkluderte den gang med at aldersgrensa for løyve framleis skulle vere 70 år og framheva i si grunngjeving at drosjeløyver er behovsprøvde og at det dermed er andre omsyn som gjeld for dei, samanlikna med dei omsyn som ligg til grunn for utferding av kjøresetlar, jf. Ot.prp.nr. 60 (2008-2009) punkt 4.4.

3.4 Regelverket for drosjesentralar

3.4.1 Tilslutningsplikt og tilslutningsrett

Reglane om tilslutningsplikt og tilslutningsrett følgjer av yrkestransportforskrifta § 46 andre ledd, jf. ytl. § 9 tredje ledd.

Plikten til å være tilslutta ein drosjesentral etter gjeldande rett inneber at der det finst drosjesentralar, kan løyvestyresmaktene bestemme at løyvehavarane skal måtte slutte seg til ein sentral. I praksis stiller alle fylkeskommunane krav om sentraltilslutning på stader det det er etablert drosjesentralar. Løyvestyresmaktene kan òg gje pålegg om at løyvehavarar, i eit område der det ikkje er drosjesentral frå før, skal skipe ein slik sentral. Drosjesentralen kan på si side ikkje nekte tilslutning av ein løyvehavar.

I område der det er godkjent fleire sentralar, vil spørsmålet om løyvehavar har rett til å velje ein av sentralane avhenge av vedtak og lokale føresegner frå løyvestyresmakten. Lokale føresegner fastset òg reglar for korleis løyvehavar kan bytte sentral.

3.4.2 Førehandsgodkjenning av drosjesentralar

Etter yrkestransportforskrifta § 46 første ledd kan løyvestyresmaktene i samråd med kommunale styresmakter bestemme om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit distrikt. Som nemnd ovanfor inneber tilslutningsplikta ei plikt for løyvehavar til å vere tilslutta ein *godkjent* drosjesentral. Vidare går det fram av yrkestransportforskrifta § 46 fjerde ledd at reglar om drosjesentralen sin organisasjon og verksemd skal verte fastsett i vedtekter som løyvestyresmakta skal godkjenne.

Desse føresegnene inneber at ein drosjesentral må ha førehandsgodkjenning av løyvestyresmakta for å drive formidling av drosjetenester. Førehandsgodkjenninga gjev i praksis løyvestyresmaktene høve til å regulere fleire sider ved organisasjonen og verksemda til drosjesentralane.

3.4.3 Krav til drifta og verksemda til drosjesentralar

Etter yrkestransportlova § 9 tredje ledd kan løyvemyndigheten:

> *"gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og om korleis dei skal drivast, om plikt til å betale innskot og avgift til sentralen og om at sentralen skal ha rett til å fastsetje køyreordninga og gje andre reglar for verksemda. Slike føresegner kan gjerast gjeldande både for løyvehavar og førar, og ha med pålegg om bruk av uniform."*

Føresegna i § 9 tredje ledd er i all hovudsak ei vidareføring av tidlegare § 7 femte ledd i samferdselslova av 1976. Føresegna gjev løyvestyresmaktene heimel til å påleggje løyvehavarane å danne ein drosjesentral i område utan drosjesentralar. Vidare gjev føresegna løyvestyresmaktene vid heimel til å fastsetje nærare reglar for drosjesentralar. Løyvestyresmaktene kan mellom anna gje reglar om administrasjonen av og arbeidsoppgåvene til drosjesentralane.

Føremålet med føresegna er å styrke drosjesentralane si effektivitet og deira mogelegheit til å utøve kontroll med løyvehavarane og sjåførane, jf. Ot.prp.nr.5 (1975-1976) s. 27.

Departementet har i yrkestransportforskrifta § 46 fastsett reglar om drosjesentralar. Føresegna gjev i sjette ledd, i den utstrekning det trengst for å sikre ein effektiv drosjeteneste, styret i drosjesentralane heimel til å fastsetje ein bindande detaljert køyreplan som bestemmer det tidsrom den einskilde drosje skal gjere teneste. Løyvestyresmaktene kan på si side gje pålegg om endring av slik køyreplan, men har òg heimel til å krevje at drosjesentralane skal fastsetje køyreplanar. Løyvestyresmaktene har òg heimel i tredje ledd til å avgjere at løyvehavarar som er tilslutta ein drosjesentral skal betale ei avgift til dekning av driftskostnadene til sentralen.

Ut over desse reglane har løyvestyresmaktene vid heimel til å fastsetje nærare reglar for drosjesentralane og løyvehavarane i løyvedistriktet. Det følgjer av yrkestransportforskrifta § 46 sjuande ledd at:

> *"Løyvemyndigheten kan fastsette nærmere regler for drosjevirksomheten i løyvedistriktet. Slike regler kan i detalj foreskrive hvordan virksomheten skal utøves, herunder løyvehaver og drosjeførers plikter overfor publikum, drosjesentral mv."*

Løyvestyresmaktene kan med heimel i denne føresegna, samt yrkestransportlova § 9 tredje ledd fastsetje lokale forskrifter med nærare regulering av drosjesentralane i distriktet. Dette er mellom anna gjort i Oslo, Bergen og Trondheim, der det er opna for fleire sentralar. I desse byane er det mellom anna bestemt at ein drosjesentral ikkje skal ha meir enn eit visst tal av alle løyvehavarane i distriktet. Vidare er det fastsett reglar om drosjesentralane sine plikter når det gjeld prisopplysning og rapportering til løyvestyresmaktene. Informasjonen løyvestyresmaktene får gjennom rapporteringsplikta til sentralane vert nytta mellom anna til å gjere ei behovsprøving av talet drosjeløyver i distriktet.

3.4.4 Anna regelverk knytt til drosjesentralar

Prisane på drosjetenester i områdar der det ikkje er opna for fleire drosjesentralar, er i all hovudsak maksimalprisregulert etter forskrift av 30. september 2010 nr. 1307 om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn. Føremålet med denne prisreguleringa er å fremje ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling i drosjemarknaden. Konkurransetilsynet har myndigheit til å fastsetje unnatak frå denne forskrifta. Det er gjort slike unnatak i fleire byar og tettstader der det er drosjesentralar som driv i konkurranse med kvarandre. I desse områda kan drosjesentralane sette prisane fritt.

Drosjesentralar er med heimel i forskrift av 18. oktober 2002 nr. 1165 om dispensasjon fra konkurranseloven § 3-1 og § 3-2 gitt dispensasjon frå lov av 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranseloven) slik at drosjesentralane kan fastsette felles takstregulativ, samt inngi felles pristilbod og anbod på vegne av dei løyvehavarane som er tilslutta sentralen. Dispensasjonen gjeld ikkje for pris- og anbodssamarbeid mellom drosjesentralar og mellom løyvehavarar som er tilslutta kvar sine sentralar.

4. FRAMLEGG TIL LOVENDRINGAR

4.1 Samkøyring

4.1.1 Innleiing

Departementet gjer framlegg om at yrkestransportlova § 20 første ledd vert endra slik at det ikkje trengst løyve når den som rår over ein personbil tek med seg folk som har eit samanfallande transportbehov som han sjølv og vederlaget for transporten ikkje overstig kostnadene ved transporten fordelt mellom talet på personar i bilen.

Lovendringa tek sikte på å regulere alle formar for samkøyring. Det inkluderer mellom anna både arbeidsreiser mellom grannar og kollegaer som vert omfatta av gjeldande § 20 første ledd, og såkalla spontan samkøyring mellom personar som ikkje kjennar kvarandre på førehand.

Departementet gjer i punkt 4.1.2-4.1.5 nedanfor greie for dei ulike aspekta ved framlegget.

4.1.2 Samkøyring med personbil

Framlegget frå departementet om eit unnatak frå løyveplikta for samkøyring skal berre gjelde for transport med motorvogn registrert for inntil 9 personar (personbil). Bakgrunnen for avgrensinga er at transport med anna motorvogn enn personbil ofte skjer i samband med næringsverksemd, og at samkøyring etter framlegget berre skal skje mellom privatpersonar utanfor næring. Det gjeldande unnataket for samkøyring mellom bustad og arbeidsstad etter yrkestransportlova § 20 første ledd er òg avgrensa til transport med personbil.

4.1.3 Relasjon som avgrensing av høve til å samkøyre

Departementet har vurdert om høvet til å samkøyre bør verte avgrensa til personar som har ein særskilt relasjon til kvarandre.

Etter yrkestransportlova § 20 første ledd er unnataket for samkøyring avgrensa til å gjelde mellom kollegaer og grannar. Etter departementet si vurdering vil ei slik avgrensing ikkje realisere alle dei samfunnsgevinstane som samkøyring potensielt kan gje. I tillegg kan avgrensinga verke vilkårleg ettersom òg personar som bur eller arbeidar i nærleiken av kvarandre, utan å vere grannar eller arbeidskameratar i streng forstand, kan ha ønskje om å samkøyre mot ei deling av kostnadene. Departementet meiner vidare at ei ny avgrensing basert på relasjon, til dømes mellom vennar, vil kunne vere vanskeleg å kontrollere, og gje grunnlag for vanskelege grensedragningar.

Etter dette gjer departementet framlegg om at høve til å drive med samkøyring i nytt første ledd i § 20 ikkje skal avgrensast etter relasjon mellom sjåfør og passasjer.

4.1.4 Sjåfør og passasjer må ha eit samanfallande transportbehov

Departementet har vurdert om det bør verte oppstilt eit vilkår i føresegna om at passasjerane sitt behov for transport skal samsvare med transportbehovet til sjåføren.

Departementet meiner at det er viktig at føresegna om samkøyring gjev tilvising på kva som kjenneteiknar ein samkøyringstransport. Ein samkøyringstransport inneber at ein sjåfør tek med seg ein eller fleire passasjerar på ein tur han uansett ville ha gjennomført. Sjåføren sitt transportbehov er såleis utgangspunktet og føresetnaden for reisa. Destinasjon for turen vert altså avgjord av sjåføren, uavhengig av passasjerane. Når det er passasjeren som avgjer ruta eller destinasjonen for reisa, vil det vere meir naturleg å omtale transporten som drosjeliknande transport.

Departementet meiner etter dette at føresegna om samkøyring bør innehalde eit vilkår om at transportbehovet til passasjeren må samanfalle med transportbehovet til sjåføren. Eit liknande krav kan utleiast av eksisterande regel i yrkestransportlova § 20 første ledd, både ved at føresegna regulerer kven som kan samkøyre og mellom kva stader transporten kan skje.

Eit vilkår om samanfallande transportbehov avgrensar verkeområdet for samkøyring mot drosjeliknande transport. Ei klar avgrensing ut frå transportbehovet til sjåføren og passasjerane vil vidare kunne avgrense konkurransen mot dei rutegåande transportmidla og drosjetransporten.

I føresegna om samkøyring mellom bustad og arbeidsstad i tidlegare samferdselslov § 3 fjerde ledd nr. 6 var det eit vilkår at køyringa berre kunne omfatte den mest føremålstenlege *direkte* køyringa mellom bustad og arbeidsstad. Det ville dermed ikkje vere høve til å gjere større avstikkarar for å hente arbeidskameratar og grannar i samband med transporten. Derimot skulle det vere tillaten for arbeidskameratane og grannane å møtast på avtalte stader på køyrestrekninga. Vilkåret om at køyringa skulle vere direkte mellom bustad og arbeidsstad

vart fjerna ved ei endring av samferdselslova i 1986. Bakgrunnen for endringa var at det ville vere vanskeleg å kontrollere om vilkåret var oppfylt.

Departementet meiner at òg eit vilkår om at sjåføren og passasjeren skal ha eit felles transportbehov vil kunne vere vanskeleg å kontrollere og handheve. Spørsmålet om transporten er motivert ut frå eit samanfallande transportbehov vil vere vanskeleg å konstatere utan at ein samstundes kjenner til ruta og kan kontrollere dei faktiske motiva til sjåføren og passasjeren. Departementet meiner likevel at det er lite truleg at ein sjåfør skulle ha interesse av å tilby samkøyring utan å sjølv ha eit behov for transporten som følgje av avgrensinga i høvet til å ta vederlag. Vilkåra om samanfallande transportbehov og avgrensinga i høve til å ta vederlag har såleis ein indre samanheng og skal sikre at sjåføren berre utfører samkøyring på reiser vedkommande uansett hadde gjennomført. Avgrensinga i høve til å ta vederlag vert omtalt under punkt 4.1.5 nedanfor.

Vilkåret om eit samanfallande transportbehov inneber som utgangspunkt at passasjeren skal anten til same stad eller i same retning som sjåføren. Departementet meiner at det bør vere mogleg å til ein viss grad tilpasse transporten etter passasjerane sine behov. Vilkåret skal dermed ikkje verte forstått så strengt som tidlegare føresegn i samferdselslova § 3 fjerde ledd nr. 6 slik at berre direkte transport vil vere tillaten, og at det ikkje er lov med mindre avstikkarar undervegs i transporten.

Departementet gjer etter dette framlegg om at sjåføren og passasjerane må ha eit samanfallande transportbehov for at unnataket i framlegg til ny § 20 første ledd skal kunne nyttast.

4.1.5 Høve til å ta vederlag

Departementet har vurdert kor mykje sjåføren bør ha høve til å ta i vederlag for samkøyringstransporten.

Departementet gjer merksam på at dersom det ikkje vert teke vederlag for transporten, fell tilfellet utanfor yrkestransportlova § 4 og er ikkje løyvepliktig.

I gjeldande § 20 første ledd om samkøyring for grannar og kollegaer mellom bustad og arbeidsstad, er det ingen avgrensingar i høve til å ta vederlag. Her har nok likevel relasjonen mellom sjåfør og passasjer i praksis trulig avgrensa storleiken på vederlaget.

Departementet meiner det bør vere høve til å inngå avtale om ei rimeleg deling av kostnadene ved ei samkøyringsreise ettersom både sjåføren og passasjeren har nytte av reisa. Eit høve til å kunne dele på kostnadene ved transporten vil vidare bidra til å gje sjåføren eit insentiv til å tilby samkøyring.

Departementet meiner at kva sjåføren skal kunne ta i vederlag ved ei samkøyringsreise må sjåast i samanheng med at den aktuelle reisa uansett hadde funne stad. Storleiken på vederlaget bør såleis knytast til dei faktiske kostnadene sjåføren har hatt i samband med den aktuelle transporten.

Når høve til å ta vederlag vert avgrensa til dei faktiske kostnadene ved transporten, inneber det at sjåføren ikkje skal ha forteneste ved å tilby samkøyring. Ei slik avgrensing er etter departementet si vurdering viktig for å skilje samkøyring frå drosjeliknande transport. Vidare inneber avgrensinga at faste utgifter knytt til bilhald, til dømes forsikring og årsavgift, ikkje vert medrekna. Typiske kostnader som er direkte forbundet med den aktuelle transporten vil vere drivstoff, strøm og anna middel for drivkraft, samt olje, spylervæske, bompengar og ferjeutgifter. Dei vesentlegaste av desse vil vere drivstoff, i tillegg til bompengar og ferjeutgifter der det er aktuelt.

Etter departementet si meining bør ikkje sjåføren ha høve til å krevje vederlag for heile kostnaden forbundet med transporten. Departementet legg heller opp til at det skal skje ei fordeling av kostnadene mellom sjåføren og dei han vel å samkøyre med, og at sjåføren såleis må bere sin del av kostnadene. Den nærare fordelinga av kostnadene vert det opp til sjåføren og passasjerane å avtale seg i mellom.

Departementet gjer etter dette framlegg om at sjåføren ikkje skal kunne ta eit vederlag for transporten som overstig kostnadene ved transporten fordelt mellom talet på personar i bilen.

4.2 Aldersgrense for drosjeløyve

Departementet gjer framlegg om ei endring av yrkestransportlova § 9 slik at løyve for drosjekøyring gjeven til fysisk person først fell bort når innehavaren fyller 75 år.

Ei aldersgrense er eit inngrep i løyvehavarane sitt høve til å drive næringsverksemd. Som vist til ovanfor er aldersgrensa på 70 år fastsett for å sikre sirkulasjon av drosjeløyva og på den måten betre rekrutteringa til sjåføryrket. Ettersom drosjeløyver er behovsprøvde og difor eit knappheitsgode meiner departementet det framleis er naudsynt å sikre sirkulasjon av løyva. Det må likevel gjerast ei avveging av omsynet til den einskilde løyvehavar si rett til å drive næringsverksemd og det generelle behovet for god rekruttering til sjåføryrket.

Aldersgrensa for å ha drosjeløyve vil som nemnt ha verknad på ventetida for tildeling av drosjeløyve til nye søkjarar. Òg løyvestyresmaktene si regulering av talet på løyvehavarar over tid vil ha verknad for ventetida. Rekruttering av sjåførar til drosjenæringa er òg påverka av lønns- og arbeidsvilkåra i næringa og konjunkturane i samfunnet til ein kvar tid. Slik departementet ser det vil rekruttering til sjåføryrket avhenge av ein rekkje faktorar, der aldersgrensa for løyvehavarane berre er ein av desse.

Departementet peikar vidare på at der ein person har både drosjeløyve og kjøresetel kan det virke urimeleg at løyvet fell bort før retten til å køyre drosje.

Ut frå ei samla vurdering, der det òg må takast omsyn til at ein i samfunnet elles i dag legg til rette for at eldre som ønskjer det skal få høve til å stå lenger i arbeid, meiner departementet at aldersgrensa for å inneha drosjeløyve bør hevast til 75 år.

4.3 Oppheving av løyvehavar si tilslutningsplikt og tilslutningsrett til drosjesentral

4.3.1 Innleiing

Departementet gjer framlegg om å oppheve retten og plikten løyvehavarar har til vere tilslutta ein drosjesentral. Vidare gjer departementet framlegg om å fjerne heimelen i yrkestransportlova § 9 tredje ledd for dei krava som i dag vert stilt til drosjesentralane. Framlegget inneber at yrkestransportlova § 9 tredje ledd vert endra slik at det ikkje lenger vil vere høve for løyvestyresmaktene til å regulere drosjesentralane i løyvedistriktet. Løyvestyresmaktene vil etter framlegget kunne gje reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet, men desse føresegnene kan likevel berre gjerast gjeldande for løyvehavar og førar.

Departementet gjer merksam på at det vil vere eit behov for å gjere endringar i yrkestransportforskrifta, og lokale forskrifter i somme løyvedistrikt, som følgje av ei endring av § 9 tredje ledd. Departementet vil gjere framlegg om endringar i yrkestransforskrifta i eit eiget høyringsnotat.

4.3.2 Formidling av drosjetenester

Ein drosjesentral er ei sjølvstendig juridisk eining som har som si primære oppgåve å drive formidling av transportoppdrag til løyvehavarane som er tilslutta vedkomande sentral. Drosjesentralen skal organisere, administrere og formidle transportoppdrag, samt marknadsføre løyvehavarane sine tenester.

Framlegget frå departementet inneber at fleire formar for formidling av drosjetenester vil verte tillatne, ikkje berre slik formidling som drosjesentralar driv i dag. Utan krav til formidlingstenesta vil løyvehavaren sjølv kunne velje ein passande marknadskanal, til dømes ein mobilapplikasjon eller ein internettplattform.

4.3.3 Løyvehavar si rett og plikt til å stå ved drosjesentral

Som vist til ovanfor gjer departementet framlegg om å oppheve løyvehavarane sin rett og plikt til å vere tilslutta ein drosjesentral.

Departementet ønskjer med framlegget å i større grad leggje til rette for fleksibilitet og operasjonell fridom for drosjenæringa. Framlegget inneber at tilslutning til sentralen må verte gjort ved ein privatrettsleg avtale om tilslutning, og inneber såleis eit klarare skilje mellom dei offentlegrettslege krava for å få tildelt og behalde eit løyve, og dei privatrettslege krava som gjeld mellom drosjesentralane og løyvehavarane. Framlegget inneber at både drosjesentralen/formidlaren og løyvehavaren får større fridom i verksemda si.

For drosjesentralane inneber framlegget eit høve til å utvikle eigne driftskonsept og setje eigne standardar for kvalitet som dei tilslutta løyvehavarane må følgje. Drosjesentralane vil få større grad av styringsrett overfor tilslutta løyvehavarar og meir kontroll over eiga verksemd. Dei kan i større grad enn i dag sanksjonere uønskt åtferd frå løyvehavarane, og om nødvendig ekskludere ein løyvehavar som ikkje rettar seg etter dei vilkåra som går fram av avtalen om

tilslutning. Ovannemnde kan etter departementet si vurdering bidra til å auke kvaliteten på dei tenestene som drosjesentralane leverer, samt auke konkurransen mellom dei ulike drosjesentralane der det vert etablert fleire sentralar.

For løyvehavarane inneber framlegget ein rett til å velje å stå utanfor ein drosjesentral, og samstundes velje korleis dei ønskjer å formidle sitt tilbod om drosjetenester. Dersom løyvehavarane ønskjer å slutte seg til ein drosjesentral må dei søkje seg til ein preferert sentral og inngå avtale med denne. Framlegget opnar for at løyvehavarar kan nytte dei kanalane dei sjølve ønskjer for vidareformidling av drosjetenestene sine, inkludert internett og mobilplattformer.

Som følgje av departementet sitt framlegg om oppheving av retten og plikten til å stå ved ein drosjesentral, meiner departementet det er behov for å sjå nærare på dei reglane yrkestransportlova § 9 tredje ledd stiller opp for drosjesentralar.

4.3.4 Oppheving av løyvestyresmaktene sitt høve til å stille krav til drosjesentralar

Etter framlegget vert yrkestransportlova § 9 tredje ledd endra slik at det går fram at det ikkje lenger vil vere høve for løyvestyresmaktene til å regulere drosjesentralane i distriktet.

Bakgrunnen for framlegget er at departementet meiner drosjesentralane ikkje burde ha ein like avgjerande rolle som bindeledd mellom løyvestyresmaktene og løyvehavarane i eit system der den einskilde løyvehavaren ikkje er pliktig til å stå ved ein sentral og sentralen ikkje er pliktig til å ta ham imot. Når det ikkje er ei plikt for løyvehavarane til å vere tilslutta ein drosjesentral, meiner departementet det vil vere meir naturleg å la løyvehavarane og drosjesentralane regulere forholdet sitt gjennom ein privatrettsleg avtale. Den privatrettslege reguleringa kan både skje gjennom vedtektene til drosjesentralen og gjennom avtale mellom løyvehavaren og drosjesentralen.

Departementet meiner framlegget vil gje løyvehavarane større fridom til å kunne velje korleis dei ønskjer å formidle drosjetenestene til publikum. Forslaget vil bidra til å sikre operasjonell fridom for både løyvehavarane og drosjesentralane, samstundes som det senker etableringsbarrierane for nye formidlingstenester. Framlegget vil samstundes kunne gje meir variasjon i drosjetilbodet, samt legge til rette for meir verksam konkurranse i drosjenæringa.

Etter framlegget vil løyvestyresmaktene kunne gje reglar for drosjeverksemda i distriktet, men desse føresegnene kan likevel berre gjerast gjeldande for løyvehavar og førar. Føresegna vil ikkje lenger gje løyvestyresmaktene rett til å krevje førehandsgodkjenning eller fastsetje andre krav til drosjesentralane, slik tilfellet er etter gjeldande rett..

Departementet meiner at opphevinga av føresegnene om førehandsgodkjenning og andre krav knytt til drosjesentralar vil gjere det enklare å starte og drive ein formidlingsteneste av drosjetransport. Løyvestyresmaktene vil ikkje ha høve til å bestemme *om* det skal opnast for drosjesentralar i distriktet, eller *kor mange* sentralar som skal vere tillatne. Det vil vidare ikkje lenger vere høve for løyvestyresmaktene til å krevje at det skal vere eit minimum av tilslutta løyvehavarar ved den einskilde sentralen.

Departementet er merksam på at opphevinga av føresegnene knytt til drosjesentralar vil kunne medføre utfordringar for løyvestyresmaktene. Dette gjeld særleg moglegheita for kontroll med driveplikta og korleis løyvestyresmaktene kan sikre rapportering av nødvendig informasjon.

Når det gjeld driveplikta gjer departementet merksam på at drosjesentralane i dag har ein viktig funksjon både for den einskilde løyvehavar og for løyvestyresmaktene. Drosjesentralane fastset bindande køyreplanar for dei løyvehavarane som er tilslutta sentralen. Desse køyreplanane bidreg til ei rasjonell drift av drosjeløyva ved at løyvehavarane tek del i ei køyreordning som er tilpassa etterspurnaden i marknaden. Køyreplanane til sentralen gjer det òg mogeleg for den einskilde løyvehavaren å oppfylle driveplikta utan å måtte vere på vakt kvar dag, heile døgnet.

Departementet er merksam på at det vil kunne vere utfordrande for løyvestyresmaktene å kontrollere om den einskilde løyvehavaren oppfyller driveplikta dersom ikkje drosjesentralane har plikt til å fastsetje bindande køyreplanar. Utfordringa med kontroll er til stades både for løyvehavarar som er tilslutta ein sentral der sentralen ikkje fastset køyreplan, og for dei som vel å køyre uavhengig av ein drosjesentral.

Departementet meiner at driveplikta for dei løyvehavarane som vel å vere tilslutta ein sentral i praksis vil kunne verte oppfylt ved at sentralane ofte har eit sjølvstendig behov for å kunne tilby ei døgnkontinuerlig teneste til kundane sine. Departementet legg difor til grunn at mange drosjesentralar framleis vil fastsetje køyreplanar slik som i dag.

Departementet legg vidare til grunn at det framleis vil vere positivt for den einskilde løyvehavar å vere tilslutta eit større fellesskap av løyvehavarar, ettersom han då ikkje nødvendigvis vil måtte oppfylle driveplikta på eiga hand. Samanslutningar i form av drosjesentralar gjev mange stordriftsfordeler og kan såleis vere nødvendig for å kunne drive ein økonomisk lønsam verksemd. Det er difor grunn til å tro at svært mange av drosjeløyvehavarane vil velje å framleis vere tilslutta ein drosjesentral.

Departementet gjer merksam på at løyvestyresmaktene, med heimel i yrkestransportforskrifta, vil kunne påleggje løyvehavarane plikter som kan sikre at driveplikta vert overhaldt.

Ovannemnde kan etter departementet si vurdering tale for at det ikkje vil oppstå store problem for løyvestyresmaktene knytt til kontroll med oppfylling av driveplikta.

Når det gjeld løyvestyresmaktene sitt høve til å sikre nødvendig informasjon frå drosjesentralane, peiker departementet på at løyvestyresmaktene etter gjeldande rett mellom anna har heimel til å påleggje sentralane ei rapporteringsplikt om kor mykje kvart løyve har køyrt i løpet av eit inntektsår, og om løyvehavar eller drosjesjåfør tilslutta sentralen har brote yrkestransportregelverket. Drosjesentralane fungerer på denne måten som eit bindeledd mellom løyvestyresmaktene og løyvehavarane. Løyvestyresmaktene kan gjennom informasjonen frå drosjesentralane halde seg orientert om drosjebehovet i løyvedistriktet, i tillegg til å verte merksam på brot på regelverket. Departementet meiner det er viktig å sikre at løyvestyresmaktene i framtida har høve til å få nødvendig informasjon sjølv om rapporteringsplikta til drosjesentralane forsvinn. Departementet vil difor vurdere kva

endringar det er naudsynt å gjere i yrkestransportforskrifta for at løyvestyresmaktene skal få tilstrekkeleg informasjon for å utøve si myndigheit.

Departementet gjer etter dette framlegg om at yrkestransportlova § 9 tredje ledd vert endra slik at løyvestyresmaktene ikkje lenger vil ha høve til å til å fastsetje reglar for drosjesentralane.

Departementet gjer merksam på at endringa av yrkestransportlova § 9 tredje ledd, slik departementet her har gjort framlegg om, inneber at dei krav som er oppstilt for drosjesentralar i lokale forskrifter òg vil måtte verte oppheva. Departementet vil i eit eiget høyringsnotat gjere framlegg om å oppheve dei krav som gjeld for drosjesentralar i yrkestransportforskrifta. Departementet legg til grunn at fylkeskommunane vil følgje opp med nødvendige endringar i lokalt regelverk.

5. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

5.1 Samkøyring

Dei økonomiske og administrative konsekvensane ved framlegget vil vere avhengig av kor mange som i framtida vil nytte seg av samkøyring.

Ei auking i bruk av samkøyring vil kunne bidra til betre utnytta setekapasitet i privatbilar og dermed reduksjon i talet på bilar på vegane. Dette vil kunne bidra til samfunnsgevinstar i form av reduserte køar på vegen og reduserte utslepp frå vegtrafikken. Slike samfunnsgevinstar vil kunne bidra til mindre vegslitasje og på sikt mindre behov for nyinvesteringar og vedlikehald av vegnettet. Det er likevel ikkje mogeleg å seie noko sikkert om korleis utviklinga av bruken av samkøyring vil verte, då det er fleire faktorar som her kan spele inn.

Framlegget er ikkje venta å ha administrative konsekvensar. Departementet legg til grunn at auka samkøyring ikkje vil føre til behov for ytterlegare kontroll frå politiet. Ved at framlegget inneheld ei klar grense for kva ein kan ta i vederlag for samkøyring vert det òg lettare å føre kontroll med dei som tilbyr samkøyring via dei ulike samkøyringsplattformane. Dersom transaksjonen av vederlaget òg skjer via samkøyringsplattformane vil dei elektroniske spora kunne føre til ein enklare kontroll med at transporten skjer innanfor yrkestransportlova sine grenser.

Framlegget kan få konsekvensar for private og offentlege aktørar som i dag tilbyr persontransport mot vederlag då det kan tenkjast at auka samkøyring vil ha ei konkurranseflate mot drosje og annan kollektivtransport. Personar som elles hadde valt å nytte drosje eller kollektivtransport kan tenkjast å heller ville velje å samkøyre. Slik departementet ser det vil likevel ikkje konkurranseflata vere særleg stor. Ei klar avgrensing ut frå transportbehovet til sjåføren og passasjerane vil bidra til å kunne avgrense konkurransen mot dei rutegåande transportmidla og drosjetransporten.

5.2 Aldersgrense for drosjeløyve

Framlegget om å heve aldersgrensa for å ha løyve til 75 år er ikkje venta å innebere vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet gjer likevel merksam på at ei heving av aldersgrensa vil kunne medføre ei auke i talet på bestyrarordningar for drosjeløyver etter yrkestransportforskrifta § 51 andre ledd. Slike ordningar inneber administrasjonskostnader for det offentlege både når det gjeld godkjenning av og tilsyn med ordninga. Det vil vere vanskeleg å seie i kva grad ei heving av aldersgrensa vil føre til auka ressursbruk for løyvestyresmaktene knytt til bestyrarordningar, ettersom talet på bestyrarordningar vil avhenge av personlege forhold hos den einskilde løyvehavar. Samstundes vil heving av aldersgrensa kunne føre til at det blir færre søknader om unnatak frå aldersgrensa. Dette har størst verknad i distriktsområda der ein kan gjere unnatak frå aldersgrensa for eksisterande løyvehavar for å oppretthalde drosjetenesta i området dersom det ikkje kjem inn søknader til eit ledig løyve.

5.3 Oppheving av løyvehavar si tilslutningsplikt og tilslutningsrett til drosjesentral

For løyvestyresmaktene inneber framlegget at oppgåver knytt til godkjenning og oppfølging av drosjesentralar vil forsvinne. Departementet gjer likevel merksam på at når krava til drosjesentralane vert fjerna, vil det samstundes kunne verte behov for å påleggje den einskilde løyvehavaren fleire plikter og eventuelt føre strengare kontroll med gjeldande plikter. Løyvestyresmaktene vil i større grad enn i dag måtte følgje opp den einskilde løyvehavar. Samla sett meiner departementet at dette ikkje vil føre til vesentleg administrativt meirarbeid. Departementet legg til grunn at dei økonomiske og administrative konsekvensane ikkje vil vere større enn at dei kan handterast innanfor gjeldande budsjettrammer. Departementet ber høyringsinstansane særskilt om å kome med merknader knytt til kva konsekvensar framlegget vil kunne ha for det offentlege.

For drosjenæringa vil ikkje framlegget medføre auka kostnader. Departementet meiner på den andre sida at framlegget vil kunne medverke til innsparingar for næringa. Fridom til sjølv å organisere og drive ein formidlingsteneste vil kunne opne opp for at nye aktørar med nye teknologiske løysingar for formidling av drosjetenester kan etablere seg, og at eksisterande formidlingstenester tek grep for å auke konkurranseevna. Fridom for løyvehavarane til sjølv å velje marknadskanal vil gje ein større grad av fleksibilitet for den einskilde løyvehavar og gje høve til å velje ein formidlingsteneste som gjev best avkastning i form av stort kundetilfang og låge finansieringskostnader. Dei nemnte forholda vil kunne bidra til meir verksam konkurranse innanfor levering av drosjetenester og vil vidare kunne gje lågare prisar for kundane.

Etter departementet si vurdering vil framlegget til lovendring samla sett ikkje ha nemneverdige økonomiske og administrative konsekvensar.

6. LOVFRAMLEGG

Lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) vert endra slik:

§ 9 andre ledd og tredje ledd skal lyde:

(2) Løyve for drosjekøyring gjeven til fysisk person fell bort når innehavaren fyller 75 år.

(3) Løyvestyresmakta kan gje *reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet. Slike føresegner kan gjerast gjeldande for løyvehavar og førar av drosje.*

§ 20 skal lyde:

§20. *Samkøyring og ambulansetransport*
(1) Det trengst ikkje løyve når den som rår over ein personbil tek med seg folk *som har eit samanfallande transportbehov som han sjølv og vederlaget for transporten ikkje overstig kostnadene ved transporten fordelt mellom talet på personar i bilen.*
(2) Likeins krevst det ikkje løyve for transport av sjuke eller skadde personar med godkjend ambulanse.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2018/1263
		Arkiv:	C20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/18	Komite for næring, kultur og idrett	19.11.2018
163/18	Kommunestyret	06.12.2018

AVGRENSA REVIDERING AV "PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM" I KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2019-2022

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 19.11.2018

Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022 slik det ligg føre i framlegget.

Tilråding:

Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022 slik det ligg føre i framlegget.

Særutskrift:
Bergsøy IL fotball
Moltustranda IL
Tanja Raftseth

Vedlegg:
201810 Forslag til revidert prioritert handlingsprogram 2019-2022

Samandrag av saka:
Framlegg til revidert handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.
Av nye tiltak er det berre dei det skal søkjast om spelemidlar til i 2019 omfatta av revideringa, hhv. Fotballhall på Bergsøy stadion, Frifot-anlegg på Moltustranda stadion, Gapahuk i Fosnavågparken, Turveg i Fosnavågparken, Belysning til turveg i Fosnavågparken og Akebakke i Fosnavågparken.

Saksopplysningar:
Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har si hovudrullering kvart 4. år, i tillegg til årleg rullering av handlingsprogrammet for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Vedteken kommunedelplan og årleg rullering av handlingsprogrammet er ein føresetnad for at idrettsanlegg kan søkje om spelemidlar. Sist godkjende plan er «Kommundelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014».
Søknad om spelemidlar skal vere kommunen i hende seinast 1. oktober kvart år, og fylgjande nye tiltak har fått/er under handsaming av idrettsfunksjonell førehands-godkjenning og skal søkje om spelemidlar i 2019 (merka med gult i vedlegget):
ORDINÆRE ANLEGG:

- **Fotballhall**, (deler av) Bergsøy stadion. Føreslått med 3dje prioritet etter tiltak som er ferdigstilt, men ikkje tildelte spelemidlar enno.
- **Frifot,** kombinasjon av friidrettsanlegg og kunstgrasbane Munkvoll stadion (Moltustranda). Føreslått med 4de prioritet.
- **Gapahuk,** Fosnavågparken. Føreslått med 5te prioritet.

NÆRMILJØANLEGG:

- **Turveg**, Fosnavågparken. Føreslått med 1ste prioritet.
- **Belysning turveg,** Fosnavågparken. Føreslått med 2dre prioritet.
- **Akebakke,** Fosnavågparken. Føreslått med 3dje prioritet.

Høgst prioritet har tiltak under planlegging og/eller med allereie politisk godkjenning.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen foreslår i medhald av §11-4 i plan og bygningslova at handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 vert vedteke slik det ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:
Tiltaka i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er viktige tiltak for ei positiv folkehelse, samt som sosiale møteplassar got trivsel og oppleving.
Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende.
Konsekvensar for drift:
Ingen kjende.

Fosnavåg, 12.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Framlegg til revidert

7. Prioritert handlingsprogram 2019-2022 Revidert handlingsprogram

7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv

			Totalsum		Finansiering			Anleggsstart					*Status (til orientering)*
	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	**Ansvarleg**	**Kostnad i 1000 kr**	**Driftsutgifter pr. år**	**Kommunalt tilskot**	**Spele-midlar**	**Andre midlar (mva)**	**X**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**	
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Sunnmørsbadet AS	288 000		40 000	17 100	57 646						*Tiltak ferdigstilt. Tilskot delvis gitt, men ikkje ferdig utbetalt. Gjenta søknad 2019.*
2	Innreiing av klubblokale (kjellar), Gurskøy stadion	Gurskøy IL	950		40	316	237	2017					*Tiltak ferdigstilt. Tilskot ikkje gitt. Fornye søknad 2019.*
3	Fotballhall 100 x 60m på deler av Bergsøy stadion	Bergsøy IL fotball	17 100		0	4 725	3 437	2017					*Tiltak ferdig. Ny søknad 2019.*
4	Frifot (Friidrett + fotball), Munkvoll stadion	Moltustranda IL	6 120						X				*Under planlegging. Ny søknad 2019.*
5	Gapahuk i Fosnavågparken	Herøy kommune							X				*Under planlegging. Ny søknad 2019.*
6	Idrettshall ved Einedalen skule, Leinøy	Herøy kommune	33 000		16 000	10 000	7 000		X				*Under planlegging. Ny søknad planlagt til 2020.*
7	Rehabilitering av kunstgrasbane, Bergsøy stadion	Herøy kommune	**										*Under planlegging. Usikkert når skal gjennomførast.*
8	Tursti rundt Myklebustvatnet	Herøy kommune	**									X	*Planlagt til 2022.*
9	Klubbhus/ reiskapshus, Tjørvåg stadion	Tjørvåg IL	**										*Usikkert om skal gjennomførast. Vert avklart i 2019.*
10	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	**										*Usikkert om skal gjennomførast. Vert avklart i 2019.*

X = Oppstart/byggestart * = Dette er førebels tal og kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging ** = Særleg sikre tal er ikkje avklara	**Ny søknad** – søknad som ikkje har vore fremja tidligare **Fornya søknad** – søknad som har vore fremja tidligare utan at det er gitt tilskot **Gjenta søknad** – søknad der det er gitt deltilskot ved foregåande års behandling og der fylkeskommunen har gitt tilbakemelding om at det er adgang til å fremje gjentatt søknad

Framlegg til revidert

7.2. Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

			Totalsum		Finansiering			Anleggsstart					*Status (til orientering)*
	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	**Ansvarleg**	**Kostnad i 1000 kr**	**Driftsutgifter pr. år**	**Kommunalt tilskot**	**Spele-midlar**	**Andre midlar (mva)**	**X**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**	
1	Turveg i Fosnavågparken	Herøy kommune							X				*Under planlegging. Ny søknad 2019.*
2	Belysning turveg i Fosnavågparken	Herøy kommune							X				*Under planlegging. Ny søknad 2019.*
3	Akebakke i Fosnavågparken	Herøy kommune							X				*Under planlegging. Ny søknad 2019.*
4	Nytt opplag/ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre	Samarbeid kommunane Sande og Herøy	*400										*Dialog etablert med Sande med mål om felles spelemiddelsøknad.*
5	Ballbinge Remøy - rehabilitering	Remøy og Sævik grendalag											*Usikkert om skal gjennomførast*
6	Lys frå dagens løype til Kleppeåsen	Gurskøy IL	*450										*Usikkert om skal gjennomførast. Vert avklart i 2019.*
7	Utbetring av trasé rundt Lisjeåsen	Gurskøy IL	*200										*Usikkert om skal gjennomførast. Vert avklart i 2019.*
8	Tilknytingstrase til Feirelia	Gurskøy IL	*300										*Usikkert om skal gjennomførast. Vert avklart i 2019.*
9	Heid Folkehelseanlegg Heidbana - ballbinge	Berge og Flusund grendalag	*300										*Usikkert om skal gjennomførast.*
10	Heid Folkehelseanlegg – Miniballbinge/løpebane	Berge og Flusund grendalag	*140										*Usikkert om skal gjennomførast.*
11	Ballbinge – Bø skule	Bø og Sande grendalag											*Usikkert om skal gjennomførast.?*
12	Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal	Kommunen/ grendelag											*Usikkert om skal gjennomførast*

X = Oppstart/byggestart * = Dette er førebels tal og kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging ** = Særleg sikre tal er ikkje avklara	**Ny søknad** – søknad som ikkje har vore fremja tidligare **Fornya søknad** – søknad som har vore fremja tidligare utan at det er gitt tilskot **Gjenta søknad** – søknad der det er gitt deltilskot ved foregåande års behandling og der fylkeskommunen har gitt tilbakemelding om at det er adgang til å fremje gjentatt søknad

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/811
		Arkiv:	217

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/18	Kommunestyret	06.12.2018

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT BARNEVERN. TILSYN OG OPPFØLGJING.

Tilråding frå kontrollutvalet:

1. Kommunestyret tek til vitende Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barnevern – Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
    1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barneverntenesta får gjennomført tilfredsstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
    2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgjingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere tilstades.
    3. Kommunen må sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredsstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
    4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht. rapportskriving.
    5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**

Særutskrift: Kontrollutvalet
Leiar barn, familie og helse

Vedlegg:

1. Kontrollutvalssak 37/18. Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern – tilsyn og oppfølgjing.
2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern – tilsyn og oppfølgjing – Rapporten.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg 1.

Fosnavåg, 27.11.2018
Kontrollutvalet
Jostein Støylen

Harald Herøy Sande Ulstein Vanylven Volda Ørsta

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Tilsyn og oppfølging - barnevern



HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; ***Tilsyn og oppfølging- barnevern.***

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar

med standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Rapporten er utarbeida av Alf Marius Grønnevik, med innspel frå kollega i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke barnevernstenesta i Herøy kommune for godt samarbeid og tilrettelegging i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik 25.09.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG 4
Anbefalingar 5
1 INNLEIING 6
1.2 Målsetting og problemstilling 6
1.3 Revisjonskriterium 6
1.3.1 Innleiing 6
1.3.2 Kjelder til kriterium 6
2 METODE og GJENNOMFØRING 7
2.1 Gjennomføring: 7
2.2 Utval: 7
2.3 Verifisering av data 8
3 REVISJONSKRITERIUM 8
4 PROBLEMSTILLING 1: 10
4.1 Fakta 10
4.2 Vurdering 12
5 PROBLEMSTILLING 2: 13
5.1 Fakta 13
5.1.1 Tilsyn av born i Herøy kommune 14
5.1.2 Tilsyn av born frå Herøy plassert i andre kommunar 15
5.2 Vurdering 16
6 PROBLEMSTILING 3: 17
6.1 Fakta 17
6.1.1 Skriftlege rutinar 17
6.1.2 Gjennomgang av uavhengigheitserklæring 18
6.1.3 Gjennomgang av politiattestar 18
6.2 Vurdering 18
7 ANBEFALING 18
8 Rådmannen sin kommentar 19

SAMANDRAG

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere uavhengigheitserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidlegare forvaltningsrevisjon (2016) jfr K-sak 196/16

Det vart utarbeida følgjande problemstillingar:

1. **Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?**
2. **Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?**
3. **Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengingheitserklæringa av tilsynsførarar?**

Problemstilling 1:

Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born ein hadde overteke omsorga for. To av dei var plasserte på institusjon, tre var plasserte i Herøy kommune og resten i andre kommunar. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for institusjonar.

Gjennomgangen viste at barnevernet hadde gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk til fem av dei 11 borna, men til seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk. To av borna hadde flytta til fosterheimen våren 2017 og fått tre besøk i løpet av året. Eit barn hadde fylt 18 og flytta ut, og hadde fått to oppfølgingsbesøk. Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfyite krava til åtte av dei 11born a.

I eit par av sakene der to fosterbarn budde i same fosterheim registrerte ein at fosterheimsbesøka var gjennomført samtidig og i enkelte tilfelle var ikkje begge borna tilstades. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstades.

Kvaliteten på rapportane for oppfølgingsbesøk var i stor grad god, og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

Problemstilling 2:

Herøy kommune hadde pr 2017 tilsynsansvar for 15 born. Det var gjennomført tilfredstillande antal tilsyn til 9 av 15 born, i 6 av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn. Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta i løpet av året og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Pr juni 2018 var det gjennomført eit til to tilsyn til alle borna. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om ein vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten på rapportane og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Enkelte rapportar gav lite informasjon/beskriving av situasjonen til barnet.Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

Problemstilling 3:

Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengigheitserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon, hadde signert uavhengigheitserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengigheitserklæring og politiattest, men burde innhenta tilsvarande også for tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

Anbefalingar

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.
- Kommunen bør sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 21/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt retta mot oppfølgings- og tilsynsførarordninga i barnevernstenesta.

Med bakgrunn i eit tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2016 jfr. anbefaling pkt 1, 3 og 4, (kommunestyrevedtak 195/16) ønska kontrollutvalet å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna dei har under omsorg, men og om born i fosterheim hadde fått oppnemnd tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt ei vurdering av kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht. å dokumentere uavhengigheitserklæring og politiattest til tilsynsførarar.

1.2 Målsetting og problemstilling

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht. å dokumentere uavhengigheitserklæring til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidlegare forvaltningsrevisjon (2016) jfr K-sak 196/16

Det er utarbeida følgjande problemstillingar:

1. **Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?**
2. **Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?**
3. **Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengingheitserklæringa av tilsynsførarar?**

1.3 Revisjonskriterium

1.3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

1.3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriterium i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova) av 17.07.1992
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10.02.1967

- Forskrift om fosterheim av 18.01.2003
- Retningslinjer om saksbehandling i barneverntjenesten revidert 2017.
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, Barne- og likestillingsdepartementet 2006.
- «Tilsyn med barn i fosterhjem» utarbeida av Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015

Ei utdjuping av revisjonkriterium går fram under kapittel 3.

2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane.

2.1 Gjennomføring:

Det vart gjennomført samtale/møte med seksjonsleiar for barnevern og sakshandsamar som har hovudansvaret mht. tilsyn og oppfølging. Ein fekk då overlevert rutinehandbok og oversikt over alle barn kommunen hadde omsorg- og tilsynsansvar for. Administrasjonen ordna med tilgang til det elektroniske barnevernssystemet og dei fysiske mappene.

Barnevernstenesta i Herøy kommune nyttar sakshandsamingssystemet Familia. Ein nytta i hovudsak det elektroniske verktøyet ved gjennomgang av oppfølgingsrapportar og tilsynsrapportar, men og gjennomgang/stikkprøvekontroll av fysiske mapper.

2.2 Utval:

Det vart kontrollert alle born som Herøy hadde omsorga for i perioden 01.01.2017 og fram til 01.07.2018. Dette utgjorde totalt 13 born der 2 av desse var plasserte i institusjon der Fylkesmannen har ansvar for oppfølging og tilsyn. For dei resterande 11 kontrollerte ein om Herøy hadde gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk.

Ein kontrollerte også om kommunen hadde følgt opp borna mht. tildeling av tilsynsførar i bustadkommunen og at borna hadde fått eit tilfredstillande antal tilsyn av tilsynsførar også her. Dette gjeld både borna Herøy kommune har overteke omsorga for, og borna som er plasserte i fosterheim i Herøy frå andre kommunar. I slike tilfelle har Herøy kommune ansvar for å få på plass tilsynsførar og sørgje for at det vert gjennomført tilfredstillande antal tilsyn. Det var totalt 15 born som budde i fosterheim i Herøy og som kommunen har tilsynsansvaret for. Tre av desse hadde kommunen også omsorga for og som var blitt plasserte i eiga kommune. For dei tre hadde kommunen både oppfølgingsansvar frå barnevernet og tilsynsansvar.

2.3 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 25.09.18 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

3 REVISJONSKRITERIUM

Barnevernet sitt tilsyn med fosterheimen

Det går fram av fosterheimsforskrifta §7 første ledd at *"barneverntenesten i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med hvert enkelt barns situasjon i fosterhjemmet"*. Oppfølging skal skje minimum fire gongar pr år. Om barnevernet har vurdert forholda i fosterheimen som gode kan ein vedta at antall besøk skal reduserast til minimum to gongar i året for born som har vore plassert i fosterheim i meir enn to år.

Tilsyn med barn plassert i institusjon

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar går det fram av § 3 at «*fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med denne forskriften*». Vidare går det fram under § 7 «tilsynsmyndighetenes oppgaver» at tilsynsmyndigheta skal sjå etter at institusjonen vert dreve i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og retningslinjer.

Tilsynsmyndigheita skal også sjå etter at det ligg føre målesttingar og plan for kvart enkelt barn i tillegg til at dei skal sjå etter at bruk av tvang ikkje skjer i strid med gjeldande reglar. Tilsynsmyndigheita skal i alle tilfelle føre tilsyn ved besøk i institusjonen minst to gongar kvart år. Institusjonar som tek i mot born som er plassert etter barnevernslova §§ 4-24 og 4-26 skal besøkast minst fire gongar kvart år. Der minst to besøk skal skje uanmeldt.

Tilsynsmyndigheita skal ta kontakt med kvart enkelt barn. Når barnet sin alder og modning tilseier det skal tilsynsmyndigheita spørje det enkelte barn om barnet deira syn på opphaldet. Etter kvart besøk skal tilsynsmyndigheita utarbeide skriftlig rapport som sendast institusjonen og statlig regional barnevernsmyndigheit.

Tilsynsførar

Det skal gjennomførast tilsyn frå tidspunktet omsorgsovertakinga skjer til barnet har fylt 18 år. Det skal førast kontroll over den omsorga barnet får i fosterheimen, og at føresetnadane for plasseringa blir følgt opp. Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og det er krav om at alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar. Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr år. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering. Ved val av tilsynsførar bør barn over 7 år få anledning til å uttale seg før tilsynsførar vert valgt.

Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Denne skal sendast til barnevernstenesta i den kommunen som har tilsynsansvaret.

I følgje fosterheimsføreskrifta § 8, 4 ledd skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til barnevernstenesta og fosterforeldra.

Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

Uavhengigheitserklæring

Det går fra, av rettleiaren «Tilsyn med barn i fosterhjem» utarbeida av Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015)

«Den personen som skal føre tilsyn må ha en tilstrekkelig uavhengighetsfunksjon overfor barnevernstjenesten, fosterforeldra og barnests foreldre. Dersom barnet bor i fosterhjem i omsorgskommunen, og tilsynsbesøkene skal gjennomføres av noe med tilknytning til barnevernstjenesten, må uavhengighet ivaretas ved at tilsyn ikke utføres av en person som har hatt direkte befatning med barnevernssaken».

Oppsummert

- Barnevernet i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barns sin situasjon i fosterheimen.
- Barnevernet skal som hovudregel besøke fosterheimen minimum 4 gongar pr år.
- Barn i fosterheim skal ha en tilsynsførar
- Det skal som hovudregel gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar.
- Tilsynsførar skal få tilgang til fosterheimen så ofte som nødvendig.
- Tilsynsførar skal ha tilstrekkelig uavhengigheitsfunksjon ovanfor barnevernstenesta.
- Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med barnevernsinstitusjonane

4 PROBLEMSTILLING 1:

Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?

4.1 Fakta

I dette kapittelet ser vi på tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim som Herøy kommune har overteke omsorga for. Dette gjeld i hovudsak om Herøy kommune har gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk. Tilsynsførar og tilsynsførarordninga blir omtala i kapittel 5.

Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born som var overteke omsorga for. Tre var plasserte i Herøy kommune, åtte av dei var plassert i andre kommunar, medan to av dei var plasserte på institusjon. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for barn i institusjon.

Oppfølgingsbesøk:

Nedanfor går det fram ei oversikt som syner born og når det har vore gjennomført oppfølgingsbesøk av barnevernet. Oversikta er basert på kontroll av sakshandsamingssystemet og fysiske mapper.

	Oppfølgingsbesøk utført av barnevernet		Vedtak om reduksjon til to oppfølgingsbesøk	Kommentar
barn	2017	2018		
1	2	1	12.06.2017 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
2	3	2	01.06.2016 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
3	1	0	01.06.2016 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
4	5	3		Budd i fosterheim heile perioden
5	5	3		Budd i fosterheim heile perioden
6	5	2		Budd i fosterheim heile perioden
7	3	2		Flytta i fosterheim i starten av April 2017.
8	3	2		Flytta i fosterheim i starten av April 2017.
9	2	-		Flytta i eigen bustad 23.06.17 (Myndig)
10	4	2	26.10.16 (05.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
11	4	2	07.09.17 (05.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden

Gjennomgangen viste at av dei 11 borna hadde barnevernet gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk i fem av dei, men for seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk.

I fem av dei 11 sakene fant ein vedtak om redusering av antal oppfølgingsbesøk (frå fire til to). Av vedtaket gjekk det fram når vedtaket tredde i kraft, men alle vedtaka hadde dokumentdato 08.01.18 eller 05.01.18. Ein spurte sakshandsamar kva dette skuldast og ein fekk tilbakemelding om dette kan tyde på at vedtaket ikkje er fatta før i starten av januar 2018, men då med tilbakeverkande kraft .

For to av borna registerte ein totalt tre oppfølgingsbesøk (barn sju og åtte i tabellen). Dei to borna flytta i fosterheim i starten av april 2017. Ved eit tilfelle (barn ni) flytta barnet ut av fosterheimen i løpet av sommaren 2017 (18 år) og det var gjennomført totalt to besøk i løpet av våren 2017.

Kvalitet på rapportane:

I samband med gjennomgangen gjekk ein igjennom dei fleste rapportane. Ein registrerte at alle oppfølgingsbesøka var gjennomført av same sakshandsamar i barnevernet, for utanom i ei sak, der dei fleste oppfølgingsbesøka var gjennomført av sakshandsamar som hadde følgt barnet i ei lenger periode. Kvaliteten på rapportane var i stor grad god og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

I to tilfelle såg ein to fosterbarn bu i same fosterheim, og såg at oppfølgingsbesøka for dei to borna var gjennomført samtidig både i 2017 og 2018. Gjennomgang av rapportane viste at dei i hovudsak omhandla kvar enkelt barn, men ein registrerte også at eit av borna ikkje deltok på tre av oppfølgingsbesøka som hadde vore gjennomført i kontrollperioden, då barnet ikkje var heime (var på skule og liknande).

Øvrig oppfølging:

Det er viktig og påpeike at i tillegg til dei lovfesta oppfølgingsbesøka kan barnevernet ha ein del dialog med fosterheimen. Stikkprøve av klientmappene og sakshandsamingssystemet, viste ein del journalnotat i fleire saker som viste dialog med fosterheimen, og med biologiske foreldre. Ved alle dei kontrollerte låg det føre ein plan over tilsyn og oppfølgingsbesøk av barn under omsorg og oppfølging av biologiske foreldre. Det går fram av rutinehandboka til barnevernstenesta at omsorgsteamet har ansvar for at denne planen blir oppdatert og etterlevd. I samtale med tenesta fekk ein tilbakemelding om at ein utarbeida planar til alle fosterborn i 2018 og at planen vert nytta for å avtale planlagde møter og tiltak, men også for å dokumentere gjennomførte møter og dialog.

4.2 Vurdering

Oppfølgingsbesøk:

Eit barn kan flytte inn og ut av fosterheim i løpet av året, og dette må takast omsyn til ved vurdering av minimumskravet til oppfølgingsbesøk, forutsett den perioden kommunen ikkje har omsorgsansvaret. I 2017 hadde Herøy kommune tre slike tilfelle. I to av sakene var det gjennomført tre tilsyn etter at barna flytta inn i fosterheimen i april. I den tredje saka flytta fosterbaren på hybel i løpet av sommaren og kommunen hadde gjennomført to tilsyn i løpet første halvår. Sidan kommunen har fått gjennomført hhv to og tre oppfølgingsbesøk i løpet av tidsromma på hhv seks og ni månadar, vurderer ein det som at kommunen har oppfylt minimumskravet.

I høve rettleiar kan barnevernstenesta vedta og redusere antal oppfølgingsbesøk til minimum to gongar i året for barn som har vore plassert i fosterheim i meir enn to år. I tre av sakene såg ein at det var gjennomført tre eller færre tilsynsbesøk, der det låg føre vedtak om redusering av oppfølgingsbesøk. Sjølv om det har vore fatta vedtak om redusert antal tilsynsbesøk meiner ein at å fatte dette eit år eller to i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk med tilbakeverkande kraft, ikkje er tilfredstillande og for desse tre borna burde kommunen ha gjennomført fire tilsyn i løpet av 2017. Då vedtaka ikkje var fatta før i 2018.

Dei resterande fem borna hadde fått oppfylt minimumskrava i høve rettleiar med hhv fire eller fem oppfølgingsbesøk.

Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfylte krava i høve åtte av dei 11borna.

Kvaliteten på rapportane:

Generelt var kvaliteten på rapportane god og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen og utviklinga til barnet.

Gjennomgang av rapportane viste at dei i hovudsak omhandla kvar enkelt barn, men ein registrerte også tilfelle der borna ikkje var heime (på skule og liknande). I dei tilfella har barnevernet berre hatt kontakt med fosterheim/fosterforeldre. I forskrifta § 7 heiter det at *«Barnevernstenesta i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.....».*
I to av sakene såg ein at det var gjennomført oppfølgingsbesøk der barnet ikkje var tilstade. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstade.

Øvrig oppfølging:

I alle sakene var det utarbeida plan over tilsyn og oppfølgingsbesøk av fosterborn og oppfølging av biologiske foreldre. Ein vurderer dette som eit positivt verktøy mht. og planlegge og dokumentere dialog og oppfølging av både fosterheim og biologiske foreldre. Planen blei teken i bruk i 2018 og det er ikkje mogleg å kontrollere effekten av verktøyet pr. d.d. For at verktøyet skal ha ein nytteverdi er det viktig at omsorgsteamet som har ansvaret for dei nyttar dei aktivt og oppdaterer dei kontinuerleg.

5 PROBLEMSTILLING 2:

Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn?

5.1 Fakta

Det skal førast tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet fram til barnet fyller 18 år. Barnevernstenesta i fosterheimskommunen skal opprette tilsynsførar til kvart enkelt barn ved godkjenning av fosterheim. Tilsyn er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Det at kontrollen skal utførast av ein uavhengig tredjeperson skal bidra til å sikre barnet sin rettstryggleik og tryggleik. Det skal derfor leggast vekt på å finne ein person som barnet har, eller kan få , nødvendig tiiiit tii, og som har føresetnadar for å kunne utføre tiisynsoppgåva. Tiisynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året, og det skal utarbeidast rapport etter kvart tilsyn. Rapportane skal sendast til barnevernstenesta.

Det er kommunen der fosterheimen er plassert som har ansvar for å få på plass tilsynsførar. Dette betyr at for born som kjem frå andre kommunar og blir plassert i fosterheim i Herøy, er det Herøy kommune sitt ansvar mht. oppfølging av tilsynsførarordninga. For born Herøy kommune har plassert i andre kommunar er det fosterkommunen som har dette tilsynsansvaret for borna frå Herøy.

Nedanfor har ein utarbeida to oversikter som syner dei borna som er plasserte i Herøy og som dei har tilsynsansvar for, i tillegg til ei oversikt som syner dei borna Herøy har overteke omsorga for og som er plasserte i andre kommunar.

5.1.1 Tilsyn av born i Herøy kommune

Tilsynsbesøk:

Barn	Tilsyn		Kommentar
	2017	2018	
1	2	2	Tilsynsførar sa opp våren 2017 og ein fekk på plass ny tilsynsførar januar 2018.
2	4	2	
3	4	2	
4	2	2	Tilsynsførar sa opp våren (mai) 2017 og ein fekk på plass ny tilsynsførar februar 2018.
5	4	1	
6	4	1	
7	4	2	
8	2	2	Tilbakelding frå barnevernet om at ein har purra tilsynsførar i 2017. Registrerar i sakshandsamingssystemet at tilsynsførar var purra i januar 2017.
9	3	1	Tilbakemelding frå barnevernet at ein har purra tilsynsførar.
10	4	2	
11	1	1	Redusert til 2 tilsyn (vedtak 14.08.17) . Ut i frå journalnotat har bv purra tilsynsførar fleire gonger. Les ut av tilsynsrapporten 2017 at barnet absolutt ikkje ønskjer tilsyn og at tilsynsførar har vanskeleg for å kome i posisjon.
12	4	1	
13	3	2	Tok tid å få på plass ny tilsynsførar. Registrear at oppnemning tilsynsførar skjedde 12.09.17 og fosterheimen var godkjend av fosterheimskommunen 17.03.17.
14	2	1	Flytta frå Herøy kommune 01.08.17 (gjennomført 2 tilsyn i løpet av 2017)
15	2	1	Flytta i eigen bustad 23.06.17 (gjennomført 2 tilsyn i 2017)

Tilsyn 2017:

Det går fram av oversikta at Herøy kommune hadde totalt 15 born dei hadde tilsynsansvar for i 2017. Seks av dei 15 borna hadde ikkje fått gjennomført tilfredstillande tal tilsyn. Dvs at ni av 15 hadde fått minimumskravet med tilsyn. Ved to høve flytta barnet til anna kommune eller i eigen bustad (18 år), (barn 14 og 15), og det var då gjennomført to tilsyn i desse sakene.
Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Tilsyn 2018:

Pr. juni 2018 hadde det blitt gjennomført mellom eitt og to tilsyn hjå alle borna. Etter at kartlegginga var gjennomført 06.07.18 kom det tilbakemelding frå barnevernet at det var motteke fire nye tilsynsrapportar på fire forskjellege barn den 10.07.18. Det er ikkje mogeleg

og konkludere på om ein vil greie å gjennomføre eit tilfredstillande antal tilsyn i 2018, men barnevernet har gitt tilbakemelding på at ein har som mål å greie dette.

Kvalitet på rapportane:

Tilsynsførar skal levere rapport frå kvart tilsyn. Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Ein fekk tilbakemelding med barnevernstenesta at ein for nokon år sidan hadde ei samling med alle tilsynsførerane, men at dette ikkje har vore gjennomført i seinare tid.

5.1.2 Tilsyn av born frå Herøy plassert i andre kommunar

Born frå Herøy som er busett i andre kommunar der fosterheimskommunen har tilsynsansvar:

	Tilsyn		Fosterheimskommune med tilsynsansvar	Kommentar
Barn	2017	2018		
1	4	2	Ålesund	
2	4	2	Hareid	
3	4	1	Sande	
4	2	1	Haram/Ulstein	Flytta og tok tid før interkommunalt bv hadde ny tilsynsførar på plass.
5	2	1	Haram/Ulstein	Flytta og tok tid før interkommunalt bv hadde ny tilsynsførar på plass.
6	3	1	Haram	
7	0	2	Ørsta	Flytta i fosterheim 03.04.17 Var ikkje oppnemnd tilsynsførar før i starten av 2018.
8	0	2	Ørsta	Flytta i fosterheim 03.04.17 Var ikkje oppnemnd tilsynsførar før i starten av 2018.
9	2	-		Flytta i eigen bustad 23.06.17 (Myndig)
10	4	2	Herøy	Plassert i eiga kommune
11	4	2	Herøy	Plassert i eiga kommune
12	-	-	Fylkesmannen	Plassert på institusjon
13	-	-	Fylkesmannen	Plassert på institusjon

Det går fram av oversikta at fem av dei 11 borna ikkje hadde fått tilfredstillande tal tilsyn i 2017. Eit av barna (9) hadde fått gjennomført to tilsyn i første halvår og barnet flytta ut av fosterheim på sommaren, og to tilsyn er derfor tilstrekkeleg. Det er viktig og påpeike at det ikkje er Herøy kommune som er ansvarlig for tilsynsførar til desse borna, men kommunen har eit ansvar for å påsjå at ordninga kjem på plass og fungerer.

Oppfølging av barn i Institusjon:

To av sakene omhandlar born som har vore plassert på institusjon. Det låg ikkje føre tilsynsrapportar i desse sakene i sakshandsamingssystemet. Det går fram av føreskrifta «om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling» at tilsyn skal gjennomførast av Fylkesmannen eller eit tilsynsutval minimum fire gongar pr år og at det skal utarbeidast rapport frå kvart besøk. Denne rapporten skal sendast til statelig regional barnevernsteneste og institusjonen. Det er dermed ikkje lovfesta at den kommunale barnevernstenesta skal få tilsynsrapportane. Sidan prosjektet gjeld barnevernstenesta i Herøy kommune ligg det utanfor kontrollutvalet i Herøy sitt mynde å undersøke tilsyn gjort av Fylkesmannen. Det kan derimot stillast spørsmål ved kvifor ikkje den kommunale barnevernstenesta som har overteke omsorgsansvaret ikkje er ein naturleg mottakar av desse rapportane.

5.2 Vurdering

Tilsyn 2017:

Kommunen hadde 15 born i 2017 dei hadde tilsynsansvar for. Ni av 15 born hadde fått gjennomført tilfredstillande tal tilsyn. Ved seks av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn, men 2 av desse flytta ut i eigen bustad i løpet av året og blei det gjennomført 2 tilsynsbesøk første halvår som ein vurderer som dekkande.

Tilsyn 2018

Pr juni 2018 hadde borna fått gjennomført eit til to tilsyn. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om kommunen vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Oppfølging av barn i institusjon:

To av sakene omhandlar born som har vore plassert på institusjon. Det låg ikkje føre tilsynsrapportar i desse sakene, då kontroll og tilsyn ligg til Fylkesmannen, sjå fakta kap 5.1.

Kvalitet på rapportane:

Det går fram av rettleiar (*Tilsyn med barn i fosterhjem kap 4*) at fosterheimskommunen har ansvar for opplæring og rettleiing av tilsynsførarane. Ein såg variasjon i kvaliteten på tilsynsførarrapportane. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

6 PROBLEMSTILING 3:

Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengingheitserklæringa til sine tilsynsførarar?

6.1 Fakta

Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016 med tilhøyrande anbefalingar vart vedteke av kommunestyret i sak 195/16. Det gjekk fram av pkt 3 at det må etablerast rutinar som dokumentere uavhengigheit til tilsynsførar, dvs i forhold til både barnevernstenesta, fosterforeldre og biologiske foreldre.

6.1.1 Skriftlege rutinar

Kommunen har utarbeida rutinehandbok (15.06.2018). I rutinehandboka går det fram instruksar for Uavhengigheitserklæring og politiattest:

Uavhengighetserklæring

Sakshandsamar har ansvar for å få denne signert.

«Den personen som skal føre tilsyn må ha en tilstrekkelig uavhengighetsfunksjon overfor barnevernstjenesten, fosterforeldra og barnests foreldre. Dersom barnet bor i fosterhjem i omsorgskommunen, og tilsynsbesøkene skal gjennomføres av noe med tilknytning til barnevernstjenesten, må uavhengighet ivaretas ved at tilsyn ikke utføres av en person som har hatt direkte befatning med barnevernssaken».

(«Tilsyn med barn i fosterhjem», veileder Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015)

Kopi av denne finn du i den gule permen på merkantikontoret merka; politiattest/uavhengighetserklæring. Elles finn du den i felles fila (der rutinane ligger) o ,appa merket malar: Felleslagringsområde (P :) - HE Barnevern- Maler- Uavhengighetserklæring.

Politiattest

Alle som arbeider/har oppdrag for barneverntenesta skal levere politiattest.

Arbeidet/oppdraget skal ikkje setjast i verk før politiattest ligg føre.

Sakshandsamar har ansvar for at det vert innhenta politiattest. Skjema for søknad om politiattest står i den blå permen merka malar på merkantilkontoret, eller du finn den på nettet under https://www.politi.no/tjenester/politiattest/

Når politiattesten er mottatt så kryssar sakshandsamar av i familia for oppdragstakar.

Kopi av attesten skal sendast dokumentsenteret i kommuna...

Originalen oppbevarast i den gule permen på merkantilkontoret merka politiattest/uavhengigheitserklæring.

6.1.2 Gjennomgang av uavhengigheitserklæring

Det vart etterspurt uavhengigheitserklæring og politiattest for tilsynsførarar. Det låg føre uavhengigheitserklæring på to av tilsynsførarane i kommunen. Iflg administrasjonen var dette dei to nye tilsynsførarane ein hadde fått sidan det førre forvaltningsrevisjonsprosjektet der denne rutinen blei anbefalt og sett i verk.

6.1.3 Gjennomgang av politiattestar

Permen som vart utlevert inneheldt også politiattestar, men det låg ved berre politiattest på ein av dei nye tilsynsførerane. Det vart etterlyst politiattest på den andre og fekk tilbakemelding om at vedkomande hadde levert inn politiattest nokon månadar før i samband med tilsetting i Herøyskulen og at ein difor ikkje hadde politiattesten til vedkomande på barnevernskontoret. I følgje dokumentsenteret i kommunen har tilsynsførar tidlegare levert politiattest i samband med tilsetting i skulen.

6.2 Vurdering

Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengigheitserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon hadde avgitt og signert uavhengigheitserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengigheitserklæring og politiattest, men alle tilsynsførarar bør avlegge uavhengigsheitserklæring og politiattest.

7 ANBEFALING

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.
- Kommunen bør sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

8 Rådmannen sin kommentar

Fra: Evy Løfoll
Sendt: 8. oktober 2018 10:00
Til: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@herøy.kommune.no>
Emne: VS: Forvaltningsrevisjonsrapport - tilsyn og oppfølging barnevern Herøy

Hei…

Ser at du har høve til å kommentere forvaltningsrevisjonsrapporten.

Ønskjer å gi ein kort kommentar på revisor si vurdering av oppfølgingsbesøk side 12:

Barneverntenesta har redusert antal oppfølgingsbesøk til 2 ggr i året for 3 born.

Barneverntenesta har heilt fram til slutten av 2017 dokumentert reduksjon av oppfølgingsbesøka i barnet si sak.
Ein vart på slutten av 2017 merksam på at det skulle føreligge ei administrativ beslutning vedtak.
Ein fatte då så raskt som råd vedtak om reduksjon. Dette vart gjort i januar 2018.

I vurderinga står det at barneverntenesta fatta vedtak med tilbakeverkande kraft i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk.
Dette kan tolkast som om barneverntenesta bevisst prøver å endre på tala, noko som ikkje er tilfelle.
Barneverntenesta gjennomførte dei oppfølgingsbesøka som var beslutta i 2017.
Slik barneverntenesta ser det har kommunen oppfylt krava i høve 10 av dei 11 borna.

Helsing

Evy Løfoll
Leiar barnevern
Barnevern

U T S K R I F T

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	217	31.10.2018	21.11.2018	IBM

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitede Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barevern – Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
    1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
    2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere til stades.
    3. Kommunen må sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
    4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
    5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tilsyn og oppfølging - barnevern – Herøy kommune.*

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 14/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til tilsynsførarordninga i barnevernet.

Målsetting

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere

uavhengigheitserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidligare forvaltningsrevisjon (2016) jfr k- sak 196/16

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:
Problemstilling 1:
Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?
Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born ein hadde overteke omsorga for. To av dei var plasserte på institusjon, tre var plasserte i Herøy kommune og resten i andre kommunar. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for institusjonar.

Gjennomgangen viste at barnevernet hadde gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk til fem av dei 11 borna, men til seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk. To av borna hadde flytta til fosterheimen våren 2017 og fått tre besøk i løpet av året. Eit barn hadde fylt 18 og flytta ut, og hadde fått to oppfølgingsbesøk. Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfylte krava til åtte av dei 11 borna.

I eit par av sakene der to fosterbarn budde i same fosterheim registrerte ein at fosterheimsbesøka var gjennomført samtidig og i enkelte tilfelle var ikkje begge borna tilstades. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstades.

Kvaliteten på rapportane for oppfølgingsbesøk var i stor grad god, og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

Problemstilling 2:
Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?
Herøy kommune hadde pr 2017 tilsynsansvar for 15 born. Det var gjennomført tilfredstillande antal tilsyn til 9 av 15 born, i 6 av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn. Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta i løpet av året og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Pr juni 2018 var det gjennomført eit til to tilsyn til alle borna. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om ein vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten på rapportane og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Enkelte rapportar gav lite informasjon/beskriving av situasjonen til barnet. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

Problemstilling 3:
Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengigheitserklæringa av tilsynsførarar?

Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengigheitserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon, hadde signert uavhengigheitserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengigheitserklæring og politiattest, men burde innhenta tilsvarande også for tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
Anbefalingar ifrå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.
- Kommunen bør sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

Rådmannen v/leiar barnevern sin kommentar
Ønskjer å gi ein kort kommentar på revisor si vurdering av oppfølgingsbesøk side 12:
Barneverntenesta har redusert antal oppfølgingsbesøk til 2 ggr i året for 3 born.
Barneverntenesta har heilt fram til slutten av 2017 dokumentert reduksjon av oppfølgingsbesøka i barnets si sak. Ein vart på slutten av 2017 merksam på at det skulle foreligge administrativ beslutning/vedtak. Ein fatte då så rask som råd vedtak om reduksjon. Dette vart gjort i januar 2018.
I vurderinga står det at barneverntenesta fatta vedtak med tilbakeverkande kraft i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk. Dette kan tolkast som om barneverntenesta bevist prøver å endre på tala, noe som ikkje er tilfelle. Barneverntenesta gjennomførte dei oppfølgingsbesøka som var beslutta i 2017. Slik barneverntenesta ser det har kommunen oppfylt krava i høve 10 av dei 11 borna.

Viser også til side 19 i rapporten, der rådmannen har gitt kommentar til forvaltningsrevisjonen.

I møtet
Kontrollutvalet ber om ei oppstilling over antal oppfølgingsbesøk og tilsynsbesøk, samt tidspunkt for besøka for det enkelte barn i 2018.

Rett utskrift
Åram, 26. november 2018
VEST KONTROLL
Jostein Støylen
Dagleg leiar

Utskrift til: **Kommunestyret for endeleg behandling.**
Saka går direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret.

HERØY KOMMUNE

Stab - Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2018/1602
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/18	Valnemnd	06.12.2018
165/18	Kommunestyret	06.12.2018

FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - FRODE HAMMERSETH

Tilråding:

1. Frode Hammerseth får fritak frå politiske verv ut valperioden.

2. Som ny siste varamedlem i komite for helse og omsorg vert …….. vald.

Særutskrift:
Den valde
Gruppeleiar AP

Vedlegg:
Søknad om fritak frå Frode Hammerseth

Saksopplysningar:
Frode Hammerseth er tilsett i stillinga som avdelingsleiar for dokumentsenter og politisk sekretariat frå 01.03.18. På bakgrunn av dette ynskjer han fritak frå politiske verv.

Frode Hammerseth har slike verv:

Kommunestyret	Varamedlem t.o.m. 31.12.18.
Komite for helse og omsorg	Varamedlem

Valgloven

§ 3-3. *Valgbarhet ved fylkestingsvalg og kommunestyrevalg*
b) den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er

- **administrasjonssjef eller dennes stedfortreder,**
- **leder av forvaltningsgren; dette gjelder likevel ikkje leder av enkeltståande virksomheter,**
- **sekretær for kommunestyret eller fylkestinget,**
- **ansvarleg for regnskapsfunksjonen,**
- **den som foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen**

Fosnavåg, 07.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jan Vidar Dammen Hjelmeseth
Rådmann	Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Fra: Frode Hammerseth <froham90@gmail.com>
Sendt: 7. november 2018 08:55
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Emne: Fritak frå politiske verv

Hei!

Visar til komande arbeidsforhold som Avdelingsleiar for Dokumentsenter og politisk sekretariat. På bagrunn av dette ynskjer eg å søkje fritak frå mine politiske verv i kommunen. Eg er oppført som Varamedlem (AP) i komite for helse og omsorg og ber om fritak frå dette. På grunn av permisjon frå eit fast medlem står eg også oppført som siste vara i Arbeidarpartiet si kommunestyregruppe, men slik eg forstår det utgår dette ved utgongen av 2018, før tiltreding i stillinga. Ved eventuell forlenging av perioden som varamedlem i kommunstyret ber eg om fritak frå dette.

--
Med vennlig hilsen,
Frode Hammerseth

41 777 978
frode@hammerseth.com

Delegerte saker frå avdelingane

DS 264/18 Alfhild Sande 16/35 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 15.10.2018 00:00:00 Alfhild Sande m.fl.

DS 265/18 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - løyve til tiltak 10.10.2018 00:00:00 Kjartan Sundnes

DS 266/18 Nils Ottar Reite 28/34 Tiltak hagestove - ferdigattest 18.10.2018 00:00:00 Nils Ottar Reite

DS 267/18 Ferdigattest tilbygg - 34/75 17.10.2018 00:00:00 Trond André Nærø

DS 268/18 Svanhild Helde 40/13 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning - løyve til tiltak 18.09.2018 00:00:00 Svanhild Jørgine Helde

DS 269/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - igangsettingsløyve tekniske fag 27.09.2018 00:00:00 CONPLAN AS

DS 270/18 Svein Hugås - 45/188 - 2 mannsbustad 26.11.2018 00:00:00 BYGGPARTNER STIG HAVNES

DS 271/18 Skjenkeløyve for Oktoberfestivalen - løyve til enkeltarrangement 28.09.2018 00:00:00 Monica Bjørhovde

DS 272/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 20.06.2018 00:00:00 Ragnvald Ludvik Vågsholm

DS 273/18 Ragnvald Vågsholm 33/97 og 33/98 Tiltak skredvoll og grunnarbeid tomt - løyve til tiltak 01.10.2018 00:00:00 B TARBERG AS

DS 274/18 Lasse Myrhol 37/227 tiltak ombygging bustad - løyve til tiltak 05.10.2018 00:00:00 Lasse Myrhol

DS 275/18 Ann Helen Karlsen og Sigvald Frøystad 29/18,19 tiltak sjøkollektor - løyve til tiltak 18.09.2018 00:00:00 Sigvald Frøystad

DS 276/18 Etablering av bru til Vågsholmen - Dispensasjon frå reguleringsplanar 13.09.2018 00:00:00 VÅGSHOLMEN AS

DS 277/18 Knut Voldnes og Lars Voldnes 87/5 og 87/9 - Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 15.10.2018 00:00:00 Lars Bernhard Voldnes

DS 278/18 Tony Mikkelsen - 40/61 - Sjøkollektor 30.10.2018 00:00:00 Tony Arne Mikkelsen

DS 279/18 Ferdigattest - tilbygg 46/27 24.10.2018 00:00:00 Arild Stenersen

DS 280/18 S. Storøy AS 4/343 Tiltak bustad - løyve til tiltak 26.10.2018 00:00:00 DAKARK AS

DS 281/18 Norhus Ørsta as - 4/288 -Løyve til endra plassering carport 22.10.2018 00:00:00 NORHUS ØRSTA AS

DS 282/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - Igangsettingsløyve 25.10.2018 00:00:00 TEMA VEST AS

DS 283/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - Einebustad 22.10.2018 00:00:00 TØMRER SERVICE AS

DS 284/18 Ronny Djupvik - 44/20 - Frådeliing 29.10.2018 00:00:00 Ronny Djupvik

DS 285/18 Ole Zahl 12/39 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 16.10.2018 00:00:00 Ole Møller Zahl

DS 286/18 Arne Driveklepp 17/11 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 08.10.2018 00:00:00 NORDIC RESORT AS

Referatsaker

RS 44/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Til stades: Helena, Helene, Ingeborg, Celina, Maria, Torgeir, Mathias, Christine
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 18. april kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 20/17-18 Uheldig misforståing. Dans med skjenkeløyve og rusfritt arrangement på kulturhuset samtidig

- **Arrangementet blei avlyst grunna sjukdom. Det blei forsøkt med nytt band, men berre ei handfull påmeldte gjorde at det vart avlyst.**

Sak 21/17-18 Artistar til UNGfestivalen 2018
Herøy ungdområd kom med ynskjer om artistar. Koordinator innhentar prisar på «pakkeløysingar» frå artistformidlar

Sak 22/17-18 Samarbeid med biblioteket om foredrag.
Herøy ungdomsråd stiller seg positivt til dette.

Sak 23/17-18 Tanja og Camilla kjem og snakkar om aktuelle samarbeidspartnerar i høve ungdata.
Tanja gikk igjennom kva som har blitt gjort til no og kva vedtak kommunestyret gjorde i mars.

24/17-18: Etablere dialogplattform. Kven er aktuelle aktørar?
Herøy ungdomsråd diskuterte kven som bør sitje i eit slikt forum og kom fram til: Ungdomsrådet, LAN, Fritidsklubben, UMM, Helsesyster, miljøarbeiderar, lærarar, komité for oppvekst, kirkene, elevrådsleierar frå både ungdomsskulane og vidaregåande, idrettslag, handball/fotball, folkehelsekoordinator.
Kor mange faste? Samarbeidspartnerar? Kor ofte skal ein ha møte? Dagtid/kveld?
Kva kan vere aktuelle saker? Meir helsesyster i skulen, SFO for ungdomsskulen, mekkeverksted

Postadresse:	Postmottak@heroy.kommune.no		www.heroy.kommune.no	
Postboks 274	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6099 FOSNAVÅG	70 08 13 00	70 08 13 01	964 978 840	6566.05.01376

Vedtak
Herøy ungdomsråd ynskjer i fyrste omgang å invitere aktuelle aktørar alt etter sak.

Eventuellt

Ref; Mona

Delegerte saker frå avdelingane

DS 287/18 Ferdigattest - 37/492 seksjon 1 26.11.2018 00:00:00 ØRSTA BYGGSERVICE AS

DS 288/18 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset 4/330 Fasadeendring - løyve til tiltak 26.11.2018 00:00:00 GJESDAL BYGGTEKNIKK AS

Referatsaker

RS 45/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Til stades: Celina, Ingeborg, Helena, Helene, Mathias, Maria, Sigve, Christine, Jørgen
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 19. september kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 28/17-18 Fast time for alle med helsesyster
- Helsesyster informerte.

Herøy ungdomsråd skriv eigen uttale.

Sak 29/17-18 Vakttelefon for barn og ungdom som treng nokon å snakke med, knytt til helsesyster
- helsesyster informerte

Herøy ungdomsråd skriv eigen uttale.

Sak 30/17-18 Uttale om «Kva skal til for å skape gode oppvekstvilkår og fritidstilbod i vår kommune?»
Eit «sterkare» sentrum, Kjøpesenter er sosialt. Møteplassar der ein kan møtast utan å måtte kjøpe noko. Meir open fritidsklubb

Sak 31/17-18 Farleg skuleveg mellom Sandvika og Stokksund

Sak 32/17-18 Evaluering av UNGfestival 2018
Herøy ungdomsråd er svært nøgde med gjennomføringa. Veldig bra artistar. Vi bør vurdere om begynnelsen av september er den best egna tida på året å ha dette arrangementet då det er kort tid til å reklamere på skulane. Lokala blei veldig varme. Er det mulig å få meir luft? Takluker?

Sak 33/17-18 Invitasjon om å delta på «Verdensdagen for psykisk helse» 10.okt
Herøy ungdomsråd ynskjer å ha stand.

Sak 34/17-18 Invitasjon til opning av klatreparken 29.sept.

Postadresse:	Postmottak@heroy.kommune.no		www.heroy.kommune.no	
Postboks 274	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6099 FOSNAVÅG	70 08 13 00	70 08 13 01	964 978 840	6566.05.01376

Leiar Helena møter for ungdomsrådet

Sak 35/17-18 Skuleval 2018
Herøy ungdomsråd valte Ingeborg Moltumyr og Viktor Skarbø som medlemmar frå Stokksund. Dei som stilte til gjenval blei valt inn att.

Eventuellt
Kan møta flyttast til 16:00? Svar:ja

Ref: Mona

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 21. november kl 16.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.
Til stades: Ingeborg R, Ingeborg M, Maria, Christine, Sigve, Torgeir, Jørgen, Mathias, Helena, Helene

Sakliste:

Sak 35/17-18: Konstituering.
- **Val av nestleiar: Torgeir**
- **Val av representant i juryen for kulturprisen/ungdommens kulturpris: Helena**
- **Val av representant jury UKM (scene og kunst) Maria, Ingeborg**

Sak 36/17-18 Helena og Torgeir informerer frå UFT. Kva skal vi jobbe vidare med?
- UFT handla mykje om Nordøyvegen. Det er ikkje lagt noko føring for kva ungdomsråda skal jobbe samla for vidare.
-

Sak 37/17-18: Samarbeid biblioteket.
I samband med Ungdata og fokus på psykisk helse ønskjer vi å tilby eit foredrag til alle 10.klassene samt 1.året vidaregåande. Det er eit foredrag av Simen Almås med tittelen «Tilbake til livet» Som 13 åring blei han livstruande brannskadd. I 2011 overlevde han 22.juli-tragedien. Foredraget har fått svært gode tilbakemeldingar og vi prøver å få det til i januar.
Herøy ungdomsråd stiller seg positive til samarbeid og ønskjer å gjennomføre det.

Sak 38/17-18:
Invitere ungdomsrådet til dialog med aktuelle kommunale organ for å få til møteplassar for ungdom i tråd med dei ynskja som er signalisert i gruppearbeidet.

Spm: Er dette følgt opp ? Kva ligg i dette og kva ynskjer ungdomsrådet : Kan det vere ei moglegheit å etablere ein ungdomsrepresentant(leiar i ungdomsrådet) med talerett i politiske organ på linje med barnerepresentanten ?

Postadresse:	Postmottak@heroy.kommune.no		www.heroy.kommune.no	
Postboks 274	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6099 FOSNAVÅG	70 08 13 00	70 08 13 01	964 978 840	6566.05.01376

Herøy ungdomsråd har ytra ynskje om meir open fritidsklubb, eller SFO/lekseplass som det blir kalla. Vi registrerer at kommunestyret vil vurdere muligheita for å få dette tiltaket inn i budsjettet 2019.
Herøy ungdomsråd er positive til forslaget om å etablere ein ungdomsrepresentant men trur det kan bli vanskeleg å gjennomføre om desse møta er lagt til dagtid. Leiar i ungdomsrådet har eit avgrensa timetal der ho får godkjent fråvær til ungdomsrådsarbeid.
Herøy ungdomsråd ynskjer svar på: Kor mange møter er det snakk om? Kva politiske organ er det snakk om?

Sak 39/17-18
Etablere ei dialogplattform med ungdomsrepresentantar og andre aktuelle aktørar. Dialogplattforma skal arbeide vidare med tiltak i ungdomsarbeidet.

Ungdomsrådet vedtok at denne dialogplattforma skal ha sitt utspring i ungdomsrådet, der dei kallar inn etter behov. Dialogplattforma er etablert med ungdomsrådet som fast deltakande og aktivitet vil avhenge av ungdomsrådet sine initiativ til møter med ulike ynskte deltakarar.

Spm: Kva er gjort og kva plan har ungdomsrådet vidare ?

Herøy ungdomsråd hadde møte med helsesøster den 19/9-18 På dette møtet informerte helsesyster om dagens situasjon og kva ungdomen har ytra ønskje om (Ungdata) Det blei også diskutert om det burde vore oppretta ein vakttelefon for ungdom. Herøy ungdomsråd meiner at det er viktigare med meir helsesyster i skulen enn ein vakttelefon då det finns gode løysingar frå før (Kirkens SOS, røde kors kors på halsen og fleire) Herøy ungdomsråd skreiv ein uttale som er sendt til oppvekstkomiteen og rådmannen der dei ber om at det blir tatt høgde for dette i budsjettet for 2019

Plan vidare: Herøy ungdomsråd skal ha eit samarbeidsmøte med Fritidsklubben den 11.desember. Tema: Korleis skape inkluderande arenaer for born og unge? Fritidserklæringa seier at alle born og unge skal kunne delta på minst ein fritidsaktivitet saman med andre, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Dette er forankra i barnekonvensjonens artikkel 31.
Alle born og unge har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.

Sak 40/17-18
Budsjett og økonomiplan

Spm: Kva synspunkt har ungdomen på tiltaka som er skissert i budsjettet ? Eg viser då til :

«I samband med budsjettarbeidet for 2019 vil kommunestyret vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

1. *Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.*
2. *Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).*

3. *Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.*
4. *Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing*

Herøy ungdomsråd meiner dette er svært gode tiltak og håper voner kommunestyret vil få tiltaka inn i budsjett for 2019

Eventuellt

Ref: Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Delegerte saker frå avdelingane

DS 289/18 Løyve til tiltak - Seksjonering av gnr. 5 bnr. 81 02.11.2018 00:00:00 ADVOKATFIRMAET HOLVIK & ANGELSHAUG AS

DS 290/18 Asbjørn Myklebust - 37/384 - Løyve til endring - frådeling 05.11.2018 00:00:00 Asbjørn Johan Myklebust

DS 291/18 Ferdigattest - 34/1 - gapahuk 05.11.2018 00:00:00 Anlaug Solfrid Varhaugvik

DS 292/18 Per Mulvik AS 86/52 - riving brannskadd hus - igangsettingsløyve 02.11.2018 00:00:00 PER MULVIK AS

DS 293/18 Marine Harvest AS 38/8 - utfylling og planering av industriområde - rammeløyve 06.11.2018 00:00:00 CONPLAN AS

DS 294/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - Igangsettingsløyve 06.11.2018 00:00:00 CONPLAN AS

DS 295/18 Oluf Teige 5/16 Tiltak fritidsbustader (5/81) - førebels bruksløyve 05.11.2018 00:00:00 MYKLEGARD CONSULT AS

Referatsaker

RS 47/18 Ny vidaregåande skole i Herøy

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune

(sendt per e-post)

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		15984/2016/G40	Per Olaf Brækkan, 71 28 02 27	13.11.2018

-

Vidare framdrift for planlegging av ny vgs i Fosnavåg

Det blir vist til fylkesrådmannens framlegg til budsjett for 2019.

Fylkeskommunen er komen i ein økonomisk situasjon kor det er naudsynt å spare inn 250 mill kr årleg i drift. For å klare dette er fylkeskommunen gong med prosjekt 2020 som skal kartlegge moglege innsparingar. Dette prosjektet er venta å legge fram eit forprosjekt i april 2019 og ei tiltaksplan i desember 2019.

For at prosjekt 2020 skal kunne verte vellukka må fylkeskommunen fyrst vurdere heile drifts- og investeringsporteføljа før det mogleg å inngå nye avtalar.

Som ein konsekvens av dette vil alle fylkeskommunale investeringar innan utdanning kunne bli skyvd langt ut i tid. Dette betyr at ny Herøy vgs ikkje er inne i tiårig investeringsplan, noko som er føresetnad for å kunne inngå forskotteringsavtale med Herøy kommune.

Fram til framlagt prosjekt 2020 er ferdig handsama politisk vil fylkeskommunen difor ikkje arbeide vidare med ny vgs i Herøy. Fylkesrådmannen vil no arbeide med alternativsvurderingar for å kartlegge mogleg handlingrom dersom ein må sjå på samanslåing av fleire vidaregåande skolar i regionen.


Vi beklagar dei konsekvensar dette ville måtte få for Herøy kommune.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Per Olaf Brækkan
Bygg- og eigedomssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fra: Lisbeth Moltu Espeseth[lisbeth.moltu.espeseth@heroy.kommune.no]
Sendt: 13.11.2018 10:22:05
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Ny vidaregåande skole i Herøy

Fra: Per Olaf Skuseth Brækkan <per.olaf.brakkan@mrfylke.no>
Sendt: 13. november 2018 09:53
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Kopi: Gullik Arve Kjellstadli <gullik.kjellstadli@mrfylke.no>
Emne: Ny vidaregåande skole i Herøy

Til Herøy kommune

Syner til vedlagte brev.
Eventuelle spørsmål kan rettast til meg.

_____

Per Olaf Brækkan
bygg- og eigedomssjef
bygg- og eigedomsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Tlf.: 920 82 368 / 71 28 02 27
per.olaf.brakkan@mrfylke.no
mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

Delegerte saker frå avdelingane

DS 296/18 Endring av styrar og stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg 13.11.2018 00:00:00 Thon Hotel Fosnavåg

Referatsaker

RS 48/18 Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Politiske råd og komitear

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2018/1515		29.10.2018

RUTINE FOR HØYRING AV RÅD OG KOMITEAR I PLANSAKER

Viser til Kommunestyremøte 25.10.2018 der representant for Eldrerådet stiller spørsmål i sak 124/18 ved kvifor sakene ikkje vert sendt til dei for uttale.

Dagens praksis har vore å sende høyringsbrev ut til leiarane av komiteane eller råda og dei må ta stilling til om dette er ei sak som skal setjast på saklista.
Denne praksisen har vore avhengig av enkeltpersonar og korleis dette har fungert er uvisst, men det har ikkje kome framlegg om endring av praksisen.

Ny praksis vil likevel bli at alle plansaker vert meldt opp som Referatsak til Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsråd og evt. dei komiteane der vi berører deira fagområde.

På denne måten sikrar vi at alle berørte komitear og råd får alle plansaker på sine sakslister som referatsak.

Leiar eller medlem av komite og råd vil då ha moglegheit til å setje saka på agendaen.

Utviklingsavdelinga

Delegerte saker frå avdelingane

DS 297/18 Sunnmøre jordskifterett - 5/3 og 5/55 - Frådeling 16.11.2018 00:00:00 Sunnmøre Jordskifterett

DS 298/18 Stian Jøsok 86/11 tiltak garasje/reiskapshus med liten bueining i 2. etasje - løyve til tiltak 24.08.2018 00:00:00 GJESDAL BYGGTEKNIKK AS

Referatsaker

RS 49/18 Nærøykrysset - status pr. november 2018

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Formannskapet
Kommunestyret

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/1006	Q13	16.11.2018

NÆRØYKRYSSET - STATUS PR. NOVEMBER 2018

Det blir innleiingsvis vist til K-sak 143/17 i kommunestyremøtet 5.12.2018. Der blei det gjort følgjande vedtak om trafikktryggingstiltaket Nærøykrysset – mellombels tiltak:

- *Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.*
- *Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.*

Statusen i prosjektet pr. november 2018:
Tiltaket er i 2018 tilnærma ferdig prosjektert. Det er i samband med prosjekteringa utarbeidd kostnadskalkyle, som er høgare enn tidlegare antatt. Med bakgrunn i dette, søkte ein Statens vegvesen om at stønadsbeløpet for trafikktryggingstiltak 2018 blir vidareført til 2019. Samtidig blei det søkt om tilleggsmidlar for 2019, slik at prosjektet blir 50/50 finansiert.

Fylkestrafikktryggingsutvalet hadde møte 6. november 2018, og i vedtaket der ligg Nærøykrysset på 1.plass på fordelingslista over store tiltak. Så sant dette også blir vedtatt i Fylkestinget i desember 2018, har anlegg og drift som mål at tiltaket vert utlyst på anbod.

Med helsing
Eldar Hansen

Delegerte saker frå avdelingane

DS 299/18 Ferdigattest - 31/34 - støyskjerm 16.11.2018 00:00:00 Byggtorget Herøy

DS 300/18 Andreas Klungsør 54/1 Tiltak naust - løyve til tiltak 08.11.2018 00:00:00 Andreas Klungsør

Referatsaker

RS 50/18 Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338

HERØY KOMMUNE

UTVIKLINGSAVDELINGA

NORHUS ØRSTA AS
Indrehovdevegen 64
6160 HOVDEBYGDA

LØYVE TIL TILTAK

etter Eigeseksjonslova

Sakshandsamar:	ESPBER	Saksnr.	2018/1546
Utvalssaksnr:	272/18	Arkiv:	4/338
		Vedtaksdato:	02.11.2018

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:

Vedtak:

Med heimel i eierseksjonslova § 13 av 01.01.2018 godkjenner utviklingsleiaren søknad om seksjonering.

Utviklingsleiaren gjev løyve til seksjonering av eigedomen gnr 4 bnr 338, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad, 01/11/2018.

Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
Søknad om seksjonering med vedlegg, datert 01/11/2018.

Ole Magne Rotevatn
Utviklingsleiar

Espen Bergø
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Tiltak:	Seksjonering av eigedom 4/338
Søknadsdato:	01.11.2018
Tiltakshavar:	Seksjonering
Naboforhold:	Ingen merknader.
Eigedom:	4/388
Planstatus:	Eigedomen er avsett til bustad-formål i gjeldande arealdel av kommuneplan.
Løyve til tiltakak etter plan- og bygningslova:	2015/1358
Parkeringsareal:	Avklart i byggesøknad, i carport
Tileggsareal:	To Carporter, ein for kvar seksjon.
Synfaring:	Ikkje funne naudsynt.
Retting av vedlegg til søknad:	Sakshandsamar har – med heimel i seksjoneringslova § 13 – gjort påteikning ved nummerering av vedlegga og påført bruksenhetsnummer på seksjonene. Dette er gjort for betre å klargjera avgrensinga av dei einskilde einingane utan at dette medfører reell endring av innsend materiale.
Vurdering mot Eigeseksjonslova §§ 7:	Kommunen finn at søknad tilfredsstiller krava i eierseksjonslova §§ 7. Kommunen vil presisere at løyve til seksjonering ikkje medfører noko form for godkjenning i forhold til plan- og bygningslovgiving.

Vidare sakshandsaming

3 veker etter at dette vedtaket er ekspedert og klagefristen er ute vil søknad om seksjonering vedlagt etasjeplanar og situasjonsplan verte vidaresendt til Statens kartverk, Tinglysingen, Hønefoss, - for tinglysing og formell oppretting av nye seksjonar. Etter tinglysing vil original søknad og eit komplett sett av vedlegga verta returnert til dykk.

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til.	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er **3 veker** frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved evt. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekka vesentlege kostnader i samband med saka.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 301/18 Mellombels bruksløyve - 34/166 - seksjon nr 1 og 2 09.11.2018 00:00:00 TØMRER SERVICE AS

DS 302/18 Borgar Nærø 24/5 Oppmålingsforretning - løyve til frådeling 16.10.2018 00:00:00 Christer Nærø Torvik

DS 303/18 Ferdigattest - 4/328 25.10.2018 00:00:00 GJESDAL BYGGTEKNIKK

DS 304/18 Ågot Remøy, Svein Voldsund og Kitty Håheim 12/43, 59 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 22.10.2018 00:00:00 Leidulf Per Håheim

DS 305/18 Olav Arntsen - 9/115 - Fasadeendring 30.10.2018 00:00:00 KVADRATBYGG AS

DS 306/18 Knut Ove Aspevik 50/4 Naustrekke - bruksløyve for 3 naust 09.10.2018 00:00:00 Harald Tømmerbakk

DS 307/18 Johannes Eggesbø - 38/2 - Frådeling 17.10.2018 00:00:00 HANDELSBYGG HOLDING AS

DS 308/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - endring av gitt rammeløyve 19.10.2018 00:00:00 TEMA VEST AS

DS 309/18 Ferdigattest 42/12 seksjon 11 23.10.2018 00:00:00 Leif Harald Øien

DS 310/18 Serveringsløyve - melding om endring. 26.10.2018 00:00:00

Mymarcelin Marcelina Mrozowicz

DS 311/18 Ferdigattest - terrasse - 12/309 29.10.2018 00:00:00 Ugnius Varnauskas

DS 312/18 Sjøkanten as - 24/18 og 44 - Riving av bygg 02.11.2018 00:00:00 PROSJEKTBYGG AS

DS 313/18 Tømrer Service as - 46/87 - endring av løyve - ny fasade og takutforming 07.11.2018 00:00:00 TØMRER SERVICE AS

DS 314/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - endra koteplassering av bygg 09.11.2018 00:00:00 TØMRER SERVICE AS

DS 315/18 Lars Petter Lillebø - 16/128 - Veg til Fritidsbustad 09.11.2018 00:00:00 Lars Petter Lillebø

DS 316/18 Åse-Lill Bjørneset 27/29 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 21.11.2018 00:00:00 Åse-Lill Bjørneset

Referatsaker

RS 51/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Det vert halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 24. januar kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Til stades: Helena, Mathias, Christine, Jørgen, Helene, Celina. Maria, Sigve

Sak 17/17-18 UKM-2018. Kven gjer kva?
- Maria: Scenejury, Ingeborg: kunstjury, Celina, Filip, Christine: Opptre. Torgeir og Mathias: Scenearbeiderar. Helene og Helena: Billettar (døra)

Sak 18/17-18: Ungdata-samling på Fosnavåg konserthus 15.februar. Kva er ungdomsrådet si oppgåve her?
Herøy ungdomsråd såg igjennom invitasjonen og kva spørsmål som skulle besvarast. Diskuterte kring tema.

Ref: Mona

---------- ----------
Eileen Gjerde Mona Ryssevik

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Postadresse:
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Postmottak@heroy.kommune.no
Telefon: 70 08 13 00
Telefaks: 70 08 13 01

www.heroy.kommune.no
Org. nr: 964 978 840
Bankgiro: 6566.05.01376

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Postgiro	Bankgiro: 3992.07.30144
Rådhuset 6150 ØRSTA	70 04 97 10	70 04 97 11	0802 5 86 77 00	Bankgiro: 6562.05.00253

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 21. mars kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.
Til stades: Helena, Mathias, Christine, Torgeir, Helene, Celina, Ingeborg
Sakliste:

Sak 19/17-18 Evaluering av Ungdata-samling på Fosnavåg konserthus 15.februar. Gjennomgang av tilbakemeldingar.

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2016/1669
		Arkiv:	C10

Utvalsaksnr **Utval** **Møtedato**

Postadresse: Postboks 274 6099 FOSNAVÅG
Postmottak@heroy.kommune.no Telefon: 70 08 13 00 Telefaks: 70 08 13 01
www.heroy.kommune.no Org. nr: 964 978 840 Bankgiro: 6566.05.01376

Kommunestyret

UNGDATA-UNDERSØKINGA I HERØY. OPPFØLGING ETTER SEMINAR.

Tilråding:

Herøy kommunestyre ynskjer å legge til rette for tiltak for å betre dei unge sine oppvekstvilkår i Herøy kommune.

Av tiltak som vart foreslått på Ungdata-seminaret at kommunen kan gjere, vil kommunestyret arbeide vidare med desse tiltaka snarleg:

1. Sjå på strukturen i ungdomsrådet og vurdere om det bør setjast opp som eit ordinært politisk organ, på lik linje med t.d. eldrerådet og råd for funksjonshemma.

- **Einaste skilnad på strukturen i ungdomsådet i forhald til eldrerådet og råd for funksonshemma er at for dei andre råda er det fellessekritæriatet som sender innkalling og fører protokoll.**

2. Invitere ungdomsrådet til dialog med aktuelle kommunale organ for å få til møteplassar for ungdom i tråd med dei ynskja som er signalisert i gruppearbeidet.

- **Kva meinast her? Herøy ungdomsråd ønskjer at Fritidsklubben skal ha meir opningstid og ha fleire aktivitetar**

3. Etablere ei dialogplattform med ungdomsrepresentantar og andre aktuelle aktørar. Dialogplattforma skal arbeide vidare med tiltak i ungdomsarbeidet.
- Kven er aktuelle aktørar? Og kva tiltak i ungdomsarbeidet er det snakk om?

Herøy ungdomsråd ønsker å invitere Camilla og Tanja til neste møte for å snakke meir om dette

4. Vurdere kollektivtilbodet og gjere eksisterande tilbod meir kjent gjennom kommunen sine kanalar.

5. Skule/helse vurderer om enkle grep kan betre tilhøva med helsestasjon/helsesøster som er signalisert i gruppearbeidet.

I samband med budsjettarbeidet for 2019 vil kommunestyret vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.

Herøy ungdomsråd syns SFO er heilt feil namn

2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).

Kva hall?

3. Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.

Herøy ungdomsråd stiller seg bak dette

4. Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing

Korleis er dette tenkt? Er det ein ekstern sakkyndig som skal inn på skulane? Herøy ungdomsråd håper på det.

Ungdomane har også gitt tilbakemelding om tiltak som ligg på sida av kommunen sine ansvarsområde. Av desse oppmodar kommunen til følgjande:

Næringslivet:
Oppmodar næringslivet om å legge til rette for lærlingeplassar, sommar- og deltidsjobbar for ungdom, også ung ungdom. Dette vil bidra til læring, ansvar og muligheiter for ungdom.

Oppfordrar til rausheit med å sponse gode prosjekt som kjem all ungdom i Herøy til gode, også utanfor organisert idrett.

Oppfordrar bedrifter til å invitere skulane/ungdomane på omvisning i bedrifta og til å delta på skulearrangement for å vise fram kva mulegheiter ungdomen har for framtida i Herøy.

Lag og organisasjonar:
Oppmodar all organisert idrett i Herøy om å utøve sitt virke i tråd med visjonen «Idrettsglede for alle» i idrettspolitisk dokument 2015-2019.

Ref Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Postgiro	Bankgiro: 3992.07.30144
Rådhuset 6150 ØRSTA	70 04 97 10	70 04 97 11	0802 5 86 77 00	Bankgiro: 6562.05.00253

Delegerte saker frå avdelingane

DS 317/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 26.11.2018 00:00:00 Ragnvald Ludvik Vågsholm

DS 318/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom midlertidig bruksløyve kjølerom 29.11.2018 00:00:00 MARINE HARVEST NORWAY AS

Referatsaker

RS 53/18 SSR - Innkalling til møte i representantskapet torsdag 15. november 2018 kl. 10.00

Hei !

Vedlagt finn de innkalling og sakliste til møte i SSR sitt representantskap

torsdag 15. november 2018 kl. 10.00 i Saunesmarka

Sakspapira er ikkje klare enno, men dei blir utsende i god tid før møtet.

Eventuelle forfall e.l. må meldast til underteikna.

Ha ei flott helg!

Med helsing
Einar Heimdal
SSR

Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk

Torsdag

15. november 2018

Kl. 10.00

Saunesmarka

Innkalling til **representantskapsmøte** i

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

torsdag 15.11.2018 kl. 10.00 i Saunesmarka, Ulsteinvik

Innkalling til:
- Arnulf Goksøyr, Herøy
- Mona-Grethe Ryssevik, Herøy
- Thor-Sigmund Garvik, Herøy
- Per Kristian Furø, Herøy
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Magne Gurskevik, Ulstein
- Per Botnen, Ulstein
- Anders Riise, Hareid
- Kjetil Nesset, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Marion Flatøy Bringsvor, Sande

Desse sakene er førebudde for handsaming:

Vedtakssaker:

Sak R08/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak R09/18 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar)

Sak R10/18 Budsjett 2019 og gebyrregulativ 2019

Sak R11/18 Økonomiplan 2019 – 2022

Forts.

Forts.

Orienteringssaker:

Sak R12/18 Økonomisk resultat andre tertial og estimat / prognose for 2018

Sak R13/18 Diverse orienteringar ved styreleiar og dagleg leiar

Ulsteinvik, 18.10.2018

Knut Erik Engh
leiar

George Fulford
styreleiar

Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemane. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein Støylen / Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Til stades: Filip, Celina, Sigve, Torgeir, Mathias, Christina, Helene, Maria
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 23.mai kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 25/17-18 UNGfestival 2018
Kva er på plass: Turab, Mads Veslelia, Cir.cuz, Lisa Uhlen + 2 dansarar, Ufokusert

Utstillerar: Bassbrothers,Automarine: Utstilling av ATV, båtar, båtmotorar, pidder.
Kva meir er ynskjeleg?
Helen Style: Sminking
Rånebilutstilling
Intersport: salstand
LAN-bumperballs
Herøy og Sande jeger og fiskeforening
Fotoklubben utstilling: Eivind Sævik
2.kl vidaregåande- matstand
Handelstanden: Moteshow (ungdomskle)
Og-cart Leikong Eva Lena Husøy
Dykkerklubben
Herøy kajakklubb: Joakim Eiksund
Biljardklubben

Eventuellt
Ref: Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Postadresse:	Postmottak@heroy.kommune.no		www.heroy.kommune.no	
Postboks 274	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6099 FOSNAVÅG	70 08 13 00	70 08 13 01	964 978 840	6566.05.01376

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Postgiro	Bankgiro: 3992.07.30144
Rådhuset 6150 ØRSTA	70 04 97 10	70 04 97 11	0802 5 86 77 00	Bankgiro: 6562.05.00253

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr *arkiv* *avd /sakshandsamar* *dato*

Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 18.juni kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 26/17-18 Renate Rossi Kaldhol la fram delplan for Helse/Omsorg
Spm til ungdomsrådet:

Kva meiner ungdomsrådet er viktig at vi tenker på når vi skal planlegge helse og omsorg for framtida?

Herøy ungdomsråd ynskjer meir helsesyster i skulen og kanskje ein skulepsykolog.

Kan vi sikre medverknad betre enn vi gjer i dag? Ev korleis?

Herøy ungdomsråd syns dette er vanskelig å svare på, men kanskje ein kan få meir medverknad ved at fleire kan få uttale seg?

Når vi skal prioritere satsingsområde/styrking av tenester: Kva meiner vi skal prioritere?

For ungdom er meir helsesyster i skulen viktig og gjerne ein skulepsykolog.

Kva tenkjer ungdomsrådet er viktig når vi snakkar om lokalisering av tenestetilbod?

At for eksempel helsesyster har møterom på ein plass på skulen som ikkje er synlig for alle som går forbi og at helsestasjon for ungdom blir orientert om ved skulestart slik at fleire veit om det

Andre tema ungdomsrådet vil ta opp i samband med planarbeid?
Herøy ungdomsråd har eit primærynskje og det er meir helsesyster inn i skulen.

Postadresse: Postboks 274 6099 FOSNAVÅG
Postmottak@heroy.kommune.no Telefon: 70 08 13 00 Telefaks: 70 08 13 01
www.heroy.kommune.no Org. nr: 964 978 840 Bankgiro: 6566.05.01376

Sak 27/17-18 Farleg skuleveg mellom Sandvika og Stokksund
Herøy ungdomsråd skreiv ein høyringsuttale som blir sendt til komité for oppvekst og kommunalsjef for oppvekst.
Eventuellt

Ref: Mona

HERØY KOMMUNE

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	21.11.2018
Tid:	14.15 – 16.50

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Frå Vest kontroll møtte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møtte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor	

Frå Herøy kommune møtte:

Olaus Jon Kopperstad	Rådmann	I sak 40
Jan Vidar Dammen Hjelmeset	Kommunalsjef stab	I sak 40

Gerhard Furø
Leiar

Over Kåre Remøy
Medlem

SAKLISTE

SAK 33/18	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
SAK 34/18	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
SAK 35/18	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
SAK 36/18	MELDINGAR
SAK 37/18	FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT TILSYN OG OPPFØLGING - BARNEVERN
SAK 38/18	NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
SAK 39/18	REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON
SAK 40/18	ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR
SAK 41/18	TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/18	033	17.10.2018	21.11.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 40 vert å behandle før sak 37.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ove Kåre Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/18	049	17.10.2018	21.11.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 26.09.2018.

Vedlegg
Møteprotokollen frå møtet 26.09.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/18	033&58	17.10.2018	21.11.2018	IBM

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Kommunestyret	**25.10**
Formannskapet	**16.10 06.11 13.11**
Maritim og teknisk komite	**15.10**
Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	**15.10**

Eldrerådet	**23.10**
Komite for næring, kultur og idrett	**15.10**
Komite for helse og omsorg	**04.10 01.11**
Komite for oppvekst	**17.10**
Plan og byggenemnd	**06.09 08.11**
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	**05.09 07.11**
Nemnd for vilt, fiske og friluft	**07.03 30.05 15.11**
Ungdomsrådet	
Valnemnd	
Valstyret	
Herøy Kulturhus	
Klageutvalet	
SSR IKS STYRE	Sendt til leiar
SSR IKS RE	Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/18	033&17	31.10.2018	21.11.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg
1. Kommunerevisoren nr. 5-2018: Selskapskontroll
2. Melding om vedtak – tilbakemelding vedkomande oppfølging av avvik.
3. Notat frå advokat Kjetil Kvammen, vedkommande SSIKT.
4. Uavhengig revisors beretning for Fosnavåg Konserthus AS
5. Tilsetjingstilhøve Holum

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	217	31.10.2018	21.11.2018	IBM

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

Samrøystes innstilling
1. Kommunestyret tek til vitede Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barevern – Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
    1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.

2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere til stades.
3. Kommunen må sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**.

Vedlegg
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tilsyn og oppfølging - barnevern – Herøy kommune*.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet
Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 14/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til tilsynsførarordninga i barnevernet.

Målsetting
Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere uavhengigheitserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidligare forvaltningsrevisjon (2016) jfr k- sak 196/16

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?
Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born ein hadde overteke omsorga for. To av dei var plasserte på institusjon, tre var plasserte i Herøy kommune og resten i andre kommunar. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for institusjonar.

Gjennomgangen viste at barnevernet hadde gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk til fem av dei 11 borna, men til seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk. To av borna hadde flytta til fosterheimen våren 2017 og fått tre besøk i løpet av året. Eit barn hadde fylt 18 og flytta ut, og

hadde fått to oppfølgingsbesøk. Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfylte krava til åtte av dei 11 borna.

I eit par av sakene der to fosterbarn budde i same fosterheim registrerte ein at fosterheimsbesøka var gjennomført samtidig og i enkelte tilfelle var ikkje begge borna til stades. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er til stades.

Kvaliteten på rapportane for oppfølgingsbesøk var i stor grad god, og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

Problemstilling 2:
Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?
Herøy kommune hadde pr 2017 tilsynsansvar for 15 born. Det var gjennomført tilfredstillande antal tilsyn til 9 av 15 born, i 6 av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn. Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta i løpet av året og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Pr juni 2018 var det gjennomført eit til to tilsyn til alle borna. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om ein vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten på rapportane og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Enkelte rapportar gav lite informasjon/beskriving av situasjonen til barnet. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

Problemstilling 3:
Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengigheitserklæringa av tilsynsførarar?
Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengigheitserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon, hadde signert uavhengigheitserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengigheitserklæring og politiattest, men burde innhenta tilsvarande også for tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

Anbefalingar ifrå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.

- Kommunen bør sørgje for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

Rådmannen v/leiar barnevern sin kommentar
Ønskjer å gi ein kort kommentar på revisor si vurdering av oppfølgingsbesøk side 12:
Barneverntenesta har redusert antal oppfølgingsbesøk til 2 ggr i året for 3 born. Barneverntenesta har heilt fram til slutten av 2017 dokumentert reduksjon av oppfølgingsbesøka i barnets si sak. Ein vart på slutten av 2017 merksam på at det skulle foreligge administrativ beslutning/vedtak. Ein fatte då så rask som råd vedtak om reduksjon. Dette vart gjort i januar 2018.
I vurderinga står det at barneverntenesta fatta vedtak med tilbakeverkande kraft i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk. Dette kan tolkast som om barneverntenesta bevist prøver å endre på tala, noe som ikkje er tilfelle. Barneverntenesta gjennomførte dei oppfølgingsbesøka som var beslutta i 2017. Slik barneverntenesta ser det har kommunen oppfylt krava i høve 10 av dei 11 borna.

Viser også til side 19 i rapporten, der rådmannen har gitt kommentar til forvaltningsrevisjonen.

I møtet
Kontrollutvalet ber om ei oppstilling over antal oppfølgingsbesøk og tilsynsbesøk, samt tidspunkt for besøka for det enkelte barn i 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	217	31.10.2018	21.11.2018	IBM

NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet ber om at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utfører eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på helse/pleie/omsorg, og ber revisjonen utarbeide prosjektplan til neste møte, då med utgangspunkt i diskusjonane (heimesjukepleia) i møtet.

Vedlegg
Ingen.

Saksopplysningar
Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 i K-sak 196/16, med
følgjande prosjektområde for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Barnehage/grunnskule/PPT – tidleg innsats **Utført**
- Barneverntenesta – oppfølging **Utført**
- Helse/pleie/omsorg – kvalitet/avviksrapportering

- Helsesøster/psykiatri/rus – kvalitet/tenestetilbod
- Brannvern – organisering
- KOSTRA - rapportering

Kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret til å prioritere og spesifisere prosjekt,
samt eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon meiner at avvikshandtering og avviksregistrering innanfor PLO er det mest aktuelle prosjektet av dei på lista. Av prosjekt som ikkje går fram på lista kan det vere relevant med eit innkjøpsprosjekt på anbod og rammeavtalar.

Kontrollutvalet må enten velje prosjekt frå lista, eller eventuelt legge til eit nytt prosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/18	216	31.10.2018	21.11.2018	IBM

REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon, for Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg
Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post

Saksopplysningar
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2018. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.
Planleggingsdokumentet inneheld følgjande:

- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområda
  - Transaksjonsklasser
  - Kontosaldoar
  - Tilleggsområder
  - Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka under denne gjennomgangen.

I møtet
Det vart drøfta om det var nødvendig å lukke møtet. Det var ikkje nødvendig å orientere om opplysningar frå dokument som krev at møtet må lukkast.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/18	047	30.10.2018	21.11.2018	JS

ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.

Vedlegg
1. Personvernombodets oppgåver
2. Personvernerklæring Herøy kommune
3. Personvernhandbok for kommunane på Søre Sunnmøre

Saksopplysning
EU har sett i verk ei personopplysningsforordning GDPR (General Data Protection Regulation). Noreg er forplikta til GDPR gjennom EØS avtalen. Denne forordninga er implementert i ny personopplysningslov. Hensikta med reglane er å styrke personvernet, meir openheit rundt innsamling av personopplysningar og at bruk av opplysningane skal grunngivast og avgrensast.

Alle offentlege verksemder må ha personvernombod for å sikre at reglane vert følgt.
Personvernombodet må ha fagleg kunnskap til reglane og kunnskap om personvernrett.

Oppgåver til eit <u>personvernombod</u>:

Personvernombodet si hovudoppgåve er å informere og gi råd om de forpliktingar verksemda har etter personvernlovgivinga til den behandlingsansvarlige eller databehandlaren, samt til dei tilsette som utfører behandling av personopplysningar.
Andre oppgaver til personvernombudet (sjå under og i vedlegget):

- Kontrollere overholdelsen av personvernregelverket
- Gi råd om vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA)
- Samarbeid med Datatilsynet og funksjon som kontaktpunkt
- Prioritert innsats der personvernrisikoen er høyest
- Bidra til å få oversikt over behandlingene i virksomheten

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth er kommunen sitt personvernombod.

<u>Personvernerklæring</u>
Personvernerklæringa fortel korleis kommunen samlar inn, vernar og brukar opplysningar om personar (personopplysningar).

Målet er å gi den enkelte overordna informasjon om kommunen si behandling av personopplysningar.

Kommunen si personvernerklæring ligg ved saka.

I møtet
Rådmann Olaus Jon Kopperstad og kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjelmeset orienterte.

- Arbeidsgruppe i Sjustjerna
- Opplæring i kommunane – også kurset på video
- Rolleomtale for personvernombod
- Kvalitetssystem som er i bruk i Herøy, Hareid og Ørsta - Compilo
- Ressurskrevjande arbeid
- Mest arbeid med å gå igjennom dataleverandøravtalane som omhandlar ansvarstilhøve. Veldig varierande m.o.t. kvalitet. Databehandlaravtalar
- Veldig viktig at ansvarsfordeling blir klargjort om det skulle skje noko. Her er stor manko. Døme at det blir innbrot hjå dataleverandør og ansvaret, også det økonomiske, då? Sjustjerna litt langt framme.

Herøy spesielt

- Personvernombod er Jan Vida Dammen Hjelmeset. Det blir nytt frå 01.01.2019.
- Hentar inn databehandlaravtalar
- Etablerer system for personvernarbeidet – Compilo
- Største endringane i høve til i dag: Sjå datatilsynet for det som er nytt
- Mykje nye krav i høve tidlegare.
- Rutine for datatryggleik Herøy kommune ligg føre

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/18	212	31.10.2018	21.11.2018	IBM

TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek tertialrapport per 01.09.2018 til vitende.

Vedlegg
Kommunestyresak 122/18 tertialrapport per 01.09.2018

Saksopplysningar
Viser til vedlagte tertialrapport per 01.09.2018.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:
Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



VEST KONTROLL

SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		117037/2018/243	Kim Tornes, 71 28 03 45	25.10.2018

-

Avslag på søknad om støtte til breibandsutbygging i Herøy 2018

Søknad nr. 2018-0133

Regional- og næringsutvalet behandla søknaden dykkar frå 01.06.2018 på møte 04.09.2018.

Regional- og næringsutvalet vedtok:

Møre og Romsdal fylkeskommune avslår søknad frå Herøy kommune om støtte til breibandsutbygging i Runde.

Grunngjeving for vedtaket
Vi har behandla søknaden etter dei nasjonale føringane for støtte til breibandsutbygging, fylkesplanen for Møre og Romsdal og handlingsprogrammet for kompetanse og verdiskaping 2018.

Avslaget er grunngjeve med at tilskotsramma 2018 er brukt opp.

De har rett til innsyn i saksdokumenta.

De kan klage på vedtaket innan tre veker etter at de har fått dette brevet. Send i så fall klagen til Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga, postboks 2500, 6404 Molde.

Med helsing

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Kim Tornes
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2016/138
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/18	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2018

SJUKEFRÅVÆR 1. TERTIAL 2018

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitende.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 11.06.2018

Saka vert teke til vitende.

Særutskrift:

Kommunestyre
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

Vedlegg:

Tabell 1 viser sjukefråvær for 2. og 3. tertial 2017 og 1. tertial 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 2. og 3. tertial 2017 og 1. tertial 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**2. tertial 17**	**K**	**L**	**3. tertial 17**	**K**	**L**	**1. tertial 18**	**K**	**L**
Personal og	3,15	2,23	0,93	4,12	2,91	1,21	2,89	2,27	0,62
Økonomi (>	4,86	3,26	1,6	4,1	4,1	0	11,96	2,43	9,53
Fellessekr.	0	0	0	0,47	0,47	0	16,37	0	16,37
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0	0	0	0	0	0	-	-	-
Servicetorg	6,26	0,65	5,62	20,25	5,02	15,23	10,4	1,63	8,77
Utviklingsav	3,33	0,72	2,61	9	0,81	8,19	2,07	2,07	0
Barnehagea	5,71	3,47	2,24	8,07	2,91	5,16	14,67	2,92	11,75
Grunnskulea	4,65	0,68	3,97	7,19	1,19	6	9,79	2,6	7,19
Anl. og drift	4,57	0,63	3,95	5,26	0,85	4,4	15,89	1,93	13,97
Brannvern (	21,35	0,02	21,33	14,76	0	14,76	13,89	0,59	13,29
Helse (<40)	3,13	0,4	2,73	1,6	0,33	1,27	5,59	2,75	2,84
Pleie og om	7,79	1,67	6,12	9,98	2,34	7,64	11,08	3,19	7,89
Bu og hab.	10,52	2,1	8,82	13,71	2,67	11,04	12,84	2,98	9,05
Barnevern (	14,28	1,09	13,19	14,52	0,23	14,29	13,47	1,35	12,12
Kultur (>10)	2,41	0,73	1,67	8,95	1,75	7,2	19,25	0,83	18,42
Eigedom (<	8,49	1,85	6,64	7,53	3,93	3,6	12,77	3,56	9,21
NAV kommu	21,36	1,77	19,58	24,69	2,78	21,91	19,59	0,65	18,94
Totalt fråvæ	6,83	1,4	5,43	9,32	1,91	7,41	10,94	2,66	8,28


Tabell 2 viser sjukefråvær 1. tertial 2016, 2017 og 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 1. tertial 2016, 2017 og 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**1. tertial**	**K**	**L**	**1. tertial**	**K**	**L**	**1. tertial**	**K**	**L**
Personal og	6,57	3,01	3,56	5,81	1,99	3,81	2,89	2,27	0,62
Økonomi (>	10,48	1,36	9,13	2,77	1,36	1,41	11,96	2,43	9,53
Fellessekr.	4,74	2,77	1,98	12,71	0,64	12,07	16,37	0	16,37
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Servicetorg	0,71	0,71	0	5,49	4,66	0,82	10,4	1,63	8,77
Utviklingsav	5,61	2,33	3,27	17,76	0,82	16,94	2,07	2,07	0
Barnehagea	10,3	2,54	7,77	5,8	3,14	2,33	14,67	2,92	11,75
Grunnskulea	7,11	2,32	4,79	6,68	1,94	4,75	9,79	2,6	7,19
Anl. og drift	1,12	1,12	0	2,01	2,01	0	15,89	1,93	13,97
Brannvern (	2,23	1,9	0,32	8,98	3,66	5,32	13,89	0,59	13,29
Helse (<40)	5,03	1,34	3,38	4,72	1,17	3,55	5,59	2,79	2,84
Pleie og om	8,76	2,43	6,33	9,76	2,33	7,43	11,08	3,19	7,89
Bu og hab.	10,1	2,44	7,57	19,09	3,39	15,7	12,04	2,98	9,05
Barnevern (	9,85	3,22	6,63	18,89	3,92	14,97	13,47	1,35	12,12
Kultur (>10)	7,08	2,36	4,72	1,78	0,32	1,46	19,25	0,83	18,42
Eigedom (<	19,92	2,84	14,08	6,46	2,49	3,97	12,77	3,56	9,21
NAV kommu	18,17	5,03	13,14	20,82	2,71	18,11	19,59	0,65	18,94
Totalt fråvæ	8,61	2,04	6,2	9,05	2,26	6,79	10,94	2,66	2,28

Saksopplysningar:
Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 10,94% for 1. tertial 2018. Dette ser vi av tabell 1 og 2. Med eit sjukefråvær på 10,94% er målet om nærvær på 92,5% ikkje nådd.

Tabell 2 syner sjukefråvær for 1. tertial dei tre siste åra. Utviklinga har vore negativ, med ein auke på 2,33% når vi samanliknar sjukefråværet 1. tertial 2016 og 2018. Dersom vi ser på sjukefråværet dei tre siste tertiala er skilnaden i sjukefråvær frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 på 4,11%, der sjukefråværet går frå 6,83% til 10,94%. Periodane for sjukefråvær gjennom året, er likevel ikkje heilt samanliknbare. Ved å sjå på spikerdiagrammet tabell 3, ser vi utviklinga i sjukefråvær gjennom året. Det vi også ser i dette diagrammet er at sjukefråværet for denne perioden ligg høgare enn målingane som er gjort åra tidlegare.

Tabell 3 Tertialvise fråvær 2014-2018



Trass auke i samla sjukefråvær, har nokre avdelingar nedgang i sitt sjukefråvær. Personal- og organisasjonsavdelinga har meir enn halvert sitt sjukefråvær frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2018. Dette skuldast i særleg grad at nærværet til læringane at tatt seg opp. Det er og positivt at utviklingsavdelinga har ein nedgangs i sjukefråværet frå 9% i 3. tertial 2017 til 2,07% i 1. tertial 2018 (tabell 1).

Dei fleste avdelingar, slik dei er definerte i denne rapporten har ein auke i sitt sjukefråvær i dei periodane som vi ser i tabell 1 og 2. Med utgangspunkt at vi no er organisert i sektorarar, vil dette vere grunnlaget når vi i denne rapporten der på sjukefråværet.

Sektor for oppvekst har ein samla auke i sjukefråvær både for barnehage og grunnskule, og ser vi på utviklinga i barnehage for 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 er det ein auke i fråværet på 8,93%. I grunnskulen er tilsvarande tal på 5,14%.Tala innanfor den enkelte barnehage varierer stort, frå 26,8% til 1,73% og i skule varierer tala frå 4,71% til 34,62%.

I avdelingane som sorterer under sektor for Helse og omsorg er også variasjonane store. Ei av dei avdelingane som ligg under Helse og omsorg er NAV kommune, som har hatt eit stabilt høgt sjukefråvær. Dersom vi ser på dei ulike tenestene, varierer fråværet frå 0 til 69,9%. I overgangen frå avdelingsorganisering til sektororganisering er også to av tenestene flytta ut av NAV. Dette gjer at samla sjukefråvær slik det kjem til uttrykk i denne tabellen, er fordelt på fleire avdelingar, men framleis under sektor for Helse og omsorg.

Avdeling for pleie og omsorg og bu og habilitering har og hatt ein auke i sitt sjukefråvær på rundt 3%, dette ser vi ved å sjå på utviklinga dei siste tre tertiala, samt samanlikne 1. tertial 2016, 2017 og 2018. Dersom vi ser på dei ulike seksjonane er variasjonane store. Dette gjeld også for områda barn, familie og helse, der fråværet også er varierande. I tabellen blir dette definert under helse, og i tabell 1 ser vi ein auke frå 3,13% til 5,59% på dette området. I tabell 2 der vi ser 1. tertial dei tre siste åra, er endringane heller små.

I det som i dag er Sektor for Stab, fell innkjøp, personal- og organisasjonsavdelinga, økonomavdelinga, fellessekretariat (dokumentsenter/arkiv), servicetorg og eigedomsavdelinga inn der. Personal- og organisasjonsavdelinga har hatt ei halvering av sjukefråvær frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2018, noko som mellom anna skuldast høgare nærvær blant lærlingane . Økonomiavdelinga har hatt ein auke i sjukefråvære gjennom dei tre siste tertial. Dette gjeld også dokumentsenter/arkiv. Sjukefråværet i servicetorget er om lag halvert frå 3. tertial 2017 til 1. tertial 2018. Dette er alle små avdelingar med få tilsette, der fråvær frå ein tilsett gjer store utslag på statistikken. Eigedomsavdelinga er omfatta av fleire seksjonar, og har eit samla sjukefråvær på 12,77% i 1. tertial 2018. Dette er ein auke frå 1. tertial i 2017. Følgjer vi utviklinga frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 ser vi ein auke på 4,28%. Internt er også her variasjonane store, frå 0% til opp mot 20%. Storleiken på seksjonar varierer også, og ein eller få personar kan gi stort utslag på statistikken.

I sektor for Samfunnsutvikling som omfattar landbruksavdelinga, brann, kultur, utvikling, anlegg og drift, finn vi også variasjonar frå avdeling til avdeling og i den enkelte seksjon. Utviklingsavdelinga har nedgang i sjukefråværet med om lag 1% frå 2.tertial 2017 til 1. tertial 2018. Om vi samanliknar 1. tertial 2016 og 2018 er der ein nedgang på 3,5%. Anlegg og drift har hatt ein auke frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 på 11,32%, medan brann har hatt nedgang i tilsvarande periode med 7,46%. Kulturavdelinga har hatt ein auke på 16,84%. Landbruksavdelinga har ikkje hatt sjukefråvær i 1. tertial, men der har vi ikkje samanlikningsgrunnlag sidan avdelinga vart lagt inn under Samfunnsutvikling frå 01.01.2018.

Sjukefråværet for 1. tertial er samla sett høgt, og nær 3,5% høgare enn det Herøy kommune har sett seg som mål. Årsakene til sjukefråværet er fleire, ulike og samansette.

Herøy kommune prøver gjennom førebygging og oppfølging før, under og etter sjukefråvær å legge til rette i arbeidet for den enkelte medarbeidar. Vi har rutinar for sjukefråværsoppfølging.

Herøy kommune har ikkje system eller analysereiskap, som gjer at vi kan kontrollere årsakene til fråvær opp i mot kjønn, alder, utdanning, yrke, livssituasjon osv. for å finne årsakssamanhengar. Vi veit likevel noko om årsakene til sjukefråvær.

Nokre arbeidsoppgåver er meir fysisk og mentalt krevjande enn andre, på generelt grunnlag er sektorar som pleie og omsorg, bu og habilitering, reinhald og barnevern utsette. Dette kan vi også sjå av våre fråværsstatistikkar. I nokre tilfelle kan det ta lang tid før det er avklara om den tilsette kan komme tilbake i arbeid. Eit anna element i dette, er høve til omplassering til andre avdelingar eller seksjonar i kommunen. Krav til kvalifikasjonar og kompetanse gjer avgrensingar for dette, men blir alltid vurdert i samband med oppfølging av sjukefråvær.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:
Auka nærvær vil ha positive konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:
Lågt sjukefråvær har konsekvensar for drifta. Det vert mellom anna mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde og leige inn vikarar.

Fosnavåg, 18.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Ann Kristin Eiken
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken

ULSTEIN KOMMUNE

ULSTEIN
- der baug bryt båre

Saksnr	*Løpenr.*	*Referent:*	*Møteleiar:*
2018/1325	*14413/2018*	*EAR*	*Olaus-Jon Kopperstad*

MØTEREFERAT

STYRINGSGRUPPEMØTE MELLOM HERØY, SANDE, VANYLVEN OG ULSTEIN KOMMUNAR OM TENESTESAMARBEID

Dato og møtestad:	29.10.18 - Ulstein rådhus
Frå Herøy kommune:	Rådmann Olaus-Jon Kopperstad, HVO Olaug Andreassen
Frå Ulstein kommune:	Rådmann Einar Vik Arset,
Frå Vanylven kommune	Rådmann Andreas Chr. Nørve, HTV Geir Einar Sandnes
Frå Sande kommune	Forfall: Rådmann Oddbjørn Indregård og Jostein Korsnes

Ulstein er i dette møtet invitert som gjest, tilliks med møtet 6.9.18.
Sjå elles sak 9 om Ulstein si rolle frametter.

Sakliste:		**Ansvar:**
	1. **Skatteoppkrevjar** 2. **NAV** 3. **Barnevern** 4. **Brannvern** 5. **Sentralbord** 6. **Rekneskapskontor** 7. **Samfunnsplanlegging** 8. **Kommunepsykolog** 9. **Utviding/omforming av styringsgruppa** 10. **Øvrige tenestesamarbeid**	
Sak:		
1.	**Skatteoppkrevjar** Vertskommuneavtale vedteke i Herøy, Vanylven og Ulstein kommunestyre med oppstart er 1. januar 2019 – gevinst på 0,6 årsverk blir teke ut. Det blir viktig no å invitere inn Sande og Hareid for muleg utviding av tenesta. Premisset skal framleis vere at alle kommunane skal spare pengar på samlokaliseringa/samarbeidet frå første dag.	
2.	**NAV** Vertskommuneavtale vedteke i Herøy kommunestyre den 25. oktober og skal handsamast i Vanylven kommunestyre den 13. november. Her går Vanylven og Herøy i samtalar med Hareid som vertskommune om 5K, med sikte på at grunnlaget for 5K skal vere på plass før nyttår. Det er tillyst møte med NAV-direktøren for Møre og Romsdal 15. november, der ordførar og rådmann stiller.	

3.	**Barnevern** Vertskommuneavtale blir handsama i Herøy kommunestyre 6. desember og i kommunestyre i Vanylven 13. november. Sande kommune har innleia samtalar med Volda om deltaking i interkommunalt barnevern, som i dag består av Hornindal, Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein. Fylkesmannen er oppteken av at barnevernsamarbeid kjem på plass fordi det frå statleg hald er signalisert sterkt ønske om at alle barnevernskontor bør ha minimum 5 stillingar. Stafettpinnen ligg hos Sande og vi avventar oppfølging derfrå.	
4.	**Brannvern** Saksframlegg er utarbeidd og saka skal handsamast i Herøy kommunestyre 6. desember og i Vanylven kommunestyre 11. desember. Styringsgruppa har erfart at å starte i småskala med færre enn sju kommunar for seinare å utvide, er lettare. Her har vi erfaring både frå utgreiingar både på økonomisamarbeid og tidlegare innanfor brann. Rådmennene i Vanylven og Herøy går for felles brannsjef frå 1. januar 2019, Ulstein kjem til 1. jan 2020. Rådmennene i Vanylven, Herøy og Ulstein samordnar sine tilrådingar, etter drøfting i faggruppa.	
5.	**Sentralbord** Vanylven kommune har i dag sentralbordet for Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Vanylven og dekkjer 35 000 innbyggjarar. Vertskommuneavtale er inngått med Volda og Hareid og Vanylven kommune formaliserer dette også med Herøy og Ulstein kommunar. Ambisjonen er å utvide samarbeidet	
6.	**Rekneskapskontor** Vanylven kommunen har starta opp rekneskapskontor for Vanylven, Herøy og Ulstein kommunar – dette er i utgreiingsfasen. Vanylven er klar for å ta imot oppgåver frå naboane. Desse kan t.d. vere: - Skanning: skanne, validere. - EHF-faktura: laste ned, validere, kontakte leverandørar om å gå over til EHF - Følgje opp arbeidsflyt: sjekke at faktura vert behandla inan tidsfrist - Purringar: sjekke at purringar på faktura ikkje er betalt tidlegare. Etter nyttår når vi vert fleire på avdelinga er der pr no fylgjande oppgåver som vert tilføyd: - Oppfølging av betaling mot bank: nedlasting og bokføring av betalingsfiler, produsere og sende betalingsfiler - Sjekke mva om den er sannsynleg. - Avstemme, finne grunn til eventuelle avvik og korrigere - Kontrollere mva-koder, evt korrigere, - Fakturering frå fil - Fakturere abonnement - Avstemming løn - Evt andre oppgåver ein vert einige om. Det er viktig å drøfte dette med faggruppa.	


7.	**Samfunnsplanlegging** Vanylven, Herøy og Ulstein kommunar går saman om kontor for samfunnsplanlegging. Fylkesmannen registrerer at tenestesamarbeida materialiserer seg, og det er såleis opp til samarbeidskommunane å nytte tildelte midlar i 2019. Skal ein få midlar ut prosjektperioden, må kommunane søkje tildeling frå prosjektskjøn innan 1. juni 2019.	
8.	**Kommunepsykolog** Alle kommunar får tilskot, og det er kun eitt tilskot pr stilling. Rekruttering er krevjande. Ein bør vurdere oppbygging av felles psykologmiljø sidan psykologar etterlyser felles fagmiljø. Kommunane bør først lyse ut i eigen regi.	
9.	**Utviding av styringsgruppe for tenestesamarbeid** Styringsgruppa vert utvida med rådmann frå Ulstein, samt representant frå tilsette. Ulstein får representant inn i alle aktuelle faggrupper (tidlegare arbeidsgrupper for tenestesamarbeid – brannvern, NAV, barnevern, økonomi, plan, personal). Sande vert framleis invitert til å ta del i styringsgruppa. Fylkesmannen vert invitert som observatør, og er interessert i dette. Dette vert organisert gjennom video.	
10.	**Øvrige tenestesamarbeid** Det er sentralt å prøve å lande dei tenestesamarbeida som no er under opprulling før vi initierer andre samarbeid.	
11.	**Neste styringsgruppemøte** 17. januar 2019, Olaus-Jon kallar inn i Herøy. Det vert elles kalla inn ved behov, dersom t.d. faggruppene ønskjer det	

Einar Vik Arset
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Rådmennene utanfor styringsgruppa
Ordførar og leiargruppene i kommunane
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Vigdis R. Vestad

ULSTEIN KOMMUNE



HERØY KOMMUNE